# Økonomiplan

med handlingsprogram 2023-2026 med budsjett for 2023,
fylkeskommunedirektøren sine kommentarar

Vedteke av fylkestinget 13. desember 2022 – Sak T-107/22

Møre og Romsdal
fylkeskommune

# Møre og Romsdal fylkeskommune

# ØKONOMIPLAN MED HANDLINGSPROGRAM 2023-2026 MED BUDSJETT FOR 2023

## INNHALD


**I** **Budsjettbehandling i fylkestinget og vedtak**

**II** **Oppdatert taldel etter vedtak i fylkestinget, korrigert for heilårsverknad i lønsoppgjer 2022**

**III** **Fylkeskommunedirektørens kommentarar**

# I

# Budsjettbehandling i fylkestinget og vedtak

**Behandling i Fylkestinget - 13.12.2022**
Anders Riise (H) fremma på vegner av seg sjølv og Høyre følgjande forslag:

| **Budsjett og økonomiplan 2023-2026** | **2023 Auka kostnad/redusert inntekt** | **2023 Redusert kostnad/ auka inntekt** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|---|
| D01 Reduksjon felles/fordeling | | 2.500.000 | | | |
| D65 Hurtigbåt takstar ingen auke | 1.200.000 | | | | |
| D63 Reduksjon adm. mindre investeringar i øk.plan.perioda | | 5..000.00 0 | | | |
| D64 D65 D66 Reklame kollektiv | | 5.000.000 | | | |
| D05 Redusert kutt kompetanse | 13.300.000 | | | | |
| D57 Reduksjon div tiltak | | 4.000.000 | | | |
| D05 Sommarskule | 1.000.000 | | | | |
| D05 Fagbrev på jobb | 1.000.000 | | | | |
| D02 D03 D05 D09 D10 D11 D12 Reduksjon konsulenttenester | | 4.000.000 | | | |
| D03 Reduksjon planarbeid | | 3.000.000 | | | |
| D65 oppretthalde ferjetilbod | 10.000.000 | | | | |
| Disposisjonsfond | | 4.000.000 | | | |
| Styrke reiselivssatsinga | 1.000.000 | | | | |
| **Sum** | **31.500.000** | **31.500.0 00** | | | |
| | | | | | |
| **Investeringar** | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | | | | |

1. Behalde b-ferja i rute 01 halve året - Larsnes, Åram, Voksa og Kvamsøy.

2. Innføre sommarskule der elevane som slit med gjennomføring får eit ekstra tilbod slik dei kan fortsette på vidaregåande skule. Slik sikrar ein fråfall og at både eleven og samfunnet totalt sett tenar på det.

3. Ingen auke på takstar hurtigbåt. Her ber ein om ny sak til revidert budsjett med tanke på reduksjon på 40 %. Hurtigbåt-takstane har over tid blitt svært kostbare for brukarane og fleire vel å bruke bil og ferje der det er mogeleg. Dette aukar presset på vegane og er ikkje ei ønska utvikling.

4. Ein må redusere administrasjon på fylkesveg når ein tek so drastiske kutt på investeringar og dekkelegging. Lånegjelda til fylkeskommunen er langt over tilrådd og ein kan ikkje over tid halde fram med ei like stor administrasjon til planlegging og gjennomføring når det ikkje er midlar til investeringar.

5. Innføre i reklame innan kollektivområde. Ein ser at det er eit større potensiale for å hente inn midlar til drift av kollektivtilbodet ved å tillate meir reklame på buss, båt og ferje.

6. Avgrense kutta på kompetanseområdet er avgjerande for å lukkast med målet om at fleire skal gjennomføre skulegangen. Dette vil sikre at arbeidslivet privat og offentleg får den kompetansen som trengs.

7. Halde fram med satsinga innan reiseliv då dette er ei av næringane som ein vil satse på i framtida. Både for å få fleire besøk og fleire heilårs arbeidsplassar i Møre og Romsdal.

8. Auka satsing på fagbrev i arbeid der fleire får høve til å ta fagbrev medan ein er i ordinært arbeid. Arbeidslivet krev oppdaterte fagarbeidarar, og livslang læring er avgjerande for at fleire kan stå i arbeid lenger og sånn vere eit bidrag til å løyse framtidige utfordringar.

9. Reduksjon i planarbeid og konsulenttenester i samsvar med reduserte investeringar for fylkeskommunen.

10. Ein ser at for å få nok kompetanse i arbeidslivet i Møre og Romsdal i framtida må fylkeskommunen ha ei langt meir aktiv rolle i rekruttering- og kom heim kampanjar. Fylkestinget ber om at det vert lagt fram sak på korleis ein i større grad kan nå eit slikt mål, anten i eigen regi eller i samarbeid med næringsliv, kommunar og akademia.

11. Fylkeskommunen har ikkje teke dialogen med verts kommunar, regionar og næringsliv  i forhold til reduksjonen av ferjetilbodet. Den føreslegne reduksjonen i budsjettet rammar mange lokalsamfunn, og spesielt øysamfunn utan fastlandsforbindelse. Fylkestinget kan difor ikkje støtte eit redusert ferjetilbod no. Fylkeskommunen må prioritere eksisterande tenestetilbod før nye, kostnadskrevjande prosjekter blir lansert.

12. Be om utgreiing av kostnad på ferje nr 2 på sommar i  Utasund-sambandet. Det har ved innføring av gratis ferje blitt eit auka press på denne strekninga og ein må sjå om det er grunnlag for ei ferje nr 2 i sambandet i sommerhalvåret.

13. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren legge fram sak om innføring av eiga pensjonskasse for fylkeskommunen.

14. Greie ut potensialet utleige av internatplassar ved Gjermundnes VGS i delar av sommarhalvåret."

Mellvin Steinsvoll (AP) fremma følgjande oversendingsforslag:

> «Antall eldre i vårt fylke vil de neste 15-20 år øke sterkt,
> Med bakgrunn i reformen «Leve hele livet» der det legges opp til at de eldre skal bo trygt hjemme så lenge det er forsvarlig, blir det viktig med god og kreativ planlegging og tilrettelegging.
> Fylkestinget vil understreke viktigheten av at Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt med i de prosesser som vil være nødvendig i tiden som kommer både i egen regi og i samarbeid med kommuner og de eldres organisasjoner/frivilligheten.

Samarbeidsområder som er aktuelle og viktige:

- Meningsfylte aktiviteter og sosial deltakelse er god folkehelse.
- Gode transportordninger med tilstrekkelig volum vil bli nødvendig. Den hjemmeboende må få sine transportbehov dekket uansett hvor de måtte bo både for å komme ut for å treffe andre mennesker, i forb. med handleturer, deltakelse i sosiale sammenhenger samt natur og friluftsliv.»

Siv Katrin Ulla Hagala (AP) fremma på vegner av seg sjølv, Henrik Stensønes (SP) og Håkon Lykkebø Strand (FRP) følgjande oversendingsforslag:

«Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren ta med innspel frå Rådet for personar med nedsett funksjonsevne til budsjettet, samt gje rådet tilbakemelding om kor ein står mht vedtatt oversendelsesforslag som vart fremma i fjor.»

Line Hoem (AP) fremma på vegner av seg sjølv, Arbeiderpartiet, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Miljøpartiet De Grønne og Venstre:

«Punkt 1
Fylkestinget vedtek fylkeskommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan med handlingsprogram for 2023-2026 med budsjett for 2023 for Møre og Romsdal fylkeskommune med følgjande endringar:

Investeringar (tala i tabellen viser endringar i forhold til fykeskommunedirektøren si innstilling):

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **Sum-endring** |
|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta vgs | | | 390 | 85 | 0 |
| Gjermundnes, internat | | | 10 | | 10 |
| Sum tunnelar | | | 210 | 180 | -128 |
| TS | 5 | 5 | 5 | 5 | 12 |
| Forsterkingsmidlar, veg | | 20 | 20 | 20 | 60 |
| Varsling (Grandefonna) | | | 15 | | 15 |
| Bruer | | | 249 | 150 | -20 |
| Ferjekaier | | 314,2 | 56,5 | 83 | -50 |
| Utskifting brurekkverk | | 0 | | | -11,5 |
| Tunheim, Dalane, Mosflatevegen, Kleive-Nesbøen-gs | | | | 4 | -11 |
| Bådalen-Vebenstad, gang- og sykkelveg | | | 35 | 15,5 | 29,5 |
| Sal, eigedom (t.d.areal ved bussdepot) | | | -20 | | |
| Endring ift fkdir | 3 | -18,5 | -10 | -89,5 | -104,5 |

…tilskott frå Atlanterhavstunnelen er allereie innarbeidd i prosjektet og skal nyttast slik at oppstart på prosjektet blir seinast i 2024.

Drift (endring ift. fylkeskommunedirektørens innstilling):

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|---|
| D01 Fellesutg. | -1 | -1 | -1- | -1 | -4 |
| D02 Politisk | -1 | -1 | -1 | -1 | -4 |
| D10 Kultur | +1,5 | +1,5 | +1,5 | +1,5 | +6 |
| D09 (Tannklinikk Eide) | +1,7 | +1,7 | +1,7 | +1,7 | +6,8 |
| D03 Stab | -5 | -5 | -5 | -5 | -20 |
| D11, Ramme 60 | +1 | | | | |
| D12 (64) | +6,5 | +7 | +7 | +7 | +27,5 |
| D12 (65) | +7 | -10 | -10 | -10 | -23 |
| D12 (70) kai- og bruvedlikehald | -5 | -5 | -5 | -5 | -20 |
| D12 (70) asfalt | -12,7 | -11,7 | -11,7 | -11,7 | -47,8 |
| D12 (63) | -2,5 | -2,5 | -2,5 | -2,5 | -10 |
| D05 (vgo) | +18 | +18 | +18 | +18 | 72 |
| Sum | +8,5 | -8 | -8 | -8 | -15,5 |
| Reduserte kapitalutgifter | -10 | -10 | -10 | -10 | -40 |
| Auka skatt/ramme | -20 | -20 | -20 | -20 | -80 |
| Overføring havbruksfond | -10 | -10 | -10 | -10 | -40 |
| D65 Auka inntekt (0-utslepp-bil) | - 6 | -6 | -6 | -6 | -24 |
| Sum, overf. fond | -37,5 | -54 | -54 | -54 | -199,5 |

1) Fylkestinget ønskjer å sikre eit godt skulemiljø og ber fylkeskommunedirektøren komme tilbake til fylkestinget med ei sak der det blir vurdert om, og eventuelt korleis, ein kan etablere fleire miljøarbeidarar ved dei vidaregåande skulane, i samarbeid med frivillig sektor, t.d. frivilligsentralane i kommunane.
2) Ut over det som elles er planlagt skal det setjast av ressursar til utviklingsplan for Tingvoll og Stranda vgs, i samarbeid med kommunane, og ein første rapport skal leverast i juni 2023.
3) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren om å kjøpe inn og gjere tilgjengeleg sanitærprodukt (bind/tampongar) på vidaregåande skular frå 2023. Erfaringar bør innhentast frå liknande ordningar frå fylke som har starta ordninga, t.d. Viken og Nordland. Det blir løyvd 300.000kr til oppstart av ordninga i 2023.
4) Komande budsjett i planperioden skal justerast i tråd med behova for naturkartlegging, restaurering av økosystem, freding av viktige område, viltforvalting, styrking av raudlista artar, og tiltak mot uønska framande dartar, i tråd med Fylkesstrategi for miljø, klima og energi som skal vedtakast i juni 2023.
5) Ramme 60 Regionale prosjektsatsingar:
Fylkestinget ber om at det blir utarbeidd ein plan for energieffektivisering og utbygging av grøn energi. Det vert sett av 1mill. til dette i 2023.
Fylkestinget ber om at 1,5 mill kr av ramma til Skaparkraft i 2023 blir brukt til utgreiing og førebuing av anbod for lågutslepp hurtigbåt i Ålesundsregionen.

Fylkestinget ber om at midlane som er sett av til auka innsats på naturmangfald blir brukt til å forlenge og styrke Prosjektet «Senter for berekraftig arealforvaltning»
6) 1 mill. av byutviklingsmidlane skal kvart år disponerast til gratis tilbod på Sundbåten
7) Det skal gjennomførast planlegging av rassikring for Trollstigen, Norddalsstranda og Otterdalsstranda, samt ny kostnadsvurdering av tunnel til Eikesdalen i løpet av perioden.
8) Fylkestinget ønskjer å bli eit pilotfylke for samordning av kollektivtransport og pasientreiser og ber fylkeskommunedirektøren etablere eit eige prosjekt og komme tilbake til fylkestinget med ei sak seinast i juni 2023.
9) Føresetnad for tilskott samfunnsbåt i Sande er at den på bestilling går til Haugsholmen og Storholmen
10) Planlegging av Todalsfjordprosjektet skal halde fram utan avbrot i 2023. Dersom det er behov for meir midlar i 2023, skal fylkeskommunedirektøren komme tilbake med det i budsjettjustering for andre tertial. Planleggingsmidlar for 2024 og 2025 blir lagt inn når behovet er kjent
11) Det skal arbeidast vidare med sikte på å etablere eit pilot-prosjekt for flytande ferjekai i eit nytt samband Kjørsvikbugen-Laksåvika. Føresett at Trøndelag fylkeskommune også går inn med midlar til prosjektet, skal Møre og Romsdal samordne avsetjing av investeringsmidlar til kai i Aure (Kjørsvikbugen).
12) Eventuelle auka inntekter skal gå til vegvedlikehald og asfaltering (D12, ramme 70) og til å styrke kollektivtilbodet (D12, ramme 64)
13) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren utgreie ny takst- og sonestruktur i kollektivtrafikken, med mål om å auke talet på reisande, for behandling i fylkestinget i juni.
14) Avsette midlar i tabell C til fylkesvegar (38 mill.) samordnast med behov i D12, ramme 70.
15) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren utgreie etablering av eit eige driftsfond for samferdsel for å ta hand om store svingingar i indeksar for kollektivtrafikken.
16) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren greie ut korleis ein kan utbetre kollektivtilbodet mellom tidlegare Hornindal kommune og Volda/Ørsta, anten gjennom bestillingstransport eller ordinære rutetilbod. Fylkestinget gjev samferdselsutvalet fullmakt til å godkjenne ruteopplegget.
17) Takst på FRAM Ung (inkl. lærlingar over 24 år) blir uendra frå 2022. Takst på hurtigbåt (eks. Kystekspressen) blir uendra frå 2022. Rabatt på 0-utsleppsbilar blir endra frå 50% til 30% i tråd med budsjettforliket på Stortinget.
18) Ramme 65 blir auka i 2023 for å oppretthalde ferjetilbodet Geiranger-Hellesylt i inntil 4 mnd. og for å sette inn ei ekstra ferje i rute 01 i deler av året.
19) På bakgrunn av den økonomiske situasjonen og innføringa av auka skatt for havbruksnæringa, ber fylkestinget fylkeskommunedirektøren legge fram ei sak om vedtektsendring for Miljøsikringsfondet, slik at fylkestinget kvart år kan vurdere kor stor del av avgifta/skatten som skal setjast inn i fondet og om formålet elles bør endrast.»

Geir Stenseth (FRP) fremma på vegner av seg sjølv og Fremskrittspartiet følgjande forslag:

«Budsjett 2023 med økonomiplan 2023- 2026 blir vedtatt med følgende endringer:

«GRATIS KOLLEKTIVTILBUD FOR UNGDOM UNDER 20 ÅR»

Fremskrittspartiet fremmer for tredje gang forslag om gratis kollektivtilbud for ungdom under 20 år. Det vil bli et virkemiddel for å oppnå mange av målsetningene innen transport og miljø som alt er vedtatt.

Møre og Romsdal fylkeskommune har et samla driftsbudsjett på nærmere 7 milliarder kroner, og ender etter fylkeskommunedirektørens forslag, med et brutto driftsresultat på 2,3 prosent.

Fylkeskommunen har et formidabelt vegvedlikeholdsetterslep, samt omfattende etterslep på tunellsikring, og har satset lite på gang og sykkelveger og generell trafikktrygging.

Fylkeskommunedirektøren gjør det samme som regjeringen, stanser og utsetter flere samferdselsprosjekter. Prosjekter som sikrer sysselsettingen og dermed frembringer skatteinntekter. Mindre aktivitet resulterer i oppdragsmangel, arbeidsledighet, og mindre skatt.
Samtidig har regjeringen gjennom økte skatter og grunnrente forslag i statsbudsjettet, felt en dødsdom over «Gåsa som la gull-egg»
Regjeringen må kompensere for økte drivstoffpriser til fergedrift. Blir ikke det gjort vil det fremstå som meningsløst at først blir det gratis for passasjerer, så halvering av takstene, deretter gratis med bil til øyene, og deretter reduserte fergeavganger?

Fylkeskommunen er opptatt av dyre og dårlige symbolpolitiske prioriteringer, der bærekrafts måla til FN skal styre det meste. Fylket er den eneste regionen *i «verden»* som har kartlagt bærekraft i alle kommuner. I tillegg er det satt urealistiske mål om at fylket skal bli miljøfylke nr. 1 i Norge, samtidig som fylket er med å planlegge det negative miljø og klimaprosjektet Møreaksen.

Møre og Romsdal er et av landets største eksport og næringslivsfylker, og fylkeskommunen burde være opptatt av regional næringspolitikk, utdanning, samt utvikling og forsking som de viktigste «bærekrafts måla»
En ser få tegn til vilje fra fylkeskommunedirektøren til reell effektivisering av det fylkeskommunale byråkratiet. Stadig nye stillinger og titler dukker opp. Det er innført ansettelsesstopp fra oktober, noe som indikerer at FrP har hatt rett i at når næringslivet generelt effektiviserer, har fylkeskommunen gått den andre vegen. Når aktiviteten i fylkeskommunale prosjekter reduseres, er det ikke behov for alle planleggere mm. på fylkeshuset.

Fylkeskommunedirektøren sitt budsjett og økonomiplanframlegg bærer preg av dyre og unødvendige miljø og klimatiltak, og manglende søkelys på viktige tjenesteområder til folk flest og næringslivet.

Møre og Romsdal Fylke tar målet av seg med å være klimanøytralt i 2030, og skal kutte 55% på ikke-kvotepliktige utslipp av klimagasser. For å prøve å nå dette målet har fylkeskommunen brukt, og bruker store midlet på elektrisk drevne ferger, som også medfører store investeringer på nye fergekaier. Samtidig støtter fylkeskommunen byggingen av Norges mest forurensende veiprosjekt Møreaksen, som vil ha et enormt utslipp av Co2e.

Fremskrittspartiet i Møre og Romsdal vil satse på ungdommen, utdanning og næringslivet, er og blir det viktigste, samt utvikling og satsing på nødvendig infrastruktur i heile fylket.

Arbeiderpartiet og Senterpartiet proklamerte foran siste valg at nå skulle det ordnes opp, og kommunene skulle virkelig få merke at det var kommet nye koster inn i departementene. Alle har vi fått merke det. Høye drivstoff og energipriser var en realitet lenge før Russland angrep Ukraina, og derfor er det ikke alene hele forklaringen på den den generelle prisstigningen og økt rentenivå. Sp og Ap har i flere år hevda at ferjedrifta er underfinansiert med 150 millioner kroner årlig. Fremskrittspartiet og resten av fylket forventer at Sp og Ap i regjeringa leverer på dette området umiddelbart.

Vi legger derfor til grunn 150 millioner kroner høyere inntektsramme for fylkeskommunen, og legger til at dette blir nyttet til økning av samferdselsramma til fjerning av foreslåtte kutt innen samferdsel innenfor en ramme på 150 millioner kroner.

Fremskrittspartiet legger til grunn et effektiviseringskrav i den fylkeskommunale administrasjonen på årlig 2% i tillegg til det generelle kuttet på 1% som ligger i budsjettforslaget

Fremskrittspartiet vil forhindre et kutt på 1% innen kompetanseområdet, og legger derfor inne en økning på vel 17 millioner kroner. Møre og Romsdal er det fylket som bruker minst ressurser på videregående skole. Samtidig har vi den høyeste gjennomføring av alle.

Satsing på ungdommen og videregående skoler er det viktigste oppgavene til fylkeskommunen, og derfor må en innen dette området drive «utvikling, og ikke avvikling»

Fremskrittspartiet vil øke kraftig satsinga på gang og sykkelveger, samt trafikksikkerhet. Noe som er med på å gjøre hverdagen tryggere og bedre for unge som eldre i hele fylket.

Prosjektet BRM, Byen som regional motor legges ned. Det må ryddes opp i porteføljen «Kjekt å ha» Støtten til Lyntogforum avvikles

Fremskrittspartiet støtter ikke Kjærringsundet om det skal bygges i forbindelse med Møreaksen.

Det neste stor fjordkryssingsprosjekt er Todalsfjordkryssinga og dette må intensiveres og grundig drives frem mot snarlig byggestart.

Fergeforbindelse mellom Aure og Hitra må realiseres. Fylket kan søke om å få starte et pilotprosjekt med flytende fergekaier. Dette vil redusere fylkeskommunens investeringskostnader.

Sande fastlandssamband er også relativt «gryteklart» derfor må ytterligere planlegging og prosjektering forseres. Prosjektet ser ut til å kunne bli godt innafor sjølfinansierende og bør prioriteres.
Fergesambandet Larsnes – Åram – Sandsøy må få times avganger.

Det arbeides videre med hurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund i forbindelse med Stadt skipstunnel.

| Budsjett og økonomiplan 2023 - 2026 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Ramme 01 Fellesutgifter til fordelig Ramme 03 Stabsfunksjonar kutt 2% | -5 230 000 | | | |
| Ramme 01 Kutt, Prosjekt for bærekraftig by- og tettstadsutvikling | -14 000 000 | | | |
| Auka Ramme 005 Kompetanseområdet | 17 050 000 | | | |
| Ramme 52 Kulturavdelinga adm. Kutt 2% | -670 000 | | | |
| Ramme 57 Kultur tilskot | -11 000 000 | | | |
| Ramme 63 Samferdselsavd. Adm. Kutt 2% | -2 700 000 | | | |
| Ramme 64 Lokale bilruter Auka ramme, gratis kollektivtilbud unge under 20 år | 16 550 000 | | | |
| **Sum** | **0** | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| **Investeringer** | | *2023* | | |
| Todalsfjordkryssinga Auke | | 6 200 000 | | |
| Sande fastlandssamband Auke | | 5 000 000 | | |
| Gang og sykkelveg Auke | | 25 000 000 | | |
| Trafikktrygging, Auke | | 10 000 000 | | |
| | | | | |
| **Summert** | | **46 200 000** | **Disp. fond** | |
| | | | | |
| | | | | |

Silje Alise Ness (R) fremma følgjande forslag:

> «9. Fylkesordførar si godtgjersle vert fastsett til 100 prosent stilling og skal utgjere summen av 10G. Den skal regulerast i budsjett med verknad påfølgande 1. januar.»

**Votering:**
Forslaget fremma av Silje Alise Ness (R) fekk 5 røyster (R, 2SV, UVS, 1SP) og fall.

Fylkesutvalet si innstilling fekk 0 røyster og fall.

Forslaget fremma av Anders Riise (H), til og med punkt 11, fekk 8 røyster (H, SML) og fall.

Forslaget fremma av Anders Riise (H), punkt 12, blei samrøystes vedteke.

Forslaget fremma av Anders Riise (H), punkt 13, fekk 30 røyster og blei vedteke, medan 17 røysta (AP, 5SP, Sv) imot.

Forslaget fremma av Anders Riise (H), punkt 14, blei samrøystes vedteke.

Forslaget fremma av Geir Stenseth (FRP) fekk 9 røyster (FRP, UVS) og fall.

Forslaget fremma av Line H. Hoem (AP) fekk 31 røyster og blei vedteke, medan 16 røysta (H, FRP, SML) imot.

Oversendingsforslag fremma av Mellvin Steinsvoll (AP) blei samrøystes vedteke.

Oversendingsforslag fremma av Siv Katrin Ulla Hagala (AP) blei samrøystes vedteke.

Jf. kommunelova § 11-9, 3. ledd blei økonomiplan 2023-2026 med budsjett for 2023, med vedtekne endringar, vedteke med 31 røyster, medan 16 røysta (FRP, H, SML) imot.

**Vedtak i Fylkestinget - 13.12.2022**
Fylkestinget vedtek fylkeskommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan med handlingsprogram for 2023-2026 med budsjett for 2023 for Møre og Romsdal fylkeskommune med følgjande endringar:

Investeringar (tala i tabellen viser endringar i forhold til fykeskommunedirektøren si innstilling):

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **Sum-endring** |
|---|---|---|---|---|---|
| Ørsta vgs | | | 390 | 85 | 0 |
| Gjermundnes, internat | | | 10 | | 10 |
| Sum tunnelar | | | 210 | 180 | -128 |
| TS | 5 | 5 | 5 | 5 | 12 |
| Forsterkingsmidlar, veg | | 20 | 20 | 20 | 60 |
| Varsling (Grandefonna) | | | 15 | | 15 |
| Bruer | | | 249 | 150 | -20 |
| Ferjekaier | | 314,2 | 56,5 | 83 | -50 |
| Utskifting brurekkverk | | 0 | | | -11,5 |
| Tunheim, Dalane, Mosflatevegen, Kleive-Nesbøen-gs | | | | 4 | -11 |
| Bådalen-Vebenstad, gang- og sykkelveg | | | 35 | 15,5 | 29,5 |
| Sal, eigedom (t.d.areal ved bussdepot) | | | -20 | | |
| Endring ift fkdir | 3 | -18,5 | -10 | -89,5 | -104,5 |

…tilskott frå Atlanterhavstunnelen er allereie innarbeidd i prosjektet og skal nyttast slik at oppstart på prosjektet blir seinast i 2024.

Endringane i investeringar medfører følgjande endring i fylkeskommunedirektøren si innstilling punkt 6:
«6. Fylkestinget tek opp 1 589,6 mill. kroner i lån i 2023 til finansiering av investeringar, jf. kommunelova 14-15, 1. ledd. Det skal betalast avdrag på låna som svarar til berekna minimumsavdrag, jf. kommunelova 14-18.»

Drift (endring ift. fylkeskommunedirektørens innstilling):

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|---|
| D01 Fellesutg. | -1 | -1 | -1- | -1 | -4 |
| D02 Politisk | -1 | -1 | -1 | -1 | -4 |
| D10 Kultur | +1,5 | +1,5 | +1,5 | +1,5 | +6 |
| D09 (Tannklinikk Eide) | +1,7 | +1,7 | +1,7 | +1,7 | +6,8 |
| D03 Stab | -5 | -5 | -5 | -5 | -20 |
| D11, Ramme 60 | +1 | | | | |
| D12 (64) | +6,5 | +7 | +7 | +7 | +27,5 |
| D12 (65) | +7 | -10 | -10 | -10 | -23 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| D12 (70) kai- og bruvedlikehald | -5 | -5 | -5 | -5 | -20 |
| D12 (70) asfalt | -12,7 | -11,7 | -11,7 | -11,7 | -47,8 |
| D12 (63) | -2,5 | -2,5 | -2,5 | -2,5 | -10 |
| D05 (vgo) | +18 | +18 | +18 | +18 | 72 |
| Sum | +8,5 | -8 | -8 | -8 | -15,5 |
| Reduserte kapitalutgifter | -10 | -10 | -10 | -10 | -40 |
| Auka skatt/ramme | -20 | -20 | -20 | -20 | -80 |
| Overføring havbruksfond | -10 | -10 | -10 | -10 | -40 |
| D65 Auka inntekt (0-utslepp-bil) | - 6 | -6 | -6 | -6 | -24 |
| Sum, overf. fond | -37,5 | -54 | -54 | -54 | -199,5 |

1) Fylkestinget ønskjer å sikre eit godt skulemiljø og ber fylkeskommunedirektøren komme tilbake til fylkestinget med ei sak der det blir vurdert om, og eventuelt korleis, ein kan etablere fleire miljøarbeidarar ved dei vidaregåande skulane, i samarbeid med frivillig sektor, t.d. frivilligsentralane i kommunane.

2) Ut over det som elles er planlagt skal det setjast av ressursar til utviklingsplan for Tingvoll og Stranda vgs, i samarbeid med kommunane, og ein første rapport skal leverast i juni 2023.

3) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren om å kjøpe inn og gjere tilgjengeleg sanitærprodukt (bind/tampongar) på vidaregåande skular frå 2023. Erfaringar bør innhentast frå liknande ordningar frå fylke som har starta ordninga, t.d. Viken og Nordland. Det blir løyvd 300.000kr til oppstart av ordninga i 2023.

4) Komande budsjett i planperioden skal justerast i tråd med behova for naturkartlegging, restaurering av økosystem, freding av viktige område, viltforvalting, styrking av raudlista artar, og tiltak mot uønska framande dartar, i tråd med Fylkesstrategi for miljø, klima og energi som skal vedtakast i juni 2023.

5) Ramme 60 Regionale prosjektsatsingar:
Fylkestinget ber om at det blir utarbeidd ein plan for energieffektivisering og utbygging av grøn energi. Det vert sett av 1mill. til dette i 2023.
Fylkestinget ber om at 1,5 mill. kroner av ramma til Skaparkraft i 2023 blir brukt til utgreiing og førebuing av anbod for lågutslepp hurtigbåt i Ålesundsregionen.
Fylkestinget ber om at midlane som er sett av til auka innsats på naturmangfald blir brukt til å forlenge og styrke Prosjektet «Senter for berekraftig arealforvaltning»

6) 1 mill. av byutviklingsmidlane skal kvart år disponerast til gratis tilbod på Sundbåten

7) Det skal gjennomførast planlegging av rassikring for Trollstigen, Norddalsstranda og Otterdalsstranda, samt ny kostnadsvurdering av tunnel til Eikesdalen i løpet av perioden.

8) Fylkestinget ønskjer å bli eit pilotfylke for samordning av kollektivtransport og pasientreiser og ber fylkeskommunedirektøren etablere eit eige prosjekt og komme tilbake til fylkestinget med ei sak seinast i juni 2023.

9) Føresetnad for tilskott samfunnsbåt i Sande er at den på bestilling går til Haugsholmen og Storholmen

10) Planlegging av Todalsfjordprosjektet skal halde fram utan avbrot i 2023. Dersom det er behov for meir midlar i 2023, skal fylkeskommunedirektøren komme tilbake med det i budsjettjustering for andre tertial. Planleggingsmidlar for 2024 og 2025 blir lagt inn når behovet er kjent

11) Det skal arbeidast vidare med sikte på å etablere eit pilot-prosjekt for flytande ferjekai i eit nytt samband Kjørsvikbugen-Laksåvika. Føresett at Trøndelag fylkeskommune også går inn med midlar til prosjektet, skal Møre og Romsdal samordne avsetjing av investeringsmidlar til kai i Aure (Kjørsvikbugen).

12) Eventuelle auka inntekter skal gå til vegvedlikehald og asfaltering (D12, ramme 70) og til å styrke kollektivtilbodet (D12, ramme 64)

13) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren utgreie ny takst- og sonestruktur i kollektivtrafikken, med mål om å auke talet på reisande, for behandling i fylkestinget i juni.

14) Avsette midlar i tabell C til fylkesvegar (38 mill.) samordnast med behov i D12, ramme 70.

15) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren utgreie etablering av eit eige driftsfond for samferdsel for å ta hand om store svingingar i indeksar for kollektivtrafikken.

16) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren greie ut korleis ein kan utbetre kollektivtilbodet mellom tidlegare Hornindal kommune og Volda/Ørsta, anten gjennom bestillingstransport eller ordinære rutetilbod. Fylkestinget gjev samferdselsutvalet fullmakt til å godkjenne ruteopplegget.

17) Takst på FRAM Ung (inkl. lærlingar over 24 år) blir uendra frå 2022. Takst på hurtigbåt (eks. Kystekspressen) blir uendra frå 2022. Rabatt på 0-utsleppsbilar blir endra frå 50 % til 30 % i tråd med budsjettforliket på Stortinget.

18) Ramme 65 blir auka i 2023 for å oppretthalde ferjetilbodet Geiranger-Hellesylt i inntil 4 mnd. og for å sette inn ei ekstra ferje i rute 01 i deler av året.

19) På bakgrunn av den økonomiske situasjonen og innføringa av auka skatt for havbruksnæringa, ber fylkestinget fylkeskommunedirektøren legge fram ei sak om vedtektsendring for Miljøsikringsfondet, slik at fylkestinget kvart år kan vurdere kor stor del av avgifta/skatten som skal setjast inn i fondet og om formålet elles bør endrast.

20) Be om utgreiing av kostnad på ferje nr. 2 på sommar i Utasund- sambandet. Det har ved innføring av gratis ferje blitt eit auka press på denne strekninga og ein må sjå om det er grunnlag for ei ferje nr. 2 i sambandet i sommarhalvåret.

21) Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren legge fram sak om innføring av eiga pensjonskasse for fylkeskommunen.

22) Greie ut potensialet utleige av internatplassar ved Gjermundnes VGS i delar av sommarhalvåret.

Oversendingsforslag frå Mellvin Steinsvoll (AP):
Antall eldre i vårt fylke vil de neste 15-20 år øke sterkt, Med bakgrunn i reformen «Leve hele livet» der det legges opp til at de eldre skal bo trygt hjemme så lenge det er forsvarlig, blir det viktig med god og kreativ planlegging og tilrettelegging. Fylkestinget vil understreke viktigheten av at Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt med i de prosesser som vil være nødvendig i tiden som kommer både i egen regi og i samarbeid med kommuner og de eldres organisasjoner/frivilligheten. Samarbeidsområder som er aktuelle og viktige:

- Meningsfylte aktiviteter og sosial deltakelse er god folkehelse.
- Gode transportordninger med tilstrekkelig volum vil bli nødvendig. Den hjemmeboende må få sine transportbehov dekket uansett hvor de måtte bo både for å komme ut for å treffe andre mennesker, i forb. med handleturer, deltakelse i sosiale sammenhenger samt natur og friluftsliv.

Oversendingsforslag frå Siv Katrin Ulla Hagala (AP), Henrik Stensønes (SP) og Håkon Lykkebø Strand (FRP):
Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren ta med innspel frå Rådet for personar med nedsett funksjonsevne til budsjettet, samt gje rådet tilbakemelding om kor ein står mht vedtatt oversendelsesforslag som vart fremma i fjor.

# II

## Oppdatert taldel etter vedtak i fylkestinget, korrigert for heilårsverknad i lønsoppgjer 2022

## Bevilgningsoversikter - drift

(i 1000 kroner)

| | | Regnskap 2021 | Opprinnelig Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Rammetilskot | 3 282 559 | 3 437 100 | 3 774 300 | 3 774 300 | 3 774 300 | 3 774 300 |
| 2 | Inntekts- og formuesskatt | 1 793 756 | 1 744 500 | 1 827 700 | 1 837 000 | 1 846 000 | 1 855 000 |
| 3 | Eigedomsskatt | 0 | 0 | | | | |
| 4 | Andre generelle driftsinntekter | 44 500 | 30 800 | 57 200 | 45 600 | 43 400 | 41 300 |
| 5 | Sum generelle driftsinntekter | 5 120 815 | 5 212 400 | 5 659 200 | 5 656 900 | 5 663 700 | 5 670 600 |
| 6 | Sum bevilgningar drift, netto | 4 381 664 | 4 578 458 | 4 887 827 | 4 892 882 | 4 897 653 | 4 877 847 |
| 7 | Avskrivingar | 419 168 | 469 600 | 542 800 | 594 700 | 631 600 | 620 500 |
| 8 | Sum netto driftsutgifter | 4 800 832 | 5 048 058 | 5 430 627 | 5 487 582 | 5 529 253 | 5 498 347 |
| 9 | Brutto driftsresultat | 319 983 | 164 342 | 228 573 | 169 318 | 134 447 | 172 253 |
| 10 | Renteinntekter | 26 498 | 30 600 | 68 600 | 64 500 | 62 000 | 57 100 |
| 11 | Utbytter | 2 750 | 2 000 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| 12 | Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar | 7 710 | | | | | |
| 13 | Renteutgifter | -81 169 | -146 900 | -314 400 | -363 700 | -385 600 | -400 000 |
| 14 | Avdrag på lån | -278 600 | -303 600 | -333 200 | -370 300 | -392 900 | -384 050 |
| 15 | Netto finansutgifter | -322 811 | -417 900 | -576 500 | -667 000 | -714 000 | -724 450 |
| 16 | Motpost avskrivingar | 419 168 | 469 600 | 542 800 | 594 700 | 631 600 | 620 500 |
| 17 | Netto driftsresultat | 416 340 | 216 042 | 194 873 | 97 018 | 52 047 | 68 303 |
| | *Disponering eller dekning av netto driftsresultat:* | | | | | | |
| 18 | Overføring til investering | 223 952 | 217 300 | 229 000 | 133 300 | 133 300 | 133 300 |
| 19 | Avsettingar til bundne driftsfond | 341 610 | | | | | |
| | Bruk av bundne driftsfond | -317 908 | | | | | |
| 20 | Avsettingar til disposisjonsfond | 168 686 | | | | | |
| | Bruk av disposisjonsfond | | -1 258 | -34 127 | -36 282 | -81 253 | -64 997 |
| 21 | Dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 | | | | | |
| 22 | Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | 416 340 | 216 042 | 194 873 | 97 018 | 52 047 | 68 303 |
| 23 | Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## Sum bevilgningar drift, netto rammer

(i 1000 kroner)

| Fylkestingsramme | | Regnskap 2021 | Opprinneleg Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| D01 | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 42 602 | 57 339 | 67 653 | 61 446 | 57 478 | 57 221 |
| D02 | Politisk verksemd | 27 231 | 25 644 | 27 167 | 25 237 | 26 244 | 25 237 |
| D03 | Stabsfunksjonar | 199 867 | 190 328 | 197 784 | 192 168 | 192 168 | 188 024 |
| D04 | Lønsreservepost | 0 | 66 696 | 173 819 | 173 819 | 173 819 | 173 819 |
| D05 | Kompetanseområdet | 1 745 577 | 1 765 089 | 1 766 633 | 1 744 222 | 1 745 048 | 1 745 048 |
| D06 | Fagskolane i Møre og Romsdal | 11 542 | 17 577 | 22 087 | 29 734 | 29 734 | 28 232 |
| D09 | Tannhelseområdet | 167 150 | 161 584 | 176 063 | 175 940 | 175 257 | 175 257 |
| D10 | Kulturområdet | 134 354 | 143 643 | 139 838 | 137 868 | 140 558 | 145 627 |
| D11 | Næring | 96 311 | 79 837 | 75 050 | 69 104 | 62 443 | 54 753 |
| D12 | Samferdselsområdet | 2 061 270 | 2 046 620 | 2 293 928 | 2 275 610 | 2 287 170 | 2 276 895 |
| D14 | Sentrale kontrollorgan | 8 120 | 7 697 | 7 829 | 7 734 | 7 734 | 7 734 |
| | Sum netto bevilgningar drift på rammeområda | 4 494 024 | 4 562 054 | 4 947 851 | 4 892 882 | 4 897 653 | 4 877 847 |
| | Overføring til investering frå rammeområder | -14 917 | | | | | |
| | Bruk av bundne fond rammeområder | 317 908 | | | | | |
| | Avsetning til bundne fond | -341 610 | | | | | |
| | Ufordelte utgifter (premieavvik) | -64 980 | 16 404 | -60 024 | | | |
| | Ufordelte utgifter (premiereduksjon KLP/SPK) | -8 760 | | | | | |
| | **Sum bevilgningar drift, netto** | **4 381 665** | **4 578 458** | **4 887 827** | **4 892 882** | **4 897 653** | **4 877 847** |

## Sum bevilgningar drift, netto detaljert

(1000 kroner)

| | 2022-priser | REKN 2021 | BUD 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 42 602 | 57 339 | 67 653 | 61 446 | 57 478 | 57 221 |
| **D01** | **Fellesutgifter og utgifter til fordeling** | **42 602** | **57 339** | **67 653** | **61 446** | **57 478** | **57 221** |
| 02 | Politisk verksemd | 27 231 | 25 644 | 27 167 | 25 237 | 26 244 | 25 237 |
| **D02** | **Politisk verksemd** | **27 231** | **25 644** | **27 167** | **25 237** | **26 244** | **25 237** |
| 03 | Stabsfunksjonar | 131 947 | 124 322 | 127 646 | 121 985 | 121 985 | 119 856 |
| 80 | Bygg og Eigedom | 67 920 | 66 006 | 70 138 | 70 183 | 70 183 | 68 168 |
| **D03** | **Stabsfunksjonar** | **199 867** | **190 328** | **197 784** | **192 168** | **192 168** | **188 024** |
| 04 | Lønsreservepost | 0 | 66 696 | 173 819 | 173 819 | 173 819 | 173 819 |
| **D04** | **Lønsreservepost** | **0** | **66 696** | **173 819** | **173 819** | **173 819** | **173 819** |
| 05 | Atlanten vg. skole | 54 378 | 52 467 | 53 586 | 53 586 | 53 586 | 53 586 |
| 07 | Borgund vg. skole | 110 601 | 112 033 | 119 070 | 119 070 | 119 070 | 119 070 |
| 08 | Fagerlia vg. skole | 103 096 | 155 526 | 156 331 | 156 331 | 156 331 | 156 331 |
| 09 | Fannefjord vg. skole | 13 347 | 13 584 | 12 526 | 12 526 | 12 526 | 12 526 |
| 10 | Fræna vg. skole | 47 516 | 46 256 | 45 780 | 45 780 | 45 780 | 45 780 |
| 11 | Gjermundnes v.g. skole | 26 153 | 27 011 | 25 617 | 25 617 | 25 617 | 25 617 |
| 12 | Haram v.g. skole | 34 577 | 33 013 | 32 917 | 32 917 | 32 917 | 32 917 |
| 13 | Herøy v.g. skole | 37 849 | 36 430 | 37 010 | 37 010 | 37 010 | 37 010 |
| 14 | Kristiansund v.g. skole | 103 646 | 101 046 | 101 704 | 101 704 | 101 704 | 101 704 |
| 15 | Molde v.g. skole | 72 810 | 67 924 | 75 481 | 75 481 | 75 481 | 75 481 |
| 18 | Rauma vg. skole | 22 006 | 22 293 | 19 600 | 19 600 | 19 600 | 19 600 |
| 19 | Romsdal vg. skole | 113 601 | 103 824 | 101 332 | 101 332 | 101 332 | 101 332 |
| 20 | Spjelkavik vg. skole | 46 711 | 44 156 | 45 177 | 45 177 | 45 177 | 45 177 |
| 21 | Stranda vg. skole | 20 684 | 18 555 | 18 972 | 18 972 | 18 972 | 18 972 |
| 22 | Sunndal vg. skole | 32 374 | 29 504 | 29 014 | 29 014 | 29 014 | 29 014 |
| 23 | Surnadal vg. skole | 31 678 | 27 489 | 27 895 | 27 895 | 27 895 | 27 895 |
| 24 | Sykkylven vg. skole | 31 061 | 31 379 | 30 903 | 30 903 | 30 903 | 30 903 |
| 25 | Tingvoll vg. skole | 17 580 | 15 187 | 16 470 | 16 470 | 16 470 | 16 470 |
| 26 | Ulstein vg. skole | 59 571 | 58 114 | 56 300 | 56 300 | 56 300 | 56 300 |
| 27 | UPA - skolen | 5 426 | 5 876 | 5 006 | 5 006 | 5 006 | 5 006 |
| 28 | Volda vg. skole | 54 264 | 52 220 | 50 958 | 50 958 | 50 958 | 50 958 |
| 30 | Ørsta vg. skole | 43 676 | 41 298 | 43 690 | 43 690 | 43 690 | 43 690 |
| 32 | Ålesund vg. skole | 69 580 | 1 808 | - | 0 | 0 | 0 |
| 34 | Felleskostnader vg. skoler | 46 027 | 58 858 | 36 620 | 14 209 | 15 035 | 15 035 |
| 35 | Fagopplæring | 228 917 | 227 596 | 238 724 | 238 724 | 238 724 | 238 724 |
| 36 | Ressurssentra | 12 059 | 0 | - | 0 | 0 | 0 |
| 37 | Spesialundervisning | 195 377 | 223 361 | 225 656 | 225 656 | 225 656 | 225 656 |
| 38 | PP - tenesta | 19 788 | 21 015 | 24 413 | 24 413 | 24 413 | 24 413 |
| 39 | Oppfølgingstenesta | 10 167 | 11 230 | 11 345 | 11 345 | 11 345 | 11 345 |
| 40 | Vaksenopplæring i skole | -557 | 12 694 | 12 824 | 12 824 | 12 824 | 12 824 |
| 41 | Utdanningsavdelinga | 51 823 | 1 042 | - | 0 | 0 | 0 |
| 42 | Eksamenssekreteriatet | 3 507 | 3 503 | 3 536 | 3 536 | 3 536 | 3 536 |
| 44 | Gjesteelevar | -1 386 | -1 015 | -505 | -505 | -505 | -505 |
| 45 | Undervisning v/helse- og sosialinst. | 19 741 | 21 320 | 21 216 | 21 216 | 21 216 | 21 216 |
| 46 | Internat og kostordning | 6 327 | 0 | - | 0 | 0 | 0 |
| 47 | Kompetanseheving av personal | 1 570 | 9 137 | 9 092 | 9 092 | 9 092 | 9 092 |
| 48 | Ymse opplæringstenester | 30 | 157 | - | 0 | 0 | 0 |
| 49 | Kompetanse og næringsavdelinga | 0 | 79 198 | 78 373 | 78 373 | 78 373 | 78 373 |
| **D05** | **Kompetanseområdet** | **1 745 577** | **1 765 089** | **1 766 633** | **1 744 222** | **1 745 048** | **1 745 048** |

forts.

## Sum bevilgningar drift, netto detaljert

(1000 kroner)

| | 2022-priser | REKN 2021 | BUD 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 31 | Fagskolen i Møre og Romsdal | 11 542 | 17 577 | 22 087 | 29 734 | 29 734 | 28 232 |
| **D06** | **Fagskolane i Møre og Romsdal** | **11 542** | **17 577** | **22 087** | **29 734** | **29 734** | **28 232** |
| 50 | Fylkestannlegen | 5 512 | 5 205 | 5 348 | 5 348 | 5 348 | 5 348 |
| 51 | Tannhelsetenester | 161 638 | 156 379 | 170 715 | 170 592 | 169 909 | 169 909 |
| **D09** | **Tannhelseområdet** | **167 150** | **161 584** | **176 063** | **175 940** | **175 257** | **175 257** |
| 52 | Kulturavdelinga | 38 028 | 34 822 | 36 108 | 34 448 | 34 448 | 34 448 |
| 56 | Sal av arkeologiske tenester | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 57 | Kulturtilskot | 96 326 | 108 821 | 103 730 | 103 420 | 106 110 | 111 179 |
| **D10** | **Kulturområdet** | **134 354** | **143 643** | **139 838** | **137 868** | **140 558** | **145 627** |
| 58 | Regional- og næringsavdelinga | 27 867 | 591 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 59 | Tiltaksfondet | 11 234 | 12 257 | 12 114 | 12 114 | 12 114 | 12 114 |
| 60 | Regionale prosjektsatsingar | 26 460 | 54 806 | 50 082 | 44 136 | 37 475 | 31 326 |
| 61 | Tilskot etter samarbeidsavtale | 10 823 | 12 183 | 12 854 | 12 854 | 12 854 | 11 313 |
| 62 | Ymse næringstenester | 19 928 | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **D11** | **Næring** | **96 311** | **79 837** | **75 050** | **69 104** | **62 443** | **54 753** |
| 63 | Samferdselsavdelinga | 134 336 | 139 671 | 136 573 | 135 567 | 135 567 | 135 567 |
| 64 | Lokale bilruter | 451 118 | 392 843 | 455 047 | 460 890 | 476 303 | 476 303 |
| 65 | Fylkesvegferjedrifta | 665 642 | 737 991 | 825 362 | 752 401 | 752 401 | 752 401 |
| 66 | Båtruter | 121 095 | 125 092 | 142 146 | 142 146 | 142 146 | 142 146 |
| 67 | Tilrettelagt skoleskyss | 30 466 | 29 873 | 37 369 | 37 369 | 37 369 | 37 369 |
| 68 | TT - ordninga | 11 262 | 15 844 | 16 264 | 11 132 | 11 132 | 11 132 |
| 69 | Div. samferdselsformål | 42 781 | 43 578 | 44 662 | 42 410 | 42 410 | 42 410 |
| 70 | Fylkesvegar | 604 572 | 561 728 | 636 505 | 693 695 | 689 842 | 679 567 |
| **D12** | **Samferdselsområdet** | **2 061 270** | **2 046 620** | **2 293 928** | **2 275 610** | **2 287 170** | **2 276 895** |
| 72 | Sentrale kontrollorgan | 8 120 | 7 697 | 7 829 | 7 734 | 7 734 | 7 734 |
| **D14** | **Sentrale kontrollorgan** | **8 120** | **7 697** | **7 829** | **7 734** | **7 734** | **7 734** |
| | **SUM FORDELT TIL DRIFTSRAMMER** | **4 494 024** | **4 562 054** | **4 947 851** | **4 892 882** | **4 897 653** | **4 877 847** |

## Bevilgningsoversikter - investering

(i 1000 kroner)

| | | Regnskap 2021 | Opprinnelig Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Investeringar i varige driftsmidlar | 2 101 226 | 2 540 400 | 2 347 300 | 1 636 000 | 1 523 700 | 1 304 900 |
| 2 | Tilskot til andres investeringar | | | | | | |
| 3 | Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 16 586 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 4 | Utlån av eigne midlar | 431 | | | | | |
| 5 | Avdrag på lån | | | | | | |
| 6 | Sum investeringsutgiftar | 2 118 243 | 2 542 400 | 2 349 300 | 1 638 000 | 1 525 700 | 1 306 900 |
| 7 | Kompensasjon for meirverdiavgift | 382 336 | 469 900 | 422 500 | 294 500 | 274 300 | 234 900 |
| 8 | Tilskot frå andre | 220 567 | 390 100 | 148 900 | 192 100 | 227 100 | 329 500 |
| 9 | Sal av varige driftsmidlar | 482 | | | | | |
| 10 | Sal av finansielle anleggsmidlar | 2 280 | | | | | |
| 11 | Utdeling frå selskap | | | | | | |
| 12 | Mottatte avdrag på utlån av eigne midlar | 10 000 | | | | | |
| | Andre inntekter | | | | | | |
| 13 | Bruk av lån | 1 283 903 | 1 462 100 | 1 546 900 | 1 007 600 | 889 000 | 607 200 |
| 14 | Sum investeringsinntekter | 1 899 568 | 2 322 100 | 2 118 300 | 1 494 200 | 1 390 400 | 1 171 600 |
| 15 | Videreutlån | | | | | | |
| 16 | Bruk av lån til videreutlån | | | | | | |
| 17 | Avdrag på lån til videreutlån | | | | | | |
| 18 | Mottatte avdrag på videreutlån | | | | | | |
| 19 | Netto utgifter videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Overføring frå drift | 223 952 | 217 300 | 229 000 | 133 300 | 133 300 | 133 300 |
| 21 | Avsettingar til bundne investeringsfond | -38 833 | 1 000 | | | | |
| | Bruk av bundne investeringsfond | 29 250 | | | 8 500 | | |
| 22 | Avsettingar til ubundne investeringsfond | -2 280 | | | | | |
| | Bruk av ubundne investeringsfond | 6 586 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 23 | Dekning av tidlegare års udekka beløp | | | | | | |
| 24 | Sum overføring frå drift og netto avsettingar | 218 675 | 220 300 | 231 000 | 143 800 | 135 300 | 135 300 |
| 25 | Framført til inndekning i seinare år (udekka beløp) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## Bevilgningsoversikt investering, detaljert

(i 1000 kroner)

| | | Regnskap 2021 | Opprinnelig Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 6011 | IT - infrastruktur | 4 030 | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 | 1 400 |
| 6013 | IT - Samordna kommunikasjon | - | 200 | 200 | 200 | 200 | 200 |
| 6016 | IT - Nettverk | 685 | 1 900 | 1 900 | 1 900 | 1 900 | 1 900 |
| 6017 | IT - Videokonferanserom | - | 500 | - | - | - | - |
| 6138 | MVA justering | 602 | - | - | - | - | - |
| 6020 | Program for nye digitale arbeidsformer | - | 3 500 | | | - | - |
| L2300 | Opprustning av bygningsmassen | 12 712 | 40 000 | 30 000 | 40 000 | 30 000 | 20 000 |
| L2202 | Solenergianlegg | - | 5 000 | 2 500 | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| **I02** | **Sentrale styringsorgan/fellesutgifter** | **18 029** | **52 500** | **36 000** | **48 500** | **38 500** | **28 500** |
| 6A51 | Utstyrskjøp skolar eiga finansiering | 9 323 | - | - | - | - | - |
| 6C01 | Nytt skoleadministrativt system | 7 039 | - | - | - | - | - |
| K1802 | Ørsta vgs | 3 652 | 130 000 | 25 000 | 50 000 | 390 000 | 85 000 |
| K451 | Fagerlia vgs | 1 703 | - | - | - | - | - |
| K452 | Spjelkavik vgs | -423 | - | - | - | - | - |
| K651 | Spjelkavik Arena | 5 358 | 40 000 | 180 900 | 80 000 | - | - |
| K752 | Hustadvika vgs - marinefag | 3 285 | 45 500 | 38 000 | 10 000 | 5 000 | - |
| K2001 | Volda vgs - TPO-base | 8 271 | 27 000 | - | - | - | - |
| K2002 | Gjermundnes vgs Prosjektering driftsbygning | 812 | 20 000 | 45 100 | - | 10 000 | - |
| K24xx | Borgund vgs | - | - | - | 1 000 | 5 000 | 25 000 |
| K2003 | Talevarslingssystem alle skoler | 302 | 27 800 | 12 500 | - | - | - |
| K2303 | Hustadvika vgs. | - | - | 1 000 | 5 000 | 30 000 | 50 000 |
| K2304 | Ulstein vgs. - TPO/adm | - | - | 1 000 | 9 000 | 15 000 | 5 000 |
| K2305 | Tingvoll vgs. | - | - | 5 000 | - | - | - |
| K24xx | Vidaregående skoler i Kristiansund | - | - | - | 1 000 | 8 000 | 25 000 |
| K25xx | Herøy vgs. | - | - | - | - | 1 000 | 5 000 |
| 6C02 | Undervisningsfartøy | - | - | 22 000 | 22 000 | 21 000 | - |
| M23xx | Utstyr etter Fagfornyinga | - | - | 8 000 | 12 000 | 5 000 | 5 000 |
| M2300 | Utstyr/universell utforming/ped. ombygging | 11 054 | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| Z201 | Romsdal vgs - avsetnad | 714 | - | - | - | - | - |
| Z2101 | Spjelkavik vgs - avsetnad | 638 | - | - | - | - | - |
| Z2102 | Fagerlia vgs - avsetnad | 104 | - | - | - | - | - |
| **I03** | **Kompetanseområdet** | **51 832** | **310 300** | **358 500** | **210 000** | **510 000** | **220 000** |
| 6A30 | Tannhelse - oppr./nye klinikkar | 707 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| 6A31 | Tannhelse - utstyr | 620 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| T751 | Kompetanseklinikkar - inventar (Ålesund) | 1 649 | - | - | - | - | - |
| T1901 | Kompetanseklinikk Hareid | 7 527 | - | - | - | - | - |
| T26xx | Kompetanseklinikk Ørsta | - | - | - | - | - | 14 000 |
| T24xx | Kompetanseklinikk Kristiansund | - | - | - | 1 000 | 19 000 | - |
| T24xx | Kompetanseklinikk Molde | - | - | - | 200 | | 19 800 |
| 6Axx | Distriktstannklinikk Valderøy | - | - | 200 | 4 000 | - | - |
| 6Axx | Distriktstannklinikk Vatne | - | - | - | - | 200 | - |
| 6A33 | Distriktstannklinikk Aure | 40 | 4 000 | - | - | - | - |
| 6A34 | Distriktstannklinikk Sykkylven | 4 473 | - | - | - | - | - |
| **I04** | **Tannhelseområdet** | **15 016** | **9 000** | **5 200** | **10 200** | **24 200** | **38 800** |
| 6132 | Kulturavdelinga investering/utstyr | 311 | - | - | - | - | - |
| **I05** | **Kulturområdet** | **311** | **-** | **-** | **-** | **-** | **-** |
| 6xxx | Investeringer kollektiv | 7 065 | 35 000 | 47 400 | 40 400 | 22 000 | 3 500 |
| K2201 | Bussdepot | - | 15 000 | 170 000 | 61 000 | -10 000 | 90 000 |
| VI07 | Bypakke Ålesund | 3 258 | 40 000 | 70 000 | 130 000 | 180 000 | 90 000 |
| VIxxx | Bypakke Kristiansund | - | - | - | - | 35 000 | - |
| 6B35 | Fylkesvegar - investering | 249 601 | 769 500 | 1 318 300 | 1 027 900 | 605 000 | 530 100 |
| 6B36 | Fylkesvegar - skredsikring | 263 573 | 346 500 | 281 400 | - | 15 000 | - |
| 6B39 | Fylkesvegar - Nordøyvegen | 1 492 014 | 949 600 | - | - | - | - |
| VI03 | Fylkesvegar - store prosjekt: Todalsfjorden | - | - | 6 500 | - | - | - |
| VI02 | Fylkesvegar - store prosjekt: Kjerringsundet | 106 | 11 000 | 50 000 | 100 000 | 100 000 | 300 000 |
| **I07** | **Samferdselsområdet** | **2 015 617** | **2 166 600** | **1 943 600** | **1 359 300** | **947 000** | **1 013 600** |
| 6A00 | Fagskolane i Møre og Romsdal 10 år | 420 | 2 000 | 4 000 | 8 000 | 4 000 | 4 000 |
| **I08** | **Fagskolane i Møre og Romsdal** | **420** | **2 000** | **4 000** | **8 000** | **4 000** | **4 000** |
| | | | | | | | |
| | **Sum investeringar** | **2 100 914** | **2 540 400** | **2 347 300** | **1 636 000** | **1 523 700** | **1 304 900** |

# III

## Fylkeskommunedirektørens kommentarar

# Økonomiplan

med handlingsprogram 2023-2026 med budsjett for 2023, fylkeskommunedirektøren sine kommentarar

**Skal behandlast i:**
**Hovudutvala 11. november/ Fylkesutvalet 29.november/ Fylkestinget 12. desember 2022**

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
|---|---|---|
| 28.10.2022 | 140108/2022 | Geir Fjørtoft |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Samferdselsutvalet | 11.11.2022 |
| | Kultur-, næring- og folkehelseutvalet | 11.11.2022 |
| | Utdannings- og kompetanseutvalet | 11.11.2022 |
| | Fylkeskommunedirektøren - innstilling | 17.11.2022 |
| | Fylkesutvalet | 29.11.2022 |
| | Fylkestinget | 12.12.2022 |

# Økonomiplan med handlingsprogram 2023-2026 med budsjett 2023

## Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget vedtek fylkeskommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan med handlingsprogram for 2023-2026 med budsjett for 2023 for Møre og Romsdal fylkeskommune.

2. Budsjettet for 2023 vert vedteke med sum generelle driftsinntekter på 5 629,2 mill. kroner, som vert disponert til følgjande formål:
   - Sum bevilgningar drift, netto 4 885,3 mill. kroner
   - Netto finansutgifter 586,5 mill. kroner
   - Netto overføring til investering 229,0 mill. kroner
   - Netto bruk av disposisjonsfond 71,7 mill. kroner

3. Det vert vedteke slike fylkestingsrammer for netto driftsresultat i 2023-kroner for åra 2023-2026:

(i 1000 kroner)

| Fylkestingsramme | | Regnskap 2021 | Opprinneleg Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| D01 | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 42 602 | 57 339 | 68 624 | 62 417 | 58 449 | 58 192 |
| D02 | Politisk verksemd | 27 231 | 25 644 | 27 380 | 25 450 | 26 457 | 25 450 |
| D03 | Stabsfunksjonar | 199 867 | 190 328 | 198 489 | 192 873 | 192 873 | 188 729 |
| D04 | Lønsreservepost | 0 | 66 696 | 207 000 | 207 000 | 207 000 | 207 000 |
| D05 | Kompetanseområdet | 1 745 577 | 1 765 089 | 1 730 849 | 1 708 437 | 1 709 264 | 1 709 264 |
| D06 | Fagskolane i Møre og Romsdal | 11 542 | 17 577 | 21 307 | 28 954 | 28 954 | 27 452 |
| D09 | Tannhelseområdet | 167 150 | 161 584 | 170 131 | 170 008 | 169 325 | 169 325 |
| D10 | Kulturområdet | 134 354 | 143 643 | 137 202 | 135 232 | 137 922 | 142 991 |
| D11 | Næring | 96 311 | 79 837 | 73 948 | 69 002 | 62 341 | 54 651 |
| D12 | Samferdselsområdet | 2 061 270 | 2 046 620 | 2 302 642 | 2 299 823 | 2 311 383 | 2 301 108 |
| D14 | Sentrale kontrollorgan | 8 120 | 7 697 | 7 778 | 7 683 | 7 683 | 7 683 |
| | Sum netto bevilgningar drift på rammeområda | 4 494 024 | 4 562 054 | 4 945 350 | 4 906 879 | 4 911 651 | 4 891 845 |
| | Overføring til investering frå rammeområder | -14 917 | | | | | |
| | Bruk av bundne fond rammeområder | 317 908 | | | | | |
| | Avsetning til bundne fond | -341 610 | | | | | |
| | Ufordelte utgifter (premieavvik) | -64 980 | 16 404 | -60 024 | | | |
| | Ufordelte utgifter (premiereduksjon KLP/SPK) | -8 760 | | | | | |
| | **Sum bevilgningar drift, netto** | **4 381 665** | **4 578 458** | **4 885 326** | **4 906 879** | **4 911 651** | **4 891 845** |

4. Fylkestinget pålegg kvar budsjettansvarleg instans i Møre og Romsdal fylkeskommune å leggje opp drifta i 2023 innanfor dei budsjettrammer fylkestinget har vedteke og innrette drifta etter dette på byrjinga av året.

5. Fylkestinget vedtek slike investeringar for åra 2023-2026:

i mill. kroner

| INVESTERINGSPROSJEKT | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Opprusting av bygningsmassen | 30,0 | 40,0 | 30,0 | 20,0 | 120,0 |
| Solenergianlegg | 2,5 | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 17,5 |
| IT – infrastruktur og nettverk | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 14,0 |
| **Sum sentrale styringsorg./fellesutg.** | **36,0** | **48,5** | **38,5** | **28,5** | **151,5** |
| Utstyr/universell utforming/ped. utforming skolar | 20,0 | 20,0 | 20,0 | 20,0 | 80,0 |
| Utstyr etter Fagfornyinga | 8,0 | 12,0 | 5,0 | 5,0 | 30,0 |
| Undervisningsfartøy | 22,0 | 22,0 | 21,0 | | 65,0 |
| Talevarslingssystem, alle skoler | 12,5 | | | | 12,5 |
| Spjelkavik Arena | 180,9 | 80,0 | | | 260,9 |
| Ørsta vgs | 25,0 | 50,0 | 400,0 | 75,0 | 550,0 |
| Hustadvik vgs - marinefag | 38,0 | 10,0 | 5,0 | | 53,0 |
| Gjermundnes vgs. | 45,1 | | | | 45,1 |
| Borgund vgs. | | 1,0 | 5,0 | 25,0 | 31,0 |
| Hustadvik vgs. | 1,0 | 5,0 | 30,0 | 50,0 | 86,0 |
| Ulstein vgs. - TPO/adm | 1,0 | 9,0 | 15,0 | 5,0 | 30,0 |
| Tingvoll vgs. | 5,0 | | | | 5,0 |
| Videregående skoler i Kristiansund | | 1,0 | 8,0 | 25,0 | 34,0 |
| Herøy vgs. | | | 1,0 | 5,0 | 6,0 |
| **Sum vidaregåande skolar** | **358,5** | **210,0** | **510,0** | **210,0** | **1 288,5** |
| Utstyr fagskolane | 4,0 | 8,0 | 4,0 | 4,0 | 20,0 |
| **Sum fagskolar** | **4,0** | **8,0** | **4,0** | **4,0** | **20,0** |
| Oppgradering av klinikkar | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 12,0 |
| Tannhelse – utstyr | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 8,0 |
| Kompetanseklinikk Ørsta | | | | 14,0 | 14,0 |
| Kompetanseklinikk Kristiansund | | 1,0 | 19,0 | | 20,0 |
| DTK Valderøy | 0,2 | 4,0 | | | 4,2 |
| Kompetanseklinikk Molde | | 0,2 | | 19,8 | 20,0 |
| DTK Vatne | | | 0,2 | | 0,2 |
| **Sum tannhelse** | **5,2** | **10,2** | **24,2** | **38,8** | **78,4** |
| Fylkesvegar - store prosjekt: Todalsfjorden | 6,5 | | | | 6,5 |
| Fylkesvegar - store prosjekt: Kjerringsundet | 50,0 | 100,0 | 100,0 | 300,0 | 550,0 |
| Bypakke Ålesund | 70,0 | 130,0 | 180,0 | 90,0 | 470,0 |
| Bypakke Kristiansund | | | 35,0 | | 35,0 |
| Skredsikring | 281,4 | | | | 281,4 |
| Fylkesvegar | 1 315,3 | 1 037,9 | 610,0 | 628,6 | 3 591,8 |
| Investering kollektiv | 47,4 | 40,4 | 22,0 | 3,5 | 113,3 |
| Bussdepot | 170,0 | 61,0 | 10,0 | 90,0 | 331,0 |
| **Sum samferdsel** | **1 940,6** | **1 369,3** | **957,0** | **1 112,1** | **5 379,0** |
| **SUM INVESTERINGAR** | **2 344,3** | **1 646,0** | **1 533,7** | **1 393,4** | **6 917,4** |

6. Fylkestinget tek opp 1 587,1 mill. kroner i lån i 2023 til finansiering av investeringar, jf. kommunelova 14-15, 1. ledd. Det skal betalast avdrag på låna som svarar til berekna minimumsavdrag, jf. kommunelova 14-18.

7. Fylkeskommunedirektøren får, i valperioden 2020-2023, fullmakt til å gjennomføre sal av eigedomar som ikkje lenger skal brukast til fylkeskommunen sitt formål.

8. Fylkestinget fastset takstar for betalande vaksne pasientar i den offentlege tannhelsetenesta som ledd i budsjettbehandlinga. Takstane skal ikkje vere lågare enn i den private tannhelsetenesta for å unngå konkurransevriding. Takstane aukast frå 1. januar 2023 svarande til prisstigninga.

9. Fylkesordførar si godtgjersle vert fastsett til 100 prosent stilling og skal utgjere summen av 12G. Den skal regulerast i budsjett med verknad påfølgande 1. januar.

10. Når det av fylkeskommunen sine midlar eller midlar fylkeskommunen står som formidlar av, blir ytt tilskot mv. til offentlege og private verksemd som elles ikkje er underlagt fylkesrevisjonen sin kontroll, skal det, dersom ikkje anna er fastsett, overfor mottakaren takast atterhald om at den som yter tilskotet mv. eller fylkesrevisjonen, skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlane vert brukt etter føresetnadane.

11. Fylkesutvalet får fullmakt til å gjere dei endringar i budsjettet som må til for å ta omsyn til lover, regler, overordna vedtak og tariffavtalar som ein ikkje har hatt kjennskap til ved utarbeidinga og behandlinga av budsjettet.

**Bakgrunn**
Fylkeskommunedirektøren legg med dette fram for hovudutvala og fylkesutvalet framlegg til økonomiplan med handlingsprogram 2023-2026 med budsjett for 2023, jf. vedlegg.

Gunn Randi Seime
Konst. fylkeskommunedirektør

Geir Fjørtoft
Økonomisjef

*FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT FORORD* ........ 3
*DEL I* ........ 5
*Oversikt over fylkeskommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2023-2026 med budsjett 2023 for Møre og Romsdal fylkeskommune* ........ 5
*SAMANDRAG* ........ 6
*1 INNLEIING* ........ 8
1.1 Sentrale utviklingstrekk Møre og Romsdal ........ 8
*2 HOVUDOVERSIKT* ........ 11
2.1 Økonomisk oversikt 2023-2026 ........ 11
2.2 Finansielle måltal for Møre og Romsdal fylkeskommune ........ 14
2.3 Driftsrammer ........ 20
2.4 Planlagde investeringar 2023-2026 ........ 27
2.5 Finansiering av investeringane ........ 31
2.6 Finansieringsutgifter og gjeld ........ 33
2.7 Fondsmidlar ........ 35
*3 STØRRE TVERRGÅANDE SATSINGAR* ........ 39
3.1 Skaparkraft ........ 39
3.2 Program for berekraftig by- og tettstadutvikling ........ 40
3.3 Møre og Romsdal 2025 ........ 41
3.4 Møre og Romsdal – Berekraftfylket ........ 42
3.5 Program for nye digitale arbeidsformer ........ 43
*4 RAMMEVILKÅR* ........ 44
4.1 Kommunelova ........ 44
4.2 Regionale mål ........ 44
4.3 Regjeringas forslag til statsbudsjett 2023 ........ 46
4.4 Pensjonspremiar ........ 51
4.5 Finansinntekter ........ 52
*TALDEL* ........ 53
*DEL II* ........ 57
*Nærare om framlegg til økonomiplan 2023-2026 med budsjett 2023, for det enkelte fagområde* ........ 57
*5 SENTRALE STYRINGSORGAN OG FELLESUTGIFTER* ........ 58
5.1 Samfunnsoppdraget ........ 58
5.2 Driftsrammer ........ 63
5.3 Investeringar ........ 69
*6 BYGG- OG EIGEDOMSTENESTER* ........ 70
6.1 Samfunnsoppdraget ........ 70
6.2 Driftsrammer ........ 71
*7 KOMPETANSE OG NÆRING* ........ 72
7.1 Samfunnsoppdraget ........ 72
7.2 Driftsrammer ........ 80

7.2.2 Driftsrammer Kompetanseområdet ..... 85
7.2.3 Investeringar ..... 87
*7.3 FAGSKOLEN I MØRE OG ROMSDAL ..... 92*
7.3.1 Driftsrammer ..... 92
7.3.2 Investeringar ..... 93
*8 TANNHELSETENESTE ..... 94*
8.1 Samfunnsoppdraget ..... 94
8.2 Driftsrammer ..... 96
8.3 Investeringar ..... 97
*9 KULTURTENESTER ..... 99*
9.1 Samfunnsoppdraget ..... 99
9.2 Driftsrammer ..... 101
*10 SAMFERDSELSTENESTER ..... 106*
10.1 Samfunnsoppdraget ..... 106
10.2 Driftsrammer ..... 107
10.3 Investeringar ..... 126
*11 SENTRALE KONTROLLFUNKSJONAR ..... 148*
11.1 Driftsrammer ..... 148
*DEL III ..... 149*
*KLIMABUDSJETT 2023 ..... 150*
*Innleiing ..... 150*
1. Omgrep nytta i klimabudsjettet ..... 150
2. Klimarekneskap ..... 152
3. Klimabudsjett for verksemda ..... 153
4. Klimabudsjett for Møre og Romsdal ..... 163
5. Kva må til for å nå måla? ..... 166
*DEL IV ..... 169*
*HANDLINGSPROGRAM 2023-2026 ..... 170*
*SAMARBEIDSFYLKET ..... 171*
*MILJØFYLKET ..... 176*
*INKLUDERINGS OG KOMPETANSEFYLKET ..... 181*
*VERDISKAPINGSFYLKET ..... 188*

Vedlegg 1: Sentrale kontrollorgan (kontrollutvalet) – økonomiplan for 2023-2026 med budsjett for 2023.

# FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT FORORD

*Møre og Romsdal fylkeskommune – ein tydeleg medspelar*

I fjorårets økonomiplan skreiv fylkeskommunedirektøren at det er krevjande å utarbeide økonomiplan og budsjett i ein situasjon der fylkeskommunen er påverka av covid-19-pandemien, og uvisse knytt til når og om vi kjem tilbake til ein «normaltilstand». Lite visste vi då at å utarbeide budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026 skulle bli endå meir krevjande enn i ein pandemisituasjon.

Krigen i Ukraina har ført til lidingar vi har vanskar med å forstå, og heile Europa er no påverka av konsekvensane krigen gir. Spesielt gjeld dette innan energiområdet som har gitt knappheit på gassleveransar og energiforsyning, og dermed ein prisvekst vi ikkje har sett maken til på svært mange år. Prisveksten smittar også over på andre varer, då det påverkar transportkostnadene bl.a. Og den sterke prisveksten vi opplever no i 2022 slår rett inn i vår økonomi i fylkeskommunen, spesielt for reguleringa av kontraktsprisane på buss, båt, ferje og drift av fylkesveg. Prisveksten i 2022 for desse kontraktane er på mellom 10 og 20 prosent og heilårseffekten av dette er rekna til ca. 235 mill. kroner for 2023-budsjettet. Når statsbudsjett 2023 berre tek høgde for ein pris- og lønsvekst på 5,3 prosent i 2022, er vi påført ein varig økonomisk utfordring i fylkeskommunane. Måltallet for netto driftsresultat som vart sett i sak T-58/22 på 3,3 prosent er no utanfor rekkevidde. Dette framlegget gir eit netto driftsresultat på 2,3 prosent av brutto driftsinntektene for 2023, etter dei innsparingane som er foreslått. For å nå ei målsetting om netto driftsresultat på 3,3 prosent, og helst endå høgare i åra som kjem, er det behov for meir tid til å gjere utgreiingar og foreslå prioriteringar.

Den sterke prisveksten har også ført til at Noregs bank dette året har sett opp styringsrenta, og dette slår også inn i vår økonomi pga. den høg lånegjelda til fylkeskommunen. Vår andel fastrentelån er på om lag 50 prosent, men på tross av dette opplever vi likevel ein sterk vekst i renteutgiftene frå 2022 til 2023, og ytterlegare vekst framover.

Det er i denne økonomiplanen foreslått å utsette ein del investeringsprosjekt. Både fordi nivået i gjeldande økonomiplan er for høgt til at vi har økonomi til å bere det med nåverande prisnivå, men også fordi det er mogeleg vi no opplever ein «pris-topp» slik at prisane neste år eller året etter er meir normalisert. Likevel er vi bunde av mange inngåtte kontraktar og prosjekt som er i gang. Mellom anna har vi framfor oss omfattande investeringar i ferjekaier for å kunne starte drift av null-utsleppsferjer. I tillegg må vi sikre tunellane i høve pålegg i tunellsikringsforskrifta. Det gjer at det er for dei neste åra ikkje let seg gjere å redusere investeringsnivået til eit nivå som ikkje aukar lånegjelda vår ytterlegare.

Med ei lånegjeld som ligg langt over tilrådd nivå, og som vil auke også i åra som kjem, er det viktig at vi arbeider for å lage handlingsrom i drift, slik at vi kan finansiere ein større del av investeringane våre med eigenkapital og på sikt stoppe gjeldsveksten. Høg lånegjeld gjer at vi eksponerer oss for ein renterisiko, der ein liten auke i renta utgjer betydelege beløp som må dekkast innanfor eksisterande budsjettrammer. Det er derfor i denne økonomiplanen foreslått å redusere rammene til fag- og tenesteområda og stabsnivået med 1 prosent i 2023-2026, og i tillegg gjennomføre innsparingstiltak innan samferdsel på ca. 130,4 mill. kroner. Dette vil ikkje vere nok til at vi klarer å gå i balanse alle åra av økonomiplanen, så i tillegg er det innarbeidd ytterlegare rammereduksjonar på 100 mill. kroner for åra 2024-2026 (Del I, kap. 2.3). På kva måte reduksjonane i netto driftsrammer skal realiserast desse åra, må vi komme tilbake til ved neste rullering av økonomiplanen. Vi vil arbeide med omstillingstiltak gjennom 2023, og både fordelinga og nivået på innstramming kan bli endra fram til neste økonomiplan blir lagt fram til politisk behandling.

Møre og Romsdal fylkeskommune sine driftsrammer er på om lag 4,9 mrd. kroner. Når vi no står i ein utfordrande økonomisk situasjon, er det lett å gløyme at reduksjonen i driftsrammene tross alt utgjer ein mindre del av det vi har å drifte fylkeskommunen med. Vi skal dei komande åra levere gode tenester til innbyggarane våre innan vidaregåande opplæring, kollektivtransport og tannhelse, og vi skal bidra til utvikling av kulturtilboda, næringsutvikling og trygge fylkesvegar. Utfordringa no er å ikkje miste utviklingskrafta vår i ein situasjon der vi er pressa økonomisk, og då må tydelegare prioritering til. Fylkesplanmåla som bygger på FN sine berekraftsmål setter retning for det langsiktige arbeidet. I denne økonomiplanen er det også første gang vi presenterer forslag til eit klimabudsjett.

Samfunnsutviklar-rolla er viktig og lovfesta, og vi arbeider for utvikling av Møre og Romsdal gjennom m.a. tverrfaglege prosjekt. Skaparkraft, Berekraftig by- og tettstadsutvikling, Møre og Romsdal 2025, Berekraftfylket Møre og Romsdal bidreg til resultat i fylket langt utover dei ressursane vi løyver til desse prosjekta. Vi må arbeide for å vere ein medspelar og ein viktig utviklingsaktør også i åra som kjem, og det gjer vi berre gjennom at vi oppnår økonomisk berekraft.

Gunn Randi Seime
konst. fylkeskommunedirektør

# DEL I

Oversikt over fylkeskommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan 2023-2026 med budsjett 2023 for Møre og Romsdal fylkeskommune

# SAMANDRAG

Økonomiplandokumentet består av 4 hovuddelar:

**DEL I**
Del I består av kapittel 1-4 som viser ei samla oversikt over alle nøkkeltal, rammer, investeringar, større tverrfaglege prosjekt samt rammevilkåra frå sentralt hold. Første del vert avslutta med lovpålagte oppsett av Taldelen, som viser alle økonomiske oversikter på rammer og investeringar.

**DEL II**
For dei som ønsker ein meir inngåande gjennomgang av avdelingane sine driftsrammer og investeringar, finn ein dette i Del II. Her vil ein få ei oversikt over alle utvalsrammene til avdelingane og endringane i desse. I tillegg vil ein få ei meir detaljert oversikt over investeringane og omtale av desse. Enkelte avdelingar, som samferdselsavdelinga, har meir inngåande oversikter og analyser da dette er vurdert som nødvendig.

**DEL III**
Frå og med 2023 er klimabudsjettet ein del av økonomiplanen, og vert i presentert i eigen del.

**DEL IV**
Handlingsprogramma er samla i Del IV. Berekraftfylket Møre og Romsdal har utarbeidd ein fireåring tverrsektorial fylkesplan.

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på 2,3 prosent. Dette er lågare enn vedtatt måltal på 3,3 prosent. Grunnen til at fylkeskommunen ikkje klarar å innfri måltalet på 3,3 prosent skyldast i all hovudsak siste års auke i rentesats, samt prisveksten på sentral byggekostnadsindeksar, jr. Del I, kap. 2.3 Driftsrammer, samt Del II, kap. 10 Samferdselstenester. Statsbudsjett for 2023 kompenserer berre delvis for den auka prisveksten, noko som fører til at utgiftsauken er høgare enn inntektsauken.

Med bakgrunn i den lave inntektsveksten så må fylkeskommunen reduserer utgiftene for at økonomien skal gå i balanse, jf. Kommuneloven § 14-10. I 2023 er det foreslått betydelege innsparingar på samferdselsområdet, i tillegg til 1 prosent rammereduksjon for dei andre fag- og tenesteområda og stabsavdelingane. I tillegg vert det foreslått oppretta eit nytt prosjekt «Omstilling 2024», som skal redusere driftsrammene med ytterlegare 100 mill. kroner frå 2024 og åra etter. Dette er allereie lagt inn i rammene, men det er for kort tid å finne konkrete tiltak for all innsparinga så kort tid etter at statsbudsjettet vart framlagt. Tiltaka/innsparingane vil vi derfor kome tilbake til i løpet av 2023. Les meir om innsparingane i kap. 2.3 Driftsrammer.

I løpet av det siste året har styringsrente blitt satt opp frå null til 2,25 prosent. I tillegg har Norges Bank lagt til grunn at styringsrenta skal aukast med ytterlegare 0,75 prosentpoeng i løpet av vinteren. På tross av dette så er rentenivået i Noreg, historisk sett, lavt.

Netto finansutgiftene til fylkeskommunen er i 2023 berekna til om lag 586,5 mill. kroner. Dette er om lag 83 mill. kroner høgare enn tidlegare berekna beløp for 2023 (henta frå ØP 2022-2025). I åra 2024-2026 aukar netto finansutgifter med ytterlegare 148 mill. kroner. Det er uheldig at fylkeskommunen har satt seg sjølv i ein slik situasjon at mindre endringar i rentesatsen fører til betydelege auke av utgiftene. Tenestene må vere på eit nivå som i større grad enn i dag er tilpassa inntektene. Vi bør derfor dei komande åra prioritere å redusere driftsrammene og lånegjelda. Lånegjelda er per i dag langt over anbefalt nivå frå Teknisk beregningsutvalg (TBS) og KS (les meir i kap. 2.2.3

Gjeldsgrad). Vi må bygge opp eit solid disposisjonsfond som buffer (eigenkapital), og finansiere ein større del av investeringane med eigenkapital.

Det er budsjettert med investeringane på til saman 6,9 mrd. kroner i 2023-2026. Dette er ein reduksjon på 400 mill. kroner frå økonomiplan 2022-2025. Investeringsnivået til fylkeskommunen er for høgt, og som eit resultat av dette så stig lånegjelda med om lag 1,3 mrd. kroner berre i 2023 (korrigert for avdrag). Med dei bindingane som fylkeskommunen har per dag så er det vanskeleg å redusere investeringane på kort sikt, men vi har forsøkt å utsette dei prosjekta kor det er mogeleg å utsette utan at det går på bekostning av liv og helse. Vi vil jobbe ytterlegare med å få ned nivået på investeringane i løpet av 2023.

# 1 INNLEIING

Arbeidet med økonomiplan starta i sak *T-58/22 Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2023-2026* som vart behandla av fylkestinget 20. juni 2022. Den 31. oktober legg fylkeskommunedirektøren fram forslag til Økonomiplan med handlingsprogram 2023-2026 med budsjett for 2023 (vidare referert til som Økonomiplanen), og 11. november vert framlegget behandla i hovudutvala. 28. november vil fylkesutvalet leggje fram si innstilling, medan Fylkestinget skal vedta planen 12. desember 2022.

## 1.1 Sentrale utviklingstrekk Møre og Romsdal

Utvikling i samfunnet rundt oss påverkar og legg føringar for fylkeskommunen si verksemd.

<u>Befolkningsutviklinga i fylket</u>
Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal har vore svak i fleire år, og dei siste åra har folketalsveksten vore på 0,1 prosent årleg. Det betyr at folketalet i fylket auka med kring 300 personar, og er per 1.1.2022 på 265 848 innbyggarar. Under det relativt stabile folketalet skjer det relativt store demografiske endringar i befolkninga. Talet på eldre aukar kraftig, og ein må tilbake til 2016 for å finne eit år kor det har vore vekst i befolkninga under 67 år. Det betyr at både barnetalet og arbeidsstyrken reduserast samstundes som behovet for omsorgstenester vil auke i åra som kjem.

Denne utviklinga er bekymringsfull, ikkje berre av omsyn til den såkalla forsørgjarbrøken, kor ein ser på forholdet mellom talet på arbeidsdyktige og eldre i befolkninga, men også fordi dette påverkar dimensjonering og drift av offentlege tenester til unge og eldre. Låge barnetal utfordrar driftsøkonomien i oppvekstsektoren, og på lang sikt den framtidige tilgangen på kompetanse og arbeidskraft i fylket. Frå 2021 til 2022 var nedgang i tal barn og unge om lag like stor som nedgangen i vaksne under 67 år.

Den innanlandske flyttinga betra seg veldig under pandemien, med eit lågare innanlandsk flyttetap. Særleg var det slik at befolkninga utanom innvandrarar hadde markant lågare flyttetap. Dette auka litt i 2021, frå -59 i 2020 til -96 i 2021. Det er framleis langt under nivået i åra før, kor tapet var på kring 3-400 personar årleg. Det er det innanlandske flyttetapet som er den viktigaste årsaka til den låge befolkningsveksten i fylket.

Innvandringa i 2021 ga ei nettoinnvandring på 584 personar, det er det lågaste talet sidan 2001. I 2021 auka både innvandring og utvandring frå fylket samanlikna med 2020. Det er innvandringa som har vore den viktigaste drivaren for den sterke befolkningsveksten fylket hadde i perioden 2007 til 2016.

Flyttetapet i aldersgruppa 20-29 år er framleis høgare enn det samla flyttetapet, men har gått frå minus 800-900 til om lag minus 700 personar. Dette såg ein både i 2019 og 2020. Kommunane Volda og Ålesund har begge gjort tiltak for å busette studentar i kommunane. Dette har truleg hatt ein positiv verknad på desse tala.

<u>Folketalet framover</u>
Folketalsframskrivingane til Statisk sentralbyrå blir oppdaterte anna kvart år. Dei nye framskrivingane i år gir enno lågare anslag for veksten framover enn den førre. Samanliknar vi framskrivingane med tidlegare framskrivingar, ser vi at 2022-

framskrivinga er den mest negative. Her er folketalet i 2037 på 273 328 innbyggarar, ein vekst på 2,8 prosent. På landsbasis er veksten i same periode venta å vere 7,3 prosent.

Samtidig skil denne framskrivinga seg ikkje mykje frå 2020. Oppsummert så fortel den oss at vi møter:

- låg vekst
- fleire eldre
- færre yngre.

Det er store skilnader mellom kommunane. Frå ein venta vekst fram mot 2037 på 13,2 prosent i Aukra, til ein venta nedgang på 12,8 prosent i Vanylven. Til grunn for framskrivingane ligg også store endringar i alderssamansetninga i befolkninga. Både for fylket samla og for land sett under eitt er talet eldre over 80 år venta å auke med over 80 prosent fram til 2037.

Fram til 2037 er det venta ein samla nedgang på minus 1 631 personar i aldersgruppa 16-19 år i fylket. Det er ein nedgang på 12,4 prosent samanlikna med 2022. Berre Sula kommune kan vente seg ein vekst i denne aldersgruppa i følgje framskrivinga til SSB. Der er talet venta å gå frå 471 personar til 497 personar.

For den fylkeskommunale drifta er utviklinga i aldersgruppa 16-18 år særleg relevant, da denne aldersgruppa utgjer heile 40 prosent av kostnadsnøkkelen til fylkeskommunane. Fram til 2037 er det venta ein samla nedgang i fylket på 1 356 personar (13,6 prosent) i denne aldersgruppa, samanlikna med 2022. Dette er basert på hovudalternativet (middels fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og innvandring) til SSB. Talet 16-18 åringar vil gå frå 9 964 personar i 2022 til 8 608 personar i 2037. Dette vil føre til ein betydeleg reduksjon i kostnadsramma til fylkeskommunen.

Arbeidsmarknaden
Per august 2022 var arbeidsløysa i Møre og Romsdal på 1,5 prosent mot 1,6 prosent for landet. Over tid har det vore store utfordringar med tilgangen på kompetanse og arbeidskraft i arbeidsmarknaden i fylket. Denne utviklinga vil nok følgje oss i åra som kjem, men renteaukingane, med følgande auke i kronekurs, gjer at eksportnæringane i fylket fort blir råka. På sikt kan det det vere utfordrande tider i fleire næringar når mange grunna rente og prisauke gir langt høgare kostnader enn det som har vore venta.

Frå 4. kvartal 2020 til 4. kvartal 2021 auka sysselsettinga med 2,3 prosent i Møre og Romsdal, det er lågare enn snittet for landet som var 3,0 prosent. Det er næringane som under pandemien var hardast råka som opplevde sterkast auke. Pendlinga internt i fylket auka med 3,7 prosent. Det vil sei at arbeidsplassveksten i større grad var konsentrert i enkelt kommunar enn ein jamn vekst i alle. I 2021 hadde ti kommunar i fylket vekst i sysselsetting, men likevel nedgang i innbyggartalet.

Statlege arbeidsplassar
Det har over fleire år vore fokus på at det er relativt få sysselsett i statleg sektor i Møre og Romsdal. Denne skilnaden ser ein framleis, og statleg sektor utgjer berre 8,5 prosent av dei sysselsette i fylket mot 11,6 prosent på landsbasis. Det er den nest lågaste delen av alle fylka, berre Rogaland hadde ein lågare del sysselsett i statleg sektor, med 7,8 prosent. Statlege arbeidsplassar er viktige, ikkje berre fordi dei leverer viktige tenester som høgskoletilbod, helsetenester på sjukehus og liknande, men dei er ofte kompetansearbeidsplassar som ikkje er like konjunkturfølsame som resten av næringslivet i fylket.

Andelen sysselsette med lang høgare utdanning i fylket er på 8,1 prosent. Det er nest lågast av alle fylka. Berre Innlandet hadde ein lågare del med 8,0 prosent. På landsbasis er andelen 13,5 prosent.

Auke i eksport frå fylket

Fastlandseksporten av tradisjonelle varer frå fastlands Noreg auka kraftig i 2021 samanlikna med 2020. I alt vart det eksportert varer til ein samla verdi på 542,6 mrd. kroner i 2021, ein auke på om lag 99,2 milliardar kroner frå 2020 (22,4 prosent). Vestland er fylket med høgast eksport, også i 2021, med ein eksport på om lag 104 milliardar kroner. Eksporten frå Vestland auka med heile 30,3 milliardar, tilsvarande 41,1 prosent, samanlikna med 2020. Eksporten frå Møre og Romsdal var tredje høgst av fylka, med 47,8 milliardar i 2021. Dette er ein auke på 5,2 milliardar frå 2020, dvs. 12,2 prosent.

Nedgang i talet på søkarar til vidaregåande opplæring

Til skoleåret 2022/2023 var det i Møre og Romsdal 3 563 søkarane til Vg1, mot 3 671 søkarar til skoleåret 2021/2022. Dette gir ein nedgang i talet på søkarar på 72 personar eller 3 prosent. Det har i fleire år vore ei overvekt i søkinga til yrkesfaga i Møre og Romsdal, denne trenden held fram i skoleåret 2022/2023. Av totalt 3 563 søkarar til Vg1 skoleåret 2022/2023 er det 1 486 søkarar til dei studieførebuande utdanningsprogramma og 2 077 søkarar til yrkesfaga. Det betyr at 58 prosent av søkarane har yrkesfaglege utdanningsprogram som førsteønske. Skoleåret 2021/2022 var det 59 prosent av søkarane om søkte seg til yrkesfaga, det gir ein nedgang på 1 prosentpoeng frå førre skoleår.

For meir informasjon om utviklingstrekk i Møre og Romsdal er å finne på nettsida www.mrfylke.no/statistikk

# 2 HOVUDOVERSIKT

## 2.1 Økonomisk oversikt 2023-2026

**ØKONOMISK OVERSIKT, DRIFT** (i mill. kroner)

| **2023-priser** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | 3 774,3 | 3 774,3 | 3 774,3 | 3 774,3 |
| Inntekts- og formueskatt | 1 807,7 | 1 817,0 | 1 826,0 | 1 835,0 |
| Andre generelle driftsinntekter | 47,2 | 35,6 | 33,4 | 31,3 |
| Andre inntekter (m.a. øyremerka statlege overføringar) | 1 300,0 | 1 300,0 | 1 300,0 | 1 300,0 |
| **Brutto driftsinntekter** | **6 929,2** | **6 926,9** | **6 933,7** | **6 940,6** |
| | | | | |
| Sum bevilgningar drift, netto | 4 885,3 | 4 906,9 | 4 911,7 | 4 891,8 |
| Avskrivingar | 542,8 | 594,7 | 631,8 | 620,6 |
| Andre utgifter (til øyremerka tiltak) | 1 300,0 | 1 300,0 | 1 300,0 | 1 300,0 |
| **Brutto driftsutgifter** | **6 728,1** | **6 801,6** | **6 843,5** | **6 812,4** |
| **Brutto driftsresultat** | **201,0** | **125,3** | **90,24** | **128,2** |
| | | | | |
| Renteinntekter | 68,6 | 64,5 | 62,0 | 57,1 |
| Utbytte | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 |
| Renteutgifter | -324,4 | -373,7 | -395,6 | -410,0 |
| Avdrag på lån | -333,2 | -370,3 | -393,4 | -384,5 |
| **Netto finansutgifter** | **-586,5** | **-677,0** | **-724,5** | **-734,9** |
| Motpost avskrivingar | -542,8 | -594,7 | -631,8 | -620,6 |
| **Netto driftsresultat** | **157,3** | **43,0** | **-2,4** | **13,9** |
| **Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter** | **2,3 %** | **0,6 %** | **0,0 %** | **0,2 %** |
| | | | | |
| **Justert for overføring til investering:** | | | | |
| Overføring til investering (ras- og tunnelsikringmidlar) | -229,0 | -133,3 | -133,3 | -133,3 |
| Netto driftsresultat korr. for overføring til investering | -71,7 | -90,3 | -135,7 | -119,4 |
| Netto driftsresultat justert for overføring til investering | -1,0 % | -1,3 % | -2,0 % | -1,7 % |

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i 2023 er på om lag 157,3 mill. kroner. Dette utgjer 2,3 prosent av brutto driftsinntekter.

Vedteke målsetting netto driftsresultat er på 3,3 prosent, jf. sak T-58/22 (strategisaka) og kap. 2.2.1. Størrelsen på målsettinga må sjåast i samanheng med størrelsen på tilskota på ras- og tunnelsikringsmidlar, som i statsbudsjettet i 2023 var på 229 mill. kroner. Med bakgrunn i prisstigninga i 2022 samt auken i renteutgifter, så meiner fylkeskommunedirektøren at det vert vanskeleg å nå målsettinga på 3,3 prosent i 2023 og dei komande åra.

Netto driftsresultat er fallande i komande økonomiplanperiode. Dette til tross for om det er lagt inn innsparing på om lag 130,4 mill. kroner på Samferdselstenester (jf. Del II. Kap. 10.2), og på alle rammer 46 mill. kroner i 2023-2026 og ytterlegare innsparing på 100 mill. kroner i 2024-2026, jf. kap. 2.3 Driftsrammer.

Bakgrunnen for desse innsparingane er den høge prisveksten, spesielt på Samferdselstenester, samt auken i renteutgiftene. Vi må derfor legge inn eit betydeleg innsparing i posten «Sum

bevilgningar drift» (driftsrammer) for at netto driftsresultat skal gå i pluss ved utgangen av økonomiplanperioden. Dette vert løyst i 2023 ved innsparing på ramma til Samferdsel på 130,4 mill. kroner, samt innsparingstiltaka for alle rammene på 46,4 mill. kroner (sjå kap. 2.3). I åra 2024-2026 er det lagt inn eit ytterlegare trekk på 100 mill. kroner, som er fordelt med 70 mill. kroner på Samferdsel medan resterande 30 mill. kroner er fordelt på dei andre driftsrammene. Endeleg fordeling av trekka for 2024-2026 vil ein kome attende til i eigen sak i løpet av 2023 (nytt prosjekt «Omstilling 2024»).

Møre og Romsdal fylkeskommune kan ikkje rå over den prisveksten vi har sett det siste året, og heller ikkje i auken i renter. Det vi kan rå over er størrelsen på lånegjelda, som har auka betydeleg dei siste åra. Dette skyldast det høge investeringsnivå fylkeskommunen har lagt seg på. Årsaka til auken i investeringane skyldast i stor grad det store vedlikehaldsetterslepet på skole og veg, men også gjennomføringa av større prosjekt. Vi er derfor svært sårbar for endringar i rentesatsen, noko ein ser svært tydeleg i økonomiplanen for 2023-2026. I fleire år har vi vorte «redda» av ein lav rentesats. I økonomiplan for 2022-2025 var det berekna ein netto finansutgift i 2023 på 503 mill. kroner. Eit år etter er beløpet endra seg til om lag 586,5 mill. kroner, dvs. ein auke på 83 mill. kroner. I 2026 er finansutgiftene berekna til 734,9 mill. kroner, dvs. ein ytterlegare auke på 148,4 mill. kroner.

Lånegjelda må ned dersom vi skal klare å betre økonomien. Det er derfor viktig at fylkeskommunen i framtida finansierer ein større del av sine investeringar med eigenkapital. Då må vi redusere driftsrammene til avdelingane for å auke netto driftsresultat, slik at vi kan auke disposisjonsfonda. Investeringane må ned, samt at disposisjonsfonda i større grad må finansiere låneopptaka (eigenkapital). Disposisjonsfonda bør i minst mogleg grad gå til å finansiere drifta.

For å få økonomien i balanse i økonomiplanperioden, så vil det ikkje vere rom for å overføre alle ras- og tunnelsikringsmidlane til finansiering av investeringane. Vi meiner at skal vere mogleg i 2023, men ikkje i 2024-2026. Etter 2023 overfører vi berre tunnelsikringsmidlane. Det betyr at rassikringsmidlane vil gå til drift i 2024-2026. Det er svært uheldig at vi har kome i ein slik situasjon.

Rammetilskot og inntekts- og formueskatt

Rammetilskot og inntekts- og formueskatt, som vert kalla dei frie inntektene, utgjer hovuddelen av inntektene til fylkeskommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune får ein nominell vekst på 5,3 prosent i frie inntekter frå 2022 til 2023. Dette skyldast blant anna:

- ein anslått pris- og lønsauke på 3,7 prosent (deflator)
- auka kompensasjon som følgje av reduserte ferjetakstar og gratis ferjer

Les meir om statsbudsjettet 2023 i kapittel 4.3.

I 2023 vil vi få midlar til ras- og skredsikring på fylkesveg på 95,7 mill. kroner og tunnelsikringsmidlar på 133,3 mill. kroner, til saman 229 mill. kroner. I KS sine berekningar basert for statsbudsjettet for 2023, er ras- og skredsikring for 2024-2026 tatt ut. Dette skyldast at dette er midlar som vart lagt inn etter at Statens vegvesen laget eit tilskotsprogram for skredsikring på fylkesvegnettet for perioden 2018-2023, basert på dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2018-2029. Vi har med andre ord ingen informasjon om kva som kjem til å skje med desse midlane etter 2023. Vi har likevel valt å legge inn desse midlane for 2024-2026, då vi meiner at det ville vere underleg om ikkje fylkeskommunane fekk rassikringsmidlar også dei komande åra. Vi forventar derfor at det vil kome midlar, men dette er noko som må følgast opp politisk mot myndigheitene.

Andre generelle driftsinntekter
I 2023 forventast det ein innbetaling på 47,2 mill. kroner til posten Andre generelle driftsinntekter. Innbetalingane skyldast innbetaling av renter og avdrag på om lag 19,7 mill. kroner frå nye Ålesund kommune i samband med prosjekt Nordøyvegen. I tillegg får vi også rentekompensasjonsmidlar på skole på 1,6 mill. kroner, og på veg 25,9 mill. kroner.

Andre inntekter
Posten består i hovudsak av estimerte inntekter av tenester som fylkeskommunen sjølv leverer. Dette vere seg billettinntekter frå ferje og buss, utleie og liknande. Nettoeffekten av desse inntektene er allereie teke omsyn i driftsrammene til avdelingane, og posten trekkast derfor frå igjen i posten Andre utgifter under Brutto driftsutgifter.

Sum bevillingar drift, netto
Posten inneheld avdelingane sine driftsrammer, samt premieavviket. Meir om dette i kapittel 2.3 Driftsrammer, samt avdelingane sine eigne kapittel i Del II.

Avskrivingar
Posten viser berekna avskrivingar for planperioden. Avskrivingane inngår som ein post i brutto driftsinntekter, men skal ikkje påverke netto driftsresultat. Posten vert derfor korrigert i posten Motpost avskrivingar.

Renteinntekter
Denne posten består av budsjetterte renter på plasseringar. På grunn av auken i rentesatsen samt god likviditet, så er det grunn til å tru at renteinntektene vil auke dei komande åra.

Utbytte
Posten består av estimert utbytte frå Svorka Energi AS.

Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter
Posten inneheld renteutgifter på eksisterande låneportefølje samt nye lån i planperioden. Dersom rentesatsen aukar med 1 prosent vil renta aleine auke med om lag 45 mill. kroner i året. Det er ein betydeleg auke i renteinntektene frå 2022 til 2023. Dette skyldast i hovudsak renteauken, samt at rentene på lån på Nordøyvegen, som fram til no har vorte aktivert som investering i byggeperioden, no må dekkast over drift. År 2023 er første året med heilårseffekt på renter Nordøyvegen.

Avdrag på lån
Vi har berekna eit estimat av minimumsavdraga for heile planperioden 2023-2026. Vi vil kome attende med eit oppdatert minimumsavdrag etter at årsoppgjeret for 2022 er avslutta. Meir om dette i kapittel 2.6.2 Rente- og avdragsutgifter.

## 2.2 Finansielle måltal for Møre og Romsdal fylkeskommune

Det er utfordrande å ha god økonomisk styring, drifte og utvikle ein stor organisasjon, samtidig som ein skal ha eit overordna blikk på økonomi og kvalitet. For å lette dette arbeidet er det tilrådd og lovfesta at alle kommunar og fylkeskommunar skal ha finansielle måltal for å få nødvendig styringsinformasjon (kommunelova § 14-2. c).

### 2.2.1 Netto driftsresultat - målsetting om 3,3 prosent

| |
|---|
| Netto driftsresultat i prosent = Netto driftsresultatet / brutto driftsinntekter |

I sak T-58/22 *Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2023-2026*, vart det vedteke følgande:

> *Fylkestinget har som målsetting at årleg netto driftsresultat over tid skal vere på om lag 3,3 prosent av brutto driftsinntekt. Positivt netto driftsresultat skal settast av til sentralt disposisjonsfond.*

Målsettinga må sjåast i samanheng med tilskota på ras- og tunnelsikringsmiddel. Desse midlane vert rekna som frie midlar (inntekter) og bør haldast utanom berekninga av netto driftsresultat sidan desse midlane er meint å skulle gå til nye investeringar i ras- og tunnelsikring. Vi overfører derfor desse midla til investering i 2023, som eigenkapital. Vi viser overføringa til investering på den nedste linja i tabell i kap. 2.1.

KOSTRA-tala, basert på rekneskapstala for 2021, viser at Møre og Romsdal er blant dei fylkeskommunane i Noreg med lågast netto driftsresultatet.



Tek vi omsyn til mottekne midlar til ras- og tunnelsikring i 2021 (merket med grønt i figuren over), så har Møre og Romsdal fylkeskommune eit netto driftsresultat på om lag 2,5 prosent, og er då lågast av fylkeskommunane. Vestland, Nordland og Troms og Finnmark mottakar også ras- og tunnelsikringsmidlar, men som figuren viser så har alle desse høgare netto driftsresultat enn Møre og Romsdal.

Med dei utfordringane som fylkeskommunen har med stort investeringsbehov spesielt på grunn av vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg, tunnelsikring, miljøferjekaier o.l., så burde målsettinga til netto driftsresultatet aukast. Då kunne ein overført meir midlar til investeringar (eigenkapital). Men for å lage handlingsrom til auka netto driftsresultat så må driftsrammene reduserast og investeringane ned (lågare renteutgifter og avdrag). På den måten kan vi redusere lånegjelda og vi vil ikkje vere så prisgitt endringar i rentesatsen.

Figuren under viser at netto driftsresultat vil vere lågare enn målsettinga på 3,3 prosent i komande økonomiplanperiode, på tross av at dei innsparingane som er foreslått (jf. kap. 2.3 Driftsrammer). Netto driftsresultat faller frå 2,3 prosent i 2023 til 0,6 prosent i 2024. Ved utgangen av perioden vil netto driftsresultat ligge på om lag 0,2 prosent.




Det er først og fremst auken i renter og avdrag, samt prisstigninga på bygg og anlegg, som er årsaka til dei lave netto driftsresultata. Dei komande åra vil bli svært krevjande for fylkeskommunen, om ein ikkje klarer å omstille drifta.

Netto driftsresultat gir god informasjon år for år, men bør sjåast i samanheng med disponible fond og gjeldsgraden for heilheita si skyld.

## 2.2.2 Disposisjonsfond - målsetting om 10 prosent

Vi viser til vedtak i sak T-58/22 *Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2023-2026.* Der vart det fatta følgande vedtak:

> *Fylkestinget har som målsetting at årleg disposisjonsfond på sikt skal vere på om lag 10 prosent av brutto driftsinntekt. Beløp utover 10 prosent kan nyttast til investeringar.*

| Fondsgrad = Disponible fond / brutto driftsinntekter |
|---|

Fylkeskommunen sitt disposisjonsfond er oppsparte midlar som fungerer som ein sparekonto for dårlege tider. Eit eksempel på dette var i 2020 da desse midlane vart nytta til ein korona-tiltakspakke på 190 mill. kroner for å stimulere det lokale næringslivet. Det er god økonomisk styring å bruke overskytande midlar som eigenkapital for å finansiere investeringar, i staden for at å finansiert dei med nye låneopptak.

Per 31.12.2021 var disposisjonsfondet på 14 prosent. I løpet av 2022 har disposisjonsfondet blitt redusert til 10,4 prosent (prognose per 2. tertial). Reduksjon




skyldast auka bruk til drift og ikkje som eigenkapital for å finansiere investeringar, jf. vedtatt målsetting. Disposisjonsfondet vil vere under hardt press dei komande åra pga. nedgangen i netto driftsresultat. Disposisjonsfondet vil verte redusert, som betyr at det ikkje vil vere rom for å bruke av midlane for å redusere lånegjelda.




Disposisjonsfondet er i prognosen til 2. tertial 2022, berekna til om lag 10,4 prosent. I budsjett for 2023 er disposisjonsfondet redusert til om lag 9,2 prosent, og vil fortsette å falle i økonomiplanperioden. Ved utgangen av 2026 vil disposisjonsfondet vere på om lag 4,2 prosent. Det vil sei at disposisjonsfondet i heile perioden er lågare enn målsettinga på 10 prosent. Ei slik utvikling i disposisjonsfondet er langt frå heldig, og gjer at fylkeskommunen vil vere svært sårbar for ein ytterlegare renteauke eller prisvekst.

Ein må sjå fondsandelen i samanheng med andre nøkkeltal for å kunne gje eit heilskapleg bilete av den økonomiske situasjonen. Den gir oss likevel ein god indikator på kva slags moglegheiter vi har til å handtere større og mindre svingingar i tida som kjem.

For meir informasjon om disposisjonsfonda, sjå kap. 2.7 Fondsmidlar.

## 2.2.3 Gjeldsgrad - målsetting maksimalt 120 prosent

Vi viser til vedtak i sak T-58/22 *Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2023-2026.* Der vart det fatta følgande vedtak:

> *Fylkestinget har som målsetting at korrigert gjeldsgrad, dvs. korrigert lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt, ikkje skal overstige 120 prosent i økonomiplanperioden.*

| |
|---|
| Gjeldsgrad = Fylkeskommunen si lånegjeld / brutto driftsinntekter. |

KS, departementet og teknisk berekningsutval (TBU) har følgande anbefaling på kva gjeldsgrad ei fylkeskommune bør ligge på for å ha handlingsrom:

| | |
|---|---|
| 0% – 60% | Fylket har godt handlingsrom til investeringar |
| 60% - 90% | Fylket har moderat handlingsrom til investeringar |
| 90% –> | Fylket har lite handlingsrom til investeringar |

I 2019 vaks lånegjelda til Møre og Romsdal fylkeskommune for fyrste gong over den anbefalte maks. grensa på 90 prosent (KS og TBU), og har fortsett å auke i åra etter.

Lånegjelda er korrigert for ekstraordinære inntekter som er spesielle for Møre og Romsdal fylkeskommune. Ferjeavløysingsmidlane og gjeld betalt av andre er slike ekstraordinære inntekter. Tabellen under viser den korrigerte lånegjelda.



I 2023 vil korrigert lånegjelda/gjeldsgraden vere på om lag 121 prosent, som er høgare enn vedtatt målsetting på 120 prosent. Gjeldsgraden vil fortsette å vokse, og ved utgangen av økonomiplanperioden vil den vere på om lag 142 prosent. Den høge lånegjelda gjer oss utsett for endringar i rentesatsen, og vi har svært lite handlingsrom. Signala frå sentralbanken er at rentesatsen skal ytterlegare opp med 0,75 prosent i løpet av vinteren. Dette kan forverre handlingsrommet til fylkeskommunen ytterlegare i åra som kjem, om vi ikkje gjer dei nødvendige grepa allereie no.

Det er all grunn til å vere varsam når ein overstig gjeldsgrad på 90 prosent. Fylkeskommunen bør ha som ei langsiktig målsetting at ein skal tilbake til ei lånegjeld på under 90 prosent. Da må investeringane reduserast. Dette kan synast vanskeleg dei komande åra, når investeringane står i kø. Dersom vi klarer å auke andel eigenkapital, så vil dette ha ein positiv innverknad på lånegjelda. Ein moglegheit er å overføre meir midlar til investering (eigenkapital). Da vil ein redusere låneopptaka og redusere fylkeskommunen sin risiko knytt til auka renter og avdrag.

Figuren under viser gjeldsgraden til alle fylkeskommunane i 2021 (Kostra-tall).




Korrigerer vi for låneopptak dekt av ferjeavløysingsmidlar og av lån frå andre (markert med grønt i grafen), så får vi ein korrigert gjeldsgrad på om lag 96 prosent i 2021. Vi var da lågare enn Trøndelag og litt høgare enn Vestland. Som allereie omtalt over så vil gjeldsgraden til Møre og Romsdal auke betydeleg dei komande åra.

Sjå meir om investering og finansiering i kap. 2.4-2.6.

## 2.3 Driftsrammer

Fylkeskommunen har over fleire år hatt gjennomført store investeringar, som har ført til aukande renter og avdrag. På grunn av at rentesatsen i fleire år har vore låg, så har fylkeskommunen klart å handtere den høge lånegjelda. Men det siste året har rentesatsen auka, og vil med stor sannsynlegvis fortsette å auke både i år og neste år (ref. rentebanen til Noregs Bank). Dermed vil andel netto finansutgifter, som skal dekkast av fylkeskommunen sine inntekter, auke. Dette fører til press på driftsrammene til fylkeskommunen, spesielt sidan lånegjelda til fylkeskommunen er langt over anbefalt nivå (jf. kap. 2.2.3 Gjeldsgrad).

På same tid så har det vore ei svært høg prisstigning på sentrale indeksar i 2022:

Byggekostnadsindeksen for:

- veganlegg 17,2 prosent (2. kvartal 2021 – 2. kvartal 2022)
- bustader 7,1 prosent (august 2021 – august 2022)
- innanriks sjøfart, tot. indeks 23,4 prosent (2. kvartal 2021 - 2. kvartal 2022)
- buss 9,7 prosent « «

Vi vart dessverre ikkje kompensert for heile prisveksten i Statsbudsjettet for 2023. Dette gjer det svært utfordrande for fylkeskommunane i neste økonomiplanperiode. I tillegg så skjer dette samtidig som rentesatsen aukar. Det vil sei at utgiftene aukar meir enn inntektene. For at fylkeskommunen skal gå i balanse er det derfor viktig å gjere dei nødvendige tiltaka for å redusere driftsrammene.

**Fylkeskommunedirektøren vil derfor foreslå innsparingar på driftsrammene for økonomiplanperioden 2023-2026.**

**INNSPARINGSTILTAK FOR ÅRA 2023-2026 og 2024-2026**

For at økonomien skal gå i balanse, jf. kommunelova, så må fylkeskommunen redusere utgiftene, dvs. driftsrammene, for økonomiplanperioden 2023-2026.

Vi har delt innsparingane inn i 2 delar:

- Innsparing for 2023 og åra etter.
- Innsparing for 2024 og åra etter (etter gjennomføringa av nytt omstillingsprosjekt -«Omstilling 2024»)

Innsparing for 2023 og åra etter

Innsparinga er satt til 1 prosent av driftsrammene før prisjustering. Ramme D01 «Fellesutgifter og utgifter til fordeling» er halden utanfor i 2023. Bakgrunnen for dette er at ramma gjelder for alle avdelingane i fylkeskommunen, og i 2023 vil fylkeskommunen gå til anskaffing av programvarer sett i samanheng med «Program for nye digitale arbeidsformer» (les meir i kap. 3.5). Programmet skal på sikt effektivisere måten fylkeskommunen arbeider på når det gjeld:

- økonomiplan, budsjett, rapportering, planer, analyser, oppfølging av politisk nivå og liknande.
- kvalitet og internkontroll
- sak- og arkivsystem
- nettsider, rekruttering osv.

På sikt vil dei nye digitale verktøya bidra til å hente ut digitaliseringsgevinstar for alle avdelingane i fylkeskommunen.

Innsparingane vert da som følgjer:

(i 1000 kr)

| Tiltak/ innsparing fra avdelingane | | 2023-2026<br>1 prosent |
|---|---|---|
| D01 | Fellesutg og utg til fordeling | - |
| D02 | Politisk verksemd | 270 |
| D03 | Stabsfunksjonar | 1 990 |
| D05 | Vidaregåande opplæring | 17 380 |
| D06 | Fagskolen i Møre og Romsdal | 220 |
| D09 | Tannhelsetenester | 1 710 |
| D10 | Kulturtenester | 1 350 |
| D11 | Næring | 730 |
| D12 | Samferdsel | 22 660 |
| D14 | Sentrale kontrollorgan | 80 |
| | **Sum innsparing rammer** | **46 390** |

Innsparingane er innarbeidd i driftsrammene.

<u>Innsparing for 2024-2026, etter gjennomføring av nytt omstillingsprosjekt -«Omstilling 2024»</u>

Det vil vere behov for ytterlegare innsparingar i åra 2024 og åra etter, for at økonomiplanen skal gå i balanse. Vi foreslår derfor ein årleg innsparing på totalt 100 mill. kroner frå 2024 og utover. Innsparingane er fordelt som følger:

(i 1000 kr)

| Ytterligere auka innsparing i åra 2024-2026: | | 2024-2026<br>100 mill. kr |
|---|---|---|
| D01 | Fellesutg og utg til fordeling | 781 |
| D02 | Politisk verksemd | 318 |
| D03 | Stabsfunksjonar | 2 412 |
| D05 | Vidaregåande opplæring | 21 392 |
| D06 | Fagskolen i Møre og Romsdal | 363 |
| D09 | Tannhelsetenester | 2 132 |
| D10 | Kulturtenester | 1 660 |
| D11 | Næring | 847 |
| D12 | Samferdsel | 70 000 |
| D14 | Sentrale kontrollorgan | 95 |
| | **Sum innsparing rammer** | **100 000** |

Det er heller ikkje gitt at innsparingstiltaka skal fordelast slik som skissert i tabellen over. Samferdselstenester må ta den største delen av innsparingane, sidan det er her prisveksten og investeringane (økt lånegjeld som fører til auka renter og avdrag) er størst. Fylkeskommunedirektøren foreslår derfor at ein må kome attende til innsparingstiltaka i det nye prosjektet «Omstilling 2024» i 2023. Da vil fylkeskommunedirektøren presentere eit nytt framlegg til innsparingar, som skal innarbeidast i økonomiplanen for 2024-2027.

Innsparingane i tabellen er innarbeidd i driftsrammene.

Med bakgrunn i avdelingane sine forslag til rammer samt innsparingane, så vil driftsrammene for økonomiplanperioden 2023-2026 vere som følgjer:

(i 1000 kroner)

| Fylkestingsramme | | Regnskap 2021 | Opprinneleg Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| D01 | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 42 602 | 57 339 | 68 624 | 62 417 | 58 449 | 58 192 |
| D02 | Politisk verksemd | 27 231 | 25 644 | 27 380 | 25 450 | 26 457 | 25 450 |
| D03 | Stabsfunksjonar | 199 867 | 190 328 | 198 489 | 192 873 | 192 873 | 188 729 |
| D04 | Lønsreservepost | 0 | 66 696 | 207 000 | 207 000 | 207 000 | 207 000 |
| D05 | Kompetanseområdet | 1 745 577 | 1 765 089 | 1 730 849 | 1 708 437 | 1 709 264 | 1 709 264 |
| D06 | Fagskolane i Møre og Romsdal | 11 542 | 17 577 | 21 307 | 28 954 | 28 954 | 27 452 |
| D09 | Tannhelseområdet | 167 150 | 161 584 | 170 131 | 170 008 | 169 325 | 169 325 |
| D10 | Kulturområdet | 134 354 | 143 643 | 137 202 | 135 232 | 137 922 | 142 991 |
| D11 | Næring | 96 311 | 79 837 | 73 948 | 69 002 | 62 341 | 54 651 |
| D12 | Samferdselsområdet | 2 061 270 | 2 046 620 | 2 302 642 | 2 299 823 | 2 311 383 | 2 301 108 |
| D14 | Sentrale kontrollorgan | 8 120 | 7 697 | 7 778 | 7 683 | 7 683 | 7 683 |
| | Sum netto bevilgningar drift på rammeområda | 4 494 024 | 4 562 054 | 4 945 350 | 4 906 879 | 4 911 651 | 4 891 845 |
| | Overføring til investering frå rammeområder | -14 917 | | | | | |
| | Bruk av bundne fond rammeområder | 317 908 | | | | | |
| | Avsetning til bundne fond | -341 610 | | | | | |
| | Ufordelte utgifter (premieavvik) | -64 980 | 16 404 | -60 024 | | | |
| | Ufordelte utgifter (premiereduksjon KLP/SPK) | -8 760 | | | | | |
| | **Sum bevilgningar drift, netto** | **4 381 665** | **4 578 458** | **4 885 326** | **4 906 879** | **4 911 651** | **4 891 845** |

## Andre vesentlege endringar driftsrammer

D01 Fellesutgifter og utgifter til fordeling
Ramma viser fellesutgifter til heile organisasjonen der det er vurdert som fordelaktig at desse er samla på eit sted. Dette gjeld utgifter som felles programvare, prosjekter o.l.

«Program for nye digitale arbeidsformer» aukar med 4,8 mill. kroner i 2023 på grunn av anskaffing av nye programvarer (økonomiplan, budsjett, kvalitetssystem, arkivsystem osv.). Ramma vil reduserast i åra etter anskaffinga. Desse kjøpa av programvare skal på sikt føre til auka effektivitet, samt betre kontroll og ein profesjonalisering av fylkeskommunen.

D05 Vidaregåande opplæring
Ramma er auke med 3,15 mill. kroner til kjøp av pedagogisk- psykologisk tenester (PPT) til vidaregåande opplæring frå 1. august 2023. Heilårseffekt på 6,3 mill. kroner frå 2024.

D06 Fagskolen
Det er lagt inn ein auke i husleiga for fagskolen med 8 mill. kroner f.o.m. 2024 sett i samanheng med Campus Kristiansund. I tillegg må vi rekne med ein auke i infrastrukturkostnader på Campus i 2022, men dette er budsjettert som investering under samferdsel.

D10 Kulturtenester
Møre og Romsdal fylkeskommune skal etter avtalen dekke renter og avdrag på eit lån tilsvarande 150 mill. kroner for Normoria - Kulturhuset i Kristiansund. Dette er noko forsinka og er lagt inn i driftsramma f.o.m. 2025 med 4,8 mill. kroner, som vil auke til om lag 9,7 mill. kroner i 2026. I 2024 er driftsramma auka med 2,2 mill. kroner til kjøp av fartøy til Skjergardstenesta.

D11 Næring
Ny fylkesstrategi for landbruk er vedteken hausten 2022. Det er sett av 1,5 mill. kroner årleg til iverksetting av tiltak i strategien.

D12 Samferdsel
Samferdselstenester er foreslått auka med netto 256 mill. kroner frå vedtatt budsjett i økonomiplan 2022-2025. Den store prisveksten gjer det naudsynt å auke ramma med 291,3 mill. kroner (234,1 + 59,2 mill. kroner). I tillegg er ramma auka med 93,1 mill. kroner knytt til bindingar, tidlegare politiske vedtak og justering etter aktivitetsnivå. Det er også gjennomført reduksjonar på ramma tilsvarande 130,4 mill. kroner (inkl. omtalte innsparingar for 2023- sjå over). Ser ein vekk frå prisveksten, er ramma redusert med 37,3 mill. kroner i 2023.

| | | |
|---|---|---|
| Prisvekst 2022: | | 234,1 mill. kroner |
| Prisvekst 2023: | | 59,2 mill. kroner |
| Konsekvensjusteringar (bindingar, tidlegare politiske vedtak, justering etter aktivitetsnivå: | | 93,1 mill. kroner |
| Innsparing: | - | 130,4 mill. kroner |
| Sum endringar samferdsel: | = | 256,0 mill. kroner |

Vi viser til nærare omtale av endringane i Del II, kap. 10 Samferdselstenester (kap. 10.1-10.2).

**Føresetnader og eksterne risikofaktorar**

- Auke i rentesatsen
  På grunn av høg lånegjeld, så er Møre og Romsdal spesielt utsett for endringar i renta. Berre det siste året har Norges Bank auka styringsrenta med 2,25 prosent, og har varsla ytterlegare auke på 0,75 prosent.

- Korona-pandemien og følgjene dette vil få for 2023 og åra som kjem
  Vi har i løpet av 2022 mottatt dei siste utbetalingane av korona-midlar når det gjeld kollektiv. Etterverknadene spesielt på trafikk- og inntektsbortfall i kollektivdrifta (særleg på buss) vil kunne påverke oss noko i åra som kjem framover. Vi har enda ikkje mottatt nokon avklaring på det vi har innrapportert som auka kostnader, vedrørande avtalen mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane om utvida kompensasjon for overtid og meirarbeid sett i samanheng med koronapandemien for Kompetanse.

- Sterk prisvekst sett i samanheng med utlysing av nye anbod driftskontraktar
  Kostnadene på drift- og vedlikehald av vegane har auka betydeleg dei siste åra. Dette gjeld heile landet. Det skal i løpet av planperioden lysast ut fleire nye drifts- og fagkontraktar, og det er stor risiko for at prisane aukar også på dei. Fylkeskommunen jobbar for å få ned kostnadene i kommande kontraktar. Sjå nærare omtale i Del II kap. 10.2 Samferdselstenester, Ramme 70 Fylkesvegar.

- Aukande vedlikehaldsetterslep for investeringar og vedlikehald av fylkesvegnettet (asfalt, vegforsterkning og liknande)
  Etterslepet er per 2022 på om lag 11-12 mrd. kroner. Om ein fortsett med eit innsatsnivå på 2022-nivå, vil etterslepet anslagsvis auke med om lag 260 mill. kroner årleg.

  Frå 2022 gav staten eit øyremerka tilskot til vedlikehald av fylkesveg, som etter planen skulle trappast opp. Tilskotet var på 29 mill. kroner i 2022. Midlane skal prioriterast til forstørring av bo- og arbeidsmarknadsregionar og/eller viktige

næringsvegar, og fylkeskommunen skal sjølv prioritere vegane. Etter planen skulle tilskotet årleg trappast opp med om lag 20 mill. kroner per år dei komande åra, dvs. at tilskotet skulle vere på om lag 129 mill. kroner i 2027. Dette beløpet er no redusert, og vi vil berre få om lag 38 mill. kroner i 2023. 19 mill. kroner lågare enn forventa i 2023. Sidan dette er øyremerka middel, så vil det ikkje ha effekt på netto driftsresultat.

- Trafikktryggleik
  Vi opplever i 2022 ei dramatisk auke i trafikkulukker. Det er samansette årsaker for dette, men dårleg vedlikehald kan vere ei medverkande årsak til ulukker. T.d. kan manglande eller dårleg rekkverk og djupe grøfter bidra til at utforkøyringar får meir alvorlege konsekvensar, og sporete veg kan auke faren for vassplaning og gjere brøyting utfordrande.

- Behov for investeringar og vedlikehald av skolebygg
  Bygningsmassen er i hovudsak i god teknisk stand. Likevel har nokre bygg til dels store behov for opprusting. Dette er ikkje mogeleg berre med driftsmidlar. Derfor fylkeskommunen auka investeringsmidlane til opprusting dei nærmaste 3 åra.

  Sjå eigen omtale i kap. 2.4 Planlagde investeringar

- Manglande statleg dekning av auka ferjekostnader som følgje av overgangen til miljøteknologi.
  Fylkeskommunen får 20,6 mill. kroner i særskilt tilskot i 2026, som er om lag det same som i 2022 (prisjustert). Dette er likevel ikkje nok til å dekke utgiftsauken med miljøferjene når desse er tekne i bruk. Vi er dermed i same økonomiske situasjon som tidlegare, og er framleis underfinansiert på ferjedrifta.

For meir informasjon om endringane i driftsrammene, sjå avdelingane sine kapittel i Del II, kap. 5-11.

## 2.3.1 Områda sine del av driftsbudsjettet




Samferdsel og Kompetanse er dei to største områda og utgjer til saman 81,6 prosent av driftsrammene i 2023.

## 2.3.2 Endringar i driftsrammene i løpet av 2022

- Endringar i 2022-budsjettet som er vedtatt av fylkestinget i løpet av 2022 og som skal vidareførast i åra som kjem, er lagt til driftsrammene.
- Endringar som følgje av framlegget til statsbudsjett 2023.
- Det er lagt inn prisvekst på 3,0 prosent frå 2022 til 2023 på alle utgifts- og inntektsartar med unntak av lønspostane, jf. kapittel 4.3.2.
- Andre endringar for den enkelte avdelinga er nærare omtala i avdelinga sine eigne kapittel i Del II.

I driftsrammene for einingane i 2023-2026 er det derimot ikkje teke omsyn til følgande:

- Konsekvensane av lønsoppgjeret på dei enkelte rammene.
- Kompensasjon for reguleringspremie til KLP

Det er førebels sett av midlar på lønnsreserveposten til å møte desse meirutgiftene til lønsoppgjer og kompensasjon for reguleringspremie til KLP. Desse midlane vil bli fordelt på rammene til den enkelte eining når ein har oversikt over konsekvensane for den enkelte eining.

Tala i kolonnane som viser rekneskapstal for 2021 er i 2021-kroner, tala i kolonnane som viser budsjett 2022 er i 2022-kroner, og økonomiplanframlegget for 2023-2026 er i 2023-kroner.

## 2.4 Planlagde investeringar 2023-2026

Framlegget til økonomiplan for 2023-2026 inneheld prioriterte investeringstiltak for til saman 6 917,4 mill. kroner (inkl. mva).

i mill. kroner

| INVESTERINGSPROSJEKT | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Opprusting av bygningsmassen | 30,0 | 40,0 | 30,0 | 20,0 | 120,0 |
| Solenergianlegg | 2,5 | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 17,5 |
| IT – infrastruktur og nettverk | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 3,5 | 14,0 |
| Program nye digitale arbeidsformer | | | | | 0,0 |
| **Sum sentrale styringsorg./fellesutg.** | **36,0** | **48,5** | **38,5** | **28,5** | **151,5** |
| Utstyr/universell utforming/ped. utforming skolar | 20,0 | 20,0 | 20,0 | 20,0 | 80,0 |
| Utstyr etter Fagfornyinga | 8,0 | 12,0 | 5,0 | 5,0 | 30,0 |
| Undervisningsfartøy | 22,0 | 22,0 | 21,0 | | 65,0 |
| Talevarslingssystem, alle skoler | 12,5 | | | | 12,5 |
| Spjelkavik Arena | 180,9 | 80,0 | | | 260,9 |
| Ørsta vgs | 25,0 | 50,0 | 400,0 | 75,0 | 550,0 |
| Hustadvik vgs - marinefag | 38,0 | 10,0 | 5,0 | | 53,0 |
| Gjermundnes vgs. | 45,1 | | | | 45,1 |
| Borgund vgs. | | 1,0 | 5,0 | 25,0 | 31,0 |
| Hustadvik vgs. | 1,0 | 5,0 | 30,0 | 50,0 | 86,0 |
| Ulstein vgs. - TPO/adm | 1,0 | 9,0 | 15,0 | 5,0 | 30,0 |
| Tingvoll vgs. | 5,0 | | | | 5,0 |
| Videregående skoler i Kristiansund | | 1,0 | 8,0 | 25,0 | 34,0 |
| Herøy vgs. | | | 1,0 | 5,0 | 6,0 |
| **Sum vidaregåande skolar** | **358,5** | **210,0** | **510,0** | **210,0** | **1 288,5** |
| Utstyr fagskolane | 4,0 | 8,0 | 4,0 | 4,0 | 20,0 |
| **Sum fagskolar** | **4,0** | **8,0** | **4,0** | **4,0** | **20,0** |
| Oppgradering av klinikkar | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 12,0 |
| Tannhelse – utstyr | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 8,0 |
| Kompetanseklinikk Ørsta | | | | 14,0 | 14,0 |
| Kompetanseklinikk Kristiansund | | 1,0 | 19,0 | | 20,0 |
| DTK Valderøy | 0,2 | 4,0 | | | 4,2 |
| Kompetanseklinikk Molde | | 0,2 | | 19,8 | 20,0 |
| DTK Vatne | | | 0,2 | | 0,2 |
| **Sum tannhelse** | **5,2** | **10,2** | **24,2** | **38,8** | **78,4** |
| Fylkesvegar - store prosjekt: Todalsfjorden | 6,5 | | | | 6,5 |
| Fylkesvegar - store prosjekt: Kjerringsundet | 50,0 | 100,0 | 100,0 | 300,0 | 550,0 |
| Bypakke Ålesund | 70,0 | 130,0 | 180,0 | 90,0 | 470,0 |
| Bypakke Kristiansund | | | 35,0 | | 35,0 |
| Skredsikring | 281,4 | | | | 281,4 |
| Fylkesvegar | 1 315,3 | 1 037,9 | 610,0 | 628,6 | 3 591,8 |
| Investering kollektiv | 47,4 | 40,4 | 22,0 | 3,5 | 113,3 |
| Bussdepot | 170,0 | 61,0 | 10,0 | 90,0 | 331,0 |
| **Sum samferdsel** | **1 940,6** | **1 369,3** | **957,0** | **1 112,1** | **5 379,0** |
| **SUM INVESTERINGAR** | **2 344,3** | **1 646,0** | **1 533,7** | **1 393,4** | **6 917,4** |

Enkelte større investeringane på samferdsel har ekstern finansiering. Dette gjelder mellom anna:

- Kjerringsundet
  Finansierast i sin heilheit av midlar frå Aukra kommune.

- Bypakker:
  Finansierast i all hovudsak av bompengar, om lag 377,7 mill. kroner i åra 2023-2026.
- Tunnelsikring
  Delvis finansiert med rammetilskot 133,2 mill. kroner i 2023, jf. tabell i C i «Grønt hefte» (Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar 2023).
- Rassikring
  Delvis finansiert med rammetilskot 95,7 mill. kroner i 2023, jf. tabell i C i «Grønt hefte».
- Miljøferjekaier
  Noko finansiert av Enova-støtte. Om lag 33,5 mill. i kroner i åra 2023-2026.

Les meir om finansieringa under kap. 2.5 Finansiering, samt områda sin eigen omtale under Del II.

## 2.4.1 Investeringar fordelt på område

Figuren under viser investeringane i 2023, fordelt på område. Nærare omtale av investeringane er å finne i omtalen til dei enkelte område i Del II i økonomiplanen.



(i mill.kroner)

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum sentrale styringsorg./fellesutg. | 36,0 | 48,5 | 38,5 | 28,5 | 151,5 |
| Sum vidaregåande skolar | 358,5 | 210,0 | 510,0 | 210,0 | 1 288,5 |
| Sum fagskolar | 4,0 | 8,0 | 4,0 | 4,0 | 20,0 |
| Sum tannhelse | 5,2 | 10,2 | 24,2 | 38,8 | 78,4 |
| Sum samferdsel | 1 940,6 | 1 369,3 | 957,0 | 1 112,1 | 5 379,0 |
| **SUM INVESTERINGAR** | **2 344,3** | **1 646,0** | **1 533,7** | **1 393,4** | **6 917,4** |

Samferdsel utgjer om lag 82,8 prosent av alle investeringane i økonomiplanperioden.

## Investeringar samferdsel

Rassikring

*Korsmyra – Indreeide*
Driving av skredsikringstunnelen mellom Eidsdal og Geiranger starta i november 2020, og tunnelen var planlagt opna for trafikk hausten 2023. På grunn av ulike utfordringar med framdrift, må dato for trafikkopning justerast. Ny dato er ikkje fastsett, og mogleg forsering blir vurdert. Styringsramma for prosjektet vart i sak U-129/20 fastsett til 807 mill. 2020-kroner, og kostnadsramma til 840 mill. 2020-kroner. I 2022-kroner, med estimert utvikling i anleggsindeksen siste halvår, utgjer dette knappe 1 010 og 1 050 mill. kroner.

*Ågothammaren*
Det er foreslått om lag 10 mill. kroner til restfinansiering av prosjektet i 2023, pga. meirkostnader knytt til større sikringsomfang enn estimert. Venta totalkostnad er i overkant av 35 mill. 2022-kroner.

Tiltak etter tunnelsikkerheitsforskrifta

Tunnelsikkerheitsforskrifta har som mål å sikre eit minimum sikkerheitsnivå for trafikantar i tunnel, ved å førebygge kritiske hendingar og å redusere konsekvensen av ulykker.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin frist til å innfri forskriftskrava er til 1. januar 2025. Denne fristen vil ikkje vere mogleg å innfri for fylkesvegtunnelane i Møre og Romsdal. Samferdselsdepartementet planlegg ei høyring for å vurdere utsett frist ut over 1. januar 2025, men inntil vidare gjeld det at utbetringsarbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2024.

Møre og Romsdal fylkeskommune har planlagt tiltak for 885,5 mill. kroner i perioden 2023-2026.

I Statsbudsjettet 2023 vil fylkeskommunen mota 133,3 mill. kroner, som skal gå til å finansiere investeringane (eigenkapital). Beløpet er for lite til å fullfinansiere tunnelforskrifta. Fylkeskommunen må derfor forskottere desse midlane gjennom auka låneopptak, som medfører auka driftskostnader (renter og avdrag).

Les meir om investeringane til samferdsel i Del II kap. 10.3.

**Vedlikehaldsetterslep bygg**
Bygg- og eigedomstenester sin årsrapport 2020 vart vedteke av fylkestinget i sak T-14/21, og syner at den fylkeskommunale bygningsmassen i hovudsak er i god teknisk stand. Likevel har nokre bygg til dels store behov for opprusting.

Bygg- og eigedomstenester har ikkje moglegheit til å redusere vedlikehaldsetterslepet berre med driftsmidlar. «Koronapakka» samt ein auke av investeringane som avdelinga har motteke sidan 2021, har gjort det mogleg å utbetre dei mest akutte bygningsmessige avvika. For å kunne fortsette å lukke store bygningsmessige avvik og redusere opprustingsbehovet er det i økonomiplana foreslått å justere budsjettet til opprusting av bygningsmassen til 30 mill. kroner i 2023, 40 mill. kroner i 2024, før det reduserast til 30 mill. i kroner i 2025 og tilbake til normalen på 20 mill. kroner i 2026 (Del II, Kompetanse kap. 7.2.3).

**Investeringar i skolebygg**
Investeringar i skolebygg (og undervisningsfartøy) i økonomiplanperioden er på 1 288,5 mill. kroner. Les meir om investeringane i Del II, Kompetanse, kap. 7.2.3.

## 2.4.2 Tilbakebetaling av forskotering av fylkesvegar

Kommunar og andre har etter avtale forskottert utbygging av fylkesvegar. Tiltaket blir budsjettert og finansiert med forskoteringa det året investeringa skjer, og forskoteringa vert ført som rente- og avdragsfri langsiktig gjeld. Når forskoteringa er tilbakebetalt, blir gjelda erstatta av eit ordinært banklån med renter og avdrag. I neste økonomiplanperiode vert det tilbakebetalt totalt 42,7 mill. kroner:

- År 2023: 21,7 mill. kroner - Fv. 61 Furneskrysset, Sula kommune (T-14/16).
- År 2023: 21,0 mill. kroner – gang og sykkelveg mellom Amdam-Giskemo, Ålesund kommune (T-17/13).

## 2.4.3 Ferjeavløysingsmidlar

Møre og Romsdal fylkeskommune vil frå og med 2023 få ferjeavløysingsmidlar for Nordøyvegen. Ferjeavløysingsmidlane vil erstatt dagens tilskot til ferjestrekningane som er lagt ned.

(i mill.kroner)

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Nordøyvegen | 65,3 | 65,3 | 65,3 | 65,3 |

## 2.5 Finansiering av investeringane

Investeringar og kapitalinnskott i KLP er i framlegget føresett å ha slik finansiering i økonomiplanperioden 2023-2026:

(i mill.kroner)

| INVESTERINGSPROSJEKT | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Investeringer (uten Kjerringsundet og bypakke Ålesund) | 2 224,3 | 1 416,0 | 1 253,7 | 1 003,4 | 5 897,4 |
| Investering Kjerringsundet | 50,0 | 100,0 | 100,0 | 300,0 | 550,0 |
| Investering Bypakke | 70,0 | 130,0 | 180,0 | 90,0 | 470,0 |
| Kapitalinnskot KLP | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 8,0 |
| **Finansieringsbehov** | **2 346,3** | **1 648,0** | **1 535,7** | **1 395,4** | **6 925,4** |
| **Finansiering:** | | | | | |
| Meirverdikompensasjon | 400,4 | 254,9 | 225,7 | 180,6 | 1 061,5 |
| Investeringsfondsmidler 1) | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 8,0 |
| Eigenfinansiering statstilskot rassikring | 95,7 | | | | 95,7 |
| Eigenfinansiering statstilskot tunnelsikkerheit | 133,3 | 133,3 | 133,3 | 133,3 | 533,2 |
| Enova-støtte til tilpasning av miljøferjekaier 2) | 30,0 | 3,5 | | | 33,5 |
| Finansiering fra andre | | | | 12,5 | 12,5 |
| Bruk av bundne fond | | | | 8,5 | 8,5 |
| Bompenger Nordøyvegen, restbeløp Prop. 93 S (2021-2022) | 22,9 | | | | 22,9 |
| Bruk av lånemidler utan Kjerringsundet og Bypakke Åles. | 1 542,0 | 1 024,3 | 894,7 | 668,5 | 4 129,6 |
| **Finansiering Kjerringsundsambandet** | | | | | |
| Bompengebidrag | | | | | |
| Meirverdiavgiftskompensasjon | 9,0 | 18,0 | 18,0 | 54,0 | 99,0 |
| Tilskot fra Aukra kommune | 41,0 | 82,0 | 82,0 | 246,0 | 451,0 |
| Bruk av lånemidler Kjerringsundsambandet | - | - | - | - | - |
| **Finansiering Bypakke** | | | | | |
| Bompengebidrag | 55,0 | 106,6 | 145,1 | 71,0 | 377,7 |
| Meirverdiavgiftskompensasjon | 12,6 | 23,4 | 32,4 | 16,2 | 84,6 |
| Bruk av lånemidler Bypakke Ålesund | 2,4 | - | 2,5 | 2,8 | 7,7 |
| **Sum finansiering** | **2 346,3** | **1 648,0** | **1 535,7** | **1 395,4** | **6 925,4** |

1) Kapitalinnskott i KLP dekkast av infrastrukturfondet, jf. kap. 2.7.4.

Investeringane i perioden er planlagt finansiert ved nye låneopptak, eigenkapital (ras- og tunnelsikringsmidlar, investeringsfond o.l.), meirverdikompensasjon, bompengebidrag, Enova-støtte til miljøferjekaier, bundne fond og annan finansiering.

**Nordøyvegen**
Det vises til følgjande vedtak i fylkestinget i 19.10.2022:

*Fylkestinget viser til dokument nr 15:34 (2022-2023) og ber fylkeskommunedirektøren komme tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis det er mogleg å redusere bompengesatsane på Nordøyvegen, mellom anna å utgreie dei økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen ved å ev. redusere bompengetakstane til nivået i Prop. 140 S (2016-2017). Utgreiinga må vere klar slik at den kan takast med i arbeidet med budsjett- og økonomiplan for 2023-2026*

Samferdselsministeren svarte 17. okt. 2022 følgjande på spørsmål om det er mogeleg å sette ned bompengetakstane på Nordøyvegen:

> *"Dersom det skal skje ei takstreduksjon må eit inntektstap anten bli dekka av fylkeskommunale midlar/tilskot, eller i form av ein eigen særskilt garanti frå*

*fylkeskommunen. Ein ev. ny garanti må leggjast fram for Kommunal- og distriktsdepartementet for ny godkjenning då føresetnadene for den allereie godkjente garantien blir endra. Det er ikkje tilstrekkeleg at fylkeskommunen vedtek å ta på seg det fulle ansvaret ved ev. mindreinntekter i bompengeperioden, det vil krevjast ein eigen garanti. Dersom det er ønskeleg frå fylkeskommunens side å yte eit særskilt tilskot, eller stille ein særskilt garanti, må dette skje i samråd med bompengeselskapet Vegamot."*

Administrasjonen i fylkeskommunen har vore i kontakt med Vegamot AS og det er behov for ei klargjering frå Samferdselsdepartementet. Fylkeskommunedirektøren vil i brev til Samferdselsdepartementet primo nov. be om ei avklaring på om samferdselsministeren sitt svar til Stortinget (jf. Dokument nr. 15:34 (2022-2023)) 17. okt. 2022, er å forstå slik at det er adgang til å redusere bompengetakstane før ein reduserer innkrevingsperioden slik det står i bompengeproposisjonen om Nordøyvegen og som vart vedtatt av Stortinget, jf. Prop. 93 S. (2021-2022), Innst. 283 S (2021-2022);

*"Grunna innkrevjingsperioden på 25 år skal eventuelle auka inntekter grunna til dømes høgare trafikk eller lågare rente, gå til reduksjon av innkrevjingsperioden ned til 20 år før det går til reduksjon av takstar."*

Fylkeskommunedirektøren kjem tilbake til fylkestinget med ei eiga sak når svar frå Samferdselsdepartementet ligg føre.

## 2.5.1 Låneopptak

Framlegget medfører følgande lånebehov i perioden:

(i mill.kroner)

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| Bruk av lånemidler utan Kjerringsundet og Bypakke Åles. | 1 542,0 | 1 024,3 | 894,7 | 668,5 | 4 129,6 |
| Finansiering Kjerringsundsambandet | - | - | - | - | - |
| Finansiering Bypakke | 2,4 | - | 2,5 | 2,8 | 7,7 |
| Tilbakebetaling forskoteringar * | 42,7 | - | - | | 42,7 |
| **Behov for låneopptak** | **1 587,1** | **1 024,3** | **897,2** | **671,3** | **4 180,0** |

* Sjå kap. 2.4.2

## 2.5.2 Kapitalinnskott i KLP

Fylkeskommunen anslår at beløpet vil vere på om lag 2 mill. kroner per år i perioden 2023-2026.

# 2.6 Finansieringsutgifter og gjeld

## 2.6.1 Lånegjeld

Ved utgangen av 2022 vil fylkeskommunen si lånegjeld, korrigert for ferjeavløysingsmidlar vere på 7 217 mill. kroner. I framlegget til økonomiplan er det føresett slik utvikling av lånegjelda (per 31.12):

(i mill.kroner)

| År | Nye låneopptak | Betalte avdrag | Korrigert lånegjeld* |
|---|---|---|---|
| 2022 | 1 440 | 314 | 7 217 |
| 2023 | 1 587 | 333 | 8 386 |
| 2024 | 1 024 | 370 | 9 050 |
| 2025 | 897 | 393 | 9 563 |
| 2026 | 671 | 384 | 9 865 |

Lånegjelda vil fortsette å stige i åra 2023-2026. Vi vona at lånegjelda skulle flate noko ut etter at Nordøyvegen vart ferdig, men kombinert med høgt investeringsbehov (må-tiltak, bindingar og liknande) og høg prisstigning så vil lånegjelda fortsette å auke også dei komande åra. Fylkeskommunen har etter gjennomgang utsett dei prosjekta det er mogleg å utsette. Likevel må ein vere budd på at den totale lånegjelda til fylkeskommunen vil vere høg i mange år framover. Dette gjer oss svært sårbare for slike renteaukingar som vi ser no, og gjer grunn til uro sidan vedlikehaldsetterslepet (spesielt på veg) er betydeleg. Ein måte å finansiere dette etterslepet på er å auke overføringane frå drift til investeringar gjennom eigenkapital. Dersom dette skal vere mogleg så må vi først redusere driftsrammene slik at netto driftsresultat aukar og disposisjonsfondet aukar. Først då kan overføringane til eigenkapital aukast.

Samanliknar vi fylkeskommunen sin lånegjeld med KS og Teknisk beregningsutvalg (TBU) sin anbefalte lånegjeld på maksimalt 90 prosent, så vil lånegjelda i 2026 vere heile 3,9 mrd. kroner høgare enn anbefalt.

For meir informasjon om lånegjeld og gjeldsgrad sjå kap. 2.2.3.

## 2.6.2 Rente- og avdragsutgifter

Med bakgrunn i den usikre renteutviklinga så har fylkeskommunen valt å spreie risikoen gjennom ulik rentebindingstid på ein del av låneporteføljen, jf. finansreglementet.

I sak T-59/18 pkt. 12 vart det vedteke at fylkeskommunen skal nytte seg av kommunelova sin moglegheit til minimumsavdrag. Minimumsavdraga vert berekna på følgande måte:

$$\textit{Minimumsavdraget} = \textit{Sum avskrivninger} \times \frac{\textit{Rest lånegjeld}}{\textit{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}$$

Ein vil ikkje kunne berekne eit eksakt beløp for minimumsavdraget for 2023 før etter at årsoppgjeret for 2022 er avslutta. Vi har likevel laga eit anslag for åra 2023-2026 basert på tilgjengeleg informasjon:

(i mill.kroner)

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Berekna minimumsavdrag | 333,2 | 370,3 | 393,4 | 384,5 |

Det er føresett at låneopptaka vert gjort per 01.07 i investeringsåret, og at låna som gjeld dei føreslegne investeringane i det enkelte år har ei avdragstid tilpassa berekna minimumsavdrag.

I framlegget er det lagt til grunn slike satsar på lånerenta på nye låneopptak:

| År | |
|---|---|
| 2023 | 4,75 % p.a. |
| 2024 | 4,50 % p.a. |
| 2025 | 4,35 % p.a. |
| 2026 | 4,05 % p.a. |

## 2.7 Fondsmidlar

Etter reglane i budsjett- og rekneskapsforskriftene skal fylkeskommunen sine fond delast i bundne og ubundne driftsfond (disposisjonsfond), og bunde og ubundne investeringsfond.

Med bundne fond er å forstå midlar til formål som er bestemt av styresmakta, utanfor organisasjonen.

### 2.7.1 Avsetning og bruk

**Driftsfond**
I gjeldande økonomiplan vil fylkeskommunen netto avsette frå driftsfond, dvs. at disposisjonsfonda til fylkeskommunen minkar.

(i mill. kroner)

| | Økonomiplan | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| (i mill.kroner) | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Totalt |
| Netto avsetninger til disposisjonsfond | -71,7 | -90,3 | -135,7 | -119,4 | -417,1 |
| **Sum** | **-71,7** | **-90,3** | **-135,7** | **-119,4** | **-417,1** |

Disposisjonsfonda reduserast med 417,1 mill. kroner i åra 2023-2026.

**Investeringsfond**
Vi har lagt til grunn følgande bruk av ubundne investeringsfond:

(i 1000 kr.)

| | Økonomiplan | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| (i mill.kroner) | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | Totalt |
| Bruk av andre fond - investeringsfond | -2,0 | -2,0 | -2,0 | -2,0 | -8,0 |

Fylkeskommunen vil netto bruke 8 mill. kroner av investeringsfondsmidlar dei komande fire åra.

### 2.7.2 Generelt

Vi deler inn dei frie fondsmidlane (disposisjonsfond) på følgande måte:

- Andre disponible fond
- Infrastrukturfondet (investeringsfond)
- Kapitalfondet
- Skadefondet
- Marint miljøsikringsfond

Med bakgrunn i prognose per 2. tertial har vi berekna disposisjonsfonda per 31.12.2022:

(i mill. kroner)

| **Disponible fond** | |
|---|---|
| Andre disponible fond | 455,2 |
| Infrastrukturfondet | 180,3 |
| Kapitalfondet | 37,9 |
| Skadefondet | 19,5 |
| Marint miljøsikringsfond | 14,3 |
| **Berekna disponibelt fond pr. 31.12.2022** | **707,3** |

I framstillinga av disposisjonsfonda i kap. 2.2.2 har vi teke utgangspunkt i berekna disponible fond for 2022, som vist i tabellen over.

I kapitla under har vi sett nærare på endringane i tre av fonda: Andre disponible fond, Infrastrukturfondet og Kapitalfondet.

### 2.7.3 Andre disponible fond

Andre disponible fond (ekskl. dei fonda som "tilhøyrar" sektorane) er det fondet som fylkeskommunen brukar først når vi skal saldere resultata år for år. I tabellen under har vi vist endringane fylkestinget har vedtatt i løpet av 2022, samt vårt anslag på netto avsetning (prognose mindreforbruk rekneskap 2022) på 15,5 mill. kroner i 2022. Saldering viser auken/reduksjonen i disposisjonsfondet år for år i økonomiplanperioden.

(i mill. kroner)

| **Andre disponible fond** | **Investering** | **Drift** | **Totalt** |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Saldo pr. 31.12.2021** | **-** | **689,9** | **689,9** |
| ØP 2021-2024 (T-95/20): | | | |
| -saldering | | -1,0 | -1,0 |
| Utdjup. Giske og Herøy (U-11/22) | | -5,0 | -5,0 |
| Budsjettavtalen (U-12/22) | | 0,4 | 0,4 |
| Resultatvurd. av 2021-rekneskapen (T-13/22) | | -77,6 | -77,6 |
| Øk. Rapp 1. tertial (T-14/22) | | -20,5 | -20,5 |
| Storfjordsambandet planl. (T-16/22) | | -1,5 | -1,5 |
| Styrke kunnskap og kapasitet i forskingsmiljøa (T-19/22) | | -22,0 | -22,0 |
| Tilskudd til kjøp av læremiddel (T-20/22) | | -20,6 | -20,6 |
| Budsjettendring Campus Kr.sund | | -3,0 | -3,0 |
| Takstreduksjon (T-50/22) | | -10,5 | -10,5 |
| Endring av budsjett for 2022 (T-57/22) | | -11,0 | -11,0 |
| Endring av budsjett for 2022 - etter fylkestinget i juni (U-1 | | -81,6 | -81,6 |
| Øk. Rapp 2. tertial (T-77/22) | | 3,5 | 3,5 |
| Prognose mindreforbruk rekneskap 2022 | | 15,5 | 15,5 |
| **Saldo pr. 31.12.2022** | **-** | **455,2** | **455,2** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| -saldering | | -71,7 | -71,7 |
| **Saldo pr. 31.12.2023** | **-** | **383,5** | **383,5** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| -saldering | | -90,3 | -90,3 |
| **Saldo pr. 31.12.2024** | **-** | **293,2** | **293,2** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| -saldering | | -135,7 | -135,7 |
| **Saldo pr. 31.12.2025** | **-** | **157,5** | **157,5** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| -saldering | | -119,4 | -119,4 |
| **Saldo pr. 31.12.2026** | **-** | **38,1** | **38,1** |

Ved utgangen 2026 vil fondet vere redusert til om lag 38,1 mill. kroner, som er ein reduksjon på 417,1 mill. kroner i løpet av økonomiplanperioden.

## 2.7.4 Infrastrukturfondet

Infrastrukturfondet er midlane fylkeskommunen fekk for salet av aksjane i Fjord 1 i 2011.

I dette framlegget til økonomiplan 2023-2026 er det føresett følgande bruk av infrastrukturfondet i salderinga:

(i mill. kroner)

| **Infrastrukturfond** (i mill. kroner) | **Investering** | **Drift** | **Totalt** |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Saldo pr. 31.12.2021** | **94,5** | **180,3** | **274,8** |
| T-13/22 Campus Kristiansund | -0,2 | | -0,2 |
| T-13/33 Hellesylt Turist- og beredskapskai | -5,0 | | -5,0 |
| T-13/22 Molde Bærekraftshub | -7,0 | | -7,0 |
| T-104/21 Kapitalinnskott KLP | -1,7 | | -1,7 |
| **Saldo per 31.12.2022** | **80,6** | **180,3** | **260,9** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| Kapitalinnskott KLP | -2,0 | | -2,0 |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo per 31.12.2023** | **78,6** | **180,3** | **258,9** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| Kapitalinnskott KLP | -2,0 | | -2,0 |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo per 31.12.2024** | **76,6** | **180,3** | **256,9** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| Kapitalinnskott KLP | -2,0 | | -2,0 |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo per 31.12.2025** | **74,6** | **180,3** | **254,9** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| Kapitalinnskott KLP | -2,0 | | -2,0 |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo per 31.12.2026** | **72,6** | **180,3** | **252,9** |

## 2.7.5 Kapitalfondet

Kapitalfondet er midlar som fylkeskommunen fekk for sal av aksjar i Istad AS (i år 2000 og 2001), samt eit delsal av aksjar i Fjord1 (i 2011). Fylkestinget har ikkje gjort vedtak som inneber bruk av kapitalfondet i 2022.

(i mill. kroner)

| **Kapitalfond** (i mill. kroner) | **Investering** | **Drift** | **Totalt** |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **Saldo pr. 31.12.2022** | **105,5** | **37,9** | **143,4** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo pr. 31.12.2023** | **105,5** | **37,9** | **143,4** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | - |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo pr. 31.12.2024** | **105,5** | **37,9** | **143,4** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo pr. 31.12.2025** | **105,5** | **37,9** | **143,4** |
| Framlegg til ØP 2023-2026: | | | |
| -Saldering | | | - |
| **Saldo pr. 31.12.2026** | **105,5** | **37,9** | **143,4** |

Det er ikkje budsjettert med bruk at kapitalfondet i åra 2023-2026.

### 2.7.6 Oppsummering

Disposisjonsfonda skal dekke eventuelt framtidig meirforbruk/underskot i fylkeskommunen. Er disposisjonsfonda tomme, vil fylkeskommunen raskt hamne i ein Robek-situasjon. Det er med andre god økonomi å spare til fond slik at ein har ein buffer mot svingingane i den økonomiske utviklinga.

# 3 STØRRE TVERRGÅANDE SATSINGAR

Programma under er vurdert av Fylkeskommunedirektørens porteføljestyre til å vere dei viktigaste satsingane for Møre og Romsdal fylkeskommune i åra framover for å lykkast i arbeidet med fylkesplan- og berekraftmåla.

## 3.1 Skaparkraft

Skaparkraft er fylket si 10-årige satsing på berekraftig eksport. Møre og Romsdal har enno landets mest eksportretta næringsliv per sysselsett, men denne posisjonen er under press. Næringslivet er hardt råka av koronapandemien i Kina, klima og naturkrisa og krigen i Ukraina. Det er krevjande å halde eksportkanalar opne i verdshandelen, varetransporten har stoppa opp mange stader og det er stor mangel på råvarer og ulike innsatsfaktorar til mange bransjar. Energimangelen i Europa pga. krigen gjer at satsinga på fornybare energikjelder må akselerere. Omstillingsbehovet i næringslivet har vorte endå meir forsterka siste året.

Fylkestinget vedtok i sak T-98/21 Skaparkraft – eit 10-årig omstillingsprogram (2022-2032).

*Programmet skal styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar gjennom ei satsing på grøne industrielle verdikjedeutviklingsprosjekt, satsing på smart teknologi, fornybar energi og kompetanse i og for næringslivet.*

Arbeidet skal skje gjennom utlysing av tilskotsmidlar der vi mobilisere bedrifter, næringsklynger, innovasjonsmiljø, forsking og utdanning til å gjennomføre felles utviklingsprosjekt som gir auka verdiskaping og eksport. Ein vesentleg suksessfaktor for auka berekraftig eksport er at næringslivet får tilgang til nok og riktig kompetanse. Næringslivet har no stort behov for kvalifisert arbeidskraft – noko dei opplever er vanskeleg å få tak i. Den store utfordringa i åra som kjem er at vi får færre 16-åringar og fleire 67-åringar. Framover må vi legge meir vekt på arbeidslivets sine kompetansebehov i dimensjonering av tilbod i vidaregåande opplæring. Vi må også legge til rette for utvikling av utdanningstilbod på alle nivå for å møte framtidas kompetansebehov. Fylkeskommunen har satt i gang arbeidet med å utarbeide ein kompetansestrategi for Møre og Romsdal i tett samarbeid med næringslivet, partane i arbeidslivet, utdanningsinstitusjonane og frivillig sektor.

Vi står overfor store behov for frigjering av energi gjennom energieffektivisering, omlegging frå fossil til fornybar energi, utvikling av ny fornybar energiproduksjon og utbygging av infrastruktur for lav- og nullutslepp.




Sjå også Del II, Kompetanse og Næring kap. 7.1 og 7.2.1.

## 3.2 Program for berekraftig by- og tettstadutvikling

Etter vedtak i fylkestinget 6. desember 2021 (T-97/21) blei program for berekraftig by- og tettstadutvikling i Møre og Romsdal etablert frå 1. januar 2022. Formålet med programmet er å gjere byane og tettstadene i fylket meir attraktive og berekraftige. Programmet har delprosjekt for utvikling av byane (vidareføring av «Byen som regional motor»), tettstadene (vidareføring av «Tettstadprogrammet») og nye mobilitetsløysingar. Felles for alle tre delprosjekta er at dei bidrar til å styrke fylkeskommunen si samfunnsutviklar rolle i samarbeid med kommunane og andre samarbeidspartnarar. Programmet ligg inne i økonomiplana med ei økonomisk ramme på 19 mill. kroner for 2022 og til saman 20,5 mill. kroner for 2023.

**Status for dei tre delprosjekta**

Mobilitetsprosjektet «Mobilitet på tvers» skal bidra til eit styrka kollektivtilbod gjennom innovasjon på samferdselsområdet og utvikling av nye samferdselstenester. Koplingar mellom kollektiv- og mikromobilitetstilbod, infrastruktur som gjer kollektivtransporten meir attraktiv og testing av bestillingstransport, er nokre av innsatsområde i prosjektet. Ein del av satsingane innan mobilitetsprosjektet vil føre med seg driftskostnadar. Dette er til dømes knytt til system og programvare, tilrettelegging for syklande med dedikerte sykkelboksar, eller andre tiltak knytt til heim-jobb-heim satsinga. Dette er midlar sett av frå samferdsel.

Byprosjektet vil vidareføre det faglege kompetansehevingstilbodet og strukturen for samarbeidet frå «Byen som regional motor». Dei tematiske satsingane er justert i tråd med føringar frå fylkesplanen, og funn frå berekraftkartlegginga i fylket. «Sosial berekraft, inkludering og mangfald», «Smart, næringsvennleg by» og «Miljø, klima og sirkulærøkonomi» er tematiske satsingsområde i prosjektet. I 2022 er det gitt tilskot til prosjekt i dei tre bykommunane som mellom anna prøver ut nye løysingar for god innbyggarmedverknad, klimatilpassing og betre forhold for gåande. Ei sentral oppgåve i byprosjektet framover blir å sikre at prosjekta i Ålesund, Molde og Kristiansund som er tildelt tilskot dei siste åra, blir gjennomført i tråd med intensjonane ved tildelinga. For gjennomføringa av enkelte av prosjekta har kommunane behov for fleksibilitet når det gjeld organiseringa og å sjå enkeltprosjekt i samanheng.

Tettstadprosjektet er ei vidareutvikling av «Tettstadprogrammet». Sentralt i prosjektet står arbeid med å bidra til kvalitetsheving av offentleg fellesareal i tettstadene, og med strategiske planar som gir retning og utviklingsløp i tråd med anbefalingane i evalueringa av «Tettstadprogrammet». Vidare vil ein legge til rette for kompetanseheving og kunnskapsdeling mellom dei mindre tettstadene, ved å arrangere møteplassar for kunnskapsdeling som t.d. «Tettstadseminaret». Prosjektet skal også bidra til å styrke kommunane sin utviklingkapasitet med blant anna å gi støtte til prosjektleiing i kommunar som i dag har avgrensa kapasitet til utviklingsarbeid.

**Vidareutvikling av programmet**
Program for berekraftig by- og tettstadutvikling er fortsett i ei etableringsfase, og skal vidareutviklast fram mot eit langsiktig forslag som blir lagt fram i forslag til økonomiplan for 2024-2027.

Vi ser allereie resultat av programmet ved at det blir arrangert fleire seminar og møteplassar som samlar deltakarar på tvers av store og små kommunar, og ved at til dømes mobilitet blir tema for samlingar i byprosjektet. Vidare har ein hatt ein prosess for å sjå på korleis kunst- og kultursektoren kan koplast på programmet på ein god måte. Som del av den vidare prosessen må ein sjå nærare på korleis programmet best støttar opp om fylkeskommunen sine bygg- og eigedomsprosjekt, «Berekraftfylket»-satsinga, bypakkeprosjekta og andre mindre by- og tettstadtiltak i regi av vegavdelinga, samt tiltak for utvikling av distrikt og lokalsamfunn. Det er eit mål for programmet å bidra til at fleire verkemiddel og tilskotsordningar blir sett i samanheng. Vidare må ein også sikre at føringar for programmet er i tråd med den kommande fylkesstrategien for attraktive byer og tettstader.

Midlar til bygdeutvikling har vore etterspurd i politisk behandling av sakar om by- og tettstadutvikling. I behandlinga av strategi- og rammesaka (T-58/22) blei det fatta vedtak om at ein skulle "setje av midlar til bygdeutviklingstiltak". Det er ikkje sett av eigne midlar til bygdeutvikling som del av Program for berekraftig by- og tettstadutvikling i 2023, men gode bygdeutviklingsprosjekt vil, som før, kunne søke midlar via ordninga «Omstilling og nyskaping i næringsliv og lokalsamfunn».

## 3.3 Møre og Romsdal 2025

I Møre og Romsdal 2025 (MR2025) samarbeider offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal for å styrke regionen. Fylkeskommunen er programeigar og samarbeider med kommunane i fylket, Statsforvaltaren og andre statlege aktørar om utfordringar valde av deltakarane – berekraft, digitalisering og utanforskap.

Samarbeidsmodellen består av to hovudaktivitetar

Å skape gode **møteplassar** som legg grunnlag for samarbeid
- Nyttårskonferansen
- Statsetatsmøter

Å fasilitere **fellessatsingar** der deltakarane ser behov
- Berekraftfylket
- Digi Møre og Romsdal
- Nullvisjon for utanforskap
- Levekårsnettverket
- Styrking av Ungt Entreprenørskap
- Statlege arbeidsplassar

Programmet har stort engasjement frå deltakarane, og høgt aktivitetsnivå. MR2025 finansierer initiering av satsingar, samordning og programleiing. Det vidare arbeidet med satsingane finansierast både av deltakarane og av eksterne midlar. Sidan 2019 har programmet utløyst over 16 mill. kroner frå eksterne kjelder som Statsforvaltaren og KS.

Møreforsking gjorde i 2021 ei undervegs-evaluering av prosjektet. Tilbakemeldingane er gode, og programmet er oppfatta som eit godt grep for Møre og Romsdal i forbindelse med regionreforma. Deltakarane i MR2025 meiner samarbeidet i offentleg sektor er betre enn i 2018, at programmet og tiltaka (spesielt Nyttårskonferansen, Berekraftfylket og DigiMR) har hatt god effekt på samarbeidet og at satsingane i programmet treff godt på sentrale tema som krev samarbeid.

Digi Møre og Romsdal skal frå 2023 gå over frå prosjektfase til meir permanent samarbeid med medlemsfinansiering frå kommunane og fylkeskommunen. MR2025 vil likevel fortsette å bidra både med midlar og fagleg deltaking til utviklingsarbeid og fellesaktivitetar for å sikre oppslutning og framdrift i digitaliseringssamarbeidet framover. Statsforvaltaren bidreg til medlemsmobilisering og aktivitetar med 2 mill. kroner i 2023.

Fellessatsing for å motverke ungt utanforskap er ei av dei opphavlege bestillingane frå deltakarane i MR2025. I 2022 gjorde Nordlandsforsking ei kartlegging av ungt utanforskap i Møre og Romsdal som dannar grunnlaget for ei fellessatsing. MR2025 samarbeider med Partnarskap for radikal innovasjon i KS om å utvikle ein pilot på systeminnovasjon der dei offentlege aktørane i fylket skal samarbeide på nye måtar for å løyse utfordringane som kartlegginga viser.

## 3.4 Møre og Romsdal – Berekraftfylket

Berekraftfylket Møre og Romsdal er ei regional fellessatsing for å nå FNs berekraftsmål. Fylkeskommunen er initiativtakar og har ei koordinerande og retningsdrivande rolle i prosjektet. Med støtte frå fylkeskommunen og statsforvaltaren har alle kommunane i fylket kartlagt status på berekraft ved bruk av FN-metodikken U4SSC. Heilt sentralt for prosjektet er å bruke eit slikt felles kunnskapsgrunnlag, og gjennom partnarskap mellom kommunar, regional stats, næringsliv, akademia og frivillig sektor samarbeide for å bli det leiande berekraftsfylket i Norge.

Arbeidet som er gjort med organisering, og særleg den koordinerte berekraftskartlegginga vi har gjort er omtalt i Stortingsmelding 40 (2020–2021) «Mål med mening — Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030» og i Norge sin berekraftsrapport til FN. Vår modell har skapt interesse i både inn- og utland, samt frå FN.

Rapporten som blei publisert på bakgrunn av kartleggingane vert nytta som grunnlag for innretning av innsats både av fylkeskommunen sjølv, kommunane, statsetatar og andre samfunnsaktørar. Både verkemiddelapparatet og våre eigne tilskotsordningar blir stadig meir innretta mot eit «berekraftskifte», og vil slik kunne bidra til finansiering av berekraftig utvikling. Mellom anna har kartlegginga vore sentral i utviklinga av tildelingskriteria for tilskot i fylkeskommunen sitt byprogram og i utforminga av tilskot for offentleg-privat samarbeid. Ei meir systematisk og heilskapleg kopling mellom arbeid med berekraft og verkemiddelapparat og tilskotsordningar vil vere viktig i det vidare arbeidet.

Prosjektet si viktigaste rolle framover vil vere å mobilisere kommunane til systematisk arbeid med berekraft i tett partnarskap med alle relevante samfunnsaktørar. Vi vil styrke arbeidet med satsingsområda identifisert i rapporten: smart og berekraftig VA-sektor, sirkulær økonomi, berekraftig mat og mattryggleik, digitalisering av offentleg sektor,

fattigdom og sosial inkludering og byggsertifisering av offentlege bygg. Arbeidet vil drivast både direkte gjennom Berekraftfylket, og i samarbeid med andre regionale satsingar som MR2025, Digi Møre og Romsdal og Berekraftshuben i Molde. Vidare tar fylkeskommunen initiativ til å styrke arbeidet med å integrere berekraftsmål og resultata frå kartlegginga i plan- og styringssystemet i tett samarbeid med kommunane sjølv og relevante kunnskapsmiljø. Dette vil involvere både politisk og administrativt nivå.

Berekraftssatsinga har også medverka til å utløyse eksterne midlar til arbeidet med berekraft. Eit eksempel er NHO, LO og KS sitt initiativ «Berekraftsløftet», der ein ønsker å styrke trepartssamarbeidet og verdiskapinga tilknytt berekraftsarbeidet. Møre og Romsdal vil saman med Viken/Oslo bli ein regional pilot for det nasjonale prosjektet. Fylkeskommunen vil vere ein viktig partnar i arbeidet med berekraftsløftet regionalt.

Vidare har Berekraftsfylket vore sentralt i utviklinga av internship programmet på Campus Kristiansund. I september 2022 starta pilotkullet for det internasjonale internship programmet opp i samarbeid med United Cities og Kristiansund kommune. Programmet vil bidra med auka kapasitet til å jobbe med berekraft, og komme aktørar i heile regionen til gode.

## 3.5 Program for nye digitale arbeidsformer

For å følgje opp organisasjonsstrategien og styrke digitaliseringa i organisasjonen, har fylkeskommunen etablert «Program for nye digitale samhandlings- og arbeidsformer». Programmet består av sju prosjekt som er direkte knytt til utvikling og digitalisering av viktig infrastruktur og sentrale arbeidsprosessar for medarbeidarar i og brukarar av fylkeskommunen. Programmet omfattar desse prosjekta:

- Retningslinjer for informasjonsforvalting og lagring
- Revisjon av kommunikasjons- og kanalstrategi
- Nytt intranett og nettsideutvikling
- Sak- og arkivsystem
- Kvalitetssystem
- Verksemdstyringssystem
- Heilskapleg digital HR-løysing

Prosjekta Verksemdstyringssystem og Kvalitetssystem, samt informasjonsforvaltning og lagring, blir særleg sett i samanheng for å følgje opp anbefalingane som er gitt etter undersøkingane av «Virksomhetsstyring og internkontroll» og «Informasjonssikkerhet og personvern», jf. sakene T-67/21 og T-30/22. Rapportane tilrår at det blir tatt grep som sikrar heilskapleg og systematisk verksemdstyring og internkontroll. Arbeidet oppfølging av informasjonssikkerheit og personvern vil inngå som sentrale element i verksemdstyringa og internkontrollen. I samband med program for nye digitale arbeidsformer vil det gjennom 2023 og 2024 bli inngått avtalar om nye digitale støttesystem knytt til dei ulike prosjektområda. Det vil difor vere behov for auka driftsrammer for å sikre god implementering og finansiering av driftskostnadar til lisensar, vedlikehald og brukarstøtte. Dette er nærare omtalt under kap. 5.1.5. Oppfølging av informasjonssikkerheit, personvern og applikasjonsforvaltning blir også omtalt der.

# 4 RAMMEVILKÅR

## 4.1 Kommunelova

I høve «Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)» skal fylkeskommunen ein gang i året vedta eit årsbudsjett og ein økonomiplan som omfattar minst dei fire neste åra. Kapittel 14 i kommunelova omhandlar krav til årsbudsjett og økonomiplan. I tillegg legg «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsreknskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar m.v.» føringar for m.a. innhaldet i årsbudsjettet.

Eit heilt sentralt krav i kommuneloven er at det skal vere balanse i økonomiplanen og i årsbudsjett, jf. kommuneloven § 14-10.

## 4.2 Regionale mål

**Regional planstrategi 2020-2024**

Regional planstrategi (RPS) er fylkeskommunen sitt overordna plandokument. Her blir det vist kva som er dei største utfordringane og moglegheitene for fylket framover, kva som er samfunnet Møre og Romsdal sine langsiktige utviklingsmål og kva planar vi skal ha for å møte desse. Dokumentet styrer korleis vi prioriterer ressursane våre i økonomiplan og budsjett, og skal ligge til grunn for både statleg og kommunal planlegging i fylket.

Regional planstrategi vart vedtatt av fylkestinget 15.06.2020 (sak T-47/20). Den er bygd opp rundt FN sine 17 globale berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane. Klima- og miljøutfordringar, sosial berekraft og økonomisk utvikling heng uløyseleg saman, og desse utfordringane må løysast i eit samspel. Dei tre dimensjonane for berekraft, og FNs berekraftsmål 17 om samarbeid er utgangspunktet for dei fire langsiktige måla som er vedtatt i RPS:

- Samarbeidsfylket: Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid
- Miljøfylket: Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1
- Inkluderings- og kompetansefylket: Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu
- Verdiskapingsfylket: Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

**Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024**

Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024 er ein fireårig tverrsektorial plan, som sett mål for utvikling av samfunnet Møre og Romsdal.

Fylkesplanen følgjer opp RPS, og er som denne bygd opp rundt FN sine berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane. Dei langsiktige utviklingsmåla i RPS for samarbeidsfylket, miljøfylket, inkluderings- og kompetansefylket og verdiskapingsfylket blir henta ned i fylkesplanen, og det er utvikla 4–7 fylkesplanmål under kvart av dei langsiktige utviklingsmåla, til saman 24 mål.

Følgande fireårige fylkesplanmål er vedtatt for berekraftfylket Møre og Romsdal:

## Samarbeidsfylket

Møre og Romsdal skal:

1. utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftsmål
2. samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper
3. Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit «vennskapsfylke» om berekraftmåla
4. ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn

## Miljøfylket

Møre og Romsdal skal:

1. Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig utslepp av klimagassar
2. forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep
3. ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar
4. bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg
5. basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utslippsfri energi
6. førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser
7. ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering

## Kompetanse og inkluderingsfylket

Møre og Romsdal skal:

1. ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge
2. ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse
3. ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendig helsehjelp når dei treng det
4. ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring
5. ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport
6. ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfald og engasjement

### Verdiskapingsfylket

Møre og Romsdal skal:

1. ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurransekraft
2. skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering
3. vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur
4. Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp
5. ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov
6. ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn
7. ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv

Alle fagavdelingane og stabsavdelingane har utarbeidd resultatmål med måleindikator(ar) for 2023 som følgjer opp fylkesplanmåla. Dette utgjer Del IIII i økonomiplandokumentet.

Resultatmål som gjeld interne administrative tilhøve i fylkeskommunen er ikkje tatt med i del IIII. Dette gjeld mange av resultatmåla for stabsavdelingane. Dette er likevel viktige mål som vil bli følgt opp i verksemdplanane for 2023.

# 4.3 Regjeringas forslag til statsbudsjett 2023

## 4.3.1 Sum generelle driftsinntekter

Frie inntekter for fylkeskommunane er samansett av statleg rammetilskot, skatteinntekter, rentekompensasjon for investeringar i skoleanlegg og fylkesvegnettet samt andre generelle driftsinntekter.

### Hovudpunkt i det økonomiske opplegget for 2023

Ved fastsetjing av nivået på dei frie inntektene i 2023, tek ein utgangspunkt i nivået på dei frie inntjektene i 2022 i revidert nasjonalbudsjett for 2022. Ekstraordinære løyvingar i samband med koronapandemien blir haldne utanfor berekningsgrunnlaget når veksten blir berekna.

Nivået på dei frie inntektene er vidare korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot, satsingar over rammetilskotet og oppgåveendringar. Dette nivået blir justert med anslått pris- og lønsauke gjennom den kommunale deflatoren, som er anslått til 3,7 prosent i 2023. Til slutt blir veksten i frie inntekter i 2023 på om lag 2,6 mrd. kroner for kommunesektoren samla lagt til. Veksten i frie inntekter er fordelt med om lag 1,7 mrd. kroner til kommunane og om lag 0,9 mrd. kroner til fylkeskommunane.

Den nominelle veksten i dei frie inntektene for fylkeskommunane totalt sett er anslått til 4,3 prosent på landsbasis frå 2022 til 2023. Det er anslått at Møre og Romsdal fylkeskommune vil få ein nominell vekst i dei frie inntektene på 5,3 prosent, dvs. ein reell vekst på 1,6 prosent (korrigert for den kommunale deflatoren på 3,7 prosent). Veksten er rekna frå anslag på rekneskap for 2022. Dette utgjer ein vekst på om lag 84,8 mill.

kroner i 2023 for Møre og Romsdal fylkeskommune, som blant annet er knytt til reduserte ferjetakstar og utviding av ordninga med gratis ferjer.

Det korrigerte anslaget for deflatoren i 2022 er på 5,3 prosent (auka frå 3,7 prosent i Revidert Nasjonalbudsjett). Med byggekostnadsindeksen veganlegg er på 17,2 prosent og byggkostnadsindeksen på bustad er på 7,1 prosent det siste året, så er det grunn til å konkludere med at deflatoren på 5,3 prosent er lav for 2022. Møre og Romsdal fylkeskommune vil dermed ikkje få dekka prisveksten for 2022, og må med bakgrunn i dette redusere utgiftene i åra som kjem for å gå i balanse.

Veksten i frie inntekter i 2023 må sjåast i samanheng med kommunesektorens anslåtte meirutgifter som følgje av demografikostnadane. Sett under eitt må ein betydeleg del av oppjusteringa sjåast i samanheng med talet på flyktningar frå Ukraina. Anslaget er usikkert og talet flyktningar kan auke.

Regjeringa foreslår å auke det fylkeskommunale skatteøret med 0,05 prosentpoeng frå 2,40 prosent i 2022 til 2,45 prosent i 2023.

I særskilte midlar i 2023 er det er foreslått totalt 432,4 mill. kroner til Møre og Romsdal fylkeskommune (jf. Tabell C-fk i «Grønt hefte»). Postane er som følgjer (inkludert i rammetilskotet):

- 169,5 mill. kroner til opprusting og fornying av fylkesvegnettet (prisjustert)
- 133,3 mill. kroner til kompensasjon i fbm forskrift om tunnelsikkerheit (prisjustert)
- 95,7 mill. kroner i ras- og rassikringsmidlar (prisjustert)
- 20,6 mill. kroner til null- og lågutsleppsferjer og -hurtigbåtar (prisjustert)
- 8,0 mill. kroner i distrikts- og regionalpolitisk tilskot (prisjustert).
- 611 000 kroner til forvaltning av tilskot på landbruksområdet (prisjustert)
- 4,1 mill. kroner for tilskotsordninga Jobbsjansen del B (prisjustert). Ordninga skal bidra til at ungdomar med innvandrarbakgrunn skal få auka sine føresetnader for å fullføre vidaregåande skole.

- Ny! 65,2 mill. kroner i ferjeavløysingsmidlar for Nordøyvegen (prisjustert)
- Ny! 23,4 mill. kroner til gratis ferje til samfunn utan vegforbindelse

## Skatteinntekter og statleg rammetilskot

Fylkeskommunen sine skatteinntekter og det statlege rammetilskotet utgjer hovuddelen av fylkeskommunen sine inntekter. Staten ser på desse inntektene og andre frie inntekter samla når inntektsrammene for kommunesektoren blir fastsett. I tillegg er det ei nær kopling mellom skatteinntektsnivået og rammetilskotet ved at alle fylkeskommunane er garantert ei minsteinntekt per innbyggjar.

Vi budsjetterer med ein auke i skatteinngangen i samsvar med føresetnadene i regjeringas økonomiske opplegg for kommunesektoren. Vi legg opp til ein vekst på 0,5 prosent i skatteinntektene i åra 2024 til 2026.

Som følgje av løypande inntektsutjamning kan vi ved budsjetteringa ikkje sjå på fylkesskatten isolert, men må sjå på summen av skatt og det inntektsutjamnande tilskotet (som er ein del av rammetilskotet). Denne summen vil endre seg lite same korleis utviklinga i fylkeskommunens eigne skatteinntekter vil bli. Det er utviklinga av skatteinntektene for fylkeskommunane samla som vil vere avgjerande for kor stor summen av skatteinntekter og inntektsutjamnande tilskot for vår fylkeskommune skal bli.

Det er foreslått følgande nivå på skatteinntektene for økonomiplanperioden:

(i mill. kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekts- og formuesskatt | 1 793,8 | 1 744,5 | 1 807,7 | 1 817,0 | 1 826,0 | 1 835,0 |

Kommunesektorens organisasjon (KS) har laga ein prognosemodell for berekning av skatt og statleg rammetilskot for den enkelte fylkeskommune med utgangspunkt i oppdaterte kriterium i inntektssystemet, skatteinntekter i prosent av landsgjennomsnittet og dei inntektsføresetnader som ligg i regjeringas framlegg til statsbudsjett. Berekningane i KS-modellen, som vårt framlegg er basert på, viser for Møre og Romsdal fylkeskommune eit skatteanslag for 2023 på 1 807,7 mill. kroner.

Det samla rammetilskotet til Møre og Romsdal fylkeskommune for 2023 er i regjeringas framlegg til statsbudsjett sett til 3 628,3 mill. kroner (ekskl. det inntektsutjamnande tilskotet). Grunnen til at det inntektsutjamnande tilskotet ikkje er medteke i framlegget til statsbudsjett, er at inntektsutjamninga blir utrekna fortløpande gjennom året. Dette medfører at det ikkje er mogleg å berekne nøyaktig tilskot til den enkelte fylkeskommune på førehand. Det faktiske tilskotet for år 2023 vil først vere klart i februar 2023.

| | |
|---|---|
| Rammetilskot ekskl. inntektsutjamnande tilskot: | 3 628,3 mill. kroner |
| Inntektsutjamnande tilskot (anslag): | 146,0 mill. kroner |
| Forventa rammetilskot 2023: | 3 774,3 mill. kroner |

(i mill. kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | 3 282,6 | 3 437,1 | 3 774,3 | 3 774,3 | 3 774,3 | 3 774,3 |

Forventa rammetilskot i 2023 er på 3 774,3 mill. kroner.

Dette gir følgande sum generelle driftsinntekter i 2023-2026:

(i mill. kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammetilskot | 3 282,6 | 3 437,1 | 3 774,3 | 3 774,3 | 3 774,3 | 3 774,3 |
| Inntekts- og formuesskatt | 1 793,8 | 1 744,5 | 1 807,7 | 1 817,0 | 1 826,0 | 1 835,0 |
| Andre generelle driftsinntekter | 44,5 | 30,8 | 47,2 | 35,6 | 33,4 | 31,3 |
| **Sum generelle driftsinntekter** | **5 120,8** | **5 212,4** | **5 629,2** | **5 626,9** | **5 633,7** | **5 640,6** |

**Rentekompensasjon for skoleanlegg**

Stortinget vedtok i statsbudsjettet for 2002 ei statleg finansieringsordning der kommunar og fylkeskommunar får kompensert renteutgifter knytt til nybygg og utbetring av skoleanlegg innanfor ei total låneramme for ordninga på 15 mrd. kroner. Møre og Romsdal fylkeskommunes del av dei 15 mrd. kronene er 191 mill. kroner.

Berekningsgrunnlaget for rentekompensasjonen består av godkjente investeringar i dei enkelte prosjekt, avgrensa oppover til investeringsramma til den enkelte kommune og fylkeskommune. Kompensasjonen utgjer renter rekna ut på grunnlag av eit serielån i Husbanken med 20 års løpetid inklusiv 5 års avdragsfri periode, og med den til ei kvar tid gjeldande flytande rente.

Investeringsramma for ordninga, som vart innført for 2002-2009, vart oppfylt og fullt fasa inn allereie i 2007.

I statsbudsjettet for 2009 vedtok Stortinget ei ny, identisk ordning over åtte år frå 2009 til 2016 med ei total låneramme på nye 15 mrd. kroner. Frå 2017 skal løyvinga gitt i statsbudsjettet nyttast til å innfri tilsegner om rentekompensasjon som er gitte i perioden 2002–2016.

I dette framlegget er det ført opp forventa rentekompensasjon både etter gamal og ny ordning, og då med følgande beløp:

(i mill. kroner)

| Ramme | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Rentekompensasjon for skoleanlegg | 1,6 | 1,3 | 1,0 | 0,8 |

**Rentekompensasjon for investeringar i fylkesvegnettet**
I samband med at fylkeskommunane tok over ansvaret for "nye" fylkesvegar og "nye" fylkesvegferjer frå 1.1.2010 innførte Stortinget ei rentekompensasjonsordning for transporttiltak i fylkeskommunane. Dette må m.a. sjåast på bakgrunn av at årlege rammer gjennom rammetilskotsordninga kan bli for små i forhold til at fylkeskommunane står overfor utfordringar knytt til rasjonell framdrift for store investeringstiltak på fylkesvegnettet eller i kollektivtransporten.

Kompensasjonsordninga er stort sett lagt opp tilsvarande ordninga for skoleanlegg.

Rentekompensasjonsordninga var meint å gjelde fram til og med 2013, men etter regjeringsskiftet hausten 2013 vart det foreslått å vidareføre ordninga med ei låne- og investeringsramme på to mrd. kroner også i 2014.

I statsbudsjettet for 2015 vart den statlege låne- og investeringsramma auka frå to til tre mrd. kroner i 2015 og 2016. Investeringsramma på vart også vidareført i 2017.

For fylkeskommunen førte dette til ei auke i låne- og investeringsramma på 131 mill. kroner i 2014 til 181 mill. kroner i 2015-2017.

I statsbudsjettet for 2023 har regjeringa lagt til grunn ei utbetaling på 25,9 mill. kroner.

(i mill. kroner)

| Ramme | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Rentekompensasjon for fylkesvegar | 25,9 | 14,9 | 13,3 | 11,7 |

## 4.3.2 Lønns- og prisføresetnader

Budsjettrutinen for lønnspostane er slik:

1. Den enkelte verksemd (skole, avdeling mv.) får full dekning av dei faktiske meirutgiftene som følgje av lønnsoppgjer.

2. Ressursar/midlar til lønsoppgjeret i budsjettåret skal ikkje fordelast på den enkelte sektor eller verksemd ved utarbeidinga av budsjettet, men skal setjast av på ein sentral lønnsreservepost. Seinare, når resultatet av lønnsforhandlingane er kjent og

dei økonomiske konsekvensane er rekna ut, skal budsjettramma til den enkelte verksemd aukast tilsvarande ved overføring av midlar frå lønnsreserveposten.

3. Fylkeskommunen sentralt har dermed risikoen for meir-/mindreutgifter samanlikna med budsjett for lønnspostane.

4. Verksemdene får ikkje dekning for auka lønnskostnader som verksemda sjølv har skapt (lønsgliding og konsekvensane av nye stillingar som det ikkje er gjeve dekning for i budsjettet).

**Lønns- og prisvekst/ deflator**
Prisveksten varierer frå postgruppe til postgruppe. Løn har ein annan vekst enn varekjøp, som igjen har ein annan vekst enn postar som er samansett av både lønn og varekjøp (t.d. kjøp av samferdselstenester). Samtidig varierer den relative fordelinga mellom postane frå budsjettramme til budsjettramme. Den relative fordelinga mellom postane er annleis for t.d. ein vidaregåande skole enn for fylkesvegane. Utrekninga av løns- og prisveksten skjer ved at den relative fordelinga mellom postane i 2021-rekneskapen er kopla opp mot vekstanslaga i framlegget til statsbudsjett 2023.

I samsvar med framlegget til statsbudsjett 2023 er følgande vekstanslag frå 2022 til 2023 lagt til grunn for rammene i driftsbudsjettet:

| | | |
|---|---|---|
| Varekjøp | 3,0 % | vekt 0,42 |
| Løn | 4,2 % | vekt 0,58 |
| Gjennomsnittleg løns- og prisvekst (deflator) | 3,7 % | |

I framlegget er rammene til dei enkelte verksemder ikkje justert for det sentrale eller lokale lønnsoppgjeret per 1.5.2022. Det er sett av 56,3 mill. kroner på lønsreserveposten til å dekkje heilårsverknaden av oppgjeret. Desse midlane vil bli fordelt på dei enkelte verksemder seinare.

I regjeringas framlegg til statsbudsjett er årslønnsveksten 2022-2023 anslått til 4,2 prosent. Av dette utgjer overhenget frå 2022 i følgje KS om lag 1,7 prosent. Resten av årslønnsveksten 2022-2023, dvs. 2,5 prosent, som utgjer om lag 49,2 mill. kroner, er sett av på lønnsreserveposten til å møte lønnsoppgjeret for 2023.

Samla er det sett av 105,5 mill. kroner til dekking av lønsoppgjeret i 2023. I tillegg er det satt av 99,5 mill. kroner til reguleringspremie i KLP. Sum lønsreserve for 2023 vert dermed på 205 mill. kroner.

(i mill. kroner)

| | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Ramme** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
| Avsetning til lønsoppgjer | 105,5 | 105,5 | 105,5 | 105,5 |
| Avsetning til reguleringspremie KLP | 99,5 | 99,5 | 99,5 | 99,5 |
| **Lønsreserve** | **205,0** | **205,0** | **205,0** | **205,0** |
| Fylkesutvalets reservepost | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 |
| **D04 Lønsreservepost** | **207,0** | **207,0** | **207,0** | **207,0** |

Fylkesutvalets reservepost er på 2,0 mill. kroner i åra 2023-2026. I sum vert hovudramme D04 Lønsreservepost på 207 mill. kroner i åra 2023-2026, jf. kap. 2.3 driftsrammer.

**Ekstra arbeidsgivaravgift 5 prosent**
Det vart i statsbudsjettet foreslått å innføre ein ny ekstra arbeidsavgift på 5 prosent av den del av samla årlege ytingar (lønninntekt, mv.) frå arbeidsgivar til arbeidstakar som overstig 750 000 kroner. Endringa vart foreslått å tre i kraft frå og med 1. januar 2023, mao. ikkje vedteke ennå.

For Møre og Romsdals fylkeskommune så utgjer dette ei auke i arbeidsgivaravgifta på om lag 1,9 mill. kroner. Det er uvisst om vi får dette dekt eller ikkje. Vi har foreløpig ikkje innarbeid denne auka i lønnsutgiftene.

## 4.4 Pensjonspremiar

For 2023 gjeld følgande satsar på arbeidsgivarpremie til dei ymse pensjonskassene (i prosent av grunnlaget):

| | |
|---|---|
| KLP -fellesordninga | 10,63 % ekskl. arbeidstakardel |
| Statens pensjonskasse (lærarar) | 9,00 % ekskl. arbeidstakardel |

For KLP si fellesordning kjem i tillegg reguleringspremie. Reguleringspremien er basert på den enkelte arbeidsgjevars premiereserve i KLP.

I sektorrammene ligg det ikkje midlar til å dekkje reguleringspremien, fordi storleiken på reguleringspremien ikkje blir kjent før om sommaren det året premien gjeld for. For kvart av åra 2023-2026 har vi derfor lagt inn 99,5 mill. kroner på lønsreserveposten til å møte reguleringspremien.

Reglane for rekneskapsføring av pensjon i kommunar og fylkeskommunar inneber følgande: Pensjonskostnadene blir berekna etter gitte reglar. Innbetalt pensjonspremie blir utgiftsført, og i tillegg skal eventuelt avvik mellom premie og kostnad (premieavvik) rekneskapsførast. Dersom premien t.d. overstig kostnaden, skal (positivt) premieavvik inntektsførast.

Premieavviket er inkludert i skjema Bevillingsoversikt Drift i pkt. 6, og er spesifisert i Sum bevillingar drift, netto rammer. Møre og Romsdal fylkeskommune amortiserer premieavviket over eit år, og utgiftene til dette vil derfor variere relativt mykje frå eit år til eit anna. Vi nullar ut svingingane knytt til premieavviket per år ved bruk av driftsfond. Det vil sei at dersom vi får netto inntekt når vi summerer eit års premieavvik og amortisering av fjorårets, så tilføres driftsfondet midlar. Og motsett, ved netto utgift knytt til premieavviket vert dette dekka av driftsfondet, jf. forslag til vedtak i saksframlegget til denne økonomiplanen. For åra 2024-2026 er premieavviket budsjettert til null pga. stor usikkerheit knytt til framtidige anslag. Vi legg til grunn 40 mill. kroner i bruk av premiefond kvart år til dekning av pensjonspremien. Premiefondet til Møre og Romsdal fylkeskommune var på 167,9 mill. kroner per 31.12.2021. Premiefondet kan berre brukast til å betale pensjonspremie.

## 4.5 Finansinntekter

Finansinntekter består av renter kortsiktig likviditet, kapitalfond, og utbytte:

(i mill. kroner)

| Finansinntekter | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Renter kortsiktig likviditet | 60 | 56,3 | 54 | 49,5 |
| Kapitalfond | 8,6 | 8,2 | 8 | 7,6 |
| Utbytte Svorka Energi AS | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 2,5 |
| **Sum finansinntekter** | **71,1** | **67** | **64,5** | **59,6** |

# TALDEL

## Bevilgningsoversikter - drift

(i 1000 kroner)

| | | Regnskap 2021 | Opprinnelig Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Rammetilskot | 3 282 559 | 3 437 100 | 3 774 300 | 3 774 300 | 3 774 300 | 3 774 300 |
| 2 | Inntekts- og formuesskatt | 1 793 756 | 1 744 500 | 1 807 700 | 1 817 000 | 1 826 000 | 1 835 000 |
| 3 | Eigedomsskatt | 0 | 0 | | | | |
| 4 | Andre generelle driftsinntekter | 44 500 | 30 800 | 47 200 | 35 600 | 33 400 | 31 300 |
| 5 | Sum generelle driftsinntekter | 5 120 815 | 5 212 400 | 5 629 200 | 5 626 900 | 5 633 700 | 5 640 600 |
| 6 | Sum bevilgningar drift, netto | 4 381 664 | 4 578 458 | 4 885 326 | 4 906 879 | 4 911 651 | 4 891 845 |
| 7 | Avskrivingar | 419 168 | 469 600 | 542 800 | 594 700 | 631 800 | 620 600 |
| 8 | Sum netto driftsutgifter | 4 800 832 | 5 048 058 | 5 428 126 | 5 501 579 | 5 543 451 | 5 512 445 |
| 9 | Brutto driftsresultat | 319 983 | 164 342 | 201 074 | 125 321 | 90 249 | 128 155 |
| 10 | Renteinntekter | 26 498 | 30 600 | 68 600 | 64 500 | 62 000 | 57 100 |
| 11 | Utbytter | 2 750 | 2 000 | 2 500 | 2 500 | 2 500 | 2 500 |
| 12 | Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar | 7 710 | | | | | |
| 13 | Renteutgifter | -81 169 | -146 900 | -324 400 | -373 700 | -395 600 | -410 000 |
| 14 | Avdrag på lån | -278 600 | -303 600 | -333 200 | -370 300 | -393 400 | -384 500 |
| 15 | Netto finansutgifter | -322 811 | -417 900 | -586 500 | -677 000 | -724 500 | -734 900 |
| 16 | Motpost avskrivingar | 419 168 | 469 600 | 542 800 | 594 700 | 631 800 | 620 600 |
| 17 | Netto driftsresultat | 416 340 | 216 042 | 157 374 | 43 021 | -2 451 | 13 855 |
| | *Disponering eller dekning av netto driftsresultat:* | | | | | | |
| 18 | Overføring til investering | 223 952 | 217 300 | 229 000 | 133 300 | 133 300 | 133 300 |
| 19 | Netto avsettingar til eller bruk av bundne driftsfond | 23 702 | | | | | |
| 20 | Netto avsettingar til eller bruk av disposisjonsfond | 168 686 | -1 258 | -71 626 | -90 279 | -135 751 | -119 445 |
| 20a | Bruk av tidligare års mindreforbruk | 0 | | | | | |
| 21 | Dekning av tidlegare års meirforbruk | 0 | | | | | |
| 22 | Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | 416 340 | 216 042 | 157 374 | 43 021 | -2 451 | 13 855 |
| 23 | Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

## Sum bevilgningar drift, netto rammer

(i 1000 kroner)

| Fylkestingsramme | | Regnskap 2021 | Opprinneleg Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| D01 | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 42 602 | 57 339 | 68 624 | 62 417 | 58 449 | 58 192 |
| D02 | Politisk verksemd | 27 231 | 25 644 | 27 380 | 25 450 | 26 457 | 25 450 |
| D03 | Stabsfunksjonar | 199 867 | 190 328 | 198 489 | 192 873 | 192 873 | 188 729 |
| D04 | Lønsreservepost | 0 | 66 696 | 207 000 | 207 000 | 207 000 | 207 000 |
| D05 | Kompetanseområdet | 1 745 577 | 1 765 089 | 1 730 849 | 1 708 437 | 1 709 264 | 1 709 264 |
| D06 | Fagskolane i Møre og Romsdal | 11 542 | 17 577 | 21 307 | 28 954 | 28 954 | 27 452 |
| D09 | Tannhelseområdet | 167 150 | 161 584 | 170 131 | 170 008 | 169 325 | 169 325 |
| D10 | Kulturområdet | 134 354 | 143 643 | 137 202 | 135 232 | 137 922 | 142 991 |
| D11 | Næring | 96 311 | 79 837 | 73 948 | 69 002 | 62 341 | 54 651 |
| D12 | Samferdselsområdet | 2 061 270 | 2 046 620 | 2 302 642 | 2 299 823 | 2 311 383 | 2 301 108 |
| D14 | Sentrale kontrollorgan | 8 120 | 7 697 | 7 778 | 7 683 | 7 683 | 7 683 |
| | Sum netto bevilgningar drift på rammeområda | 4 494 024 | 4 562 054 | 4 945 350 | 4 906 879 | 4 911 651 | 4 891 845 |
| | Overføring til investering frå rammeområder | -14 917 | | | | | |
| | Bruk av bundne fond rammeområder | 317 908 | | | | | |
| | Avsetning til bundne fond | -341 610 | | | | | |
| | Ufordelte utgifter (premieavvik) | -64 980 | 16 404 | -60 024 | | | |
| | Ufordelte utgifter (premiereduksjon KLP/SPK) | -8 760 | | | | | |
| | **Sum bevilgningar drift, netto** | **4 381 665** | **4 578 458** | **4 885 326** | **4 906 879** | **4 911 651** | **4 891 845** |

## Sum bevilgningar drift, netto detaljert

(1000 kroner)

| | 2022-priser | REKN 2021 | BUD 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 01 | Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 42 602 | 57 339 | 68 624 | 62 417 | 58 449 | 58 192 |
| **D01** | **Fellesutgifter og utgifter til fordeling** | **42 602** | **57 339** | **68 624** | **62 417** | **58 449** | **58 192** |
| 02 | Politisk verksemd | 27 231 | 25 644 | 27 380 | 25 450 | 26 457 | 25 450 |
| **D02** | **Politisk verksemd** | **27 231** | **25 644** | **27 380** | **25 450** | **26 457** | **25 450** |
| 03 | Stabsfunksjonar | 131 947 | 124 322 | 129 599 | 123 938 | 123 938 | 121 809 |
| 80 | Bygg og Eigedom | 67 920 | 66 006 | 68 890 | 68 935 | 68 935 | 66 920 |
| **D03** | **Stabsfunksjonar** | **199 867** | **190 328** | **198 489** | **192 873** | **192 873** | **188 729** |
| 04 | Lønsreservepost | 0 | 66 696 | 207 000 | 207 000 | 207 000 | 207 000 |
| **D04** | **Lønsreservepost** | **0** | **66 696** | **207 000** | **207 000** | **207 000** | **207 000** |
| 05 | Atlanten vg. skole | 54 378 | 52 467 | 52 192 | 52 192 | 52 192 | 52 192 |
| 07 | Borgund vg. skole | 110 601 | 112 033 | 115 972 | 115 972 | 115 972 | 115 972 |
| 08 | Fagerlia vg. skole | 103 096 | 155 526 | 152 263 | 152 263 | 152 263 | 152 263 |
| 09 | Fannefjord vg. skole | 13 347 | 13 584 | 12 200 | 12 200 | 12 200 | 12 200 |
| 10 | Fræna vg. skole | 47 516 | 46 256 | 44 588 | 44 588 | 44 588 | 44 588 |
| 11 | Gjermundnes v.g. skole | 26 153 | 27 011 | 24 950 | 24 950 | 24 950 | 24 950 |
| 12 | Haram v.g. skole | 34 577 | 33 013 | 32 060 | 32 060 | 32 060 | 32 060 |
| 13 | Herøy v.g. skole | 37 849 | 36 430 | 36 047 | 36 047 | 36 047 | 36 047 |
| 14 | Kristiansund v.g. skole | 103 646 | 101 046 | 99 057 | 99 057 | 99 057 | 99 057 |
| 15 | Molde v.g. skole | 72 810 | 67 924 | 73 517 | 73 517 | 73 517 | 73 517 |
| 18 | Rauma vg. skole | 22 006 | 22 293 | 19 090 | 19 090 | 19 090 | 19 090 |
| 19 | Romsdal vg. skole | 113 601 | 103 824 | 98 696 | 98 696 | 98 696 | 98 696 |
| 20 | Spjelkavik vg. skole | 46 711 | 44 156 | 44 002 | 44 002 | 44 002 | 44 002 |
| 21 | Stranda vg. skole | 20 684 | 18 555 | 18 478 | 18 478 | 18 478 | 18 478 |
| 22 | Sunndal vg. skole | 32 374 | 29 504 | 28 260 | 28 260 | 28 260 | 28 260 |
| 23 | Surnadal vg. skole | 31 678 | 27 489 | 27 169 | 27 169 | 27 169 | 27 169 |
| 24 | Sykkylven vg. skole | 31 061 | 31 379 | 30 099 | 30 099 | 30 099 | 30 099 |
| 25 | Tingvoll vg. skole | 17 580 | 15 187 | 16 042 | 16 042 | 16 042 | 16 042 |
| 26 | Ulstein vg. skole | 59 571 | 58 114 | 54 835 | 54 835 | 54 835 | 54 835 |
| 27 | UPA - skolen | 5 426 | 5 876 | 4 876 | 4 876 | 4 876 | 4 876 |
| 28 | Volda vg. skole | 54 264 | 52 220 | 49 631 | 49 631 | 49 631 | 49 631 |
| 30 | Ørsta vg. skole | 43 676 | 41 298 | 42 553 | 42 553 | 42 553 | 42 553 |
| 32 | Ålesund vg. skole | 69 580 | 1 808 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 34 | Felleskostnader vg. skoler | 46 027 | 58 858 | 35 950 | 13 539 | 17 364 | 17 364 |
| 35 | Fagopplæring | 228 917 | 227 596 | 236 296 | 236 295 | 233 297 | 233 297 |
| 36 | Ressurssentra | 12 059 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 37 | Spesialundervisning | 195 377 | 223 361 | 223 361 | 223 361 | 223 361 | 223 361 |
| 38 | PP - tenesta | 19 788 | 21 015 | 24 165 | 24 165 | 24 165 | 24 165 |
| 39 | Oppfølgingstenesta | 10 167 | 11 230 | 11 230 | 11 230 | 11 230 | 11 230 |
| 40 | Vaksenopplæring i skole | -557 | 12 694 | 12 694 | 12 694 | 12 694 | 12 694 |
| 41 | Utdanningsavdelinga | 51 823 | 1 042 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 42 | Eksamenssekreteriatet | 3 507 | 3 503 | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 3 500 |
| 44 | Gjesteelevar | -1 386 | -1 015 | -500 | -500 | -500 | -500 |
| 45 | Undervisning v/helse- og sosialinst. | 19 741 | 21 320 | 21 000 | 21 000 | 21 000 | 21 000 |
| 46 | Internat og kostordning | 6 327 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 47 | Kompetanseheving av personal | 1 570 | 9 137 | 9 000 | 9 000 | 9 000 | 9 000 |
| 48 | Ymse opplæringstenester | 30 | 157 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 49 | Kompetanse og næringsavdelinga | 0 | 79 198 | 77 576 | 77 576 | 77 576 | 77 576 |
| **D05** | **Kompetanseområdet** | **1 745 577** | **1 765 089** | **1 730 849** | **1 708 437** | **1 709 264** | **1 709 264** |

## Sum bevilgningar drift, netto detaljert

(1000 kroner)

| | 2022-priser | REKN 2021 | BUD 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 31 | Fagskolen i Møre og Romsdal | 11 542 | 17 577 | 21 307 | 28 954 | 28 954 | 27 452 |
| **D06** | **Fagskolane i Møre og Romsdal** | **11 542** | **17 577** | **21 307** | **28 954** | **28 954** | **27 452** |
| 50 | Fylkestannlegen | 5 512 | 5 205 | 5 213 | 5 213 | 5 213 | 5 213 |
| 51 | Tannhelsetenester | 161 638 | 156 379 | 164 918 | 164 795 | 164 112 | 164 112 |
| **D09** | **Tannhelseområdet** | **167 150** | **161 584** | **170 131** | **170 008** | **169 325** | **169 325** |
| 52 | Kulturavdelinga | 38 028 | 34 822 | 33 472 | 31 812 | 31 812 | 31 812 |
| 56 | Sal av arkeologiske tenester | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 57 | Kulturtilskot | 96 326 | 108 821 | 103 730 | 103 420 | 106 110 | 111 179 |
| **D10** | **Kulturområdet** | **134 354** | **143 643** | **137 202** | **135 232** | **137 922** | **142 991** |
| 58 | Regional- og næringsavdelinga | 27 867 | 591 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 59 | Tiltaksfondet | 11 234 | 12 257 | 12 114 | 12 114 | 12 114 | 12 114 |
| 60 | Regionale prosjektsatsingar | 26 460 | 54 806 | 48 980 | 44 034 | 37 373 | 31 224 |
| 61 | Tilskot etter samarbeidsavtale | 10 823 | 12 183 | 12 854 | 12 854 | 12 854 | 11 313 |
| 62 | Ymse næringstenester | 19 928 | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **D11** | **Næring** | **96 311** | **79 837** | **73 948** | **69 002** | **62 341** | **54 651** |
| 63 | Samferdselsavdelinga | 134 336 | 139 671 | 135 235 | 134 229 | 134 229 | 134 229 |
| 64 | Lokale bilruter | 451 118 | 392 843 | 448 547 | 453 890 | 469 303 | 469 303 |
| 65 | Fylkesvegferjedrifta | 665 642 | 737 991 | 824 362 | 768 401 | 768 401 | 768 401 |
| 66 | Båtruter | 121 095 | 125 092 | 142 146 | 142 146 | 142 146 | 142 146 |
| 67 | Tilrettelagt skoleskyss | 30 466 | 29 873 | 37 369 | 37 369 | 37 369 | 37 369 |
| 68 | TT - ordninga | 11 262 | 15 844 | 16 264 | 11 132 | 11 132 | 11 132 |
| 69 | Div. samferdselsformål | 42 781 | 43 578 | 44 514 | 42 261 | 42 261 | 42 261 |
| 70 | Fylkesvegar | 604 572 | 561 728 | 654 205 | 710 395 | 706 542 | 696 267 |
| **D12** | **Samferdselsområdet** | **2 061 270** | **2 046 620** | **2 302 642** | **2 299 823** | **2 311 383** | **2 301 108** |
| 72 | Sentrale kontrollorgan | 8 120 | 7 697 | 7 778 | 7 683 | 7 683 | 7 683 |
| **D14** | **Sentrale kontrollorgan** | **8 120** | **7 697** | **7 778** | **7 683** | **7 683** | **7 683** |
| | **SUM FORDELT TIL DRIFTSRAMMER** | **4 494 024** | **4 562 054** | **4 945 350** | **4 906 879** | **4 911 651** | **4 891 845** |

(i 1000 kroner)

| | | Regnskap 2021 | Opprinnelig Budsjett 2022 | ØKONOMIPLAN 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Investeringar i varige driftsmidlar | 2 101 226 | 2 540 400 | 2 344 300 | 1 646 000 | 1 533 700 | 1 393 400 |
| 2 | Tilskot til andres investeringar | | | | | | |
| 3 | Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 16 586 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 4 | Utlån av eigne midlar | 431 | | | | | |
| 5 | Avdrag på lån | | | | | | |
| 6 | Sum investeringsutgiftar | 2 118 243 | 2 542 400 | 2 346 300 | 1 648 000 | 1 535 700 | 1 395 400 |
| 7 | Kompensasjon for meirverdiavgift | 382 336 | 469 900 | 422 000 | 296 300 | 276 100 | 250 800 |
| 8 | Tilskot frå andre | 220 567 | 390 100 | 148 900 | 192 100 | 227 100 | 329 500 |
| 9 | Sal av varige driftsmidlar | 482 | | | | | |
| 10 | Sal av finansielle anleggsmidlar | 2 280 | | | | | |
| 11 | Utdeling frå selskap | | | | | | |
| 12 | Mottatte avdrag på utlån av eigne midlar | 10 000 | | | | | |
| | Andre inntekter | | | | | | |
| 13 | Bruk av lån | 1 283 903 | 1 462 100 | 1 544 400 | 1 024 300 | 897 200 | 671 300 |
| 14 | Sum investeringsinntekter | 1 899 568 | 2 322 100 | 2 115 300 | 1 512 700 | 1 400 400 | 1 251 600 |
| 15 | Videreutlån | | | | | | |
| 16 | Bruk av lån til videreutlån | | | | | | |
| 17 | Avdrag på lån til videreutlån | | | | | | |
| 18 | Mottatte avdrag på videreutlån | | | | | | |
| 19 | Netto utgifter videreutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 20 | Overføring frå drift | 223 952 | 217 300 | 229 000 | 133 300 | 133 300 | 133 300 |
| 21 | Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond | -9 583 | 1 000 | | | | 8 500 |
| 22 | Netto avsettingar til eller bruk av ubunde investeringsfond | 4 306 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 23 | Dekning av tidlegare års udekka beløp | | | | | | |
| 24 | Sum overføring frå drift og netto avsettingar | 218 675 | 220 300 | 231 000 | 135 300 | 135 300 | 143 800 |
| 25 | Framført til inndekning i seinare år (udekka beløp) | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |

# DEL II

## Nærare om framlegg til økonomiplan 2023-2026 med budsjett 2023, for det enkelte fagområde

# 5 SENTRALE STYRINGSORGAN OG FELLESUTGIFTER

## 5.1 Samfunnsoppdraget

### 5.1.1. Felles for stabsavdelingane

Fylkeskommunen har fire hovudroller: Samfunnsutviklar, tenesteleverandør, myndigheitsutøvar og demokratisk aktør. I tillegg er fylkeskommunen ein av dei største arbeidsgivarane i fylket. Fylkeskommunen si rolle som regional samfunnsutviklar handlar om å gi strategisk retning for samfunnsutviklinga, mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn, og å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk. Vårt samfunnsoppdrag ligg innafor fag- og tenesteområda samferdsel, kultur, tannhelse, kompetanse og næring.

Stabsfunksjonane skal gi støtte og legge til rette for at fylkeskommunen skal kunne gjennomføre sitt samfunnsoppdrag på ein god, sikker, effektiv og funksjonell måte. For å nå måla for fylkeskommunen, og møte framtidas behov med berekraftige løysingar legg vi vekt på å utvikle samarbeidsfylket og vere ein lærande organisasjon kjenneteikna av verdiskapande samarbeid og tillit. I samsvar med visjonen skal vi bli oppfatta som "Ein tydeleg medspelar".

Stabsfunksjonane som ligg på dette området er:

- stab for organisasjon og tenesteutvikling
- stab for juridiske og administrative tenester
- stab for strategi og styring
- samt fylkeskommunedirektøren

Disse stabsområda skal ha kompetanse og kapasitet til å yte tenester til alle politiske organ, administrativ leiing, fag- og tenesteområda, dei ytre einingane og kommunane. Aktiviteten er såleis i stor grad styrt av dei behov som til ei kvar tid oppstår i verksemda. For at dei andre einingane skal utføre oppgåvene sine på ein best mogleg måte og nå måla sine, trengs det pålitelege, sikre og effektive system og verktøy, samt lisensar/tilgangar tilpassa dei oppgåvene som einingane skal utføre.

### 5.1.2. Stab for organisasjon og tenesteutvikling

Stab for organisasjon og tenesteutvikling sine hovudoppgåver er:

- følgje opp den overordna arbeidsgivarfunksjonen og legge til rette for organisasjons- og medarbeidarutvikling forankra i fylkeskommunen sin organisasjonsstrategi
- arbeide for å sikre eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø
- arbeide for at vi har myndiggjorte medarbeidarar i ein lærande organisasjon
- tilpasse brukarorienterte og effektive løysingar i ein digital moden organisasjon med gode samarbeidsmodellar
- legge til rette for god kommunikasjon internt og eksternt
- vere pådrivar i arbeidet med å skape ei plattform for felles kultur, identitet og godt omdømme

Kommunikasjonsseksjonen skal legge til rette for god kommunikasjon internt og eksternt, og vere pådrivar i arbeidet med å skape plattform/ståstad for felles identitet og

godt omdøme. Det blir forventa ei meir "døgnopa" offentleg forvaltning der interaksjon og formidling av informasjon mot omverda skjer i langt større omfang enn tidlegare. Over tid har det blitt behov for aukande deltaking i digitale kanalar som t.d. sosiale media og ulike nettsider, med både tekst, foto og film. Streaming av fylkestinget er også ei viktig oppgåve for seksjonen. Kommunikasjonsstrategien er revidert i tråd med organisasjonsstrategien, og det blir no i gjennom «Program for nye digitale arbeidsformer» utarbeidd ein eigen kanalstrategi.

HR-seksjonen. Organisasjonsstrategien for Møre og Romsdal fylkeskommune er ein felles plattform for korleis vi som organisasjon skal løyse samfunnsoppdraget vårt best mogleg. Organisasjonsstrategien og etterfølgande tiltak, krev at HR-seksjonen har ressursar til å arbeide kontinuerleg med utvikling, samordning, kvalitetssikring og profesjonalisering av følgande områder:

- Rekruttere, behalde og utvikle leiarar og andre medarbeidarar
- HMS og arbeidsmiljø
- Omstilling og organisasjonsutvikling
- Kultur og identitet

I samband med «Program for nye digitale arbeidsformer» vil seksjonen ha eit særleg ansvar for heilskaplege digitale HR-løysingar og HMS-delen av prosjektet kvalitetssystem. Vidare vil arbeidet med leiarutvikling, felles kulturbygging, rekruttering og introduksjonsprogram for nye tilsette få prioritet i den komande perioden.

IT-seksjonen har ansvar for teknisk drift og utvikling av felles IT-tenester i fylkeskommunen. Seksjonen skal ha tett kopling til arbeidet med digitalisering, integrasjon og robotisering. IT-seksjonen er omorganisert i to team som dekker områda brukarstøtte og teknisk drift av IT-tenestene i fylkeskommunen. Alle IKT-lærlingane i fylkeskommunen er også samla under IT-seksjonen. Finansiering av lærlingane ligg ikkje inne i gjeldande driftsramme for IT-seksjonen og blir finansiert frå kompetanse- og næringsområdet. Seksjonen bør styrkast for å sikre betre kapasitet til avtaleforvaltning og innkjøp, samt støtte innafor applikasjonsforvaltning.

Seksjon for tenesteutvikling og digitalisering. Seksjonen skal vere ein ressurs og fasilitator for utviklingsprosessar i heile organisasjonen, og ha kompetanse på tenestedesign, prosessleiing, prosjektarbeid, og digitalisering. På digitaliseringsområdet har seksjonen særskilt merksemd på automatisering gjennom robotisering og integrasjonar. Seksjonen driftar Prosjektarenaen og koordinerer aktivitetane i årshjulet for porteføljestyring. Gjennom Prosjektarenaen gir seksjonen fagleg prosess- og leiarstøtte inn mot dei store tverrgåande satsingane, prosjekt og program. Enkelte av desse er nærare omtalt under kap. 3.5.

### 5.1.3 Stab for juridiske og administrative tenester

Stab for juridiske og administrative tenester yter fagleg bistand til alle politiske organ, administrativ leiing, fagavdelingane, dei ytre einingane og eksterne samarbeidspartar – typisk musea osv.

Juridisk seksjon og internstaben. Internstaben og juridisk seksjon handterer til dømes den fylkeskommunale forsikringsordninga, skadesaker, klagesaker, koordinering av beredskaps-/tryggleikstiltak- yter juridisk bistand til dei same partar i m.a. arbeidsrettslege problemstillingar, generell kontrakts- og avtalerett, kommunal- og forvaltningsrett – kort sagt alle rettsområda med unntak av strafferett. Det er eit auka behov knytt særleg opp mot arbeidsrettslege-, bygg- og entreprise, anskaffing- og samferdselsjuridiske problemstillingar. Det er oppretta ein eigen juridisk seksjon i stabsavdelinga for handtering og koordinering av den juridiske bistanden. Stabsområdet gir gjennom internstaben og støtte til to andre stabsavdelingar og politisk verksemd

innan mellom anna budsjett, rekneskap, tilvisingar og lønn. Avdelinga er også sterkt delaktig i handtering av krise- og beredskapsplanar og koordinering av desse, samt personvernsspørsmål.

Innkjøpsseksjonen yter bistand i forhold til innkjøpsfaglege problemstillingar til alle fylkeskommunale einingar. Seksjonen skal til dømes gjennomføre og inngå større enkeltanskaffingar, administrere rammeavtalar og leverandørkontaktar. Samt gje bistand til dei indre og ytre einingane ved anbodskonkurransar og avtaleoppfølging.
Det er etablert ei gruppe av anskaffingsansvarlege frå heile organisasjonen, minimum ein frå kvar eining. For at dei anskaffingsansvarlege skal ha tilstrekkeleg kunnskap, blir det kvart år heldt kurs i samsvar med fylkestinget sine føresetnader.

Utvalssekretariatet skal sørge for/medverke til god fagleg og administrativ støtte i samband med planlegging og gjennomføring av møta i folkevalde organ, samt i avvikling av fylkes- og stortingsval. Dette omfattar løypande klargjering/utsending av saker til politisk handsaming, behandling av spørsmål om forfall, habilitet og innsyn samt sekretærfunksjon i møte, med produksjon av møteprotokoll. Det siste året har det vært kjøpt inn fleire nye system som har blitt tatt i bruk under møteavvikling.

Dokumentsenteret har ansvar for m.a. sentralarkivet for heile organisasjonen. Det gjeld blant anna journalføring, arkivering og kvalitetssikring i det elektroniske arkivet og oppfølging av papirarkivet. Dokumentsenteret skal yte fagleg bistand innanfor arkivfaget til administrativ leiing, stab, fagavdelingane og dei ytre einingane. Seksjonen skal medverke aktivt i prosessar som vedkjem integrasjon, digitalisering og robotisering, samt bistand i høve utskifting av vårt sak- og arkivsystemet. Så langt er omkring 10 prosessar knytt til saksbehandling og samspel mellom ulike IT-applikasjonar automatiserte gjennom programvarerobotar.

### 5.1.4. Stab for strategi og styring

Utanom dei felles oppgåvene for alle stabsområda, har denne staben følgande oppgåver:

Seksjon for økonomi og verksemdsstyring har ansvar for dei sentrale oppgåvene innan lønn, rekneskap, budsjett og økonomisk analyse. I tillegg har seksjonen ansvar for oppfølging innan økonomistyring, finansforvaltning, koordinering av verksemdstyringa, utvikle og drifte styringssystem og legge til rette for leiardialog.

Seksjon for plan leiar arbeidet med regional planstrategi og fylkesplanen, og koordinerer fylkeskommunen sitt planarbeid og handlingsprogram. Seksjonen varetek fylkeskommunen sitt ansvar etter plan- og bygningslova om å gi planrettleiing, planstøtte og planuttalar til kommunane, og samordnar innspela frå fagavdelingane i plansaker som fylkeskommunen får til høyring. Seksjonen leverer også karttenester, statistikk og samfunnsanalysar for planlegging og politikkutforming både i fylkeskommunen og i primærkommunane.

Seksjonen har ansvaret for tettstadutvikling i fylket, og arbeider saman med kommunane for å utvikle levande og attraktive tettstadar i Møre og Romsdal. Vi bidrar med rådgiving og tilskott til kommunar som ønskjer å jobbe med tettstadutvikling.

Det koordinerande ansvaret for klima og miljø i fylkeskommunen er frå 2021 lagt til seksjon for plan. Dette inkluderer også utarbeiding av klimabudsjett, klimarekneskap og miljøfyrtårnordninga.

UNG-koordinatoren og ansvaret for fylkeskommunen sine medverknadsorgan for ungdom er også lagt til seksjon for plan.

Seksjon for berekraftig samfunnsutvikling. Seksjonen utviklar og driv tverrfaglege utviklingsprosjekt i tråd med Fylkesplanen. I 2023 har seksjonen ansvar for «By- og Tettstadsprogrammet» (inkludert Byen som regional motor), «Campus Kristiansund», «Møre og Romsdal 2025» (inkludert satsingar som Digi Møre og Romsdal, Ungt Utanforskap og møteplassar som Nyttårskonferansen), «Berekraftfylket Møre og Romsdal», og «United Cities Internship Program at Campus Kristiansund». Satsingane i seksjonen deltek i fleire EU prosjekt og i EU sitt Circular Cities and Regions Initiative.

Kvalitetsarbeid og internkontroll
For å følgje opp fylkestinget sitt vedtak knytt til undersøkinga av verksemdstyring og internkontroll (sak T-67/21), er det frå hausten 2022 oppretta ei ny stilling som fagleiar for kvalitetsarbeid og internkontroll. Vedkommande vil ha det overordna fag- og systemansvaret for fylkeskommunen sitt kvalitetsarbeid og rapporterer til fylkeskommunedirektøren. Stillinga er plassert i Stab for strategi og styring med assisterande fylkeskommunedirektør som næraste overordna.

### 5.1.5. Endringar i oppgåver og økonomiske føresetnadar

Felles fylkeskommunale lisenskostnader som følgje av digitalisering og nye løysingar
Digitaliseringa medfører at fylkeskommunen i stadig større grad har behov for lisensar for å støtte opp om oppgåveløysinga. Dette gjeld lisensar til program/system som mange skal nytte på tvers av fag- og tenesteområda. For kvart av systema må det likevel vere ein «systemeigar». Medan ein tidlegare har kjøpt programvare og installert serverar for programma og på den måten hatt investeringar, blir tenestene i stadig større grad løyst gjennom web-grensesnitt. Dette vil auke lisenskostnadane som vil belaste driftsbudsjettet. Dagens driftsrammer gir ikkje rom for å finansiere desse auka kostnadane. I tidlegare økonomiplan er det sett av midlar i investeringsbudsjettet til innkjøp av nye digitale løysingar. Det er no avklart at det meste av kostnadane knytt til desse løysingane etter rekneskapsforskrifta, ikkje kan førast som investering, men må belastast driftsbudsjettet. Dei digitale systema/applikasjonane som blir brukt av heile organisasjonen er no samla og lagt til ramma for fylkeskommunedirektøren.

Finansiering av felles nasjonale IT-løysingar. Fylkeskommunen nyttar i dag fleire felles nasjonale IT-løysingar (felleskomponentar) i samband med digitalisering av arbeidsprosessar. Desse felleskomponentane kan vere utvikla av staten, KS eller felles fylkeskommunale samarbeid. Eksempelvis er nokre utvikla og forvalta av Vigo IKS, fylkeskommunanes felles IKT-selskap. Einingane som er primær brukar av desse felleskomponentane har til no finansiert desse. Som ein del av digitaliseringa av arbeidsprosessar vil fleire einingar i fylkeskommunen ta i bruk funksjonalitet i desse felleskomponentane.

Program for nye digitale arbeidsformer (sjå også omtale under Del I, kap. 3.5). Til å leie programmet er det engasjert ein programleiar. For å sikre implementering av dei nye digitale løysingane og oppfølging av fylkestinget sine vedtak knytt til verksemdstyring og internkontroll, og informasjonssikkerheit og personvern, vert det tilrådd at engasjementet for programleiar blir vidareført for 2023 og 2024. Utgiftene knytt til programleiarstillinga og konsulentbistand, blir finansiert gjennom eigne OU-midlar. I framlegget er det er lagt inn midlar til innkjøp og implementering av digitale løysingar som følgje av programmet, samt nye driftskostnadar (lisensar).

Hausten 2022 og i 2023 og 2024 blir det gjort innkjøp av digital støtte til designoverbygg for Microsoft 365 til intranett, nye nettsider knytt til mrfylke.no, verksemdstyringssystem, kvalitetssystem, sak- og arkivsystem og ei heilskapleg digital HR-løysing. Dagens HR-løysing med bruk av modular i HRM-systemet dekkjer ikkje framtidige behov og gir ikkje nødvendig kvalitet på handtering av HR-data. Det er derfor

behov for å gjere innkjøp av ei heilskapleg digital HR-løysing som omfattar kompetansestyring/medarbeidarutvikling, rekruttering, introduksjonsprogram for nytilsette og portal for overordna HR-data. Det også satt i gang prosess for innkjøp av digital personalhandbok.

Informasjonssikkerheit, personvern og applikasjonsforvaltning
Fylkeskommunen nyttar fleire hundre IT-applikasjonar i dag. Desse applikasjonane må vedlikehaldas for å ivareta tilfredsstillande informasjonssikkerheit og halde applikasjonane oppdatert. I tillegg må kvar applikasjon risikovurderast med tanke på bruk og behandling av eventuelle personopplysningar. Ansvaret for dette vil ligge hos systemeigarane av applikasjonane, men fylkeskommunen har behov for ein ressurs som kan fasilitere dette arbeidet, hjelpe og sjå til at kvar systemeigar gjennomfører dei oppgåvene som ligg til rolla. Gjennom god forvaltning av avtalane våre vil avtaleforvaltaren bidra til å gjere synleg innsparingspotensiale i lisensavtalar og rammeavtalar. Eksempelvis kutt i antall lisensar, kontrollere timeprisar, hente ut rabattar og ta i bruk tilleggstenester m.m. I praksis ser vi at mange systemeigarar i einingane ikkje har kapasitet eller kompetanse som trengs for å gjere denne oppgåva åleine. I og med at dette er tett knytt til etterleving av lov- og avtalekrav, kan desse oppgåvene bli lagt til ei stilling som avtaleforvaltar og innkjøpsansvarleg på IT-området.

Det gjeldande trusselbilde innan IKT-området viser sterk auke i angrep på private og offentlege verksemder i Norge. Eksempel frå det siste året er angrepa mot Østre Toten kommune, Nordland fylkeskommune og Amedia. Med utgangspunkt i det endra trusselbildet er det gjennomført ei undersøking av informasjonssikkerheit og personvern i fylkeskommunen, jf. sak T-30/22. Viktige føremål med undersøkinga har vore å avdekke eventuelle sårbarheiter og gi tydelege innspel til kvalitets- forbetrande og førebyggande tiltak. Nokre av desse tiltaka medfører auka kostnader i form av proaktive tenester innan internkontroll, analyse og monitorering av IT-infrastruktur, samt avtalar for reaktive tenester ved eventuelle angrep på vår IT- infrastruktur.

Universell utforming (UU):
EU sitt webdirektiv (WAD) og WCAG 2.1 trer i kraft 01.02.23. Dette stiller strenge krav til universell utforming både av nettsider og dokument. UU-tilsynet har varsla at dei framover vil køyre ei rekke tilsyn for å sjå til at offentlege verksemder oppfyller krava i WAD- og WCAG 2.1 direktiva. Dette inneber og eit krav om tilgjengeerklæring på nettsidene våre. Denne tilgjengeerklæringa vil stille større krav til oppfølging i frå oss på det som gjeld UU. Vi må få på plass ei digitalisert løysing slik at dokumenta vi produserer oppfyller dei nye krava. Kostnader knytt til ei digitalisert løysing er omlag 100 000 kroner første året (lisens og implementering), og årleg lisenskostnad på 70 000 kroner.

Digi Møre og Romsdal
Digi Møre og Romsdal, som ein del av Møre og Romsdal 2025, går frå 2023 over i ei anna driftsform der deltakarkommunane og fylkeskommunen skal betale ein medlemskontingent. Møre og Romsdal fylkeskommune skal bidra med 1 krone per innbyggar. Det er difor lagt inn 267 000 kroner for å dekkje vår medlemskontingent.

Pålegg etter tilsynsrapport frå Arkivverket. Hausten 2020 gjennomførte Arkivverket arkivtilsyn i fylkeskommunen. Av tilsynsrapporten går det fram at fylkeskommunen må lage ei konkret plan for uttrekk og deponering av ephorte for perioden 2002-2008, og ei plan for ordning og listeføring av bortsett, eldre og avslutta papirarkiva, samt ei berekning av kostnader og finansiering. Ei kartlegging av fylkeskommunen si samla arkivmengde på fylkeshuset og ute i skolane er gjort. Interkommunalt Arkiv (IKA) har ut frå dette berekna det samla behovet for arkivplass til 1 977 hyllemeter. Det har ikkje vore gjort synfaringar frå IKA si side, slik at omfanget og kompleksiteten av arkiva kan innverke noko på behovet for arkivplass. IKA har berekna ein årleg pris av 1,9 mill. kroner over ein periode på 7 år, med oppstart i 2023.

Oppfølging av regional plan for Ottadalsområdet. Dette er ein plan Møre og Romsdal fylkeskommune har vedtatt saman med Innlandet fylkeskommune og Vestland fylkeskommune og vi har derfor eit felles ansvar for oppfølging. Det skal i følgje plan og bygningslova skje gjennom eit handlingsprogram. Det er semje mellom dei tre fylkeskommunane om å dele på ein felles 20 prosent stillingsressurs til arbeidet, dvs. at vår del er på 100 000 kroner fom 2023. I tillegg er kvar fylkeskommune er utfordra på å gå inn med ein eingongssum på 50 000 kr til å fullføre arbeidet og til iverksetting av tiltak i 2023. For å følgje opp villreinplan Ottadalsområdet blir det sett av 150 000 kroner i 2023 og 100 000 kroner årleg resten av perioden. Hausten 2022 starta arbeidet med å få på plass handlingsprogram.

Koordinering av fylkeskommunen sin innsats for klima og miljø. I RPS er eit av dei langsiktige måla er at vi skal bli miljøfylket nr 1. For å koordinere og styrke fylkeskommunen sin innsats vart det tilsett 3-årig prosjektstilling som klima- og miljøkoordinator. Oppgåvene innan klima- og miljø har auka og det er behov for denne koordinatoren også framover, m.a. til oppfølging av klimabudsjett og klimarekneskap, søke midlar frå nasjonale og internasjonale tilskotspostar og bidra inn i dei tre klimanettverka som kommunane har starta opp i fylket. Stillinga blir derfor gjort fast og seksjon for plan blir frå 2025 styrka med 1 mill. kroner til lønns- og kontorkostnad for stillinga.

## 5.2 Driftsrammer

### 5.2.1. Driftsramme - D01 fellesutgifter og utgifter til fordeling

Fylkeskommunen sine sentrale fellesfunksjonar som er avgjerande for heile organisasjonen si oppgåveløysing og som vert handtert frå stabsnivå blir budsjettert under fylkeskommunedirektøren sitt fellesansvar. Døme på dette er lisensar og serviceavtalar av alle modulane ved IT, økonomisystema og det elektroniske sak- og arkivsystemet. Viser vidare til digitaliseringssatsinga og Program for nye digitale arbeids- og samhandlingsformer, jf. pkt. 5.3.2 under investering. Løyvinga skal også dekke ymse kontingentar, til dømes KS, Vestlandsrådet og Interkommunalt arkiv (IKA) for Møre og Romsdal, samt husleige for arbeidsplassar i Kristiansund.

Det er foreslått følgande driftsramme for fellesutgifter og utgifter til fordeling som omfattar heile fylkeskommunen for økonomiplanperioden:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| D01 Fellesutgifter og utgifter til fordeling | 42 602 | 57 339 | 68 624 | 62 417 | 58 449 | 58 192 |
| **D01 Fellesutgifter og utgifter til fordeling** | **42 602** | **57 339** | **68 624** | **62 417** | **58 449** | **58 192** |

Driftsramma inneber følgande endringar i budsjettramma i planperioden:

**Frå 2023:**

- Ramma er auka med ein årleg lisens- og supportkostnad for designoverbygg for Microsoft 365 til intranett på 260 000 kroner.
- For å utvikle nye nettsider og implementere ei ny plattformløysing er ramma auka med 500 000 kroner. Dette er ein eingongskostnad for 2023.
- Ramma er auka med 300 000 kroner til årlege lisenskostnadar for vedlikehald og support av dei nye nettsidene.

- For kvalitetssystem er ramma auka med 350 000 kroner i 2023 til dekning av lisensar, vedlikehald og brukarstøtte. Systemet blir tatt i bruk frå 2. kvartal 2023.

- Ramma er auka med 200 000 kroner i 2023 for opplæringskostnader knytt til implementering kvalitetssystemet.

- For å dekke årlege kostnader første driftsår nytt verksemdstyringssystem (økonomiplan, budsjett, planer, rapportering, politikarmodul o.l.), vert ramma styrka med 535 000 kroner i 2023. Dette vil dekkje lisensar, vedlikehald, brukarstøtte og liknande.

- Ramma er auka med 2 mill. kroner for etablering, innføring og opplæring av verksemdstyringssystemet (eingongskostnad).

- For sette opp det nye sak- og arkivsystemet i skya, og for å dekkje halvårsverknad på tilhøyrande lisensar og opplæring er ramma for 2023 auka med 2 mill. kroner. Midlane leggast til ramma til fylkeskommunedirektøren.

- For å opprette ein skjemamodul er ramme til fylkeskommunedirektøren er auka med 300 000 kroner. Av desse skal 100 000 kroner dekke etablering og opplæring i 2023. 200 000 kroner vert vidareført og skal dekke dei årlege drifts- og lisenskostnadane.

- EU sitt webdirektiv (WAD) og WCAG 2.1 trer i kraft 01.02.23. Kostnader knytt til ei digitalisert løysing for inntil 500 brukarar er omlag 100 000 kroner i første året (lisens og implementering), og deretter årleg lisenskostnad på om lag 70 000 kroner frå 2024.

- Som ein del av ei samla digital HR-løysing er ramma auka med 150 000 kroner til innkjøp og implementering av rekrutteringsmodul frå 3. kvartal 2023. Midlane vert lagt til fylkeskommunedirektøren sin ramme.

- Til innkjøp og implementering av digital personalhandbok blir det i 2023 ei auke i ramma på 150 000 kroner. Til årlege lisensar er det ei auke på 90 000 kroner frå 2024.

- Det er berekna ei auke på 400 000 i kroner i årlege lisensar knytt til e-Handelsprosjektet. Midlane er lagt til ramma til fylkeskommunedirektøren frå 2023 og vidare.

- Kontingenten til KS blir auka med 100 000 kroner frå 2022 til 2023. Beløpet er lagt til ramma til fylkeskommunedirektøren frå 2023 og vidare.

- Ramma blir auka med 267 000 kroner til å dekkje medlemskontingent i Digi Møre og Romsdal.

- I budsjettendringssak T-14/22 vart det vedteke ei auke i ramma på 2,2 mill. kroner til utviklingsmidlar Campus Kristiansund. Grunna den svært pressa økonomiske situasjonen vert utviklingsmidlane redusert med 300 000 kroner i 2023 (totale prosjektmidlane vert dermed på 1,9 mill. kroner i 2023 og i 2024).

- Til oppfølging av villreinplanen for Ottadalsområdet blir det i 2023 sett av 150 000 kroner. Reduserast til 100 000 fom 2024.

- Utføring av pålegg etter tilsyn frå Arkivtilsynet hausten 2020. Ramma til dokumentsenteret er auka i åra 2023-2029 med 1,9 mill. kroner.

- Sikkerheitstesting (penetrasjonstest) av infrastruktur (frå Internett og frå innsida) bør gjennomførast årleg for å sikre god nok kontroll av tiltak og rutinar på IT-området innafor Informasjonssikkerheit. Dette er anbefalt av Norsk sikkerhetsmyndighet (NSM ) og også påpeikt av KPMG i deira gjennomgang av Informasjonstryggleik og personvern i fylkeskommunen, jf. sak T-30/22. Ramma er auka med 400 000 kroner.

- Risikoen for eit angrep på Møre og Romsdal fylkeskommune er stor. Viss ein angripar skulle lukkas med eit omfattande cyberangrep er det kritisk at fylkeskommunen har ein god beredskap og avtalar om bistand. Slik støtte kallas eit incident response team (IRT) og blir tilbydd av norske IT sikkerheitsmiljø. Ramma er auka med 500 000 kroner.

- Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM) er fagorgan for førebyggande sikkerheit, og sikkerheitsmyndigheit etter lov om nasjonal sikkerheit. NSM anbefaler verksemdene om å kontinuerleg overvake og analysere loggar frå dei ulike serverane, nettverkskomponentane og brukarane. Eksempelvis gjennom ei programvare som avdekke truslar ved å analysere loggar. Ramma er auka med 1 mill. kroner.

**Frå 2024:**

- Heilårskostnad for kvalitetssystem er frå 2024 berekna til 450 000 kroner, dvs. ein auke på 100 000 kroner frå 2023.

- Opplæringskostnader knytt til implementering kvalitetssystemet er berekna til 250 000 kroner i 2024, dvs. ei auke på 50 000 kroner. Gjelder tom 2024.

- Innfasinga av nytt sak- og arkivsystemet vart ferdigstilt i 2023, og ramma skal reduserast med 1,35 mill. kroner. Årleg kostnad i 2024 vil etter dette vere på 650 000 kroner.

- For å dekke årlege kostnader (heilårsverknad) for nytt verksemdstyringssystem, vert ramma styrka med 500 000 kroner. Dette vil dekkje lisensar, vedlikehald, brukarstøtte og liknande.

- For å dekkje øvrige lisenskostnadar til ei heilskapleg digital HR-løysing styrkast ramma til Fylkeskommunedirektøren med ytterlegare 150 000 kroner i 2024. Midlane skal dekkje kostnader til fleire delløysingar.

- Det ligg allereie 2 mill. kroner til seksjon for berekraftig samfunnsutvikling til samarbeidsprosjekt med kommunane om kompetanseheving innan berekraftig by- og tettstadutvikling for år 2022 og for år 2023. Beløpet blir trekt ut igjen frå 2024. Nye midlar blir vurdert etter vedtak om Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader. Sjå elles omtala i kapittel 3.2.

- Villreinplanen for Ottadalsområdet blir redusert frå 150 000 kroner til 100 000 i 2024, dvs. ein reduksjon på 50 000 kroner.

- Ramma reduserast med 781 000 kroner i forbindelse med omstilling 2024. jf. Fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3

**Frå 2025:**

- For å dekke dei årlege husleigekostnadane for dei fylkeskommunale arbeidsplassane ved Campus Kristiansund frå 2021 til og med 2024 vart det lagt inn totalt 3,261 mill. kroner i budsjettet, sjå elles T-41/20 og 14/22. Beløpet vert trekt ut igjen frå 2025.

- Det nye sak- og arkivsystemet har heilårsverknad frå 2025. Ramma til Fylkeskommunedirektøren reduserast med 250 000 kroner etter utfasing av gamalt system, slik at ny årleg kostnad vert på 400 000 kroner.

- I budsjettendringssak T-14/22 vart det vedteke ei auke i ramma på 2,2 mill. kroner til utviklingsmidlar Campus Kristiansund. Grunna den pressa økonomiske situasjonen vert utviklingsmidlane redusert til 1,9 mill. kroner i 2023 og 2024. Restbeløpet går ut i 2025, dvs. at ramma reduserast med 1,9 mill. kroner.

- Villreinplanen for Ottadalsområdet ferdigstillast i 2025. Ramma reduserast med 100 000 kroner.

**Frå 2026:**

- Viser til sak T-104/21 der det vart løyvd 250 000 kroner til Lyntogforum, for 2022-2025. Ramma reduserast med 250 000 kroner frå og med 2026.

## 5.2.2 Driftsramme - D02 Politisk verksemd

Denne utvalsramma omfattar heile den politiske verksemda med unntak av kontrollutvalet og fagskolestyret.

Ein ny modul som gjer avvikling av møta enklare, er kjøpt inn, gitt opplæring i og tatt i bruk. Talet på møter har auka og det er eit ønske å oppretthalde dagens møteaktivitet. Alle dei fire fylkestinga skal avviklast over tre dagar i 2023.

I sak T-10/21 vedtok fylkestinget at ungdomspartia til dei partia som er representert på fylkestinget skulle få stemmestøtte frå fylkeskommunen i 2021. 300 000 kroner vart dekt frå fylkesutvalet sin reservepost. Vidare skulle den årlege stemmestøtta til ungdomspartia fastsettast i økonomiplana.

Det er foreslått følgande driftsramme for politisk verksemd for økonomiplanperioden:

(i 1000 kroner)

| Ramma | | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| D02 | Politisk verksemd | 27 231 | 25 644 | 27 380 | 25 450 | 26 457 | 25 450 |
| **D02** | **Politisk verksemd** | **27 231** | **25 644** | **27 380** | **25 450** | **26 457** | **25 450** |

Driftsramma inneber følgande endringar i budsjettramma i planperioden:

**Frå 2023:**

- I samband med fylkestingsvalet i 2023 er det budsjettert med 1 mill. kroner til å avvikle valet.

- Lærlingrådet etablerast i frå 2023, og er operativt frå hausten 2023. Ramma er difor auka med 100 000 kroner i 2023, og 200 000 kroner i frå 2024 og vidare.

- Det blir i samband med ny valperiode budsjettert med 700 000 kroner til kjøp av digitalt utstyr til folkevalde. Dette vil bli vurdert som ei støtteordning til kjøp av slikt utstyr. Dette blir å sjå i samanheng med at fylkeskommunen skal gå til innkjøp av nytt sak- og arkivsystem med modul for utvalsbehandling/eventuell «politikarportal». Gjeld berre for 2023.

- 270 000 kroner i reduksjon i forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer jf. Fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- Midlar til fylkestingsvalet trekkast ut, dvs. 1 mill. kroner

- Ytterlegare reduksjon på 318 000 kroner i forbindelse med omstilling jf. Fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2025:**

- I samband med stortingsvalet i 2025 er det budsjettert med 1 mill. kroner til å avvikle valet.

**Frå 2026:**

- Midlar til stortingsvalet trekkast ut, dvs. 1 mill. kroner

## 5.2.3. Driftsramme - D03 stabsfunksjonane

I denne utvalsramma ligg driftsbudsjett til desse sentrale stabsfunksjonane: stab for organisasjon og tenesteutvikling, stab for juridiske og administrative tenester og stab for strategi og styring, samt fylkeskommunedirektøren.

Det er foreslått følgande driftsrammer for stabsfunksjonar for økonomiplanperioden:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 03 Stabsfunksjonar ekskl. Bygg- og eigedomsavd. | 131 947 | 124 322 | 129 599 | 123 938 | 123 938 | 121 809 |
| **D03 Stabsfunksjonar** | **131 947** | **124 322** | **129 599** | **123 938** | **123 938** | **121 809** |

Driftsramma inneber følgande endringar i budsjettramma i planperioden:

**Frå 2023:**

- I samband med etableringa av E-handel er det tilsett ein E-handelsrådgjevar. Ramma til Innkjøpsseksjonen er auka med heilårsverknad på 850 000 kroner frå og med 2023.

- Heilårsverknad for stilling som fagleiar for kvalitetsarbeid og internkontroll er lagt inn med ei auke på 430 000 kroner til Stab for strategi og styring frå 2023.

- Det er budsjettert med 600 000 kroner til ny stilling som avtaleforvaltar og innkjøpsansvarleg på IT-området (halvårseffekt i 2023). Stillinga vil ha ansvar for innkjøpsprosessar og forvaltning av felles rammeavtaler på IT-området. Vidare vil stillinga ha ansvar for nokre programvareavtaler på fag- og tenesteområda der systemeigarane treng bistand. I tillegg skal vedkommande bistå med det operative arbeidet knytt til implementering av applikasjonsforvaltninga, jf. krav og anbefalingar knytt til oppfølging av informasjonssikkerheit, personvern og IT-beredskap.

- Digitaliseringssamarbeidet reduserast med 750 000 kroner i 2023 (sak T-14/20 «Tverrsektorielle prosjekt - status og finansiering»). Utgår frå 2024.

- I sak T-41/22 «Etablering av «United Cities Internship Program på Campus Kristiansund» vedtok Fylkestinget å løyve 4,5 mill. kroner i støtte for 2022/23 under føresetnad av at Kristiansund kommune, United Cities og eksterne sponsorar går inn som samarbeidspartnarar. Seksjon for berekraftig samfunnsutvikling har ansvaret for prosjektet, og 3 mill. kroner av løyvinga er sett av for 2023. Prosjektleiar skal vere tilsett i Møre og Romsdal fylkeskommune, og programmet skal evaluerast i 2023 før vidare drift avklarast. Føresetnadene er oppfylte, og programmet starta 19. september 2022. Gjelder berre for 2023.

- I sak T-42/22 "Campus Kristiansund – prosjekt utvikling av nye utdanningar" vedtok Fylkestinget å løyve 4,5 mill. kroner til eit 3-årig prosjekt som skal arbeide for å få etablert nye høgare utdanningar på Campus Kristiansund. Løyvinga går inn i ramma med 1,0 mill. kroner per år for 2023, 2024 og 2025.

- Auka ramma til klima- og miljøkoordinator med 500 000 kroner. Stillinga var i utgangspunktet ei prosjektstilling over 3 år (2022-2025), men vert gjort permanent frå og med 2025.

- 1,99 mill. kroner i reduksjon i forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer jf. Fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- I sak T-14/20 «Tverrsektorielle prosjekt - status og finansiering» vedtok fylkestinget å auke ramma for «Berekraftfylket», «Digitaliseringssamarbeid» og «Campus Kristiansund». Frå 2024 er ramma redusert med 2 mill. kroner til "Berekraftfylket" i seksjon for berekraftig samfunnsutvikling.

- Digitaliseringssambeidet blei avslutta i 2023 og reduserast derfor med 750 000 kroner i 2024 (sak T-14/20 «Tverrsektorielle prosjekt - status og finansiering»).

- Grunna auka behov for støtte og oppfølging av kommunane til implementering av resultata av berekraftkartlegginga alle kommunane gjennomførte i 2021, vert prosjektet "Berekraftfylket Møre og Romsdal" styrka med 1,1 mill. kroner til ei prosjektstilling i 2024 og i 2025.

- Ytterlegare reduksjon på 2,412 mill. kroner i forbindelse med omstilling jf. Fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon.

**Frå 2025:**

- Inga endring.

**Frå 2026:**

- Prosjekt «Berekraftfylkes Møre og Romsdal» vert redusert med 1,1 mill. kroner.

# 5.3 Investeringar

## 5.3.1 Investering IT - 2023-2026

Det er foreslått følgande investeringsramme for planperioden:

i mill. kroner

| Investeringsprosjekt | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| IT-6011 Infrastruktur | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 1,4 | 5,6 |
| IT-6013 Samordna kommunikasjon | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,2 | 0,8 |
| IT-6016 Nettverk | 1,9 | 1,9 | 1,9 | 1,9 | 7,6 |
| **Sum fellesutgifter IT-seksjonen** | **3,5** | **3,5** | **3,5** | **3,5** | **14,0** |

**IT-området**
For 2023-2025 er det for kvart år lagt til grunn 3,5 mill. kroner i investering på IT-området. Her ligg midlar til fornying av nettverk infrastruktur, inkludert trådlaust nettverk for skolane, tannhelse og sentraladministrasjonen. I tillegg ligg det midlar til infrastruktur for «serverar» og lagring til fylkeskommunen sine IT-system.

# 6 BYGG- OG EIGEDOMSTENESTER

## 6.1 Samfunnsoppdraget

Bygg- og eigedomstenester har det overordna ansvaret for den fylkeskommunale bygningsmassen. Møre og Romsdal fylkeskommune eig i dag omlag 227.195 m2 fordelt på 164 bygningar. Porteføljen er forsikra for om lag 6,2 mrd. kroner. I hovudsak er dette bygningsmasse knytt til vidaregåande skoler. Fylkeskommunen har totalt 20 vidaregåande skolar og ein fagskole (med to lokasjonar). I tillegg leiger fylkeskommunen mykje areal knytt til tenesteproduksjon innanfor kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel. Bygg- og eigedomsavdelinga følgjer også opp fleire av desse eigedommane.

<u>Avdelingas ansvar er blant anna å:</u>

- Gjennomføre nybygg-/ombyggingsprosjekt.
- Gjennomføre rehabiliterings- og vedlikehaldsprosjekt.
- Delta i planlegginga av eksterne prosjekt kor fylkeskommunen skal leige eller delta med finansiering.
- Drifte den fylkeskommunale eigedomsmassen.
- Legge til høve for ein effektiv og verdibevarande forvaltning av bygningsmassen.
- Forvalte fylkeskommunen sin konsesjonskraft og sikring av kraft.
- Følgje opp kjøpte reinhaldstenester.
- Gi støtte til fagavdelingane knyt til oppfølging av leigeavtalar (inngåing av avtalar, oppseiingar og oppfølging i avtaleperioden).
- Forvaltning av fylkeskommunal eigedomsmasse (f.eks. kjøp og sal).
- Utarbeiding og oppfølging av strategiske planar for utvikling av fylkeskommunal eigedom (fysisk bygningsmasse og tomteområde).

<u>Endringar i oppgåver eller rammeføresetnader for planperioden</u>

- Det er vedteke å endre organiseringa av eigedomsavdelinga. Endringsbehova er i all hovudsak relatert til at fylkeskommunen over tid har tatt ei større og meir aktiv rolle inn i samarbeidsavtalar med kommunar og andre aktørar. Fylkeskommunen har tatt rolla som pådrivar og ofte initiativtakar, til å leie planlegging og gjennomføring av større bygg- og eigedomsprosjekt. Erfaringane frå desse samarbeidsprosjekta har vist at strategisk bruk av fylkeskommunens investeringsmidlar og eigedomsbehov har vore, og framleis kan vere med, på å realisere regionale behov gjennom stimulering i konkrete utviklingstiltak. For å nå desse måla vil det vere behov for å styrke bemanninga i avdelinga.

- Avdelinga tek over ansvaret for reinhald frå august 2023 og om lag 80 tilsette innan reinhald er planlagt overført til bygg- og eigedomstenester. Dette vil medføre budsjettendring i juni 2023 kor det overførast midlar til lønn, reinhaldsmateriell og -maskiner, samt leiing. Det gjennomførast ein eigen OU-prosess for dette med ein bredt samansett prosjektgruppe.

<u>Eksterne økonomiske verkemiddel (tilskotpostar, statlege prosjektmidlar og liknande)</u>

- Bygg- og eigedomstenester har noko eksterne inntekter gjennom utleige av tenester og eigedom til kommunar og andre.

- I tillegg får avdelinga mindre overføringar frå andre avdelingar og fylkeskommunalt eigde aksjeselskap for arbeid avdelinga gjer.

- Bygg- og eigedomstenester søkar Enova støtte ved gjennomføring av energiøkonomiserande tiltak/prosjekt. Inntektene frå Enova vil avhenge av kor mange prosjekt avdelinga gjennomfører årleg

## 6.2 Driftsrammer

Det er foreslått følgande driftsrammer i perioden 2023-2026:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 80 Bygg og Eigedom | 67 920 | 66 006 | 68 890 | 68 935 | 68 935 | 66 920 |
| **D03 Stabsfunksjonar** | **67 920** | **66 006** | **68 890** | **68 935** | **68 935** | **66 920** |

Det er innarbeida følgande endringar i budsjettet:

**Frå 2023:**

- 1,5 mill. kroner i auka ramme til ny stilling avdelingsleiar bygg- og eigedomsdrift.
- 1 mill. kroner i auka ramme til digitalisering av bygningsmassen (T-57/22).
- 450 000 kroner i reduksjon pga. effektivisering av drift (ein del av omstilling 2020).
- 1 mill. kroner i reduksjon pga. overføring til juridisk avdeling for bruk av tenester,
- 681 000 kroner i reduksjon i forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- 1 mill. kroner i auka ramme til digitalisering av bygningsmassen frå 1 mill. kroner i 2023 til 2 mill. kroner i 2024 (T-57/22).
- 100 000 kroner i reduksjon pga. effektivisering av drift (ein del av omstilling 2020).
- Ytterlegare reduksjon på 849 000 kroner i forbindelse med omstilling jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2025:**

- Inga endring.

**Frå 2026:**

- 2 mill. kroner i reduksjon på grunn av midlertidig bevilling til digitaliseringa av bygningsmassen frå 2023-2025.

# 7 KOMPETANSE OG NÆRING

## 7.1 Samfunnsoppdraget

Kompetanse- og næringsavdelinga har ansvar for vidaregåande opplæring og offentleg fagskole, opplæring i bedrift og karriererettleiing. Avdelinga har også ansvar for næringsutvikling, forsking, høgare utdanning, energi og grøn omstilling, forvaltning innan oppdrett og miljø, internasjonalt arbeid, integrering og utvikling av region og lokalsamfunn.

Å drive ein framtidsretta og berekraftig kompetanse- og næringspolitikk inneber å legge til rette for attraktive utdanningsløp tilpassa behovet til arbeids- og næringslivet. Arbeidslivet har stort behov for ny og oppdatert kompetanse, både ved rekruttering av nyutdanna og gjennom etter- og vidareutdanning. Å dimensjonere, modernisere og tilpasse utdanningsløp krev omstilling og tøff ressursstyring av tilbodssida. Samarbeid med høgskole og universitet om høgare utdanningsløp er også viktig både for gode overgangar mellom utdanningsnivåa, og for å sikre brei og god arbeidsplassdekning tilpassa behovet framover i arbeids- og næringslivet vårt.

Avdelinga arbeider nå med utvikling av ein fireårig Kompetansestrategi i tett samarbeid med utdanning, arbeids- og næringslivet. Denne vil legge langsiktige føringar for kompetansepolitikken, herunder det årlege arbeidet med tilbod, innhald og struktur i vidaregåande opplæring og fagskole. Det er mål om at Fylkesstrategi for kompetanse skal vere eit samlande nivå over fleire eksisterande fylkesstrategiar. Desse blir omgjort til delstrategiar under kompetansestrategien. Det er mål om å handsame Fylkesstrategi for kompetanse våren 2023.

I tillegg til lover og forskrifter som regulerer enkelte oppgåver, har kompetanse- og næringsavdelinga ressursar til utviklingsformål. Mål og retning for kompetanse- og næringspolitikken er nedfelt i Regional planstrategi (T-47/20), Fylkesplan (T-64/20), Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 (T-110/21), Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande skole 2021-2025 (T-46/22), Fylkesstrategi for forsking og innovasjon i Møre og Romsdal 2021-2024 (T-29/21), Fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid (T-6/22), Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring 2021-2025 (T-46/22), Fylkesstrategi for kvalitet (T-30/21), Fylkesstrategi for landbruk (U-122/22), Næringsstrategi for Vestlandet vedteke i Vestlandsrådet 02.09.21.

Det er tydelege nasjonale forventningar til fylkeskommunen si internasjonale rolle, og til at fylkeskommunen skal ta ei sterkare rolle i å mobilisere regionalt til internasjonalt samarbeid. Dette kjem mellom anna til uttrykk i regjeringas strategiar for norsk deltaking i Horisont Europa og Erasmus+ og i fleire stortingsmeldingar, for eksempel Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt, Meld. St. 5 (2019-2020) Levende lokalsamfunn for fremtiden, og Meld. St. 21 (2020-2021) Fullføringsreformen-med åpne dører til verden og fremtiden, og NOU 2020:12 Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn. Ny fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid for 2022-2027 byggjer på utgreiingane gjort i «Moglegheiter og utfordringar for Møre og Romsdal mot 2030, kunnskapsgrunnlag for Regional planstrategi og fylkesplan 2021-

2024». Fylkesstrategien tar derfor omsyn til dei nasjonale forventningar med regionale tilpassingar for vårt fylke.

Det er ei sterk oppmoding om å aktivt søke europeisk samarbeid og prosjekt i EU-/EØS-programma innanfor alle fagområde dei kommande åra. Gjennom europeiske samarbeid kan vi hente medfinansiering til utviklingsprosjekt og bidra til kunnskapsbygging og auka verdiskaping i regionen.

**Kompetanseområdet**

Kompetanseområdet skal sikre utdanningstilbod, god karriererettleiing og trening i arbeidslivet for om lag 10 000 elevar fordelt på 20 vidaregåande skolar, 2500 lærlingar, 7 ressurssenter, og ein fagskole. Tidlegare rammekutt på 100 mill. kroner gjer det krevjande, da skolestrukturen ligg fast og talet på klassar er uendra. Tøffe prioriteringar, samanslåing av skolar, kontinuerleg forbetringsarbeid og nye digitale arbeidsformer er nokre av tiltaka som blir sett i verk for å optimalisere drifta.

Søkinga til skoleåret 22/23 viser framleis at eit fleirtal av elevane vel yrkesfag (heile 59 prosent). Dette er ei positiv og ønska utvikling for arbeidslivet i regionen. Samtidig gir fleire søkarar til desse programområda nokre økonomiske utfordringar, då yrkesfagklassene er meir ressurskrevjande å drifte. Endra søkartal må sjåast i samanheng med elevframskriving, og det må gjerast vurderingar om ressurskrevjande utdanningsprogram bør samlast for å få til ei framtidsretta og effektiv drift.

Tabellen under viser reelle elevtal frå 2. inntaket 2022/2023 med elevframskriving.

| | Skoleår | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 20222023 | 20232024 | 20242025 | 20252026 | 20262027 | 20272028 | 20282029 | 20292030 | 20302031 | 20312032 | 20322033 | 20332034 |
| Nordmøre | 1699 | 1690 | 1674 | 1659 | 1654 | 1678 | 1642 | 1602 | 1536 | 1499 | 1491 | 1473 |
| Romsdal | 2156 | 2161 | 2106 | 2119 | 2135 | 2097 | 2093 | 2095 | 2070 | 1983 | 1971 | 1971 |
| Nordre Sunnmøre | 3473 | 3580 | 3580 | 3611 | 3699 | 3657 | 3649 | 3583 | 3577 | 3483 | 3423 | 3408 |
| Søre Sunnmøre | 1547 | 1515 | 1518 | 1559 | 1606 | 1575 | 1531 | 1468 | 1430 | 1388 | 1369 | 1356 |
| Møre og Romsdal fk. Skoler | 8875 | 8944 | 8878 | 8949 | 9094 | 9007 | 8916 | 8748 | 8613 | 8354 | 8253 | 8207 |




Elevtalsutviklinga sett opp mot det store kompetansebehovet i arbeidslivet i fylket betyr at vi må tenke oss godt om når vi planlegg tilboda i vidaregåande opplæring i fylket. Det må gjerast prioriteringar på kva utdanningar som er viktigast for arbeidslivet vårt, kvar desse skal ligge, og om det er mogleg å oppretthalde den desentraliserte skolestrukturen

vi har i dag. Dette må sjåast i samanheng med elevane sin rett til vidaregåande opplæring og rett til eit av tre søkte utdanningsprogram på vg1.

Det er eit sterkt ønske å sette i verk tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring i tråd med Fullføringsreforma, jf. Meld. St. 21 (2020-2021):

- Personar utan lovfesta rett til vidaregåande opplæring kan få moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse ved at det blir lagt til rette for innføring av utvida rett til vidaregåande opplæring frå 2023 i tråd med forslag om ny opplæringslov.
- Det er auka fokus på å stimulere til bruk av ordninga fagbrev på jobb. Målgruppa for ordninga er vaksne i arbeidslivet som har fullført grunnskole eller tilsvarande opplæring, og som har praksis frå lærefaget, men som har behov for rettleiing for å gå opp til fagprøve.
- Utvide og forsterke tilbod til dei som ikkje får læreplass (alternativ Vg3 i skole)
- Auka fokus på at fleire som allereie har studie- og yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring skal få tilbod om å ta eit fagbrev. Målgruppa inkluderer personar med omstillingsbehov og unge med studiekompetanse som ikkje er motiverte for eller kjem inn på høgare utdanning.
- Auka fokus på fleksibel og betre tilpassa opplæringsløp og styrke opplæringa for elevar som stryk eller står i fare for å ikkje bestå fag.
- For å vere klar for endringar som kjem i ny opplæringslov og auka behov og rettar knytt til vidaregåande opplærings for vaksne (VOV), har fylkeskommunen sett i gong eit arbeid med etablering av nettskole, omorganisering av Karriere Møre og Romsdal og omorganisering av VOV.

Sak U-104/22 viser at Møre og Romsdal fylkeskommune har avsett minst ressursar til vidaregåande skole sett mot andre fylke i landet. Dette til tross for at fylket har ein desentralisert modell og har færre elevar pr. skole. Samstundes viser kvalitetsmeldinga, sak T-30/21, at fylket vårt har den høgste gjennomføringsgraden i landet.

## VGO: Behovskorrigert netto utgift per innbygger




| | Møre og Romsdal | Agder | Nordland | Rogaland | Trøndelag | Vestland | Landet uten oslo |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2019 | 7 332 | 7 685 | 8 426 | 7 236 | 7 721 | 7 291 | 7 456 |
| 2020 | 6 854 | 7 447 | 8 114 | 7 037 | 7 370 | 7 138 | 7 173 |
| 2021 | 6 760 | 7 717 | 8 020 | 7 184 | 7 663 | 6 953 | 7 245 |

Kjelde: Agenda Kaupang, versjon 25.05.2022 vist sak U-104/22

I prosjekt «Omstilling 2020» fekk kompetanseområdet eit nedtrekk på 90 mill. kroner frå 2020 til 2023. Åra med rammekutt har vore krevjande, men skolane har følgt lojalt opp. I økonomiplan 2022-2025 med handlingsprogram for 2022 vart kompetanseområdet styrka med 20 mill. kroner. Styrkinga gjaldt berre for 2022 og er trekt ut i 2023.

For 2023 har kompetanseområdet fått eit ytterlegare nedtrekk med til saman ein prosent. Dette utgjer om lag 17. mill. kroner.

**Næringsområdet**

Næringsområdet har som mål å styrke rammevilkåra for næringslivet og mobilisere til nyskaping, forsking, utvikling, innovasjon og høgare utdanning for at regionen skal vere attraktiv og oppretthalde konkurransekrafta. Fylkeskommunen skal også arbeide for å styrke næringsgrunnlaget i kommunar som opplever redusert sysselsetting, og avdelinga koordinerer det internasjonalt retta arbeidet.

Møre og Romsdal har landets mest eksportretta næringsliv. Marknadar endrar seg på ein slik måte at grunnleggande omstillingar er tvingande nødvendig. Det er derfor eit mål å mobilisere til nyskaping, forsking, utvikling og innovasjon gjennom internasjonalt samarbeid for at regionen skal vere attraktiv og oppretthalde konkurransekrafta. Dette krev kapasitet til å utvikle prosjekt saman med regionalt næringsliv, kommunar og forskings- og innovasjonsmiljø. På grunn av stort arbeidskraftsbehov i næringslivet, vil det i 2023 bli ekstra fokus på internasjonale lærlingløp.

Skaparkraft er fylket si 10-årige satsing på berekraftig eksport. Møre og Romsdal har enno landets mest eksportretta næringsliv per sysselsett, men denne posisjonen er under press. Næringslivet er hardt råka av koronapandemien i Kina, klima og naturkrisa og krigen i Ukraina. Det er krevjande å halde eksportkanalar opne i verdshandelen, varetransporten har stoppa opp mange stader, det er stor mangel på råvarer og ulike innsatsfaktorar til mange bransjar. Energimangelen i Europa pga. krigen gjer at satsinga på fornybare energikjelder må akselerere. Omstillingsbehovet i næringslivet har vorte større det siste året.

Samfunnet er midt inne i ein tidsperiode med store utfordringar innan energi og det grøne skiftet. Stortinget vedtok einstemmig klimaplan for 2021-2030, Meld. St. 13 (2020-2021) med klare målsettingar og innsatsområde innanfor energiområdet. Fylkesplan 2021-2024 definerer tydelege klimamål, der tilgang til meir utsleppsfri energi er ein føresetnad for å nå klimamåla.

Det internasjonale energibyrået IEA peiker på behov for omlegging av energipolitikken for å nå klimamåla. Den 3.mars 2022 la dei fram ein 10 punkts plan for å få EU ut av Russlands gassgrep. Dette vil medføre en oppskalering av satsing på energiomlegging og fornybar energiproduksjon her heime.

Den 8. april 2022 la regjeringa fram si tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020-2021), «Energi til arbeid - langsiktig verdiskaping fra norske energiressurser».

Den siste tida er det også registrert sårbarheit knytt til vareflyt etter at Kina er ramma av den største smittebølga sidan Wuhan utbrotet for to år sida, noko som har fått samfunnet til å sjå behovet for å ruste seg for meir uavhengigheit. Dette betyr meir eigenproduksjon av varer som igjen vil føre til auka energibruk.

Vi står derfor framfor et stort behov for oppskalering av innsats for:

- å frigjere energi gjennom energieffektivisering og adferdsendring
- substitusjon frå fossil til fornybar energi
- ny fornybar energiproduksjon
- utbygging av infrastruktur for lav og nullutslepp

Innsatsen vil medføre langsiktig verdiskaping frå norske energiressursar, noko som er viktig for vidareutvikling av vårt samfunn og næringsliv med auka innovasjon, FOU, kompetanse med utdanningstilbod, økt konkurranseevne og næringsutvikling.




Figuren viser utviklinga av kraftbehov ved høgt scenario for Møre og Romsdal. Tabellen er utarbeidd av Elinett gjennom NVE. Dei er tildelt oppgåva som utgreiingsansvarleg for Regional kraftsystemutredning 2022, der fylkeskommunen også er representert.

Figuren viser også historisk utvikling av kraftforbruk og produksjon totalt i Møre og Romsdal frå 1996 – 2021, samt prognose for 2022- 2042 ut frå høgt scenario. Den viser at fylket var i balanse mellom produksjon og forbruk av elektrisk energi i 1998. Den viser ei formidabel utvikling i forbruk, mens produksjonskapasiteten har hatt en marginal utvikling. Dette medfører ei underdekning på 50 prosent. Prognosane viser ein kraftig vekst ut frå forventa elektrifisering.

Det er behov for å auke ressursinnsatsen innan energi og grøn omstilling frå 2023. Det er naturlig at dei nye energiprosjekta blir finansiert og gjennomført i regi av Skaparkraft.

### 7.1.2 Viktige endringar i oppgåver eller økonomiske føresetnader i planperioden – utfordringar framover

#### Kompetanseområdet

- Elevframskrivinga visar ein nedgang i elevtal, noko som gir mindre statlege overføringar. Dette utfordrar skole- og tilbodsstrukturen i åra som kjem. Dersom fylket skal modernisere og utvikle attraktive utdanningsprogram, krev dette kompetansepolitiske grep i form av tøffe omprioriteringar av ressursar i komande økonomiplanperiode.

- Frå hausten 2022 blir det oppretta fire nye innføringsklassar for flyktningar mellom 16-19 år som ikkje rakk søknadsfristen 1 mars. Gruppa består hovudsakleg av ukrainske elevar. Det er ei forventning om at kostnaden på om lag 8 mill. kroner blir refundert frå staten.
- Nye krav til kvalitetsikring og gjennomføring av privatisteksamen medfører auka kostnad på 1 mill. kroner pr. år, da alle eksamenar skal gjennomførast digitalt i nytt eksamen gjennomføring system (EPS). Den økonomiske situasjonen tilseier at kompetanse- og næringsområdet må dekke dette innanfor eksisterande ramme frå 2023.
- Ressursen til PP-tenesta skal aukast med 30 prosent frå 2023, jfr. UDK-2/22. Seksjon karriere og oppfølging blir styrka med 6,3 mill. kroner i komande økonomiplanperiode for å realisere dette vedtaket.

**Næringsområdet**

- Det er store behov for frigjering av energi gjennom energieffektivisering, omlegging frå fossil til fornybar energi, utvikling av ny fornybar energiproduksjon og utbygging av infrastruktur for lav- og nullutslepp. Det blir ikkje lagt inn forslag til auke i noverande økonomiplan for å imøtekome desse utfordringane.
- Ressursinnsats innan energi og grøn omstilling til å generere og mobilisere til nye energiprosjekt i fylket blir finansiert i Skaparkraft.
- I tråd med satsing i ny fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid 2022-2027, blir det sett av ressursar til gjennomføring av tiltak i kommande økonomiplanperiode.
- Opplæring i bedrift er tildelt sekretær- og koordinatorfunksjon i 50 prosent stilling for det nyoppretta lærlingrådet i fylket, jf. sak T-9/22. Auka lønnskostnadar utgjer 0,5 mill. kroner og tapt arbeidsforteneste og møte- og reisegodtgjersle for rådsmedlemmane berekna til 0,5 mill. kroner, totalt 1 mill. kroner. Det er ikkje økonomisk dekning for å gjennomføre tiltaket frå 2023 og tiltaket er foreslått flytta til 2024.
- I tråd med satsing i ny fylkesstrategi for landbruk, blir det sett av ressursar innafor eiga ramme til gjennomføring av tiltak i kommande økonomiplanperiode.
- Det er eit auka behov for kompetanse på naturmangfald i takt med den grøne omstillinga, og fokus på arealbruk og tap av natur, berekraftig næringsutvikling og klimaendringar. Det er etterspurt meir rådgiving på viltforvaltning frå kommunar, grunneigarar og frivillige. Det blir avsett midlar i kommande økonomiplanperiode for å imøtekome desse behova.
- Fylkestinget vedtok i sak T-42/22 å styrke ramme 31 med 1,5 mill. kroner i 2023 og 1 mill. kroner årleg i perioden 2024-2025, til ei prosjektstilling i fagskolen i Møre og Romsdal. Stillinga skal nyttast til å bygge kvalitetssystem for å bli godkjent for fagområdeakkreditering i prosjektperioden.

### 7.1.3 Økonomiske verkemiddel

**Næringsområdet**

Fylkeskommunen forvaltar fleire statlege ordningar for regional utvikling. Det er gitt særskilde tildelingar og oppdrag frå ulike departement som ikkje er ein del av økonomiplanramma. Dei spesifikke ordningane har tilhøyrande retningslinjer, og midlane blir brukt til å støtte regionale utviklingsprosjekt som er forankra i fylkesplanen.
Ei foreløpig oversikt er lista opp her (tal frå framlegg til Statsbudsjett 2023):

| Ordning - formål | Oppdragsgjevar / finansieringskjelde | Fylkesramme 2023 |
|---|---|---|
| **Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling:** Fylkeskommunen gir oppdrag til Innovasjon Norge og Siva om bedriftsutvikling og nyskaping i heile fylket | Kommunal- og distriktsdepartementet. Statsbudsjettet kap. 553, post 61 | 64,566 mill. kroner (forslag Statsbudsjett 2023) |
| **Omstilling:** Med tilskot til omstilling skal fylkeskommunen bidra til ny vekst i lokalsamfunn som opplever stort tap av arbeidsplassar. | Kommunal- og distriktsdepartementet: Statsbudsjettet kap. 553, post 65 | 6,0 mill. kroner (forslag Statsbudsjett 2023) |
| **Regionalt forskingsfond Møre og Romsdal (RFF)** Møre og Romsdal er eigen regional forskingsfondsregion | Kunnskapsdepartementet: Statsbudsjettet kap. 286, post 60 | 10,064 mill. kroner (forslag Statsbudsjett 2023) |
| **FORREGION – forprosjektstøtte:** FORREGION skal stimulere til meir forskingsbasert innovasjon i bedrifter og kommunar og vil bli brukt i samanheng med RFF. | Norges Forskningsråd | 3,592 mill. kroner (forslag Statsbudsjett 2023) |
| **Tilskot på landbruksområdet:** Omfattar ordningane regionale tilretteleggingstiltak i landbruket, rekruttering og kompetanseheving i landbruket og tilskot til kystskogbruket. | Landbruks- og matdepartementet: Statsbudsjettet kap. 1150, post 50 | Ramme for 2023 ikkje kjend, for 2022 var den 4,8 mill. kroner |
| **Tilskot til breibandutbygging** Kommunane som kan søkje om støtte til utbygging av breiband i område der kommersielle aktørar ikkje finn det lønsamt. | Kommunal- og distriktsdepartementet: Statsbudsjettet kap. 541, post 60 | Nasjonal ramme 412,7 mill. kroner (forslag statsbudsjett 2023) |
| **Tilskot til vassmiljøtiltak** Skal gå til tiltak som forbetrar miljøtilstanden i vassførekomstar, overvaking, kartlegging og formidling. | Klima- og miljødepartementet: Statsbudsjettet kap. 1420, post 22.3 | Ramme for 2023 ikkje kjend, for 2022 var denne 2,7 mill. kroner |
| **Viltfond** Midlane skal gå til tiltak som kan auke kunnskap om, og verdiskapinga frå, dei haustbare viltartane. | Klima- og miljødepartementet: Statsbudsjettet kap. 1140, post 71 | Fylkesfordeling for 2023 ikkje kjend, overføring på 0,6 mill. i 2022. |
| **Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond** Overordna mål er å fremme ei berekraftig utvikling og auka verdiskapinga i marin sektor i Møre og Romsdal. | Utbetalingar frå Havbruksfondet kjem frå Fiskeridirektoratet. Retningsliner for fondet vart vedtatt av Fylkestinget 8. april 2019. | Saldo ved inngang til 2023 ikkje kjend p.t. Ramma for 2022 var på 25,08 mill. kroner |
| **Program for å styrke marint kunnskapsgrunnlag i Møre og Romsdal** Overordna mål er å få marine grunnkart i heile fylket, samt jobbe med kompetanseutvikling og digitale verktøy knytt til karta og marin arealplanlegging i lag med kommunane, akademia, næringsliv og forsking | Fylkestinget løyvde i sak T-18/22 inntil 50 mill. kroner av disposisjonsfondet til «Program for å styrke marint kunnskapsgrunnlag i Møre og Romsdal» i perioden 2022 -2032 | Framdrifta i programmet er usikker, og avheng bl.a. av nasjonal satsing. |

**Kompetanseområdet**

Eksterne økonomiske verkemidlar på kompetanseområdet (tilskotspostar, statlege

prosjektmidlar og liknande), er statlege øyremerka midlar som fylkeskommunen søkjer på og får tildelt:

| Ordning - formål | Oppdragsgjevar/ finansieringskjelde | Anslag for 2023 |
|---|---|---|
| **Lokal kompetanseutvikling (DeKom)**<br>DeKom-skole for 2022 er på totalt 3,785 mill. kroner, kor 2,271 mill. kroner kr går til Høgskulen i Volda som samarbeidspart for tiltak i dei vidaregåande skolane.<br>Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis for 2022 er på totalt 1 mill. kroner, kor 600 000 kroner går til Høgskulen i Volda til kartlegging og analyse av kompetansebehov. DeKom-yrkesfag nivå 2022: 2.468 mill.kroner | Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltar på vegne av Kunnskapsdepartementet | 4,5 mill. kroner i 2023 innan Dekom-skole,<br>Dekom-YF og kompetanseløftet |
| **Stipend til grunnutdanning PPU, PPU-Y og YFL:** Fylkeskommunen får om lag 2 500 000 kr årleg etter søknad. | Utdanningsdirektoratet på vegne av Kunnskapsdepartementet | 2,5 mill. kroner |
| **Yrkesfaglærar 2:** Fylkeskommunen fekk 0,588 millionar kroner for 2022 i ordninga. Midlane skal nyttast slik at fagpersonar frå arbeidslivet blir direkte involvert i opplæringa på yrkesfag. | Utdanningsdirektoratet på vegne av Kunnskapsdepartementet | 600 000 kroner |
| **Internasjonalisering i opplæringa**<br>Dei fleste eksisterande Erasmus+ prosjekta tilbake til 2019 har derfor fått utvida prosjektperiode, og fylkeskommunen og skolane vil ha anslagsvis ti millionar kroner til å gjennomføre internasjonale aktivitetar i 2022 og ut prosjektperioden for dei enkelte prosjekta. | Desse løyvingane kjem frå EU-kommisjonen og Erasmus+ programmet når prosjektsøknadar blir innvilga av HKdir. Regelverket til EU-kommisjonen er styrande for bruken av midlane i prosjekta. | 10 mill. kroner |
| **Kompetanse for kvalitet**<br>Årleg tilskot på om lag 11 mill. kroner til vidareutdanning av lærarar og skoleleiarar. Vidareutdanninga må sjåast i samanheng med kompetanseutviklingsplanar og er viktig både for kvalitets- og kompetanseutvikling i skolane. | Utdanningsdirektoratet på vegne av Kunnskapsdepartementet<br><br>https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kompetanse-for-kvalitet/id2439181/ | 11 mill. kroner |
| **Den teknologiske skolesekken:**<br>o Digitale læremiddel<br>o Programmering<br>For skoleåret 2022/23 er fylkeskommunen tildelt 1 046 892 kroner innafor digitale læremiddel. Ordninga skal stimulere til innkjøp av digitale læremiddel. Fylkeskommunen har fått tildelt 240 000 kroner til utstyr for programmering. | Utdanningsdirektoratet på vegne av Kunnskapsdepartementet | Tildelings-brev kommer til fylkes-kommunane ca. 1. juli når det gjelder programmering. |

| | | |
|---|---|---|
| **Utviklingsmidlar Fagskole:** I 2022 har vi motteke 2,2 mill. kroner i nasjonale utviklingsmidlar til fagskoleutdanninga. For å få tildelt slike midlar, krevst det ofte at fagskolane/fylkeskommunen bidreg med eigne midlar. | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 3 mill. kroner |
| **Forvaltning av statlege midlar til høgare yrkesfagleg utdanning**<br>Kompetanse- og næringsavdelinga har ansvar for å tildele statleg tilskot til fagskolar med studiestad i fylket og til fagskolar med nettbaserte tilbod, med kontoradresse i fylket. Møre og Romsdal vedtok kva kriteria som skal bli lagt til grunn for fordelinga av tilskot i sak T-45/22. Fagskolane, både private og fylkeskommunale må søkje driftstilskot for påfølgande studieår innan 15. desember. | Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse | 44 mill. kroner |
| **Nytt frå statsbudsjettet:**<br>I regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2023 er det foreslått å løyve til saman 969,5 mill. kroner til tiltak for fullføring i vidaregåande opplæring. Vi reknar med at Møre og Romsdal fylkeskommune vil få om lag 5% av ei slik løyving. | | 48 mill. kroner |

# 7.2 Driftsrammer

## 7.2.1 Driftsrammer Næringsområdet

Rammene er inndelt slik:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 58 Regional- og næringsavdelinga | 27 867 | 591 | | | | |
| 59 Tiltaksfondet | 11 234 | 12 257 | 12 114 | 12 114 | 12 114 | 12 114 |
| 60 Regionale prosjektssatsingar | 26 460 | 54 806 | 48 980 | 44 034 | 37 373 | 31 224 |
| 61 Tilskot etter samarbeidsavtale | 10 823 | 12 183 | 12 854 | 12 854 | 12 854 | 11 313 |
| 62 Ymse næringstenester | 19 928 | | | | | |
| **næringsutvikling** | **96 311** | **79 837** | **73 948** | **69 002** | **62 341** | **54 651** |

Det er gjort følgjande endringar i budsjettramma for planperioden.

**Frå 2023:**

- Ramme 59 Tiltaksfondet er redusert med 143 000 kroner i forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer jf. Fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon.
- Ramme 60 Regionale prosjektsatsingar er redusert med 5,826 mill. kroner. I forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer (resten av ramme for næring er tatt her), jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon.
- Ramme 61 Tilskot til samarbeidsavtalar er auka med 671 000 kroner.

**Frå 2024:**

- Ramme 60 Regionale prosjektsatsingar er redusert ytterlegare med 4,946 mill. kroner i forbindelse med omstilling jf. Fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon.

**Frå 2025:**

- Ramme 60 Regionale prosjektsatsingar er redusert med 6,661 mill. kroner i høve til ramma for 2024

**Frå 2026:**

- Ramme 60 Regionale prosjektsatsingar er redusert med 6,149 mill. kroner i høve til ramma for 2025
- Ramme 61 Tilskot etter samarbeidsavtale er redusert med 1,541 mill. kroner i høve til ramma for 2025

**Ramme 60: Regionale prosjektsatsingar**

Blir brukt til regionale, tidsavgrensa utviklingsprosjekt og andre særskilte satsingar. Prosjekt som blir gjennomført og avslutta mot slutten av økonomiplanperioden vil bli erstatta av andre prosjekt, som skal svare på utfordringar og utløyse potensiale som er aktuelt på det tidspunktet.

(i 1000 kroner)

| Ramme 60 - Regionale prosjektsatsingar | | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 1 | MobPro - mobilisering til forskingsprosjekt | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| 2 | GCE Blue Maritime | 1 000 | - | - | | |
| 3 | Gjennomføring av Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal | | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| 4 | Program for grøn omstilling av næringslivet | 5 000 | - | - | - | |
| 5 | Skaparkraft | 10 000 | 15 000 | 15 000 | 15 000 | 15 000 |
| 6 | Tilskot til bedriftsintern opplæring (BIO) | 6 000 | 6 000 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| 7 | Omstilling Geiranger verdsarvområde | 3 000 | 3 000 | 1 000 | - | |
| 8 | Fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal | 1 000 | 500 | 250 | | |
| 9 | Distrikts- og regionalpolitiske tilskot | 7 806 | - | 8 040 | 4 373 | 3 224 |
| 10 | Kartlegging av masse- og mineralressursar | 1 000 | 2 500 | 2 500 | | |
| 11 | Berekraftige heilårsopplevingar innan reiseliv, mat og kultur | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | |
| 12 | Utvikling av grunderhjelpa hoppid.no | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 13 | Ocean Seaweed Centre AS | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | |
| 14 | Overvaking av miljøtilstand Raudsand | 1 000 | | | 1 000 | |
| 15 | Næringsstrategi for Vestlandet | 1 000 | 500 | 244 | | |
| 16 | Kommunale næringsfond | 10 000 | 8 980 | | | |
| 17 | Internasjonale prosjektsatsingar | | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 18 | Auka innsats på naturmangfald | | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 19 | Marin arealplanlegging, forskingsprosjekt | | 1 000 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| | **Sum ramme 60** | **54 806** | **48 980** | **44 034** | **37 373** | **31 224** |

Forklaring til tabellen:

1. MobPro er Forskingsrådet og fylkeskommunen si felles satsing for å sette i gang fleire forskingsbaserte innovasjonsprosjekt i næringsliv og kommunar med liten forskingserfaring.
2. GCE Blue Maritime er ei moden klynge på det øvste nivået i det nasjonale klyngeprogrammet. Den regionale støtta blir avslutta frå og med 2023. GCE vil, som resten av klyngene i Møre og Romsdal, kunne søke om prosjektstøtte innanfor fylkeskommunen sine satsingsområde.
3. Ny fylkesstrategi for landbruk er vedteken hausten 2022. Det er sett av 1,5 mill. kroner årleg til iverksetting av tiltak i strategien (jf. sak T-58/22).
4. Program for grøn omstilling av næringslivet blir lagt til Skaparkraft frå 2023.
5. Skaparkraft er eit program som skal styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar, gjennom ei spissa satsing på grøne industrielle løft, kompetanse, smart teknologi og energi. Tildelte midlar over økonomiplanen vil bli kombinert med bruk av fondsmidlar, avsette midlar til disposisjonsfond (KNF-86/21) og andre offentlege midlar (sjå kap.
6. BIO-ordninga (bedriftsintern opplæring) skal gå uavkorta til bedrifter som ved større omstillingar kan få støtte til kompetanseheving av tilsette for å unngå oppseiingar.
7. I samarbeid med reiselivsnæringa og kommunane Stranda og Fjord, er det frå 2020 sett i gang eit omstillingsprosjekt for Geiranger og verdsarvområdet (Sak U-38/20 og sak T-42/20). Det er eit mål for prosjektet å kombinere tildelte midlar over økonomiplanen med andre offentlege og private tilskot og investeringar.
8. I 2017 vart det starta eit 3-årig prosjekt med mål om fleire statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal. Prosjektet er no ein del av programmet Møre og Romsdal 2025. Basert på ei utgreiing av nye moglegheiter for lokalisering av statlege arbeidsplassar i Møre og Romsdal, gjorde Fylkestinget i sak T-48/21 vedtak om å vidareføre arbeidet.
9. Midlane er tildelt over rammeløyvinga til fylkeskommunen i Statsbudsjettet. Tildelinga er basert på distriktsutfordringar i regionen, og skal nyttast til å støtte utviklingsprosjekt i distriktskommunar. I 2023 blir denne potten overført til kommunale næringsfond, sjå punkt 16.
10. Det er gjort avtale med Norges Geologiske Undersøkelse (NGU), jf. vedtak i KNF-32/22, om kartlegging av masse- og mineralressursar i fylket, som grunnlag for mogleg næringsutvikling i framtida. Prosjektet har eit totalbudsjett på 15 mill. kroner, der fylkeskommunen finansierer 50 prosent over ramme 60. Det er ein føresetnad i avtalen at NGU finansierer resten med statlege løyvingar, og at risiko for overskridingar i prosjektet og eventuelle supplerande arbeid ligg på dei.
11. Satsing med mål om å utvikle fleire berekraftige og verdiskapande heilårsopplevingar innan reiseliv, mat og kultur. Prosjektet er sett i gang, men alle midlane blir ikkje nytta i 2022 og blir overført til 2025.
12. hoppid.no tilbyr digital gründerhjelp, kombinert med eit nettverk av hoppid.no-rådgivarar i heile fylket, ulike kompetansehevingstiltak og tilskot til avklaring av forretningsidear. Denne posten vert kombinert med bruk av eksterne verkemiddel, til ein samla verdi av 5 mill. kroner, blant anna internasjonale prosjekt, tidlegare midlar frå statsforvaltaren og hoppid.no avklaringsmidlar.
13. Fylkestinget gjorde i sak T-40/21, vedtak om å sette av 2 mill. kroner årleg i driftskapital til selskapet Ocean Seaweed Centre AS. Selskapet har som formål å vere eit forskings- og utviklingssenter for taredyrking og -prosessering, lokalisert i Kristiansund. Etableringa har ikkje kome i gang i 2022 og midlane blir lagt til 2025.

14. Fylkestinget gjorde i sak T-48/21 vedtak om å følgje opp tidlegare vedtak om miljøforholda ikring deponiet, og sette av tilstrekkeleg med midlar til nødvendige prøvetaking i fjorden.
15. Næringsstrategien til Vestlandet vart behandla i T-74/21. Strategien blir følgd opp både gjennom:
    a. arbeidet i kvart fylke
    b. arbeidet i fellesskap for å kople næringsmiljø med potensiale for nye verdikjeder
    c. felles arbeid med å etablere «Næringspolitisk forum for Vestlandet»
    d. utvikle ei felles stemme frå næringsliv og politikk inn mot nasjonale myndigheiter for å sikre rammevilkår for nye konkurransedyktige eksportnæringar.
16. Midlar til kommunale næringsfond i distriktskommunane blir foreslått finansiert med "distrikts- og regionalpolitiske tilskot" frå Kommunal- og distriktsdepartementet, spesifisert i rammeløyvinga til fylkeskommunen over statsbudsjettet for 2023.
17. Internasjonale prosjektsatsingar få auka merksemd i kommande planperiode for å imøtekome forventning til å mobilisere regionalt til internasjonale prosjekt
18. Auka fokus på naturmangfald i tråd med regionale planar og strategiar.
19. Program for å styrke marint kunnskapsgrunnlag i Møre og Romsdal, jf. T-18/22.

## Ramme 61 Tilskot etter samarbeidsavtale

(i 1000 kroner)

| Ramme 61 - Tilskot etter samarbeidsavtale | | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 1 | Møreforsking | 2 185 | 2 292 | 2 292 | 2 292 | 2 280 |
| 2 | Regionale energisamarbeid | 1 575 | 1 652 | 1 652 | 1 652 | 1 643 |
| 3 | Fjord Norge AS | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| 4 | Møre og Romsdal reiseliv | 1 923 | 1 000 | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| 5 | Ungt entreprenørskap | 2 000 | 3 410 | 3 410 | 3 410 | 3 390 |
| 6 | NORSØK | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | |
| | **Sum ramme 61** | **12 183** | **12 854** | **12 854** | **12 854** | **11 313** |

Forklaring til tabellen:

1. Møreforsking AS er fylkets største og regionalt eigde forskingsinstitutt og fylkeskommunen gir årleg tilskot til grunnfinansiering. Fylkeskommunen eig 47,5 prosent av aksjane og stiftinga 0,9 prosent. Dei øvrige aksjane i Møreforsking AS er eigd av dei to høgskolane i fylket og NTNU (til saman 38,3 prosent) og Åkerblå (13,3 prosent). Tilskotet blir indeksregulert årleg.
2. Fylkeskommunen gir støtte med eit likt beløp til kvart av dei regionale energisamarbeida GassROR IKS og Tjeldbergodden Utvikling AS. GassROR IKS er eit samarbeid mellom kommunar i Romsdalsregionen, der 10 prosent av petroleumsrelatert eigedomsskatt går til næringsutvikling. Møre og Romsdal fylkeskommune eig 16,7 prosent av GassROR IKS og 3,9 prosent i Tjeldbergodden Utvikling AS. Begge selskapa har som formål å arbeide for næringsutvikling på brei basis i regionen. Tilskotet blir indeksregulert i 2023.
3. Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal samarbeider om utanlands marknadsføring av Vestlandet som reisemål gjennom Fjord Norge AS. I ein treårig avtale for 2021-2023 er det bestemt at Vestland skal dekkje 6 mill. kroner i året, medan Rogaland og Møre og Romsdal skal bidra med 3 mill. kroner kvar.
4. Møre og Romsdal Reiseliv er ein samarbeidsorganisasjon mellom destinasjonsselskapa og fylkeskommunen, for marknadsføring av Møre og Romsdal som reisemål på den norske marknaden. Avtalen er at fylkeskommunen og destinasjonsselskapa bidrar med eit likt beløp inn i fellesskapet. Organisasjonen fekk ekstraløyvingar under koronapandemien, og årsrapport for 2021 viste at Møre og Romsdal Reiseliv hadde eit overskot på om lag 2 mill. kroner og ein eigenkapital på nesten 4 mill. kroner. Møre og Romsdal reiseliv må ta i bruk denne eigenkapitalen til marknadsføringsaktivitet, og løyving over ramme 61 er difor redusert til 1 mill. kroner årleg i planperioden.
5. Støtte til Ungt Entreprenørskap sine aktivitetar i vidaregåande skole og høgare utdanning. Ungt Entreprenørskap har tidlegare også mottatt midlar frå Utdanningsavdelinga over fylkestingsramme D05. Utdanningsavdelinga og Regional og næringsavdelinga er no slått saman til Kompetanse- og næringsavdelinga og vi foreslår derfor å samle desse midlane under ei fylkestingsramme.
6. I tråd med sak T-104/21 er det gitt 1,5 mill. kroner i årleg tilskott til NORSØK i 2022-2025.

## 7.2.2 Driftsrammer Kompetanseområdet

Det er foreslått følgande driftsrammer for perioden 2023-2026:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| D05 Kompetanseområdet | 1 745 577 | 1 765 089 | 1 730 849 | 1 708 437 | 1 709 264 | 1 709 264 |
| **D05 Kompetanseområdet** | **1 745 577** | **1 765 089** | **1 730 849** | **1 708 437** | **1 709 264** | **1 709 264** |

**Frå 2023:**

- I forhold til 2022 er ramma auka med 825 000 kroner som følje av redusert inndekning av meirforbruk ved vidaregåande skolar.
- I forhold til 2022 er ramma redusert med 8,800 mill. kroner på grunn av vedtekne innsparingstiltak i samband med Omstilling 2020.
- I forhold til 2022 er ramma er auka med 3,15 mill. kroner for å styrke PP-tenesta, jamfør vedtak i sak UDK 2/22.
- Midlar til Ungt Entreprenørskap er frå 2023 foreslått flytta til fylkestingsramme D11 (utvalsramme 61), jamfør punkt 5 i forklaringa til tabellen for ramme 61. I forhold til 2022 er ramma derfor redusert med 1,250 mill. kroner.
- 17,38 mill. kroner i reduksjon i forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer, jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- I forhold til 2023 er ramma auka ytterlegare med 3,15 mill. kroner for å styrke PP-tenesta, jamfør vedtak i sak UDK 2/22. Heilårsverkinga totalt 6,3 mill. kroner.
- I forhold til 2023 er ramma er auka med 1 mill. kroner for å auke lærlingmedverknaden og opprette lærlingråd, jamfør sak T-9/22.
- I forhold til 2023 er ramma er redusert med 3 mill. kroner fordi den ekstra løyvinga som vart gitt til ekstra satsing på læreplassar i 2021 er planlagt brukt til og med 2023.
- Ytterlegare reduksjon på 21,392 mill. kroner i forbindelse med omstilling, jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del. I, kap. 2.3.

**Frå 2025:**

- Ingen endringar

**Frå 2026:**

- Ingen endringar

# Driftsrammer utvalsrammer

Det er foreslått slike driftsrammer i perioden:

(1000 kroner)

| | | REKN | BUD | ØKONOMIPLAN | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022-priser | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 05 | Atlanten vg. skole | 54 378 | 52 467 | 52 192 | 52 192 | 52 192 | 52 192 |
| 07 | Borgund vg. skole | 110 601 | 112 033 | 115 972 | 115 972 | 115 972 | 115 972 |
| 08 | Fagerlia vg. skole | 103 096 | 155 526 | 152 263 | 152 263 | 152 263 | 152 263 |
| 09 | Fannefjord vg. skole | 13 347 | 13 584 | 12 200 | 12 200 | 12 200 | 12 200 |
| 10 | Fræna vg. skole | 47 516 | 46 256 | 44 588 | 44 588 | 44 588 | 44 588 |
| 11 | Gjermundnes v.g. skole | 26 153 | 27 011 | 24 950 | 24 950 | 24 950 | 24 950 |
| 12 | Haram v.g. skole | 34 577 | 33 013 | 32 060 | 32 060 | 32 060 | 32 060 |
| 13 | Herøy v.g. skole | 37 849 | 36 430 | 36 047 | 36 047 | 36 047 | 36 047 |
| 14 | Kristiansund v.g. skole | 103 646 | 101 046 | 99 057 | 99 057 | 99 057 | 99 057 |
| 15 | Molde v.g. skole | 72 810 | 67 924 | 73 517 | 73 517 | 73 517 | 73 517 |
| 18 | Rauma vg. skole | 22 006 | 22 293 | 19 090 | 19 090 | 19 090 | 19 090 |
| 19 | Romsdal vg. skole | 113 601 | 103 824 | 98 696 | 98 696 | 98 696 | 98 696 |
| 20 | Spjelkavik vg. skole | 46 711 | 44 156 | 44 002 | 44 002 | 44 002 | 44 002 |
| 21 | Stranda vg. skole | 20 684 | 18 555 | 18 478 | 18 478 | 18 478 | 18 478 |
| 22 | Sunndal vg. skole | 32 374 | 29 504 | 28 260 | 28 260 | 28 260 | 28 260 |
| 23 | Surnadal vg. skole | 31 678 | 27 489 | 27 169 | 27 169 | 27 169 | 27 169 |
| 24 | Sykkylven vg. skole | 31 061 | 31 379 | 30 099 | 30 099 | 30 099 | 30 099 |
| 25 | Tingvoll vg. skole | 17 580 | 15 187 | 16 042 | 16 042 | 16 042 | 16 042 |
| 26 | Ulstein vg. skole | 59 571 | 58 114 | 54 835 | 54 835 | 54 835 | 54 835 |
| 27 | UPA - skolen | 5 426 | 5 876 | 4 876 | 4 876 | 4 876 | 4 876 |
| 28 | Volda vg. skole | 54 264 | 52 220 | 49 631 | 49 631 | 49 631 | 49 631 |
| 30 | Ørsta vg. skole | 43 676 | 41 298 | 42 553 | 42 553 | 42 553 | 42 553 |
| 32 | Ålesund vg. skole | 69 580 | 1 808 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 34 | Felleskostnader vg. skoler | 46 027 | 58 858 | 35 950 | 13 539 | 17 364 | 17 364 |
| 35 | Fagopplæring | 228 917 | 227 596 | 236 296 | 236 295 | 233 297 | 233 297 |
| 36 | Ressurssentra | 12 059 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 37 | Spesialundervisning | 195 377 | 223 361 | 223 361 | 223 361 | 223 361 | 223 361 |
| 38 | PP - tenesta | 19 788 | 21 015 | 24 165 | 24 165 | 24 165 | 24 165 |
| 39 | Oppfølgingstenesta | 10 167 | 11 230 | 11 230 | 11 230 | 11 230 | 11 230 |
| 40 | Vaksenopplæring i skole | -557 | 12 694 | 12 694 | 12 694 | 12 694 | 12 694 |
| 41 | Utdanningsavdelinga | 51 823 | 1 042 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 42 | Eksamenssekreteriatet | 3 507 | 3 503 | 3 500 | 3 500 | 3 500 | 3 500 |
| 44 | Gjesteelevar | -1 386 | -1 015 | -500 | -500 | -500 | -500 |
| 45 | Undervisning v/helse- og sosialinst. | 19 741 | 21 320 | 21 000 | 21 000 | 21 000 | 21 000 |
| 46 | Internat og kostordning | 6 327 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 47 | Kompetanseheving av personal | 1 570 | 9 137 | 9 000 | 9 000 | 9 000 | 9 000 |
| 48 | Ymse opplæringstenester | 30 | 157 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 49 | Kompetanse og næringsavdelinga | 0 | 79 198 | 77 576 | 77 576 | 77 576 | 77 576 |
| **D05** | **Kompetanseområdet** | **1 745 577** | **1 765 089** | **1 730 849** | **1 708 437** | **1 709 264** | **1 709 264** |

## 7.2.3 Investeringar

Det er foreslått følgande investeringar i økonomiplanperioden:

i mill. kroner

| Investeringer | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|
| Opprusting av bygningsmasse | 30,0 | 40,0 | 30,0 | 20,0 |
| Solenergianlegg | 2,5 | 5,0 | 5,0 | 5,0 |
| **Sum sentrale styringsorg./fellesutg.** | **32,5** | **45,0** | **35,0** | **25,0** |
| Utstyr/universell utforming/ ped. utforming skoler | 20,0 | 20,0 | 20,0 | 20,0 |
| Utstyr etter fagfornyinga | 8,0 | 12,0 | 5,0 | 5,0 |
| Undervisningsfartøy | 22,0 | 22,0 | 21,0 | |
| Talevarslingssystem, alle skoler | 12,5 | - | - | - |
| Spjelkavik Arena | 180,9 | 80,0 | - | - |
| Ørsta kultur- og kompetansesenter | 25,0 | 50,0 | 400,0 | 75,0 |
| Hustadvika vgs - marinefag | 38,0 | 10,0 | 5,0 | - |
| Gjermundnes vgs. | 45,1 | - | | |
| Borgund vgs | | 1,0 | 5,0 | 25,0 |
| Hustadvika vgs | 1,0 | 5,0 | 30,0 | 50,0 |
| Ulstein vgs - TPO/adm | 1,0 | 9,0 | 15,0 | 5,0 |
| Tingvoll vgs | 5,0 | | | |
| Videregående skoler i Kristiansund | | 1,0 | 8,0 | 25,0 |
| Herøy vgs | | | 1,0 | 5,0 |
| **Sum kompetanseområdet** | **358,5** | **210,0** | **510,0** | **210,0** |
| **Totalt bygningsmasse** | **391,0** | **255,0** | **545,0** | **235,0** |

### Opprusting av bygningsmasse

Den fylkeskommunale bygningsmassen er i hovudsak i god teknisk stand. Likevel har nokre bygg til dels store behov for opprusting. Bygg- og eigedomstenester har ikkje moglegheit til å redusere vedlikehaldsetterslepet berre med driftsmidlar. Frå 2021 fekk bygg- og eigedomstenester derfor auka investeringsmidlane til opprusting av bygningsmassen. Denne auken har gjort det mogleg å utbetre dei mest akutte bygningsmessige avvika.

Det vert hausten 2022 gjennomført nye kartleggingar av bygningsmassen til fylkeskommunen. Med bakgrunn i denne kartlegginga vil fylkeskommunedirektøren vurdere vidare behov for løyvingar, dette vert å kome attende til i overordna utviklingsplan i 2023.

For å kunne fortsette å lukke store bygningsmessige avvik og redusere opprustingsbehovet er det i økonomiplana foreslått å løyve 30 mill. kroner i 2023, 40 mill. kroner i 2024, og 30 mill. kroner i 2025 før ein går attende til ei årleg løyving på 20 mill. kroner frå 2026.

### Solenergianlegg

Det er satt av 2,5 mill. kroner i 2023, det same som blir brukt i 2022. Deretter er det sett av 5 mill. kroner pr. år til investering i solceller på fylkeskommunale bygg. I

økonomiplanperioden er det planlagt installert på Gjermundnes vgs, Borgund vgs, Hustadvika vgs, Fagerlia vgs, og Tingvoll vgs.

**Utstyr/ universell utforming / ped. ombygging**
Midlane blir brukt til å hjelpe skolane med innkjøp av utstyr dei ikkje greier å dekke over eiga ramme. I samband med nye læreplanar ser vi ein auke i behovet for nytt utstyr. Endringar i tilbod og behov for tilrettelegging for elevar krev kvart år tiltak med ombyggingar ved skolane.

**Utstyr etter fagfornyinga (LK20)**
I sak T-20/22 er løyvd midlar til innkjøp av læremiddel i samband med fagfornyinga, Meld. St.8 (2015-2016). I same sak bad fylkestinget om at fylkeskommunedirektøren kom tilbake med ei vurdering av behovet for investering i nytt utstyr til fagopplæringa etter fagfornyinga og det nye læreplanverket. I sak UDK 30/22 vart det lagt fram eit behov for investering av utstyr for å imøtekome nye krav i læreplanverket (LK20).

Skolane blir styrka med investering av utstyr for å imøtekome krav i nytt læreplanverk (LK20) i 2023 og vidare 5 mill. kroner årleg i resten av økonomiplanperioden.

**Undervisningsfartøy**
I inneverande økonomiplanperiode er det avsett 45 mill. kroner (2023) til investering av undervisningsfartøy ved Hustadvika vgs., Herøy vgs. og Ålesund vgs. Det er lagt ei tidsplan med tilbodsinnlevering etterfølgt av forhandlingar hausten 2022, med levering av endeleg tilbod primo november 2022. Det er i 2022 engasjert ekstern prosjektleiar for å leie arbeidet med behovskartlegging og anbodsprosess. Dette arbeidet viser at vi bør satse på ein båttype som er noko større enn først tenkt.

I læreplanen for utdanningsprogrammet fiske og fangst er det lagt vekt på berekraftig utvikling. Elevane skal kunne utforske og drøfte konsekvensane av eigen aktivitet med omsyn til uttak av ressursar og bruk av teknologi i marine økosystem. Det handlar òg om korleis moderne fiskeriaktivitet påverkar miljøet og ressurstilgangen og om korleis fangst skal handsamast om bord for å oppnå beste moglege kvalitet og pris for fangsten.

I eit undervisningsfartøy treng ein noko meir plass enn i eit ordinært fiskefartøy. Ved å auke båtens lengde frå 12 meter til 14,99 meter kan ein få plass til fleire elevar om bord. Ein kan då undervise ein heil klasse samstundes, slik at det då ikkje blir naudsynt med ein ekstra lærarressurs for den halve klassa som blir att på land. Vidare vil ei auke i båtstørrelse gje rom for at elevane samla sett kan ha meir undervisningstid om bord. Dette vil gje ei meir yrkesrelevant opplæring, gje betre trivsel blant elevar og tilsette, samt at kostnaden knytt til opplæringa vil bli redusert.

Ved å auke båtlengda vil det og bli enklare å rigge båten for ulike typar fiskeri utan store omstillingskostnader og ein vil få betre plass i styrehus og maskinrom slik at elevane kan få betre opplæring i navigasjon og vedlikehald av framdriftssystem.

Ein større båt blir og mindre vêravhengig. Dette gir elevane fleire skoledagar på sjøen og betre sikkerheit.

Dette gjer at prisen pr. båt vil bli høgare enn føresett. Samstundes har dei generelle prisane i denne marknaden auka betydeleg sidan vedtaket om bevilling blei fatta. Dette gjer at budsjettramma må aukast med 20 millionar kroner.

**Talevarslingssystem, alle skoler**

Anskaffing av talevarslingssystem til bruk ved uønskt hendingar og teknisk oppgradering av infrastruktur. Løyvinga i 2022 på 30,5 mill. kroner vert redusert med 12,5 mill. kroner som følgje av forsinka leveransar. Som ein konsekvens er 12,5 mill. kroner av løyvinga overført til 2023.

**Spjelkavik Arena**

Heilt frå Ålesundstrukturen (utviklingsplanar for skolane i Ålesund) vart vedteke i juni 2013 (T-38/13) har utbygging av ein storhall i Spjelkavik vore ein føresetnad.

Det endelege vedtaket av lokalisering av idrettsfag til Spjelkavik vgs vart fatta av fylkestinget i desember 2014 (T-66/14) i sak om Storhall i Spjelkavik.

Det er i dag omlag 300 ledige elevplassar på Spjelkavik vgs, i påvente av ny idrettshall og at idrettslinja skal flyttast til skolen.

Fylkestinget vedtok i juni 2022 (T-36/22) skisseprosjekt som grunnlag for vidare arbeid med Spjelkavik Arena. Idrettshallen er lokalisert ved Spjelkavik Idrettspark og er på om lag 6500m2 BTA med to handballflater, undervisningsrom, aktivitetsareal for kampsport, uthaldenheit og styrke, med tilhøyrande funksjonar.

Skisseprosjektet viser gode idrettsfunksjonelle løysningar både for breiddeidrett og bruk til kroppsøving, men også krav til topphandball. Arenakravet for elite og 1. divisjons spill med publikumskapasitet på 2000 personar er ivaretatt. Prosjektramme vart auka til 302 mill. kroner inkl. mva.

Oppstart for utføring av grunnarbeid er planlagt november 2022 og målsetninga er overlevering av bygget til skolestart 2024.

**Ørsta kultur- og kompetansesenter**

Ørsta vgs. er den skolen med dårlegast bygningsmasse i fylkeskommunens si portefølje. Analysar syner at det er økonomisk betre å bygge ny skole enn å bygge ut eksisterande bygg. Ørsta kommune vart invitert med i samarbeidet og det vert no planlagt å bygge ein ny vidaregåande skole saman med eksisterande kulturhus i Ørsta kommune. Slik kan ein nytte lokala ein større del av dagen, samt halde kostnadane nede. Prosjektet har fått namnet Ørsta kultur- og kompetansesenter (Ørsta KKS).

Det er bestemt at Ørsta KKS skal gjennomførast som eit samarbeidsprosjekt mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Ørsta kommune. Ørsta kommune skal eige sin del av bygget noko som betyr at dei også vil stå for si del av investeringa. Sjå vedtak U-17/22.

Arbeidet med å kjøpe tomter til prosjektet er i hovudsak gjennomført og for Møre og Romsdal fylkeskommune vil dette utgjere om lag 25 millionar kroner. Denne summen har

tidlegare ikkje vore med i kalkylen, men er no tatt høgde for. Tomtekjøpa vil bli utført som beskrive i samarbeidsavtalen, sjå sak U-17/22 med vedlegg.

Prosjektet er forsinka og skisseprosjektet blir ferdig stilt seinare enn først planlagt. Skisseprosjektet er no planlagt politisk behandla i april 2023. I høve til planlagt framdrift vil skolebygget stå ferdig april 2026. Prognosen for 2022 var opphaveleg satt ut i frå ei forventning om at entreprenør skulle ha begynt sine arbeider, men etter gjeldande framdriftsplan vil dette skje i 2024.

Den totale kostnaden knytt til prosjektet er foreløpig estimert til om lag 800 mill. kroner. Av denne totale kalkylen er om lag 200 mill. kroner knyt til Ørsta kommune sine funksjonar og vil bli dekt av Ørsta kommune, slik at Møre og Romsdal fylkeskommune sin del av prosjektet er estimert til om lag 600 mill. kroner. Det vil seie at sjølv om den totale kostnaden for prosjektet er auka, vil Møre og Romsdal fylkeskommune si investering være på om lag same nivå. Kalkylen er framlagt i skissekonseptet, prisane er frå februar 2022 i sak UBV 12/22 og vidare 90 mill. kroner for D-bygget, jf. sak T-47/22.

### Hustadvika vgs – marine fag

Hustadvika vgs leiger i dag lokalar til Vg1 naturbruk, Vg2 akvakultur, og Vg2 fisk og fangst i Bud. Lokala er for små og ikkje egna til bruken. I den samanheng byggas det nye praksislokalar. I sak T-32/21 i mai 2021 utvida fylkestinget ramma for prosjektet til 58 mill. kroner, og godkjente at mellom anna lokala til akvakultur framleis var med. I sak T-48/22 vart ramma auka med ytterlegare 35 mill. kroner.

### Gjermundnes vgs – driftsbygning

Fylkestinget vedtok i sak T-35/22 skisseprosjekt for undervisningsfjøsen på Gjermundnes vgs. I vedtaket godkjente Fylkestinget ei prosjektramme på 50 mill. kroner inkl. mva og inkl. ny veg og plansilo. Finansiering av prosjektet vert lagt inn ved rullering av økonomiplanen. I høve til planlagt framdrift vil fjøsen stå ferdig i løpet av 2023.

### Borgund vgs

I forbindelse med etablering av NMK i 2008 ble elektrofagavdelinga flyttet til «brakker» som ein midlertidig løysning fram til nybygg står ferdig. Nybygget skal også erstatte undervisning i leigde lokalar til Vg3 automasjon. Det vart i 2020 gjort mange tiltak for å sikre og utbetre bygga. Tilstanden i bygga er difor no slik at det på bakgrunn av den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen er anbefalt å utsette prosjektet nokre år. Byggeprogrammet ble vedteke i sak U-106/17, men stoppa i samband med økonomiplanbehandling i desember 2018. Det er behov for å utarbeide revidert funksjonsprogram for prosjektet. Prosjektet har i økonomiplana løyvingar i åra 2024-2026.

Prosjektet på Borgund vgs har ein estimert totalramme på 150 mill. kroner.

### Hustadvika vgs

Hustadvika vgs (tidlegare Fræna vgs) er ein skole som har store utfordringar både i høve til bygningsmessig tilstand og i høve til nok og riktig areal til undervisning. Skolen har hatt endringar i utdanningstilbod som har medført at til dømes byggfaghallen ikkje lenger

trengs til byggfag. Særskilt tilpassa opplæring held til i ueigna lokale som vart bygd om som eit akutt tiltak for om lag 10 år sidan. I samband med overordna utviklingsplan (T-32/22) vart skolen prioritert som nummer 9 i det 10-årige investeringsprogrammet. Dette er første plass etter dei prosjekta som allereie er vedtatt i investeringsplan 2022-25.

I fyrste omgang må det utarbeidast ein revidert utviklingsplan. Gjeldande plan baserer seg på eit anna elevtal og eit anna utdanningstilbod.

### Ulstein vgs – TPO/adm

Skolen har behov for ei mindre utbygging for plass til administrasjon og TPO-base (særskilt tilpassa opplæring). Nøyaktig omfang og plassering vert avgjort i høve til politisk reglementet for gjennomføring av byggeprosjekt. Det er foreløpig lagt til grunn 30 mill. kroner i investeringsbehov i økonomiplanperioden 2023-2026.

### Tingvoll vgs

I forbindelse med oppstart av nytt tilbod er det meld inn behov for ein garasje med verkstadfunksjon for naturbruk ved Tingvoll vgs. Det er sett av 5 mill. kroner til dette i budsjettet for 2023.

### Vgs i Kristiansund

Det er lagt inn midlar i planperioden i forbindelse med flytting til Campus. Fagskolen har i dag ein god del areal på Kristiansund vgs som vert ståande tomme etter utflyttinga til Campus Kristiansund hausten 2024. Både Atlanten vgs og Kristiansund vgs har behov for utbetring av bygningsmassen, samt ein del behov knytt til undervisningslokala. Korleis dette kan løysast må utgreiast før politisk handsaming. Det er foreløpig lagt til grunn 34 mill. kroner i investeringsbehov i økonomiplanperioden 2023-2026.

### Herøy vgs

Det er sett av planleggingsmidlar til ny vidaregåande skule i slutten av planperioden. I første omgang må det utarbeidast ny utviklingsplan for skulen. Dette er i høve til prioriteringa i overordna utviklingsplan (T-32/22). Det er foreløpig foreslått satt av 6 mill. kroner til utarbeiding av utviklingsplan i økonomiplanperioden 2023-2026.

### Kulturhamna Ålesund

Fylkestinget har i sak T-8/22 vedtatt at fylkeskommunen skal tilby seg å ta ei leiarrolle i etablering av Kulturhamna i Ålesund. I møter med administrasjonen i Ålesund kommune er det skissert ei løysing som i stor grad er identisk med fylkeskommunen sitt samarbeid med Kristiansund kommune om utbygging av Normoria – kulturhuset i Kristiansund. Dette betyr at fylkeskommunen går inn som eigar i eit utbyggingsselskap som står for bygging, utleige og drift av Kulturhamna i Ålesund. Fylkeskommunen sine kostnadar vert då eigenkapital i samband med stifting av selskapet, samt leigekostnadar for lokala til vidaregåande skole og administrasjon (fylkeshus). Fylkeskommunedirektøren kjem tilbake til denne saka på eit seinare tidspunkt.

# 7.3 FAGSKOLEN I MØRE OG ROMSDAL

Fagskolen tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning innan fleire yrkesfagfelt. Fagskolen i Møre og Romsdal har studiestader i Kristiansund og Ålesund, der det blir tilbydd heiltid- og deltidsstudiar som er framtidsretta og tilpassa næringslivets behov. Studia bygger på fagbrev frå vidaregåande skole og har eit praktisk retta fokus, slik at studentane kan gå rett ut i jobb etter ferdig studie. Nokre av faga er lagt opp til at det er mogleg å studere på deltid ved sidan av jobb. Etter samanslåing mellom Fagskolen i Ålesund og Fagskolen i Kristiansund blir den økonomiske ramma og resultat sett under eitt.

I sak T-42/22 er det løyvd 3 mill. kroner til ei 3-årig prosjektstilling i fagskolen Møre og Romsdal med oppdrag å bygge eit system for å bli godkjent for fagområdeakredittering i prosjektperioden. Stillingane vart finansiert med midlar frå fylkeskommunens sitt disposisjonsfond i 2022.

## 7.3.1 Driftsrammer

Det er forslått følgande driftsramme for i perioden 2023-2026:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| D06 Fagskolen i Møre og Romsdal | 11 542 | 17 577 | 21 307 | 28 954 | 28 954 | 27 452 |
| **D06 Fagskolen i Møre og Romsdal** | **11 542** | **17 577** | **21 307** | **28 954** | **28 954** | **27 452** |

Det er foreslått følgande endringar av ramma:

**Frå 2023:**

- Ramma er auka med 2,425 mill. kroner i forhold til 2022 som følgje av redusert inndekning av meirforbruk.
- Ramma er auka med 1,5 mill. kroner til inndekking av 3-årig prosjektstilling i fagskolen som skal nyttast til fagområde-akkreditering
- 220 000 kroner i reduksjon i forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- Ramma er foreslått auka med 8,0 mill. kroner. I samband med bygging av Campus Kristiansund, er det planlagt om lag 2000 $m^2$ nytt areal for Fagskolen Møre og Romsdal frå 2024. Dette utgjer ei årleg auke i husleigekostnad på 8 mill. kroner. Fagskolen har verken husleigeutgifter eller refusjonar for husleige til skolens lokalar i Kristiansund i dag, og auka må derfor i si heilheit innarbeidast frå 2024.
- Ramma er redusert med 0,5 mill. kroner i 2024 knytt til prosjektstilling i fagskolen.
- Ytterlegare innsparing på 363 000 kroner i forbindelse med omstilling jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, jf. Del I, kap. 2.3

**Frå 2025:**

- Ingen endring

**Frå 2026:**

- Ramma er redusert med 1,5 mill. kroner vedrørande 3-årig prosjektstilling i fagskolen med oppstart i 2023.

## 7.3.2 Investeringar

i mill. kroner

| Investeringer | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
| Utstyr fagskolen i Møre og Romsdal | 4,0 | 8,0 | 4,0 | 4,0 |
| **Totalt** | **4,0** | **8,0** | **4,0** | **4,0** |

For å sikre god kvalitet og relevans i fagskoleutdanninga må fagskolen ha midlar til nødvendig fornying av utstyr. Noko av midlane vil bli nytta som delfinansiering i prosjekt der ein søker om statlege utviklingsmidlar. Frå hausten 2024 vil Fagskolen i Møre og Romsdal flytte inn i nye lokale ved Campus Kristiansund. I samband med denne flyttinga vil det vere behov for ekstra investeringsmidlar.

# 8 TANNHELSETENESTE

## 8.1 Samfunnsoppdraget

**Tannhelsetenesta sine ansvarsområde**
Fylkeskommunen har etter tannhelsetenestelova (1984) ansvar for den offentlege tannhelsetenesta og skal sørge for at tannhelsetenester, medrekna spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle som bor eller mellombels oppheld seg i fylket. Fylkeskommunen skal organisere førebyggande tiltak for heile befolkninga og gje eit regelmessig, oppsøkande og gratis tilbod til:

- Gruppe A: Barn og unge frå 0-18 år.
- Gruppe B: Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon.
- Gruppe C: Grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie.

Rabattert tilbod blir gitt til:

- Gruppe D: Ungdom som fyller 19 eller 20 år i behandlingsåret.
- Gruppe G: Ungdom 21 og 22 år

Andre grupper som mottar offentlege tannhelsetenester er:

- Rusmiddelavhengige.
- Personar med psykiske lidingar som får poliklinisk behandling i spesialisthelsetenesta over ein periode på minimum tre månader.
- Innsette i fengsel.
- Personar som har blitt utsett for tortur, overgrep eller har odontofobi/tannbehandlingsangst (TOO-prosjekt).

Etter tannhelsetenestelova skal helsefremmande og førebyggande arbeid prioriterast framfor behandling. Dette føreset eit godt og forpliktande samarbeid med kommunane og andre samarbeidspartar. Tannklinikkar som er à jour med lovpålagt klientell gir også tilbod til vaksne, betalande pasientar (gruppe F). Totalt er 66 000 personar, eller vel 25 prosent av befolkninga i fylket, brukarar av den offentlege tannhelsetenesta.

### 8.1.2 Endringar i oppgåver og økonomiske rammeføresetnader i planperioden

**Oppfølging av Omstilling 2020**
Omstillingsprosjektet «Omstilling 2020» i tannhelsetenesta hadde som mål å sikre ein fullfinansiert tenestestruktur som føresetnad for rekrutterande og stabile fagmiljø. Tannhelsetenester er no i ferd med å effektuere dei strukturelle endringane gjennom nye bemanningsplanar i kvar kompetanseregion og utprøving av mobile behandlingseiningar. Ved inngangen til omstillingsprosjektet (2018) var talet på klinikkar 34. Frå 1.1.2023 vil det vere 26 tannklinikkar i drift og innan utgangen av økonomiplanperioden er talet på klinikkar redusert til 24. Det vil bli avgjerande for behandlingskvalitet og pasientryggleik at den økonomiske driftsramma dei kommande åra er tilstrekkeleg til å finansiere ny klinikkstruktur vedteken i sak T-95/20.

Dei strukturelle endringane går parallelt med innføring av mobile behandlingseiningar. Etablering av kompetanseklinikkar i Ørsta og Kristiansund inngår også i ny tenestestruktur i tannhelsetenesta.

**Rekruttering til stabilitet**

Tannhelsetenesta har vore gjennom eit generasjonsskifte med avgang på erfarne tannlegar. Nyutdanna tannhelsepersonell ønskjer større fagmiljø, og tenesta opplever høg turnover i stillingane. Utskifting av personell, spesielt tannlegar, er kostnadsdrivande som ein konsekvens av akkumulert behandling på pasientar som ikkje er inne til riktig tid og som ein konsekvens av lågare honorarinntekter på vaksne betalande pasientar. Kvinneandelen tilsette i tannhelsetenesta er 93 prosent. Mange permisjonar og aukande sjukefråvær gir driftsutfordringar. I økonomiplanperioden er rekruttering og stabilisering av bemanninga den største utfordringa for å sikre drift av klinikkane og eit føreseieleg behandlingstilbod til pasientane.

**Meir samarbeid med kommunane**
Den neste tiårs-perioden vil den mest ressurskrevjande pasientgruppa, eldre i Gruppe C (institusjonspasientar og pleietrengande heimebuande) auke med om lag 30 prosent. For å møte denne utfordringa blir det behov for å nytte ambulante tannhelseteam (med base på kompetanseklinikkar og større klinikkeiningar) og mobile behandlingseiningar for å utføre tannhelsetenester på helseinstitusjonar og sjukeheimar. Denne modellen føreset eit forpliktande samarbeid med kommunane om tilgang på behandlingsrom på institusjonane. Det at vi er meir ute på institusjonar med relativt tungt mobilt behandlingsutstyr, gir ei transportutfordring, som vi ser løyst gjennom leigebilar, eventuelt leasingavtalar.

**Pandemi-situasjonen gir inntektsbortfall**
Korona-pandemien har gitt tapte inntekter på behandling av betalande pasientar som følgje av redusert behandlingskapasitet med etterslep på behandling av prioritert klientell etter tannhelsetenestelova. Under normale omstende utgjer inntektene på betalande pasientar om lag 20 mill. kroner i året. I 2022 er det prognosert ein inntektssvikt på om lag ca. 2 mill. kroner. Det er usikkerheit om korleis etterdønningane av pandemien og rekrutteringssituasjonen vil påverke inntektene i 2023.

For å komme helsestyresmaktene si tilråding i møte, blir det fram mot 2026 arbeidd for å sikre 4 månader smittevernberedskapslager. Dette ligg inne i vedtatt økonomiplan.

**Ny pasientgruppe – 21- og 22-åringar**
Det er behov for fleire behandlarteam og behandlingsrom for å dimensjonere tilbodet til 21- og 22-åringar og eit ukjent tal flyktningar. Fylkeskommunen har fått driftsmidlar frå staten, men ikkje investeringsmidlar for bygging av fleire behandlingsrom. Om alle 21- og 22-åringane nyttar seg av tilbodet frå den offentlege tannhelsetenesta, betyr det om lag 7000 fleire pasientar i Møre og Romsdal. Det er bestemt at tilbodet skal vidareførast, med moglegheit for at tilbodet på sikt også vil omfatte aldersgruppa 23-25 år.

**Tannbehandling i narkose**
Det er ventelister på opp mot 14 md. for å få tannbehandling i narkose. Fylkestannlegen er i dialog med Helse Møre og Romsdal for å sjå på om avtalen partane inngikk i 2020 blir følgt opp på ein god og føremålstenleg måte. Det er behov for å doble aktiviteten ved Ålesund sjukehus og oppretthalde tilbodet på dei andre sjukehusa i fylket. Fylkestannlegen vil be Helsedirektoratet sjå nærare på forpliktingane sjukehusa har for å sikre ein god tilgang på denne tenesta.

**IT-utfordringar**
Tannhelsetenesta har over lengre tid opplevd store IT-driftsproblem som medfører omfattande tidstap og lågare produksjon. Nye løysingar, m.a. for røntgenprogram, må fortløpande vurderast for å unngå tapt behandlingstid og auka etterslep.

## 8.2 Driftsrammer

Det er forslått følgande driftsramme for i perioden 2023-2026:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 50 Fylkestannlegen | 5 512 | 5 205 | 5 213 | 5 213 | 5 213 | 5 213 |
| 51 Tannhelsetenester | 161 638 | 156 379 | 164 918 | 164 795 | 164 112 | 164 112 |
| **D09 Tannhelsetenester** | **167 150** | **161 584** | **170 131** | **170 008** | **169 325** | **169 325** |

Det er innarbeidd følgande endringar i budsjettet:

**Frå 2023:**

- Tilbakeføring av tilskot til drift av DTK Eide, for 2021 og 2022 ( jf. sak T-95/20), 1,7 mill. kroner.
- Netto gevinstrealisering ved nedlegging av DTK Eide og DTK Haramsøy, 650 000 kroner.
- Tilbakeføring av tilskot på 1,5 mill. kroner (jf. sak T-104/22) for å dekke takstauke i 2022.
- Tilbakeføring av tilskot på 100 000 kroner (jf. sak T-95/20) for åra 2021 og 2022.
- 1,71 mill. kroner i reduksjon i forbindelse med 1 prosent innsparing i alle rammer, jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- Auka husleige i samband med bygging av ny kompetanseklinikk i Kristiansund, 1 mill. kroner.
- Auka husleige i samband med bygging av ny kompetanseklinikk i Ørsta, 1 mill. kroner.
- Ytterlegare reduksjon på 2,132 mill. kroner, jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2025:**

- Netto gevinstrealisering ved nedlegging av DTK Volda, 180 000 kroner.
- I perioden 2022-2024 har ein som planlagt oppretta eit beredskapslager som dekker 4 månadar bruk. Dette arbeidet er sluttført, og ein kan derfor redusere ramma med 500 000 kroner.

**Frå 2026:**

- Ingen endringar.

### 8.2.1 Takstar for betalande klientell og eigendel for skyssutgifter

Fylkestinget fastset takstar for betalande vaksne pasientar i den offentlege tannhelsetenesta som ledd i budsjettbehandlinga. Takstane skal ikkje vere lågare enn i den private tannhelsetenesta for å unngå konkurransevriding. Takstane aukast frå 01.01.2023 svarande til prisstigninga. Eigendel for skyssutgifter vart auka til 750 kroner frå 2020, og vert ikkje endra i 2023.

# 8.3 Investeringar

(i mill. kroner)

| Investeringsprosjekt | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Oppgradering av klinikkar | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 3,0 | 12,0 |
| Tannhelse – utstyr | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 8,0 |
| Kompetanseklinikk Ørsta | | | | 14,0 | 14,0 |
| Kompetanseklinikk Kristiansund | | 1,0 | 19,0 | | 20,0 |
| DTK Valderøy | 0,2 | 4,0 | | | 4,2 |
| Kompetanseklinikk Molde | | 0,2 | | 19,8 | 20,0 |
| DTK Vatne | | | 0,2 | | 0,2 |
| **Sum tannhelse** | **5,2** | **10,2** | **24,2** | **38,8** | **78,4** |

**Beskriving av investeringane**
Tannhelsetenesta har behov for investeringar på følgjande område i økonomiplanperioden:

**Tannhelseutstyr/oppgradering av klinikkar**

1. Operativt tannlegeutstyr, inkl. røntgenskannarar, ved alle klinikkar. OPG-røntgen ved dei store klinikkane. Vi foreslår vidareføring av investeringar i tannlegeutstyr på det nivået som ligg inne i vedtatt økonomiplan. Ein oversikt over operasjonsstolar viser at om lag 40 har vore i drift i 10 år eller meir. Ein operasjonsstol kostar ca. 300 000 kroner i innkjøp. Vi har avtaler om årleg service på alle operasjonsstolane/unitar, som bidreg til å auke levetida på klinikkutstyret. Vi ser for oss at alle dei 40 unitane vert utskifta etter behov dei neste 10 åra.
2. Etablering av kompetanseklinikkar i Kristiansund og Ørsta.
3. Opprusting og verdibevarande vedlikehald av eksisterande klinikkar.

**Kompetanseklinikk Ørsta**
Kompetanseklinikk på Søre Sunnmøre vil bli etablert i Ørsta i tilknyting til nye Ørsta vidaregåande skole. Kostnadane knytt til nybygget er inkludert i kostnaden for bygging av skolebygget. I høve til planlagt framdrift vil skolebygget stå ferdig april 2026. I tillegg til investering i nybygg er det i økonomiplanen for 2023-26 tatt høgde for ei investering på 14 mill. kroner til inventar og utstyr for tannklinikken.

**Kompetanseklinikk Kristiansund**

Kompetanseklinikk i Kristiansund, med eit arealbehov på 800-1000 m2, skal etablerast i sentrum av Kristiansund i tilknyting til Campus Kristiansund. Innflytting i lokala er planlagt i 2024. Det vil i forbindelse med innflytting i nye lokale bli gjort ein investering i inventar og utstyr på 20 mill. kroner.

**DTK Valderøy**

Fylkestannlegen foreslår å vidareføre drifta på distriktstannklinikken Valderøy i Giske kommune frå 1.1.2023, og det er behov for heilt ny klinikk med 5 behandlingsrom. Bakgrunnen er at Ålesund kompetanseklinikk har kapasitetsutfordringar etter at behandlingstilbodet er utvida med nye grupper G (21 og 22 åringar). Det kan estimerast 2500 fleire pasientar berre i Ålesund. Det er moglegheiter for at behandlingstilbodet blir utvida til også å omfatte 23-25 åringar, noko som vil skape ytterlegare press på behandlingskapasiteten.

**Molde kompetanseklinikk**

Planlegging av ny kompetanseklinikk i Molde med 20 behandlingsrom. Dette som ein konsekvens av nye pasientgrupper og utvida TOO-tilbod, samt konsekvensar av endra klinikkstruktur (jf. Omstilling 2020).

**DTK Vatne**

Leigekontrakten går ut i 2027. Klinikklokala har kapasitetsutfordringar og det er behov for fleire behandlingsrom, m.a. i lys av nye pasientgrupper og befolkningsvekst i området. Kollektivtilbodet i nedslagsfeltet til klinikken tilseier utgreiing av alternativ lokalisering.

# 9 KULTURTENESTER

## 9.1 Samfunnsoppdraget

Eit rikt og variert kulturliv er ein av føresetnadene for ytringsfridom og eit velfungerande demokrati. Kulturlivet bidreg til å gje byar og tettstader innhald, identitet, trivsel og særpreg. Kunst og kultur er viktig i kraft av seg sjølv, som arena for ytringsfridom, som møteplass og som arena for integrering. Kulturen er ein viktig ressurs for folkehelse og livsmeistring for den enkelte, og kulturområdet har derfor ein sentral plass i teneste- og samfunnsutvikling.

Fylkeskommunen praktiserer eit utvida kulturomgrep. Det famnar ulike sektorar og fagfelt. Kulturområdet omfattar kulturell- og kreativ næring, kunst- og kulturformidling, kulturmiljøforvalting, bibliotekutvikling, frivillig sektor, friluftsliv, idrett og folkehelse. Kulturlova og andre særlover knytt til kulturmiljøforvalting, friluftsliv og folkehelse regulerer oppgåver og ansvarsområdet på kulturfeltet.
I tillegg driftar avdelinga Eldrerådet og Råd for personar med nedsett funksjonsevne.

**Utfordringar og endringar**

Møre og Romsdal har relativt sett få profesjonelle kulturinstitusjonar og få profesjonelle kulturarbeidarar. Samstundes har vi ei befolkningsutvikling der unge flyttar ut og i for liten grad kjem tilbake. Særskild gjeld dette unge kvinner. I dette utfordringsbilete, er kulturpolitikken viktig. Vi treng å jobbe for å styrke institusjonane våre, for å få fleire profesjonelle kulturarbeidarar til fylket, og for å styrke innovasjonskrafta og bulysta i fylket. Arenaer for idrett, kultur og frivilligheit kan skape rom for inkludering, styrka fellesskap, toleranse og møteplassar uavhengig av kulturelle, sosiale og økonomiske forhold.

Kulturfeltet og kulturnæringane er blant dei som vart hardast ramma av dei innskrenkande covid-19 tiltaka. Det er framleis behov for å bidra sterkt inn i kulturfeltet, særleg tilbod til barn og unge.

I den nasjonale kulturpolitikken er oppgåver, rolle og ansvar fordelt mellom stat, fylkeskommune og kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune er opptatt av å vere ein synleg regional samfunnsutviklar på kulturområdet. Dette inneber å vere bevisst på kulturen sin eigenverdi, men også å knytte kultur saman med planar og verkemiddel for å nå regionalpolitiske målsettingar.

Av fylkestingsramme D10 Kulturtenester blir knappe 25 prosent av ramma brukt til drift av kulturavdelinga, medan 75 prosent blir brukt til tilskot.

Driftsramma er utfordrande spesielt på kulturmiljøforvalting, ei utfordring som Møre og Romsdal deler med fleire andre fylkeskommunar. Her har avdelinga satt i gang eit kartleggingsarbeid for å få meir kunnskap om kor utfordringane ligg og kva som kan vere moglege løysingar. I tillegg har kulturavdelinga ei stilling som er delvis finansiert gjennom spelemidlar. Det er gitt signal om at denne finansieringa ikkje lenger vil vere mogleg, og vi treng å finne andre løysingar.

**Prioriteringar og kulturpolitiske verkemiddel**

Møre og Romsdal fylkeskommune har som mål å bidra til ein kultursektor som er mangfaldig, relevant og tilgjengeleg, som er drivkraft for å utvikle gode lokalsamfunn og betre folkehelse og som bidreg til berekraftig utvikling og grøne val i kultursektoren. Mål og retning for utviklingsarbeidet for kulturområdet i fylkeskommunen er nedfelt i

Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal (T-64/20) og fleire regionale delplanar og strategiar for fagområdet.

Det er aukande medvit om kulturfeltet sine kvalitetar og betyding for framtidig samfunnsutvikling og verdiskaping. Kulturfeltet har metodar og eigenskapar som forskinga omtalar som den viktigaste kompetansen i framtida: Kreativitet og innovasjon, kritisk tenking, problemløysing og samskaping. Dette er ein sentral og viktig ressurs i ei samtid som beveger seg mot meir samskapande metodikkar i oppgåveløysing, tenesteutvikling og innovasjon.

Det er og aukande merksemd på kor viktig kulturfeltet er innan inkludering, kompetanse og danning. Vi må tenkje nytt om korleis vi skal nå dei unge, kva for opplevingar vi skal gje dei og på kva måte vi skal jobbe saman med dei.

Mål om ei berekraftig utvikling og grøne val i kultursektoren prioriterast særskilt på bygg, anlegg, arenaer og kulturmiljø.

Fylkeskommunen har fleire verkemiddel for å gjennomføre den regionale kulturpolitikken. Regional planlegging, økonomiske tilskot, nettverk og kompetanseheving og eigarskap i kulturverksemder er nokre døme. Fylkeskommunen vil gå i front for å styrke og vidareutvikle samarbeidet mellom dei tre forvaltingsnivåa mellom anna gjennom systematisk årleg dialog, samarbeidsavtalar og utvikling av fellesløysingar.

Dei fylkeskommunale kulturtilskota er i hovudsak brukt til driftstilskot til fylkesdekkande og regionale kulturinstitusjonar- og organisasjonar. Verkemidla skal bidra, stimulere og legge til rette for eit velutvikla mangfald av kulturtilbod. Fylkeskommunen har valt å sette av midlar i langsiktige programsatsingar, noko som bidreg til at ein over tid kan få heilskaplege satsingar innan viktige område som m.a. ung kunst og kultur, inkludering og folkehelse, stads-utvikling og kulturbasert reiseliv.

I tillegg er tildelingar over statsbudsjettet og spelemidlar viktige finansieringskjelder av det regionale utviklingsarbeidet på kulturområdet. Fylkeskommunen vil arbeide vidare for ei ytterlegare desentralisering av relevante økonomiske verkemiddel som har til formål å fremme regional utvikling av kulturfeltet. Lokale kulturbygg og regionale kulturfond er sentrale stikkord her.

Fylkeskommunen har eit lovfesta ansvar for rådgiving og rettleiing innan fagfelta i sektoren. Regionreforma forsterka rolla og ansvaret fylkeskommunen har for dette, og eit tettare samarbeid med både store og små kommunar vil vere viktig.

## 9.2 Driftsrammer

Det er foreslått følgande driftsrammer for kulturtenester i perioden 2023-2026:

(i 1000 kroner)

| Ramme | | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 52 | Kulturavdelinga | 38 028 | 34 822 | 33 472 | 31 812 | 31 812 | 31 812 |
| 56 | Sal av arkeologiske tenester | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 57 | Kulturtilskot | 96 326 | 108 821 | 103 730 | 103 420 | 106 110 | 111 179 |
| **D10 Kulturtenester** | | **134 354** | **143 643** | **137 202** | **135 232** | **137 922** | **142 991** |

Frå 2023 er inndelinga av rammene til kulturavdelinga endra, det vil seie at det er etablert eit nytt rammeområde – ramme 56 Sal av arkeologiske tenester. Sal av arkeologiske tenester skal, jf. Kulturminnelova, vere sjølvfinansierande. Å etablere ei ny ramme er eit grep for å auke kontroll over inntekter og utgifter. Endringa er varig.

Det er innarbeid følgande endringar i budsjettet:

**Frå 2023:**

- Ramme 57 Kulturtilskot er redusert med 3 mill. kroner som i 2022 gjekk til undergang E39 Ørskog.
- Ramme 57 Kulturtilskot er redusert med 500 000 kroner. Reduksjonen gjeld prosjektet "Teater Nå" i regi Teateret Vårt sitt jubileum i 2022.
- Ramme 57 Kulturtilskot er redusert med 1 mill. kroner til tilstand – og verdivurdering og ajourhald av kunstverk i fylkeskommunal eige. Tilskotet var eit eingongsbeløp i 2022.
- Ramme 57 Kulturtilskot er auka med 2,5 mill. kroner som følgje av vedtak T-24/22 (fylkeskommunen sitt ansvar for flyktningar). Eingongsløyve.
- Ramme 57 Kulturtilskot er auka med 96 000 kr som følgje av framlegget til statsbudsjettet for 2023, der tilskot til Operaen i Kristiansund og Teatret Vårt er auka. Auken gir automatisk konsekvens for fylkeskommunen med bakgrunn i avtale mellom dei offentlege tilskotspartane. Auken er varig.
- Ramme 57 Kulturtilskot er auka med 35 000 kroner som følgje av framlegget til statsbudsjettet for 2023, der tilskot til Skjergardstenesta er auka. Auken gir automatisk konsekvens for fylkeskommunen med bakgrunn i avtale mellom dei offentlege tilskotspartane. Auken er varig.
- Ramme 57 Kulturtilskot er redusert med 4,246 mill. kroner som skulle gå til å dekke renter og avdrag for Normoria da første avdrag først skjer i 2025.
- Ramme 57 Kulturtilskot er redusert med 2,2 mill. kroner da kjøpet av fartøy til Skjergardstenesta (T-9/18 og T-57/22) først skjer i 2024.
- Ramme 52 Drift er reduserast med 1,35 mill. kroner i 2023 i forbindelse med 1 prosent innsparing for alle rammer, jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del 1, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- Ramme 57 Kulturtilskot er auka med 2,2 mill. kroner til kjøp av fartøy til Skjergardstenesta (T-9/18 og T-57/22). Dette er eit eingongsbeløp, for år 2024.
- Ramme 52 Drift reduserast med ytterlegare med 1,66 mill. kroner i 2024 i forbindelse med omstilling, jf. fylkeskommunens overordna økonomiske situasjon, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2025:**

- Ramme 57 Kulturtilskot er auka med 4,8 mill. kroner til å dekke renter og avdrag til nytt opera-, museum og kulturhus i Kristiansund. Auken er varig.

**Frå 2026:**

- Ramme 57 Kulturtilskot er auka med ytterlegare 4,9 mill. kroner (totalt 9,7 mill. kroner i 2025 og 2026) til å dekke renter og avdrag til nytt opera-, museum og kulturhus i Kristiansund. Auken er varig.

**Verkemidlar for regional utvikling – kulturområdet**

Kulturavdelinga forvaltar ein stor tilskotsportefølje, som er tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet og gjennom vedtak av kongen i statsråd. Dette gjeld på alle fagområda til avdelinga – og spenner frå spelemidlar til idrett og kulturføremål, til folkehelse, friluftsliv og kulturmiljøforvalting, til Norsk sjømatråd og Forskingsrådet. I 2022 til saman 119 mill. kroner.

Dei fylkeskommunale tilskotsmidlane er brukt til å realisere mål på kulturområdet, slik dei går fram av regionale kulturpolitiske prioriteringar i planverk og vedtekne tilskotsordningar (sjå mellom anna sak KNF-99/22).

Kulturavdelinga mottek og handsamar årleg om lag 1300 søknader. Flest søknader er retta mot dei statlege ordningane. Dei statlege ordningane har til dels svært ulike retningslinjer og fagsystem, som inneber mykje saksbehandling og rådgiving. Det er framleis utfordingar knytt til integrasjon mellom statlege tilskotssystem og fylkeskommunale saks- og arkivsystem.

**Statlege verkemidlar**

| Statlege verkemidlar | 2021 | 2022 | 2023* |
|---|---|---|---|
| Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet i kommunane | 91 823 | 101 325 | |
| Kap 1429 post 60<br>Tilskot til lokale kulturminneplanar i kommunane | 400 | 200 | |
| Kap 1429 post 71<br>Tilskot til freda kulturminne i privat eige | 1 300 | 2 000 | |
| Kap 1429 post 72<br>Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne | 900 | 500 | |
| Kap 1429 post 73<br>Tilskot til brannsikring av tette trehusområder | 900 | 1 000 | |
| Kap 1429 post 74<br>Tilskot til fartøy | 3 900 | 750 | |
| Kap 1429 post 77<br>Tilskot til programsatsing «Ein bit av historia» | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| Kap 1429 post 79<br>Tilskot til Verdsarv Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjordområdet | 1 500 | 500 | |
| Kap 1420 post 78<br>Miljødirektoratet – Tilskot til friluftsaktivitet | 1 300 | 1 400 | |
| Kap 1420 post 78<br>Miljødirektoratet – Tilskot til sikring av friluftsområde | 2 400 | 2 450 | |
| Kap 1420 post 78<br>Miljødirektoratet – Skjersgardstenesta | 1 600 | 1 380 | |
| Kap 762 post 60<br>Tilskot til etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringstilbod | 1 600 | 1 750 | |
| Kap 714 post 60<br>Tilskot til «frå utanforskap til innanforskap med program for folkehelsearbeid i Møre og Romsdal» | 4 000 | 4 000 | 6 000 |
| Spelemidlar til Den Kulturelle Skolesekken (DKS) | 16 314 | 1 405 | |
| Norsk Scenekunstbruk | 1 285 | 1 279 | |
| Nasjonalbiblioteket<br>Utviklingsmidlar 2021 | 350 | 550 | |
| Norsk sjømatråd<br>Tilskot til «Fiskesprell» - kurs i barnehagar og skolar | 250 | 300 | * |
| Forskningsrådet<br>Doktorgrader: «Kunstproduksjon gjennom digitale medium og elevenes oppleving» og «Seterbruk på Nordvestlandet – nytt perspektiv på gamle problemstillinger» | 900 | 900 | 1 070 |
| Regionalt forskingsfond<br>Digital formidling av kulturarv | 950 | 400 | 550 |
| **Sum:** | **133 022** | **133 189** | |

* *Ikkje alle tilskotsmidlane er kjend på noverande tidspunkt*

## Fylkeskommunale tilskotsmidlar (ramme 57)

| Ramme 57 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|
| Faste driftstilskot, regionale kulturinstitusjonar (KNF-1) | 55 951 | 52 181 | * |
| Treårige og eittårige driftstilskot til kulturorganisasjonar (KNF-2) | 15 689 | 10 080 | * |
| Treårig tilskot til festival- og andre kulturarrangement (KNF-3) | 5 211 | 4 659 | * |
| Tilskot til interesseorganisasjonar innan helse (KNF-4) | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Eittårige driftstilskot (frist 1. april) | 300 | 1 059 | 1 000 |
| Husleietilskot | | 5 090** | 5 090** |
| Prosjekt frivillig verksemd | 400**** | 1 000 | 1 000 |
| Regionale tilskot til kulturminne og kulturmiljø | 1 600 | 2 000 | 2 000 |
| Kulturrabatt for ungdom | 1 200 | 1 335 | 1 200 |
| Den kulturelle spaserstokken | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Prosjektstøtte til profesjonell kunst og kultur | 0**** | 1 000 | 1 000 |
| Kunstnarstipend | 1 000 | 1 021 | 1 000 |
| Idrettsstipend | 150 | 150 | 150 |
| Stipend tradisjonshandverk | | 100 | 100 |
| Møremusikerordninga - Arrangementstøtte til innleige av profesjonelle frilansmusikarar | 1 000 | 1 300 | 1 000 |
| Tilskot til større idrettsarrangement | 300 | 200 | 200 |
| Tilskot til skjøtsel, skilting, merking og mindre friluftstiltak | 500 | 500 | 500 |
| Tilskot til integreringstiltak for flyktningar*** | | 2 500 | 2 500 |
| Vidareførte programsatsingar (sjå tabell 4 nedanfor) | 5 781 | 8 700 | 8 700 |
| Tiltaksplan kultur (inkl. tilstandsvurdering av kunstverk i fylkeskommunens eie) | | 2 535 | * |
| Anna; samarbeidsavtaler og eittårige utgifter (m.a. Fylkeskulturprisen, E39 Ørskogfjellet) | | 5 950 | 360 |
| Til fordeling i kultur-, næring- og folkehelseutvalet | 0 | 515 | * |
| **Sum:** | **92 081** | **104 575** | **103 730** |
| Stimuleringsordning**** | 4 519 | | |
| **Sum:** | **95 600** | **104 575** | **103 730** |

** KNF-1, KNF-2, KNF-3, tiltaksplan kultur og beløp til fordeling i KNF skal til saman tilsvara differansen mellom den totale ramma og dei andre avsette tilskota. Tildeling av driftstilskot for 2023 skjer i KNF-februar 2023. Då vert restramma til KNF klar.*

*** Husleietilskot: 786 000 kroner til Moldejazz, 2,104 mill. kroner til Teatret Vårt og 2,2 mill. kroner til Romsdalsmuseet*

**** Ordninga vart oppretta i sak T-24/22 og gjeld berre for 2022 og 2023.*

***** Totalt 5,7 mill. kroner vart fordelt til stimuleringsordninga i 2021. 4,519 mill. kroner var forfordelt frå ulike tilskotsordningar, i tillegg til 1,181 mill. kroner i tilbaketrekte og omfordelte midlar (sak KNF-62/21).*

## Programsatsingar

Fylkeskommunen har valt å sette av midlar i langsiktige programsatsingar, noko som bidreg til at ein over tid kan få heilskaplege satsingar innan prioriterte kulturpolitiske satsingsområde. Desse er:

| | Vidareførte programsatsingar | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | «Ein bit av historia» (2019-2030) | 1 200 | 1 500 | 1 500 |
| 2 | Litteraturhus Møre og Romsdal (2021-2023) | 700 | 700 | 700 |
| 3 | God helse-samarbeidet med kommunane (2021-2023) | 3 550 | 3 500 | 3 500 |
| 4 | Folkehelseprogrammet «Frå utanforskap til innanforskap» (2019-2024). Sjå tabell statlege verkemidlar kap. 714 post 60 | (4 000*) | (4 000*) | (6 000*) |
| 5 | Verdiskaping i kulturelle og kreative næringar | | 1 500 | 1 500 |
| 6 | UNG Kunst og kultur (2022-2031), inkludert samarbeidsavtalar med kommunane | | 1 500 | 1 500 |
| | **Sum:** | **5 450** | **8 700** | **8 700** |

1) "Ein bit av historia" skal bidra til sosial, økonomisk og miljømessig verdiskaping basert på kulturarven. Historiske ferdselsårer er i søkelyset og Riksantikvaren er ein sentral samarbeidspart. Det er også frivillige aktørar og aktørar frå arkiv-, bibliotek- og museumssektoren.
2) Mobilt litteraturhus Møre og Romsdal er eit samarbeid mellom Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum som bidreg med arrangement og forfattarbesøk i folkebiblioteka i fylket. Tiltaket er finansiert av fylkeskommunen med fleire.
3) God Helse-samarbeidet er eit strategisk samarbeid med kommunane om å utvikle folkehelsearbeidet i fylket, forankra i samarbeidsavtalar. Formålet med arbeidet er å medverke til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar.
4) Folkehelseprogrammet skal bidra til å utvikle kommunane sitt langsiktige og systematiske folkehelsearbeid for å fremme befolkninga si helse og livskvalitet. Programmidlar er løyvd over statsbudsjettet.
5) Verdiskaping i kulturelle og kreative næringar er eit viktig utviklingsgrep for vekst, verdiskaping og utvikling av nye arbeidsplassar i fylket. Programmet har søkjelys på å styrke kunstnarøkonomien, å utvikle bransjen gjennom klyngesamarbeid – og på å bygge stadlege kompetansemiljø.
6) UNG kunst og kultur skal bidra til at barn og unge får tilgang til kulturopplevingar av høg kvalitet og relevans. Programmet har søkjelys på UKM, DKS og fysiske møteplassar der barn og unge kan lære, erfare og utvikle seg gjennom digitale media og andre kunstuttrykk.

# 10 SAMFERDSELSTENESTER

## 10.1 Samfunnsoppdraget

Fylkeskommunen har ansvar for fylkesvegar og kollektivtilbodet på veg og sjø. Ansvaret til samferdselsområdet omfattar forvaltning, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, men også planlegging av og investering i nye fylkesvegprosjekt. Samferdselsområdet har ansvaret for all lokal rutetransport i fylket, med unntak av jernbane. Over 80 prosent av ferjesambanda i fylket er fylkeskommunale, og over 18 millionar rutekilometer blir køyrd av ordinære- og ekspressbussruter, skoletransport og anna tilrettelagt transport.

God samferdsel er ein føresetnad for både økonomisk vekst og betring i velferd. Utvikling av det samla samferdselstilbodet er ein nøkkel for å utvide og styrke bu- og arbeidsmarknadsregionane. Eit godt samanhengande kollektivtilbod er særs viktig for å oppnå eit samfunn med lågare klimautslepp, betre arealbruk og meir effektiv transport. Samtidig inneber transport store miljøbelastningar og stor risiko med omsyn til trafikksikkerheit, som må minimerast.

**Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024**
Fylkestinget vedtok i juni, i sak T-43/21, fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024. Strategien viser kva mål og strategiar fylkestinget har sett for perioden. Økonomiplan med handlingsprogram er sentral for måloppnåing.

**Sentrale utviklingstrekk for samferdselsområdet**
Samferdselsområdet la fram ei orientering om utviklingstrekk på samferdselområdet til samferdselsutvalet i sak SA-47/22. Rapporten fokuserte på vegdrift og dekkelegging, utvikling i vedlikehaldsetterslepet, kostnadsveksten innan samferdselsområdet og inntektsbortfallet i kollektivtrafikken. Vi viser til sjølve rapporten for utdjuping.

### Endringar i sentrale økonomiske føresetnader

**Prisvekst**
Den høge prisveksten som har prega den norske økonomien generelt sidan slutten av 2021 har hatt stor påverknad på kostnadsutviklinga på samferdselsområdet. I 2023 vil vi få vesentleg mindre for kvar krone enn tidlegare. Dette påverkar både driftsrammene og investeringane. Det er ei sterk auke i dei mest sentrale kostnadsindeksane som påverkar utgiftene våre. Mellom anna fører dette til at kostnaden for inngåtte kontraktar aukar, både innan drift og vedlikehald av fylkesvegnettet og for kollektivrammene.

Tabellen nedanfor syner kor stor den estimerte prisveksten er i 2022 innan aktuelle områder. Grovt sett er det naudsynt med ei auke på 235 mill. kroner for å halde fram med det same aktivitetsnivået i 2023 som i 2022. Ein så sterk prisvekst er det bere teke delvis hensyn til i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2023. Dette fører til at den ekstraordinære høge prisveksten, varig vil reduserer Møre og Romsdal fylkeskommune sitt økonomiske handlingsrom om det ikkje kjem ekstrabevilgningar i 2023.

| Formål | Driftsramme | Estimert prisvekst 2022[1] | |
|---|---|---|---|
| Buss | 64 | 40 mill. kroner | 10 prosent |
| Ferje | 65 | 90 mill. kroner | 10 prosent |
| Hurtigbåt | 66 | 15 mill. kroner | 12 prosent |
| Kystekspressen | 66 | 6 mill. kroner | 12 prosent |
| Drifts- og fagkontraktar fylkesveg | 70 | 70 mill. kroner | 16 prosent |
| Dekkelegging og vegmerking | 70 | 15 mill. kroner | 20 prosent |
| **Totalt** | | **≈ 235 mill. kroner** | |

**Usikre inntekter frå kollektivtrafikken**
Talet på reisande i kollektivtrafikken har ikkje tatt seg opp igjen til 2019-nivå etter COVID-19-pandemien. Vi kan per august 2022 observere ein positiv, aukande trend gjennom 2022, men det er usikkert om vi samla sett når 2019-nivået i 2023. Det er stor usikkerheit knytt til prognosane, og trendane kan endre seg igjen utover seinhausten og vinteren. Området med størst inntektspotensiale for kollektivtrafikken i fylket er Ålesund. Her er det innført bompengar i august 2022, og samstundes ein periode med gratis kollektivtransport. Det er krevjande å anslå kva effekt dette vil ha på talet på reisande i området.

Regjeringa har slått fast at staten ikkje lenger vil kompensere inntektsbortfallet til fylkeskommunane, og ein må tilpasse seg «den nye normalen». Om ein ikkje klarer å auke talet på reisande, og derav inntektene, opp til 2019-nivå, vil det oppstå eit behov for å auke driftsrammene. Dersom dette ikkje er mogeleg, vil det bli nødvendig med reduksjonar av kollektivtilbodet.

**Ekstern finansiering**
Eksterne midlar og statlege tilskot finansierer ein stor del av dei planlagde investeringane. Vi viser til den overordna omtalen av finansiering av investeringane i kap. 2.5, og oversikta over ekstern finansiering på samferdselsområdet under omtalen av investeringane i dette kapitelet.

## 10.2 Driftsrammer

Det er foreslått følgande driftsrammer i perioden 2023-2026:

(i 1000 kroner)

| Ramme | | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 63 | Samferdselsområdet | 134 336 | 139 671 | 135 235 | 134 229 | 134 229 | 134 229 |
| 64 | Lokale bilruter | 451 118 | 392 843 | 448 547 | 453 890 | 469 303 | 469 303 |
| 65 | Fylkesvegferjedrifta | 665 642 | 737 991 | 824 362 | 768 401 | 768 401 | 768 401 |
| 66 | Båtruter | 121 095 | 125 092 | 142 146 | 142 146 | 142 146 | 142 146 |
| 67 | Tilrettelagt transport | 30 466 | 29 873 | 37 369 | 37 369 | 37 369 | 37 369 |
| 68 | TT-ordninga | 11 262 | 15 844 | 16 264 | 11 132 | 11 132 | 11 132 |
| 69 | Diverse samferdselstenester | 42 781 | 43 578 | 44 514 | 42 261 | 42 261 | 42 261 |
| 70 | Fylkesvegar | 604 572 | 561 728 | 654 205 | 710 395 | 706 542 | 696 267 |
| **D12 Samferdselstenester** | | **2 061 270** | **2 046 620** | **2 302 642** | **2 299 823** | **2 311 383** | **2 301 108** |

Grunna den høge prisveksten og den generelle økonomiske situasjonen til fylkeskommunen, har samferdselsområdet redusert driftsrammene gjennom ei rekke innsparingsforslag. Dei konkrete innsparingsforslaga kjem fram under omtalen av kvar driftsramme, men tabellen nedanfor viser summen og fordelinga av innsparingsforslaga forslaga per driftsramme.

[1] Tala og beløpa er avrunda og grove, men teiknar eit tydeleg bilete av utviklinga i stort per september 2022.

| Formål | Driftsramme | Samla inndekning 2023 |
|---|---|---|
| Samferdselsområdet | 63 | -2,7 mill. kroner |
| Buss | 64 | -11,5 mill. kroner |
| Ferje | 65 | -24,1 mill. kroner |
| Hurtigbåt | 66 | -1,2 mill. kroner |
| Diverse samferdselsformål | 69 | -5,9 mill. kroner |
| Fylkesvegar | 70 | -85 mill. kroner |
| **Totalt** | | **-130,4 mill. kroner** |

## 10.2.1 Omtale av rammene:

### Ramme 63 – Samferdselsavdelinga:

(i 1000 kroner)

| Ramme 63 Samferdselsområdet | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | 166 424 | 150 321 | 154 369 | 153 363 | 153 363 | 153 363 |
| Driftsinntekter | -32 088 | -10 650 | -19 134 | -19 134 | -19 134 | -19 134 |
| **Sum ramme 63** | **134 336** | **139 671** | **135 235** | **134 229** | **134 229** | **134 229** |

Løyvinga på ramma dekker hovudsakleg lønskostnader til samferdselsområdet, men og andre formål knytt til drift og forvaltning av samferdselsområdet, som kontorlokale, bilar, IKT-kostnader, konsulentkostnader og utstyr.

Foreslegne endringar av ramma
I 2023 er løyvinga på ramma samla sett foreslått redusert med 4,4 mill. kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 0,8 mill. kroner er det foreslått følgande budsjettendringar:

- **2023-2026:**
  - Reduksjon i IKT-kostnader:
    - 2023: -1,4 mill. kroner
    - 2024-2026: -2,4 mill. kroner
  - Justere ut eittårig løyving til kjøp av utstyr i 2022: -1,8 mill. kroner
  - Reduksjon Campus Kristiansund: -1 mill. kroner
  - Interne ressursar: 0,4 mill. kroner
  - Auke i husleigekostnadar NMK: 1,2 mill. kroner
  - Innsparingstiltak – generell utgiftsreduksjon: -2,7 mill. kroner, Del I, kap. 2.3.

Løyvinga på ramma er føreslått redusert med 1,4 mill. kroner i 2023 og 2,4 mill. kroner i seinare budsjettår knytt til venta reduksjon i IKT-kostnader. I tillegg kan løyvinga reduserast med 1,8 mill. kroner pga. utfasing av ei eingongsløyving til kjøp av utstyr i 2022, og 1 mill. kroner reduksjon knytt til mellombels finansiering av ei stilling på Campus Kristiansund. Det er foreslått ei auke på 0,4 mill. kroner knytt til interne ressursar. Husleigekostnadane aukar med 1,2 mill. kroner årleg som følgje av bytte av kontorlokale i Ålesund, frå Olsvika til Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK).

*Innsparingstiltak: Generell utgiftsreduksjon*
Grunna den krevjande økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i, er det naudsynt å gjere innsparingstiltak. Eit innsparingstiltak som blir foreslått er å redusere alle fylkestingsrammer etter same sats. For ramme D12 Samferdselstenester utgjer dette beløpet 22,7 mill. kroner. Foreløpig er reduksjonen fordelt på ramme 63 (2,7 mill. kroner), 65 (10 mill. kroner) og 70 (10 mill. kroner). Det har diverre ikkje vore tid til å

avklare kva konkrete innsparingstiltak dette inneber. Det blir lagt fram ei eiga sak til samferdselsutvalet primo februar 2023, med forslag til endeleg fordeling og konkretisering av reduksjonen.

Konkrete utfordringar
Det er framleis utfordringar knytt til forholdet mellom arbeidsoppgåver, ressursar og kapasitet som følgje av underfinansiering av regionreforma og overføringa av SAMS vegadministrasjon til fylkeskommunen i 2020, jf. rapport om utviklingstrekk i samferdselssektoren 2022-2025. Ved varig mangel på ressursar, må omfanget av arbeidsoppgåver vurderast, og det kan vere aktuelt å kutte arbeidsoppgåver innan drift og/eller forvaltning av fylkesvegnettet.
Det er også mangel på ressursar på kollektivområdet. Det skal gjennomførast fleire store anbod framover som krev kapasitet. Ved varig mangel på ressursar, må omfanget av arbeidsoppgåver knytt til kollektivtrafikken vurderast.
Vidare er det for låg kontorkapasitet i Molde og Ålesund. I Molde er det i 2022 sett opp ein brakkerigg. I Ålesund skal dei tilsette flytte til nye kontor på NMK i 2023. Vi vil kome attende med framlegg som vurderer fordeling av utgifter til husleige/kontorlokale i 2023.

Moglege satsingar i framtida
For å løyse bestillinga frå fylkestinget i sak T-83/21 om å greie ut bilførande hurtigbåt og miljøvenleg løysing for den nye båtruta til Hamnsund i neste kontraktsperiode, samt oppdatere analysane innan miljøteknologi for dei andre hurtigbåtsambanda før neste anbodsutlysing, kan det vere naudsynt å auke løyvinga på ramma. Det er også behov for tilleggsutval i reisevaneundersøkingar for dei tre største byane våre, og dette er planlagt finansiert i eit spleiselag mellom kommunar, Statens vegvesen og fylkeskommunen. Samla sett er kostnadane til dette 1,5 mill. kroner. Det er ikkje rom for tiltaka innanfor dei økonomiske rammene.

Om dei to tiltaka ikkje blir gjennomført, får ikkje fylkeskommunen til å vere med i eit spleiselag for å få til tilleggsutval for reisevaneundersøkingane. Dei førre tilsvarande analysane vart gjort i 2013, så behovet er stort. I tillegg vil det faglege grunnlaget som fylkeskommunen skal avgjere neste anbod innan hurtigbåt vere svekka som følgje av manglande kunnskap. Fylkeskommunen kan heller ikkje levere på bestillinga frå Fylkestinget i T-83/21, om å få "utgreia eit alternativ med ei ny båtrute med null- og lågutslepp som ei langsiktig og varig løysing, og med fartøy som kan ta med bilar slik at bestillingsferje kan avviklast”.

## Ramme 64 – Lokale bilruter:

(i 1000 kroner)

| Ramme 64 Lokale bilruter | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | 718 841 | 651 494 | 716 098 | 721 441 | 736 854 | 736 854 |
| Driftsinntekter | -267 723 | -258 651 | -267 551 | -267 551 | -267 551 | -267 551 |
| **Sum ramme 64** | **451 118** | **392 843** | **448 547** | **453 890** | **469 303** | **469 303** |

Løyvinga på ramma dekker kjøp av transporttenester innanfor buss.

Føreslåtte endringar av ramma
I 2023 er løyvinga på ramma samla sett foreslått auka med 55,7 mill. kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 12 mill. kroner er det foreslått følgande budsjettendringar:

- **2023-2026:**
  - Prisvekst i 2022: 40,6 mill. kroner
  - Nytt busstilbod Nordøyane-Brattvåg-Ålesund: 8,4 mill. kroner

- Auka kostnad skoleskyss: 3,6 mill. kroner
- Omstilling 2020 – tiltak 5: -100 000 kroner
- Innsparingstiltak - auka takst med fire prosent: -8,8 mill. kroner

- **2024-2026:**
  - Ny kontrakt på rutepakke 2- Kristiansund: 5,2 mill. kroner

- **2025-2026:**
  - Ny kontrakt på rutepakke 3 - Molde: 15 mill. kroner

*Inntektsføresetnader i 2023*
Etter fleire år med låge inntekts- og reisetal, ser vi at tala er på veg opp igjen mot 2019-nivå. På grunn av den positive trenden fram til august 2022, samt innføring av bypakke i Ålesund, legg vi til grunn eit inntektsnivå i 2023 som er likt 2019-nivået. Det er usikkerheit knytt til anslaget. Dette inneber ingen endring i løyvinga.

*Prisvekst i 2022*
Kostnadene knytt til drift av buss har auka med 10,1 prosent det siste året. Fylkeskommunen har i dag åtte busskontraktar, og kvar av dei regulerast to gonger i året. Prisveksten i 2022 gir eit auka behov på 40,6 mill. kroner i 2023. Løyvinga på ramma er foreslått auka tilsvarande.

*Nytt busstilbod for Nordøyane-Brattvåg/Brattvåg-Ålesund*
Løyvinga er forslått auka med 8,4 mill. kroner for å finansiere det nye busstilbodet mellom Brattvåg og Nordøyane, og mellom Brattvåg og Ålesund.

*Auka kostnad skoleskyss*
Endring i skulestruktur og auka skoleskyss i vekstområde gir auka kostnadar. I 2021 og 2022 vart det gjennomført fleire endringar som medfører auka skoleskyss i 2023. Oppgåva er lovpålagt. Løyvinga er derfor foreslått auka med 3,6 mill. kroner.

*Omstilling 2020 – tiltak 5: «Reduserte takstar utanom rushtid, tilbod til kommunar»*
Tiltak 5 i Omstilling 2020 var i 2023 føresett å gje ei auke i inntekt på 1,2 mill. kroner gjennom reduserte takstar utanom rushtid. Tiltaket er avhengig av ei teknisk løysing i det nye billetteringssystemet. Denne løysinga er ikkje mogeleg å innføre innanfor noverande økonomiplanperiode. Målet om auka inntekt er derfor ikkje mogeleg å innfri. 1,1 mill. kroner vart lagt til ramma i budsjettet for 2022. I 2023 foreslår vi likevel å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner, i tråd med den opphavlege innsparinga.

*Innsparingstiltak: Ikkje redusere pris på FRAM Ung*
Tiltak 3 i Omstilling 2020 skulle gi ei auka inntekt gjennom auka pris på FRAM Ung. Innsparinga vart innarbeidd i budsjettet for 2021. I sak SA-104/21, vart det vedtatt at prisen på FRAM Ung skulle reduserast igjen, frå 500 kroner til 450 kroner. I utgangspunktet skulle derfor løyvinga har vorte auka med 2,7 mill. kroner frå 2023, for å dekke inn inntektstapet som prisreduksjonen utløyser. Grunna den krevjande økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i, vert likevel ikkje prisen på FRAM Ung justert ned som tidlegare vedtatt og prisen for FRAM Ung vil vere 500 kroner i 2023. Løyvinga blir ikkje endra som følgje av dette.

*Innsparingstiltak: Auka takst på bussreiser*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført er å auke taksten på bussreiser med 4 prosent frå 2023. Dette vil gi ei auka inntekt på 8,8 mill. kroner. Løyvinga er foreslått redusert tilsvarande.

Foreslegne endringar av ramma i seinare budsjettår
Frå og med 2024 anslår vi at det vil vere auka kostnadar knytt til nye busskontraktar i både Kristiansund og Molde.

Anslag på meirkostnad i rutepakke 2 (Kristiansunds-området) er 5,2 mill. kroner årleg frå 2024. Nytt i samband med denne rutepakken, er at fylkeskommunen etablerer sitt eige bussdepot i Kristiansund, jf. omtale under kap. 10.3 Investeringar. Kostnadar til leige av bussdepot som fylkeskommunen har per no, vil derfor falle bort frå 2024. Dei reduserte leigekostnadane fører til at meirkostnaden for rutepakke 2 vert lågare enn om ein ikkje hadde etablert eige bussdepot. Denne innsparinga vil bidra til å dekke renter og avdrag på den lånefinansierte investeringa av bussdepotet, jf. omtale under 10.3 Investeringar. Anslag på meirkostnad i rutepakke 3 (Moldeområdet) er 15 mill. kroner årleg frå 2025. I det anslaget er kostnadane knytt til leige av bussdepot allereie trekt ut, og det er lagt til grunn ein pris lik kilometerpris i sist utlyste anbod, rutepakke 2 Kristiansund.

Nærmare om ramma
Koronapandemien endra befolkninga sitt reisemønster og reisemiddelval. Passasjersvikten har gitt fylkeskommunen eit inntektstap, som vi så langt er blitt kompensert frå staten. Denne kompensasjonen har staten avvikla frå august 2022, men omstillingsmidlar blir gitt ut 2022. I 2023 er signala at fylkeskommunen må stå på eigne bein igjen. Det er stor usikkerheit knytt til talet på reisande, og dermed inntektene til fylkeskommunen. Bypakke Ålesund kan også påverke reisevanane positivt for kollektivtrafikken, og dermed også inntektene.

Drivstoffprisane har auka vesentleg i 2022 (per oktober 2022). Analyser viser at prisane kan fortsette å auke utover året. Høgare drivstoffprisar vil påverke driftskostnadane på ramma. Det er også mogleg at høge drivstoffprisar vil påverke reisevanar og reisemiddelval, og såleis føre til ein auke i bruken av kollektivtransport.

Kollektivtilbodet utanfor byområda er i stor grad bygd omkring skoleskyss. Dersom vi skal lukkast med å endre transportmiddelfordelinga til fordel kollektiv er vi avhengig av å utvikle kollektivtilbodet i tråd med behova til dei reisande. Endringar i skolestruktur og skoleskyss pressar busstrafikken vår i periodar med allereie høgt belegg.

I måleindikatoren for kollektivtrafikk i 2023 er det lagt opp til ein vekst i talet på reisande i Ålesund på 7 prosent målt mot 2019. Fylkeskommunedirektøren meiner dette er eit realistisk mål, men ettersom det er å vente at denne veksten kjem i rushperioden vil det kunne vere naudsynt å gjere tilbodstiltak for å auke kapasiteten for å kunne nå dette målet. Det er ikkje lagt inn midlar til ein slik kapasitetsauke i framlegget til økonomiplan.

Moglege satsingar i framtida
Fylkestinget har i T-50/22 bedt administrasjonen arbeide vidare med ei mogleg dobling av frekvensen på FRAM Ekspress mellom Kristiansund og Molde. Vi skal analysere inntektspotensiale og innretning for å optimalisere tilbodet for reiser til og frå det nye sjukehuset. Produksjonen har ein estimert årleg kostnad på 24 mill. kroner. Tiltaket blir vurdert i samband med økonomiplanen for 2024-2027.

Kontinuerleg utvikling av drifta vil kunne gi meir rasjonelle løysingar, innsparingar og/eller høgare inntekter for kollektivtransporten. Det kan derfor vere aktuelt å gjere ulike driftspilotar med til dømes ulike driftsopplegg, framdriftsteknologiar eller autonome løysingar. Eit eksempel er autonome løysingar for tilknytingskyss for å betre framføringstida på kollektivtrafikken, til dømes for ny kollektivløysing for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal. Ei gjennomføring av driftspilotar/utvikling av kollektivdrifta med sikte på betra måloppnåing innan kollektivtrafikken kan ha ein årleg kostnad på om lag 1 mill. kroner. Tiltaket blir vurdert i samband med økonomiplanen for 2024-2027.

Når det er større arrangement i fylket, kan fylkeskommunen auke kollektivtilbodet for å støtte arrangementet og legge til rette for enklare transportlogistikk for dei besøkande. Dette blir mellom anna gjort for jazzfestivalen i Molde. På denne måten kan fylkeskommunen bidra som samfunnsaktør og regional utviklar. Fylkeskommunen skal sjå nærmare på om det er fleire slike tiltak som aktuelle, mellom anna i Ålesund – som er den største kollektivmarknaden i fylket. Utgiftene vil som regel vere høgare enn inntektene for slike tiltak, og det er ikkje økonomisk handlingsrom til å prioritere nye tiltak i 2023. Nye tiltak blir vurdert i samband med økonomiplanen for 2024-2027.

## Ramme 65 – Fylkesvegferjedrifta

(i 1000 kroner)

| Ramme 65 Fylkesvegferjedrifta | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | 1 052 577 | 1 039 901 | 1 083 722 | 1 027 761 | 1 027 761 | 1 027 761 |
| Driftsinntekter | -386 936 | -301 910 | -259 360 | -259 360 | -259 360 | -259 360 |
| **Sum ramme 65** | **665 641** | **737 991** | **824 362** | **768 401** | **768 401** | **768 401** |

Løyvinga på ramma dekker drift av 21 fylkeskommunale ferjesamband i fylket.

Foreslegne endringar av ramma
I 2023 er løyvinga på ramma samla sett foreslått auka med 88,4 mill. kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 22,3 mill. kroner er det foreslått følgande budsjettendringar:

- **2023-2026:**
    - Auka inntekter: -7,4 mill. kroner
    - Prisvekst i 2022: 88 mill. kroner
    - Nordøyvegen - sparte ferjekostnader: -33,6 mill. kroner
    - Lågare billettinntekter grunna gratis ferjesamband: 23,4 mill. kroner
    - Lågare billettinntekter grunna reduserte ferjetakstar: 17,7 mill. kroner
    - Innsparingstiltak - innstille ferje på rute 01: -7 mill. kroner
    - Innsparingstiltak - innstille ferje Hellesylt-Geiranger: -4 mill. kroner
    - Innsparingstiltak - reduksjon i ferjesamband med fleire ferjer:
        - 2023: -3,1 mill. kroner
        - 2024-2026: -8 mill. kroner
    - Innsparingstiltak – generell utgiftsreduksjon: -10 mill. kroner, Del I, kap. 2.3.

- **2024 til 2026:**
    - Reduksjon kostnader nye ferjeanbod: -15,5 mill. kroner
    - Innsparingstiltak – Omstilling 2024: -35 mill. kroner, Del I, kap. 2.3.

*Auka inntekter*
Som følgje av trafikkutvikling i ferjedrifta ser vi at inntektene vil auke med 7,4 mill. kroner. Auken i budsjetterte inntekter utgjer om lag 2,5 prosent. Løyvinga blir derfor forslått redusert tilsvarande.

*Prisvekst i 2022*
Kostnadsindeksane som regulerer ferjekontraktane våre aukar kraftig i 2022. Indeks til bruk for 2023 er framleis ikkje heilt kjent. Førebels ser det ut til at indeks inklusiv drivstoffkostnad aukar med om lag 13 prosent i høve indeksen nytta i 2022. Indeksen utan drivstoffkomponent aukar med om lag 4 prosent. I 2023 skal 65 prosent av totale

kontraktsmidlar regulerast med den fyrstnemnde indeksen og resterande den sistnemnde. Prisveksten gir eit auka behov på 88 mill. kroner i 2023. Løyvinga er foreslått auka tilsvarande.

*Sparte ferjekostnadar etter opning av Nordøyvegen*
Ferjesambandet Brattvåg-Dryna-Fjørtofta-Harøya vart i samband med opninga av Nordøyvegen endra til Brattvåg-Dryna. Grunna tidlegare delopning av Nordøyvegen vart sambandet Skjeltene–Lepsøya–Haramsøya lagt ned i desember 2021. Samla sett er det gjennomført ei innsparing i 2022 knytt til delopning av Nordøyvegen på 48,9 mill. kroner. I 2023 blir løyvinga foreslått redusert med ytterlegare 33,6 mill. kroner.

*Lågare billettinntekter grunna gratis ferjesamband*
I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2022 vart det løyva midlar til å gjere trafikksvake ferjesamband gratis. For Møre og Romsdal innebar det at seks ferjesamband vart gratis. Regjeringa har i sitt framlegg til statsbudsjett for 2023 foreslått å sette av midlar slik at ytterlegare fire samband vert gratis med verknad frå 16. august 2023.

Gratis ferjesamband fører med seg lågare billettinntekter for fylkeskommunen. Lågare billettinntekter er eit inntektstap som isolert sett gir aukar driftsramma. Samla sett skal dette likevel vere nøytralt for fylkeskommunen grunna auka statlege overføringar.
I 2023 må løyvinga dekke heilårseffekten av inntektstapet for sambanda som vart gratis i 2022. Løyvinga må også dekke inntektstapet for sambanda som vert gratis frå 16. august 2023. Løyvinga på ramma er foreslått auka med 23,4 mill. kroner i 2023, som er summen det er sett av til formålet gjennom Tabell C i Grønt hefte[2]. Dette er ikkje det same som det reelle inntektstapet på ramma, som sannsynlegvis vil vere noko høgare. Frå 2024 vil det vere heilårseffekt av inntektstapet for sambanda som vert gratis i 2023.

Løyvinga på ramma må derfor aukast ytterlegare frå 2024. Vi kjem tilbake med oppdaterte og meir reelle tal for det samla inntektstapet i økonomiplanen for 2024-2027.

*Lågare billettinntekter grunna reduserte ferjetakstar*
Regjeringa har i sitt framlegg til statsbudsjett for 2023 foreslått å sette av midlar til takstreduksjon på fylkesvegferjene. Den samla takstreduksjonen, samanlikna med 1. januar 2021, skal frå 16. august 2023 vere 50 prosent. Takstreduksjonen fører med seg lågare billettinntekter for fylkeskommunen, som vert kompensert frå staten gjennom auka overføringar. Lågare billettinntekter er eit inntektstap som isolert sett gir aukar driftsramma. Dette skal likevel vere nøytralt for fylkeskommunen. I 2023 legg vi til grunn at reduserte takstar gir 17,7 mill. kroner i reduserte billettinntekter. Ramma er foreslått auka tilsvarande. Frå 2024 vil det vere heilårseffekt. Løyvinga på ramma må derfor aukast ytterlegare frå 2024. Dette blir det justert for i økonomiplanen for 2024-2027.

*Innsparingstiltak: Innstille seglande reserveferje på rute 01*
Grunna den krevjande økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i, er det naudsynt å gjere innsparingstiltak. Eit innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført er å innstille den seglande reserveferja på rute 01: Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøy frå 2023. Kostnadene knytt til tilbodet var 7 mill. kroner i 2022. Løyvinga er foreslått redusert med tilsvarande beløp.

*Innsparingstiltak: Innstille vintertilbod ferje mellom Hellesylt og Geiranger*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført er å innstille ferja som går mellom Hellesylt og Geiranger frå 2023. Kostnadene knytt til vintertilbodet har vore 4 mill. kroner årleg. Løyvinga på ramma er foreslått redusert med tilsvarande beløp. Beredskapsferja vert vidareført i 2023, men det er ikkje kontraktsfesta noko beredskapsferje frå 2024. Vi viser til omtalen av ei mogleg investering i deteksjons- og

---

[2] Berekningsteknisk dokumentasjon (Grønt hefte) viser fordelinga av rammetilskotet for den enkelte kommune og fylkeskommune og vert lagt fram som vedlegg til statsbudsjettet (Prop. 1 S) kvart år.

varslingsanlegg på fv. 63 ved Grandefonna under kap. 10.3, Skredsikring. Eit varslingsanlegg vil kunne ta bort behovet for ei dedikert beredskapsferje.

*Innsparingstiltak: Reduksjon i ferjesamband med fleire ferjer*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført er å redusere tilbodet i ferjesamband med fleire ferjer. I 2023 vil dette innebere at ferje nr. 3 på sambandet Hareid-Sulesund vert innstilt i sommarferien. Det er låg trafikk på sambandet i denne perioden. Kostnadane til dette tilbodet er 3,1 mill. kroner årleg Løyvinga på ramma er foreslått redusert tilsvarande. Frå 2024 vil ein sjå på fleire samband med mål om at reduksjonen aukar til 8 mill. kroner. Administrasjonen vil analysere kva andre samband det er mogleg å redusere tilbodet i, og kjem tilbake til dette i økonomiplanen for 2024-2027.

*Innsparingstiltak: Generell utgiftsreduksjon*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått er å redusere alle fylkestingsrammer etter same sats. For ramme D12 Samferdselstenester utgjer dette beløpet 22,7 mill. kroner. Foreløpig er reduksjonen fordelt på ramme 63 (2,7 mill. kroner), 65 (10 mill. kroner) og 70 (10 mill. kroner). Det har diverre ikkje vore tid til å avklare kva konkrete innsparingstiltak dette inneber. For å få heilårseffekt med minst mogleg negativ verknad vil fylkeskommunedirektøren gjennomføre reduksjonar snarast råd i 2023 på ramme 64 og 65 fortrinnsvis innanfor følgande retningsliner:

- Redusert tilbod innan bestillingstransport (ramme 64)
- Innkorting av opningstid på samband (ramme 65)
- Innstilte nattavgangar (ramme 65)
- Innstillingar av avgangar med lågt belegg (ramme 65)

Fylkeskommunedirektøren har kome til at ein bør legge opp ein prosess der forslag til innsparing kjem til behandling i samferdselsutvalet primo februar 2023.
Ein føresetnad for at dette skal vere mogleg å gjennomføre er at fylkeskommunedirektøren i perioden fram til innsparingsforslaga blir lagt fram for samferdselsutvalet til endeleg avgjerd, vil måtte gå i forhandlingar med ulike leverandører/operatørar og forhandle fram ulike løysingar som sikrar kostnadsreduksjonane.

*Innsparingstiltak: Omstilling 2024*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått er å gjennomføre ein omstillingsprosess med sikte på å redusere driftskostnadane til fylkeskommunen gjennom strukturelle endringar og tilbodsendringar. Endeleg innretning og fordeling av ein ev. reduksjon vil vi kome tilbake til i samband med økonomiplanen for 2024-2027. Foreløpig er det lagt inn ein reduksjon på 70 mill. kroner på samferdselsområdet frå 2024. 35 mill. kroner er midlertidig plassert på ramme 65.

Foreslegne endringar av ramma i seinare budsjettår
*Nytt ferjeanbod – forventa reduksjon i driftskostnadar*
Frå 2024 skal sambanda Sølsnes–Åfarnes, Aukra-Hollingsholm, Eidsdal–Linge og Stranda–Liabygda bli elektrifisert. Ein reduksjon i drivstoff og vedlikehaldskostnadene vil då inntreffe frå 2024 og gi ei samla og varig innsparing i driftskostnadane på 15,5 mill. kroner årleg.

Nærmare om ramma
Det er gjort ei storstilt satsing på miljøferjer, og vi vil ha 10 ferjesamband elektrifisert og 16 plug-in-hybrid-ferjer i drift i løpet av 2025, jf. omtale i klimabudsjettet (Del II).
Den endelege kostnaden for nettoppgraderinger er ikkje avklart for alle samband som skal elektrifiserast, og kan gi endringar i kostnadsnivå for investeringane for framdriftsteknologi for miljøferjene. Det er vidare usikkerheit omkring framtidige nettariffar. Dersom endringar i nettariffen gir høgare kostnader for sluttbrukar/ferjene, er

dette fylkeskommunen sin risiko. Det er også usikkerheit knytt til energikostnadar, både elektrisk kraft og diesel. Dette kan påverke prisutviklinga i ferjedriftskontraktane.

I samband med opning av Nordøyvegen, samt gratis ferje for rute 1051 Småge - Orta - Finnøya - Sandøya – Ona, vart det forventa ei auke i trafikken på sambandet. Trafikken i sommarsesongen 2022 var lågare enn forventa. I tillegg blir dei fastbuande sikra prioritet på ferja gjennom ordninga med innbyggarpass. På bakgrunn av dette, og den krevjande økonomiske situasjonen til fylkeskommunen, vil ikkje Fylkeskommunedirektøren gjere framlegg om auka kapasitet i sambandet for sommarsesongen 2023.

## Ramme 66 – Båtruter

(i 1000 kroner)

| Ramme 66 Båtruter | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | 140 650 | 158 768 | 177 022 | 177 022 | 177 022 | 177 022 |
| Driftsinntekter | -19 555 | -33 676 | -34 876 | -34 876 | -34 876 | -34 876 |
| **Sum ramme 66** | **121 095** | **125 092** | **142 146** | **142 146** | **142 146** | **142 146** |

Løyvinga på ramma dekker dei fylkesinterne hurtigbåtsambanda; Hareidruta, Nordøyruta og Langevågruta. I tillegg dekker ramma fylkeskommunen sine kostnadar til Kystekspressen (Kristiansund-Trondheim). Dette er eit samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og Trøndelag fylkeskommune. AtB har ansvaret for drifta. Det er også utgifter knytt til einskilde lokale båtruter som blir dekka av ramma.

<u>Foreslegne endringar av ramma</u>
I 2023 er løyvinga på ramma samla sett foreslått auka med 17,1 mill. kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 3,8 mill. kroner er det foreslått følgande budsjettendringar:

- **2023 til 2026:**
    - Prisvekst i 2022: 14,8 mill. kroner.
    - Kystekspressen – prisvekst: 5,7 mill. kroner
    - Omstilling 2020 – effektiviseringskrav: -1 mill. kroner
    - Nedlegging av Nordøyruta: -29,9 mill. kroner
    - Opprette ny hurtigbåtrute: 24,9 mill. kroner
    - Innsparingstiltak – auke takst med 4 prosent: -1,2 mill. kroner

*Inntektsføresetnader*
Etter fleire år med låge inntektstal, ser vi no at talet reisande på hurtigbåt er på veg opp att. Tendensen er lik som for buss, men nivået er lågare. På svært usikkert grunnlag legg vi til grunn inntekter i 2023 for hurtigbåtdrifta på 2019-nivå. Det same gjeld for inntektene til Kystekspressen.

*Prisvekst i 2022*
Kostnadsindeksane som regulerer driftskontraktane har hatt ei vesentleg auke det siste året. Kostnadane knytt til innanriks sjøfart har ei auke på 14,1 prosent frå 1. kvartal 2021 - 1. kvartal 2022. Hurtigbåtkontrakta regulerast to gonger i året, og ser vi på indeksen frå 1. halvår 2022 til 2. halvår 2022 er det ei auke på 12 prosent. Auken i indeksane gjer at ramme 66 vil ha eit auka behov på 14,8 mill. kroner i 2023. Løyvinga er foreslått auka tilsvarande.

*Kystekspressen – prisvekst*
Vi legg til grunn same kostnadsvekst på Kystekspressen som for dei andre hurtigbåtrutene FRAM driftar. Dette utgjer 5,7 mill. kroner. Løyvinga er foreslått auka tilsvarande.

*Omstilling 2020 - effektiviseringskrav*
Tiltak 9 i Omstilling 2020 legg til grunn ei innsparing på 1 mill. kroner i 2023. Vi foreslår å redusere løyvinga tilsvarande dette effektiviseringskravet.

*Sparte hurtigbåtkostnadar etter opning av Nordøyvegen*
Fylkestinget vedtok i 2018 at Nordøyruta skulle bli lagt ned ved opninga av Nordøyvegen (T-58/18). Isolert sett gir dette ei innsparing på driftsramma på 29,9 mill. kroner[3]. Løyvinga er derfor foreslått redusert tilsvarande.

*Ny hurtigbåtrute Ålesund – Valderøy – Hamsund – Store Kalvøy*
Den nye hurtigbåtruta mellom Ålesund – Valderøy – Hamsund – Store Kalvøy hadde oppstart når Nordøyvegen opna. I 2022 blir den nye ruta dekka innanfor gjeldande kontrakt. Netto driftskostnadar til den nye ruta er rekna til 24,9 mill. kroner[4], jf. T-51/22. Løyvinga er foreslått auka tilsvarande.

*Innsparingstiltak: Auka takst på hurtigbåtreiser*
Grunna den krevjande økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i, er det naudsynt å gjere innsparingstiltak. Eit innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført er å auke taksten på reiser med hurtigbåt med 4 prosent frå 2023. Dette vil gi ei auka inntekt på 1,2 mill. kroner. Løyvinga er foreslått redusert tilsvarande.

<u>Nærmare om ramma</u>
Passasjertala, og inntektene, har ikkje tatt seg opp til nivået før pandemien. Vi ser at befolkninga bruker lengre tid på å returnere til gamle reisevanar på hurtigbåt, enn på buss. Drivstoffprisane har auka vesentleg så langt i 2022 (per oktober). Analyser viser at prisane er svært ustabile, og kan fortsette å auke utover året. Høgare drivstoffprisar vil påverke driftskostnadane på ramma.

Nordøyruta vart lagt ned august 2022. Samstundes vert det oppretta ei ny hurtigbåtrute på strekninga Ålesund-Valderøy-Store Kalvøy-Hamnsund. Arbeidet med nytt anbod for Kystekspressen, Kristiansund-Trondheim, er i gang og skal gjennomførast innanfor dagens økonomiske rammer[5]. Fylkeskommunen er deltakar i fleire innovasjonsprosjekt innan hurtigbåtdrift, både når det gjeld miljøteknologi (framdrift) og automasjon.

I samband med den politiske behandlinga av økonomiplanen for 2022-2025 vart det gitt eit tilskot til Sande kommune for drift av den såkalla «samfunnsbåten». Tilskotet er lagt inn i budsjettet for 2023 og resten av økonomiplanperioden. Tilskotet blir gitt under føresetnad av at fylkeskommunen kan nytte tilbodet kostnadsfritt dersom det er behov for det, t.d. for skoleskyss. Fylkeskommunen gir i 2023 også eit tilskot til Ørsta kommune, under same føresetnad som for Sande kommune. Det er frå 2022 elevar med rett til skyss frå Trandal som vert dekt med kommunal båtskyss.

---

[3] Talet skil seg frå tidlegare anslag fordi vi no kjenner reelle kontraktskostnadar, samt prisjustering.

[4] Talet skil seg frå tidlegare anslag fordi vi no kjenner reelle kontraktskostnadar, samt prisjustering.

[5] Justert for prisvekst og inntektsbortfall.

## Ramme 67 – Tilrettelagt skoleskyss

(i 1000 kroner)

| Ramme 67 Tilrettelagt transport | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | 30 466 | 29 873 | 37 369 | 37 369 | 37 369 | 37 369 |
| Driftsinntekter | | | | | | |
| **Sum ramme 67** | **30 466** | **29 873** | **37 369** | **37 369** | **37 369** | **37 369** |

Løyvinga på ramma skal dekke kostnadar til tilrettelagt skoleskyss. Dette er ei lovpålagt teneste som fylkeskommunen skal utføre. Tilrettelagt skoleskyss gjeld for funksjonshemma elevar, og elevar med spesielle behov. Skyssansvaret gjeld uavhengig av veglengde. Det at det er ei lovpålagt oppgåve, og i tillegg er uavhengig av veglengde, gjer at fylkeskommunen har avgrensa mogelegheit til å påverke utgiftene.

Foreslegne endringar av ramma
I 2023 er løyvinga på ramma samla sett foreslått auka med 7,5 mill. kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 1 mill. kroner er det foreslått ei budsjettendring:

- **2023 til 2026:**
    - Prisvekst og auka behov for tilrettelagt skoleskyss: 6,5 mill. kroner

*Prisvekst og auka behov for tilrettelagt skoleskyss*
Som følgje av COVID-19-pandemien har det vorte mindre samkøyring. Symptombildet hos elevane er meir samansett enn tidlegare. Det er fleire spesialskyssar, fleire varige skyssar og ei auke i tal søknader om tilrettelagt skoleskyss. Prisane har auka mellom 8-10 prosent det siste året. Samla sett gir dette eit auka behov på 6,5 mill. kroner. Løyvinga er foreslått auka tilsvarande.

## Ramme 68 – TT-ordninga

(i 1000 kroner)

| Ramme 68 TT-ordninga | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | 29 462 | 32 644 | 33 064 | 27 932 | 27 932 | 27 932 |
| Driftsinntekter | -18 200 | -16 800 | -16 800 | -16 800 | -16 800 | -16 800 |
| **Sum ramme 68** | **11 262** | **15 844** | **16 264** | **11 132** | **11 132** | **11 132** |

Løyvinga på ramma dekker dei fylkeskommunale utgiftene til TT-ordninga, som er eit transporttilbod til personar, som på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming, ikkje har moglegheit til å reise med ordinær kollektivtransport.

Foreslegne endringar av ramma i seinare budsjettår
I 2023 er løyvinga prisjustert. I 2024 er løyvinga på ramma samla sett foreslått redusert med 4,7 mill. kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 300 000 kroner er det foreslått ei budsjettendring:

- **2024 til 2026:**
    - Omstilling 2020 – redusere tal på brukarar i ordninga: -5 mill. kroner

*Omstilling 2020: Redusere tal på brukarar i ordninga*
I samband med Omstilling 2020 vart det vedtatt ei innsparing på 5 mill. kroner frå 2022, knytt til reduksjon i talet på brukarar av ordninga. I økonomiplanen for 2022-2025 vart innsparinga utsett til 2023. For å redusere talet på brukarar av ordninga må retningslinjene reviderast. Dette arbeidet er i gang, og sak om dette skal ut på høyring og politisk behandling i løpet av 2023. Det må setjast ein overgangsperiode når nye retningslinjer vert iverksett. Innsparinga er derfor foreslått utsett til 2024.

Nærmare om ordninga
Det er samferdselsområdet som administrerer ordninga, medan det er kommunane som godkjenner kvar enkelt brukar. Det er store variasjonar mellom brukarane, og på kor mykje dei nyttar ordninga. For å unngå mindreforbruk har det derfor over fleire år blitt tatt inn fleire brukarar enn kva den økonomiske ramma tilseier. Usikkerheita for TT-ordninga er hovudsakleg knytt til denne «overbookinga».

## Ramme 69 – Div. samferdselsformål

(i 1000 kroner)

| Ramme 69 Div. samferdselsformål | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Driftsutgifter | 50 014 | 43 578 | 44 514 | 42 261 | 42 261 | 42 261 |
| Driftsinntekter | -7 232 | | | | | |
| **Sum ramme 69** | **42 782** | **43 578** | **44 514** | **42 261** | **42 261** | **42 261** |

Løyvinga på ramma dekker ei rekke formål knytt til drift av kollektivtrafikken, mellom anna kundesenter, marknadsarbeid, billettkontroll, drift av sanntidssystem, leige av trafikkterminalar, billetteringssystem og publikumsinformasjon.

Foreslegne endringar av ramma
I 2023 er løyvinga på ramma samla sett foreslått auka med 900 000 kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 1 mill. kroner er det foreslått følgande budsjettendringar:

- **2023:**
  - Parallelle billetteringssystem: 1,2 mill. kroner

- **2023-2026:**
  - Auka driftskostnader leie av terminalar: 1,2 mill. kroner
  - Auka driftskostnader marknadsaktivitet: 2,7 mill. kroner
  - Innsparingsforslag – Omstilling 2020: -5,2 mill. kroner

- **2024-2026:**
  - Nytt billetteringssystem: -1,5 mill. kroner
  - Auka driftskostnadar LED-skilt: 500 000 kroner

*Parallelle billetteringssystem*
For å redusere risikoen ved overgangen til det nye billetteringsystemet vil både det gamle og det nye systemet køyre parallelt i 2023. Løyvinga er foreslått auka med 1,2 mill. kroner i 2023, som ein eittårige auke.

*Leige av terminalar*
Fylkeskommunen har leigeavtalar med trafikkterminalane i Ålesund (Moa), Molde, Kristiansund, Sunndalsøra, Surnadal, Ytterland, Hareid, hurtigbåtkaia Skateflua og

Åndalsnes skysstasjon. Leigeavtalane regulerast gjennom konsumprisindeksen. Grunna auka utgifter til leige, foreslår vi å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner frå 2023.

*Auka driftskostnadar marknadsaktivitet*
Løyvinga er foreslått auka med 2,7 mill. kroner grunna auka driftskostnadar knytt til marknadsaktivitet. Det er fleire årsaker til auken. For å effektivisere interne rutinar og betre kommunikasjon (drift sanntid) ut til kundane, også etter opningstidene til kundesenteret, er vi avhengig av å legge til rette for operatørane våre. Det er auka kostnader knytt til å effektivisere avvikshandteringa. Vidare er det fleire transaksjonar gjennom bankkort og app enn tidlegare. Dette medfører høgare transaksjonskostnadar. I tillegg vil innføring av nytt billettsystem føre til eit auka behov for billettkontrollar.

Innsparingsforslag*: Omstilling 2020*
I samband med Omstilling 2020 var det føresett ei samla innsparing i 2023 på 5,2 mill. kroner knytt til styrka satsing på marknad, mobilitet og kollektiv forretningsutvikling (tiltak 12) og digitalisering, automatisering og robotisering (tiltak 13). Tiltak 12 skulle gi innsparing gjennom auka inntekter, men dette har vist seg vanskeleg i dagens situasjon. Tiltak 13 har resultert i effektivisering, men nye tilførte oppgåver krev den ledige kapasiteten. Grunna den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen foreslår vi likevel å redusere løyvinga med 5,2 mill. kroner. Det er usikkerheit knytt til om det er mogleg å gjennomføre innsparinga.

<u>Foreslegne endringar av ramma i seinare budsjettår</u>

*Auka driftskostnader knytt til LED-skilt*
I vedtatt økonomiplan for 2022-2025 vart det sett av 10 mill. kroner per år til investeringar i utviklingstiltak i kollektivtransporten. Ein del av dette vil gå til investeringar av LED-skilt på haldeplassar i byområda. Ei slik investering vil medføre varig auka driftskostnadar på 500 000 kroner. Løyvinga aukar i 2024 som følgje av dette.

Ei anna satsing knytt til dette området er informasjon på innvendige skjermar om bord i bussane. Desse skjermane kan gi ekstrainformasjon til kundane våre om innfartsparkering, sykkelparkering og stader av interesse som vises tilknytt enkelte haldeplassar. Dette blir dekt innanfor gjeldande rammer.

*Nytt billetteringssystem*
Når det nye billetteringssystemet er innført i 2024 vil det gi ei årleg innsparing på 1,5 mill. kroner. Løyvinga er foreslått redusert tilsvarande frå 2024.

<u>Nærmare om ramma</u>
Samferdselssektoren står ovanfor store endringar driven av ny teknologi, nye forretningsmodellar, aukande kundeforventingar og eit behov for berekraftige løysingar. Nye løysingar vil kunne utviklast som er betre for innbyggarane. Nye verktøy og kommunikasjonsformer kan leggje til rette for å auke kollektivandelen.

## Ramme 70 – Fylkesvegar

(i 1000 kroner)

| Ramme 70 Fylkesvegar | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Driftsutgifter | 821 690 | 561 728 | 654 205 | 710 395 | 706 542 | 696 267 |
| Driftsinntekter | -217 118 | | | | | |
| **Sum ramme 70** | **604 572** | **561 728** | **654 205** | **710 395** | **706 542** | **696 267** |

(i 1000 kroner)

| Ramme 70 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Budsjett 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| Straumutgifter | 2 000 | 6 650 | 11 300 | 11 300 |
| Drifts- og fagkontraktar | 564 005 | 613 845 | 613 042 | 596 567 |
| Bru- og kaivedlikehald | 45 200 | 49 400 | 41 700 | 47 900 |
| Dekkelegging og vegoppmerking | 49 000 | 81 500 | 81 500 | 81 500 |
| Trafikktryggingsmidlar (50/50) | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Haldningsskapande trafikktryggingsarbeid | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| Ufordelt utgiftsreduksjon | -10 000 | -45 000 | -45 000 | -45 000 |
| **Sum** | **654 205** | **710 395** | **706 542** | **696 267** |

Løyvinga dekker kostnader med drift og vedlikehald av om lag 3 200 kilometer fylkesveg. Dette omfattar mellom anna kostnadar til veglys og andre elektriske installasjonar på fylkesvegnettet, dekkelegging og vegoppmerking, dei geografiske inndelte driftskontraktane og dei spesifikke fagkontraktane, som til dømes tunnelvask og elektroarbeid. Løyvinga går også til vedlikehald av om lag 1 000 bruer på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal, i tillegg til service, kontroll og vedlikehald av om lag 60 ferje- og hurtigbåtkaier som fylkeskommunen har ansvar for. I tillegg blir midlane nytta til haldningsskapande trafikktryggingsarbeid og den fylkeskommunale delen av fysiske trafikktryggingstiltak i kommunane.

Foreslegne endringar av ramma
I 2023 er løyvinga på ramma samla sett foreslått auka med 92,5 mill. kroner, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Ved sidan av prisjustering av løyvinga til 2023-kroner på 17,8 mill. kroner er det foreslått følgande budsjettendringar:

- **2023:**
  - Innsparingstiltak – mindre dekkelegging i 2023: -32,3 mill. kroner
  - Innsparingstiltak – kutt i nye driftskontraktar: -8,4 mill. kroner
  - Innsparingstiltak – utsette rekkverkskontrakt: -5 mill. kroner
  - Utbetring Hamnsund hurtigbåtkai: 4 mill. kroner

- **2023-2026:**
  - Endra kostnadsutvikling drifts- og fagkontrakter:
    - 2023: 114 mill. kroner
    - 2024: 148,4 mill. kroner
    - 2025: 147,7 mill. kroner
    - 2026: 131,5 mill. kroner
  - Prisvekst for dekkelegging i 2022: 15 mill. kroner
  - Nordøyvegen – netto auke i driftskostnadar: 5,2 mill. kroner
  - Omstilling 2020 – effektiviseringskrav: -1 mill. kroner
  - Nedtrapping av ekstrabehov til vedlikehaldstiltak i tunnel: -2,5 mill. kroner

    - Innsparingstiltak – generell utgiftsreduksjon: -10 mill. kroner, Del I, kap. 2.3.

- **2023-2024:**
    - Reduserte straumkostnader:
        - 2023: -9,3 mill. kroner
        - 2024: -4,7 mill. kroner
    - Tiltak etter undervannsinspeksjon på hurtigbåtkaier: 5 mill. kroner

- **2024-2026:**
    - Kostnadsauke for, og endra finansiering av, bruvedlikehald: 5 mill. kroner
    - Overflatebehandling av lange stålbruer:
        - 2024: 3 mill. kroner
        - 2025: 300 000 kroner
        - 2026: 6,5 mill. kroner
    - Innsparingstiltak – omstillingskutt 2024: -35 mill. kroner, Del I, kap. 2.3.

*Kostnadsauke i nye drifts- og fagkontraktar*
I økonomiplanen for 2022-2025 var det lagt til grunn ei kostnadsauke på 73,7 mill. kroner i nye drifts- og fagkontraktar i 2023, samanlikna med vedtatt budsjett for 2022. Med grunnlag i dei to sist inngåtte driftskontraktane, har vi justert ned venta meterpris i komande kontraktar, samanlikna med det som var føresett i økonomiplanen for 2022-2025. Ei av årsakene til dette, kan vere at vi i dei nye kontraktane har gjort ulike grep for å få ned kostnadene. Vi har m.a. endra på risikofordelinga mellom entreprenør og byggherre, slik at risikopåslaget frå entreprenøren kan reduserast. Ei anna årsak er at meterprisen i kontraktane som vart inngått i 2020, og som låg til grunn for økonomiplan 2022-2025, var ekstraordinært høg, truleg pga. usikkerheit i høve regionreforma.

Trass i at venta meterpris i nye kontraktar har blitt justert ned, er bindingane knytt til drifts- og fagkontraktane vesentleg større i 2023 enn det som ligg til grunn i vedtatt økonomiplan. Dette skuldast at prisauken i slutten av 2021 og så langt i 2022 har vore ekstraordinært stor. Det er lagt til grunn vidare vekst i dei to siste kvartala i 2022 i berekningane, slik at gjennomsnittleg vedlikehaldsindeks i 2022 er føresett å ligge knappe 16 prosent over gjennomsnittleg indeks i 2021. Kontraktsregulering i samsvar med slik utvikling i vedlikehaldsindeksen gir både eit meirforbruk i 2022, fordi prisauken ikkje var føresett i sist økonomiplan, og det gir ein venta kostnadsauke i 2023 og framover. Denne må kompenserast for at driftsnivået skal vere på tilsvarande nivå som i 2022. Oppdaterte anslag syner eit behov for ei auke på 114 mill. kroner i 2023 samanlikna med vedtatt budsjett for 2022, for å vidareføre drifts- og fagkontraktane på same driftsnivå. Dette er om lag 40 mill. kroner høgre enn lagt til grunn i vedtatt økonomiplan. Om ikkje meterprisen i dei nye kontraktane hadde blitt lågare enn føresett i sist økonomiplan, hadde kostnadsauken vore endå høgare.

Det er verd å merke at det over fleire år er gjennomført kutt i dei eksisterande kontraktane, som i hovudsak går ut over planlagt vedlikehald, for å halde kostnadsnivået nede og innanfor vedtekne rammer. Kutt eller «nedkjøp» i kontraktane blir også gjennomført for eksisterande kontraktar i komande økonomiplanperiode, med same prosentvise kutt som i 2022. Det er ikkje vurdert å vere særleg stort rom for ytterlegare kutt, både m.o.t. kontraktstilhøve og m.o.t. tilstanden på vegnettet.

Sjølv om venta meterpris i dei nye kontraktane er lågare enn tidlegare føresett, reknar vi likevel med at meterprisen er vesentleg høgare enn dagens nivå på fleire av kontraktane. Det vil seie at dei samla kostnadene til drifts- og fagkontraktar vil auke for kvar ny kontraktsperiode. I 2024 får vi heilårseffekten av både dei nye kontraktane på Nordmøre og Romsdalskontraktane, i tillegg til oppstart av ny kontrakt på Søre Sunnmøre frå

september. I 2025 blir det ytterlegare auke pga. heilårseffekt av ny kontrakt på Søre Sunnmøre.

*Prisvekst for dekkelegging i 2022*
Kostnadene til dekkelegging i sist gjennomførte konkurranse har auka vesentleg samanlikna med fjoråret. Kostnadsindeksen for asfaltering av vegar auka med 22,7 prosent frå 2. kvartal i 2021 til 2. kvartal i 2022. Prisauken er reflektert i prisane på dekkekontraktane for 2022, som ligg om lag 20 prosent over prisane i 2021-kontraktane. For å kunne halde fram med dekkelegging i om lag same omfang som tidlegare, er det behov for å auke løyvinga med 15 mill. kroner i 2023. Vi meiner det er relevant å synleggjere prisauken i økonomiplanen for seg sjølv, og så viser vi til eigen omtale av innsparingsforslag på dekkelegging nedanfor.

*Nordøyvegen – netto auke i driftskostnadar*
Fylkeskommunen sparer 2,2 mill. kroner i året til drift og vedlikehald av ferjekaier og hurtigbåtkaier når Nordøyvegen no har opna. Samstundes er kostnadar til drift og vedlikehald av den nye fylkesvegen rekna til 7,4 mill. kroner. Samla sett gir dette ein varig auke i årlege drifts- og vedlikehaldskostnadar på 5,2 mill. kroner. Løyvinga er foreslått auka tilsvarande.

*Omstilling 2020 – effektiviseringskrav*
Løyvinga er foreslått redusert med 1 mill. kroner i samband med eit effektiviseringskrav frå Omstilling 2020.

*Nedtrapping av ekstrabehov til vedlikehaldstiltak i tunnel*
Løyvinga er foreslått redusert med 2,5 mill. kroner som følgje av at vedlikehaldsarbeidet med å skifte ut pumper i Eiksundtunnelen er avslutta.

*Reduserte straumkostnadar*
Det er inngått svært gunstige avtalar for kjøp av straum. Løyvinga er foreslått redusert med 9,3 mill. kroner i 2023 og 4,7 mill. kroner i 2024.

*Tiltak etter undervannsinspeksjon på hurtigbåtkaier*
Det er bestilt undervannsinspeksjon av alle hurtigbåtkaiene i fylket. Som oppfølging av inspeksjonane er løyvinga foreslått auka med 5 mill. kroner i 2023 og 2024 for å gjennomføre naudsynt vedlikehaldsarbeid på hurtigbåtkaiene.

*Utbetring Hamnsund hurtigbåtkai*
Løyvinga er foreslått auka med 4 mill. kroner i 2023 knytt til vedlikehaldsarbeid på Hamnsund hurtigbåtkai.

*Innsparingstiltak: Redusere dekkelegging i 2023*
Grunna den krevjande økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i, er det naudsynt å gjere innsparingstiltak. Eit innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført er å redusere mengda av dekkelegging i 2023. Løyvinga er derfor foreslått redusert med 32,3 mill. kroner. Samla sett vert det foreslått sett av 47,7 mill. kroner til dekkelegging og vegmerking i 2023.

Med lågare løyving til dekkelegging og auke i prisnivået, jf. omtale over, fører dette til at ein får lagt mykje mindre dekke i 2023 enn i tidlegare år. Om vi justerer for prisvekst, vil dekkeleggingsbudsjettet i 2023 vere ein tredjedel av justert budsjett for 2022, og ein femtedel av det faktiske årlege behovet.

Manglande reasfaltering vil merkast for trafikantane i Møre og Romsdal, og det vil gje dårlegare drift av vegnettet, fleire sporete vegar og auka risiko for ulukker. Etterslepet vil auke ytterlegare. Reduksjon i driftsnivået i 2023 er ikkje forsvarleg å vidareføre i økonomiplanperioden. Derfor er dette lagt inn som eittårig kutt. Estimert årleg behov for

midlar til dekkelegging, eksklusive vegmerking, for å unngå ytterlegare forfall, er i intervallet 150-200 mill. kroner, jf. rapport om utviklingstrekk 2023-2026.

*Innsparingstiltak: Kutt i nye driftskontrakter*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført, er ein eittårig reduksjon av planlagt vedlikehaldsarbeid i dei nye driftskontraktene på Nordmøre. Konsekvensen blir m.a. at etterslepet vil auke ytterlegare, og at vi vil vere dårlegare rusta til å handtere våtare vêr, flaum osv.

*Innsparingstiltak: Utsette rekkverkskontrakter*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått gjennomført, er å utsette utlysinga av ein ny rekkverkskontrakt. Det er stort behov for nytt rekkverk langs fylkesvegane i fylket. Utbetring og oppsett av nytt rekkverk er eit viktig tiltak for trafikksikkerheita. Innsparinga er derfor eittårig. Løyvinga er foreslått redusert med 5 mill. kroner i 2023.

Innsparingstiltak: Generell utgiftsreduksjon
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått er å redusere alle fylkestingsrammer etter same sats. For ramme D12 Samferdselstenester utgjer dette beløpet 22,7 mill. kroner. Foreløpig er reduksjonen fordelt på ramme 63 (2,7 mill. kroner), 65 (10 mill. kroner) og 70 (10 mill. kroner). Det har diverre ikkje vore tid til å avklare kva konkrete innsparingstiltak dette inneber. Følgande overordna tiltak kan vere mogleg for ramme 70:

- Ytterlegare redusert dekkelegging og vegmerking
- Redusert kaivedlikehald
- Ytterlegare reduksjonar innan driftskontraktar og anna kontraktsarbeid

Vi vil kome tilbake med eiga sak om endeleg fordeling og konkretisering i samferdselsutvalet primo februar 2023.

*Innsparingstiltak: Omstilling 2024*
Vidare forslag til innsparingstiltak som blir foreslått er å gjennomføre ein omstillingsprosess med sikte på å redusere driftskostnadane til fylkeskommunen gjennom strukturelle endringar og tilbodsendringar. Endeleg innretning og fordeling av ein ev. reduksjon vil vi kome tilbake til i samband med økonomiplanen for 2024-2027. Foreløpig er det lagt inn ein reduksjon på 70 mill. kroner på samferdselsområdet frå 2024. 35 mill. kroner er midlertidig plassert på ramme 70

Foreslegne endringar av ramma i seinare budsjettår

*Kostnadsauke for og endra finansiering av bruvedlikehald*
Med aukande prisar, både for bygging og vedlikehald av bruer, får vi mindre igjen for dei tildelte midlane til bruvedlikehald. Budsjettet til bru- og ferjekaivedlikehald har vore det same over mange år. I praksis er dette ein nedgang, med tanke på prisveksten. Det er også fleire brutiltak i investeringsprogrammet som ligg i gråsona mellom investering og vedlikehald, og vi reknar med at nokre av desse må dekkast gjennom driftsbudsjettet. Dersom vi skal vidareføre om lag same omfang av vedlikehaldsarbeid som planlagt, er det dermed behov for å styrke rammene med 5 mill. kroner per år, frå og med 2024.

*Overflatebehandling av lange stålbruer*
I perioden rundt 1990 til 2005 vart fleire lange bruer i stål bygd i ytre kyststrok i fylket. Overflatebehandling beskyttar stålet mot korrosjon og tverrsnittsreduksjon (barriere). Forventa levetid på overflatebehandling er mellom 20-30 år, avhengig av miljøet og kvaliteten på utføringa. Overflatebehandlinga har vore prioritert som investeringstiltak, men på grunnlag av tilbakemeldingar frå revisor og kriteria for kva som kan reknast som investering, er konklusjonen at tiltaka må finansierast over driftsbudsjettet.

I vedtatt investeringsprogram for 2022-2031 var det sett av 60 mill. kroner i perioden 2025-2031 til overflatebehandling av Langøybrua, Kulisvabrua, Dromnessundbrua, Mjosundbrua, Imarsundbrua og Straumsbrua. Sjølv om ein berre behandlar ei bru per år, blir kostnaden per bru så høg at det ikkje vil vere mogleg å dekke kostnaden innanfor dei ordinære budsjetta til bru- og ferjekaivedlikehald. Tiltak er ikkje prosjektert, og det er ikkje avklara kontraktstrategi for arbeidet. Fordeling per år og oppdatert kostnadsestimat må vi kome tilbake til. Dette vil ikkje ha budsjetteffekt før i 2024-budsjettet.

Nærmare om ramma

*Auka kostnadar for drift og vedlikehald av fylkesveg*
Kostnadsindeksen for drift og vedlikehald av vegar har hatt ein svært stor auke det siste året, m.a. som følgje av høge prisar på innsatsfaktorar som diesel og bitumen, samt høge transportkostnader generelt. Dette gjer at kontraktskostnadene aukar vesentleg, også for gjeldande kontraktar, utan at rammene aukar tilsvarande. Auka kostnader medfører at vi får gjort mindre vedlikehaldsarbeid med dei avsette midlane til drift og vedlikehald. Meir elektronikk i tunnelane gir også eit auka behov for vedlikehald og midlar til elektrokontraktane.

*Hendingar i løpet av budsjettåret*
Det er ikkje sett av midlar i økonomiplanen til å dekke kostnader ved ekstraordinære hendingar som skred, flaum og ekstremvêr. Slike midlar må løyvast utanom ordinært budsjett, jf. også sak til Fylkestinget i juni 2022: T-52/22 om «Behov for endring på ramme 70 Fylkesvegar i 2022».

*Vedlikehaldsetterslepet fortsett å auke*
Vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg er framleis stort og veksande. I SA-47/22 *Utviklingstrekk for samferdselssektoren 2023-2026* er anslaga frå 2019-rapporten frå Statens vegvesen oppdatert. Rapporten tilseier at etterslepet per 2022 er i intervallet 11-12 mrd. kroner. Om ein fortsett med eit innsatsnivå på 2022-nivå, vil etterslepet anslagsvis auke med om lag 260 mill. kroner årleg. Statlege tilskot vil avhjelpe situasjonen noko. Frå 2022 gir staten eit tilskot til vedlikehald av fylkesveg, som etter planen skal trappast opp. Dette vil ikkje vere nok til å stanse veksten i etterslepet, alt anna likt. Skal fylkeskommunen oppnå målet om å redusere, eller i det minste stanse, veksten i etterslepet, må det skje gjennom ein forsterka eigeninnsats.

For låge løyvingar til vedlikehald gjer at ein må prioritere akutte tiltak, og det blir i for liten grad gjort preventive tiltak. Dette gjer rekninga større på sikt. Låge budsjett til dekkelegging gir større behov for vedlikehald generelt, fordi det medfører bruk av driftskontraktene til å asfaltere «hol i vegen». Dette går ut over anna vedlikehaldsarbeid. Trass i budsjettauke, har driftsrammene i fleire år vore for låge til at fylkesvegnettet kan haldast ved like i samsvar med måla i fylkesstrategi for samferdsel. Etterslepet held fram med å auke pga. kutt i inngåtte drift- og vedlikehaldskontraktar og for lite midlar til vedlikehald av vegdekket, bruer og ferjekaier. Det er ofte vedlikehaldsoppgåvene som blir kutta når rammene er lågare enn behovet. Det går ut over vedlikehald av rekkverk, skogrydding, skifte av stikkrenner, asfaltering, oppmerking m.m.

*Trafikktryggleik*
Vi opplever i 2022 ei dramatisk auke i trafikkulukker. Det er samansette årsaker til dette, men dårleg vedlikehald kan vere ei medverkande årsak til ulukker. T.d. kan manglande eller dårleg rekkverk og djupe grøfter bidra til at utforkøyringar får meir alvorlege konsekvensar, og sporete veg kan auke faren for vassplaning og gjere brøyting utfordrande. Som ansvarleg vegeigar, bør Møre og Romsdal fylkeskommune sjå til at naudsynt vedlikehaldsarbeid blir utført på fylkesvegane. Godt vedlikehaldne vegar er god samfunnsøkonomi og eit svært viktig trafikktryggingstiltak.

Moglege tiltak i framtida

*Riving av kaier – Nordøyvegen*
Etter at Nordøyvegen har opna, står fylkeskommunen att med fleire ferje- og hurtigbåtkaier som vi ikkje har behov for. Det er ikkje behov for å oppretthalde kaiene i beredskapssamanheng, og tilstanden på kaiene er generelt svært dårleg. Ein del av kaiutstyret vil ikkje lenger ha nokon funksjon og kan rivast. Vi meiner at det uforsvarleg å la fleire av konstruksjonane stå over tid. Dei kan utgjere ein risiko for andre som ikkje har kjennskap til tilstanden. Riving av kaier er ikkje ein del av prosjektkostnaden til Nordøyvegen. Kostnadene med dette må dekkast gjennom ein auke av driftsbudsjettet. Det er ikkje rom for dette innanfor dei økonomiske rammene i årets økonomiplan.

*Innsats for å stanse veksten i vedlikehaldsetterslepet*
Fylkestinget vedtok ei føring i T-58/22 Strategi og rammer for økonomiplan 2023-2026 om at framlegget til økonomiplan 2023-2026 skulle «stoppe veksten i og redusere vedlikehaldsetterslepet på vegane». Innanfor ansvarlege økonomiske rammer er det ikkje mogleg å innfri forventninga. Med dei avsette rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet i denne økonomiplanen, vil etterslepet fortsette å auke i 2023. SA-47/22 *Utviklingstrekk for samferdselssektoren 2023-2026* viser at det kan vere mogleg å stanse veksten i etterslepet i 2030 om ein årleg aukar løyvinga til vedlikehald med 10 mill. kroner fram til 2030.



*Figur: Stans i veksten i vedlikehaldsetterslepet i 2030 (mill. kroner)*

Om vi ser kor stor auken må vere om vi skal snu trenden innan utgangen av komande økonomiplanperiode, 2023-2026, vil det vere behov for ei årleg auke på om lag 27 mill. kroner. Dette føreset at dei statlege tilskota held fram som lova og at generell prisauke blir kompensert fullt ut.



*Figur: Stans i veksten i vedlikehaldsetterslepet i 2026 (mill. kroner)*

## 10.3 Investeringar

Prioritering og avsetning av midlar til investeringsprosjekt er gjort i samsvar med vedtatt økonomiplan, vedtatt investeringsprogram, jf. T-49/22, og fleire einskildsaker som har vore behandla i Fylkesutvalet og/eller Fylkestinget i løpet av 2022. Som følgje av svært stor kostnadsutvikling i slutten av 2021 og så langt i 2022, har kostnadsestimata på dei fleste prosjekta blitt endra. Byggekostnadsindeksen for veganlegg har auka med 17,2 prosent frå 2. kvartal 2021 til 2. kvartal 2022. Lokalt ser vi at kostnadsanslag og tilbod også aukar meir enn anleggsindeksen. Det samla behovet for midlar, for å starte opp og gjennomføre dei tiltaka som er føresett utført i tidlegare vedtak, har auka med meir enn 1 mrd. kroner, samanlikna med det som låg til grunn i vedtatt økonomiplan 2022-2025.

På grunn av den høge prisveksten og ein krevjande økonomisk situasjon for fylkeskommunen, er det nødvendig å skubbe på framdrifta på mange prosjekt, for å redusere investeringane i økonomiplanperioden. Sist under dette kapittelet er det ein kort omtale av konsekvensane av redusert investeringsnivå.

Mange av kostnadsoverslaga har framleis mykje usikkerheit i seg, fram til meir detaljerte planar er klare og anslag eller byggherreoverslag blir rekna. Om ikkje anna er nemnd, er investeringa oppgitt i 2022-kroner.

I T-83/22 *Avklaring av omfang og kostnadsramme for Åfarnes og Sølsnes ferjekaier* står det at fylkeskommunedirektøren, i samband med økonomiplanen for 2023-2026, skal vurdere endringar i økonomireglementet når det kjem til politisk handsaming av forslag til endra kostnadsramme for investeringsprosjekt. Slik situasjonen er no, meiner fylkeskommunedirektøren at det er viktigare enn nokon gong at Fylkestinget har oversikt over og kontroll på investeringsporteføljа og ev. kostnadsoverskridingar. Fylkeskommunedirektøren ønsker derfor ikkje å vurdere endringar i økonomireglementet no, men vil ev. kome tilbake til dette på eit seinare tidspunkt.

( i mill. 2022-kroner)

| | Økonomiplan | | | | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| **Fylkesveg** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** | **2023-26** |
| **Store prosjekt** | | | | | |
| Todalsfjordprosjektet | 6,5 | - | - | - | 6,5 |
| Kjerringsundsambandet | 50,0 | 100,0 | 100,0 | 300,0 | 550,0 |
| **Sum store prosjekt** | **56,5** | **100,0** | **100,0** | **300,0** | **556,5** |

[6]

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Bypakkar** | | | | | |
| Fylkesvegtiltak i bypakke Ålesund | 70,0 | 130,0 | 180,0 | 90,0 | 470,0 |
| Fylkesvegtiltak i bypakke Kristiansund | | | 35,0 | | 35,0 |
| **Sum bypakkar** | **70,0** | **130,0** | **215,0** | **90,0** | **505,0** |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Skredsikring** | | | | | |
| Ågothammaren | 10,4 | | | | 10,4 |
| Korsmyra - Indreeide | 271,0 | | | | 271,0 |
| **Sum skredsikring** | **281,4** | **-** | **-** | **-** | **281,4** |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Andre investeringar fylkesveg** | | | | | |
| Fornying/forsterkning av vegstrekningar i Møre og Romsdal | 15,0 | - | - | - | 15,0 |
| Sum Ferjekaier | 602,5 | 344,2 | 66,5 | 93,0 | 1 106,2 |
| Sum Bruer | 438,8 | 403,5 | 259,0 | 160,0 | 1 261,3 |
| Sum Tunellar | 122,5 | 265,0 | 253,0 | 265,0 | 905,5 |
| Sum Utbetringar (andre investeringar på eksisterande veg/flaskehalsar) | 16,0 | 1,0 | - | - | 17,0 |
| Sum Gang- og sykkelvegar | 48,5 | - | 3,0 | 57,0 | 108,5 |
| Sum Trafikktryggingstiltak | 33,3 | 13,0 | 20,0 | 35,5 | 101,8 |
| Sum Miljøtiltak | 2,2 | 5,7 | 3,5 | 2,1 | 13,5 |
| Sum Service-, by- og tettstadstiltak | - | - | - | - | - |
| Sum Kollektivtiltak | 30,0 | - | - | 10,0 | 40,0 |
| Sum Planprosjekt | 5,5 | 5,0 | 3,0 | 4,0 | 17,5 |
| Sum Grunnerverv | 1,0 | 0,5 | 2,0 | 2,0 | 5,5 |
| **Sum andre investeringar fylkesveg** | **1 315,3** | **1 037,9** | **610,0** | **628,6** | **3 591,8** |
| **Sum investering Fylkesveg** | **1 723,2** | **1 267,9** | **925,0** | **1 018,6** | **4 934,7** |

[6] Gjennomføring av Kjerringsundsambandet er avhengig av gjennomføring av riksvegprosjektet E39 Ålesund-Molde, samt at prosjektet kan bli gjennomført som eit sjølvfinansierande prosjekt. I praksis betyr dette tilstrekkelege garantiar om finansiering frå Aukra kommune.

| Investeringar kollektiv | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| Nytt billetteringssystem | 28,7 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 34,7 |
| Business intelligence/datavarehus | 2,7 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 7,2 |
| Utviklingstiltak kollektivtrafikken | 10,0 | 10,0 | 10,0 | | 30,0 |
| Ruteinformasjon og haldeplassutformin | 2,0 | 11,9 | | | 13,9 |
| Toalettbygg | 3,0 | | | | 3,0 |
| Kontraktoppfølgingsverktøy | 1,0 | | | | 1,0 |
| Ladestasjon Kristiansund | | 15,0 | | | 15,0 |
| Mobilitet på tvers | | | 6,5 | | 6,5 |
| Utvikling merkevara FRAM | | | | | - |
| Pasientreiser | | | 2,0 | | 2,0 |
| **Sum investeringar kollektiv** | **47,4** | **40,4** | **22,0** | **3,5** | **113,3** |

| Investeringar bussdepot | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| Bussdepot Kristiansund | 79,0 | | | | 79,0 |
| Bussdepot Molde | 90,0 | 60,0 | | | 150,0 |
| Bussdepot Ålesund | 1,0 | 1,0 | 10,0 | 90,0 | 102,0 |
| **Sum investeringar bussdepot** | **170,0** | **61,0** | **10,0** | **90,0** | **331,0** |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sum investering Samferdsel (brutto)** | **1 940,6** | **1 369,3** | **957,0** | **1 112,1** | **5 379,0** |

## 10.3.1 INVESTERINGAR FYLKESVEG

### Store prosjekt

Todalsfjordprosjektet (Sunndal og Surnadal kommunar)
Det er i økonomiplan 2022-2025 sett av midlar til reguleringsplanlegging av Todalsfjordprosjektet i økonomiplanperioden, jf. vedtak i sak T-45/21 om vedtatt kommunedelplan og vidare framdrift i prosjektet. Reguleringsplanarbeidet har eit førebels kostnadsestimat på 40 mill. kroner.

Prisjustert med venta indeksregulering for 2022, blir vedtatt styringsramme for Todalsfjordprosjektet (jf. T-45/21) om lag 3 500 mill. 2022-kroner og kostnadsramma om lag 4 375 mill. 2022-kroner. Dette er basert på full utbygging, med utbetring av vegen mellom Svinvika og Åsbøen. Endeleg omfang av prosjektet er føresett avklara i komande politiske vedtak.

I verdianalysen som er gjennomført i juni 2022, er tidlegare vurderingar og konseptval gjennomgått, og det er kome nokre nye forslag og innspel til optimalisering og kostnadsreduksjonar. Tilrådinga i verdianalysen er å vurdere tunnelalternativa på nytt, då desse kan gje vesentlege innsparingar økonomisk, i tillegg til at ein unngår ein del utfordringar/ inngrep ved Rakaneset, Svinvika og Nordvik (arealkonflikter).

Det er sett av midlar i 2023 til å utgreie tunnelalternativet nærare. Alternativet skal utgreiast slik at det kan gjerast kostnadsanslag på kommunedelplannivå, tilsvarande vedtatt konsept. Det skal m.a. gjennomførast seismikk og andre geologiske undersøkingar, og rapport er venta levert i februar 2023. Etter at rapporten er levert, må det vurderast om ein skal gå vidare med denne løysinga eller vedtatt konsept. På bakgrunn av at val av løysing no er uavklara, tek ein stilling til framtidig behov ved neste rullering av økonomiplanen.

Kjerringsundsambandet (Aukra og Molde kommunar)
Kjerringsundsambandet vil binde Gossen i Aukra kommune ferjefritt til fastlandet via Otrøya og ny E39. Kjerringsundsambandet er eit sjølvfinansierande prosjekt i den forstand at prosjektet skal realiserast utan at det påverkar fylkeskommunen sin økonomi negativt. Det er utarbeidd ein finansieringsavtale der Aukra kommune forpliktar seg til å fullfinansiere prosjektet, saman med bompengar, kompensasjon for meirverdiavgift og ferjeavløysingstilskot. Kostnader i økonomiplanperioden gjeld oppstart av grunnerverv, med innløysing av bustader og dyrka mark, samt oppstart forprosjekt og ev. arkeologi. Vidare framdrift etter 2024 vil vere avhengig av framdrifta på E39 Ålesund – Molde, og det er stor usikkerheit knytt til tal og periodisering. Alle kostnader knytt til prosjektet inkl. byggherrekostnader skal dekkast inn av eksterne midlar, og vil derfor ikkje føre til auka låneopptak i økonomiplanperioden.

**Bypakkar**

Fylkesvegtiltak i bypakke Ålesund
Fylkestinget vedtok i sak T-32/19 om bypakke Ålesund (lokalpolitisk behandling) at 85 mill. 2019-kroner skal innarbeidast i budsjett og økonomiplan for 2021-2028.

Fylkesvegtiltaka i bypakke Ålesund (infrastrukturtiltaka) blir i all hovudsak finansiert av bompengar og kompensasjon for meirverdiavgift. Innkrevjinga av bompengar starta 22. august 2022. Det som ikkje blir finansiert av bompengar, blir rekna som fylkeskommunalt bidrag. I dette inngår kompensasjon for meirverdiavgift og lånefinansierte midlar (eigendel). Endeleg fordeling mellom fylkeskommunal eigendel og mva-kompensasjon, kjem an på kor mange prosjekt/tiltak som blir utført på det fylkeskommunale vegnettet i bypakken og endeleg kostnad på desse. Slik kostnadsestimata er per i dag, vil det fylkeskommunale bidraget i all hovudsak bli dekt av mva-kompensasjon, jf. tabellen nedanfor.

| | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|
| **Investering (utgifter)** | | | | |
| - Fylkesvegtiltak i bypakke Ålesund | 70,0 | 130,0 | 180,0 | 90,0 |
| **Finansiering (inntekter)** | | | | |
| - Bompengebidrag | -55,0 | -106,6 | -145,1 | -71,0 |
| - Meirverdikompensasjon | -12,6 | -23,4 | -32,4 | -16,2 |
| - Bruk av lånemidlar | -2,4 | 0,0 | -2,5 | -2,8 |
| **Sum** | **0,0** | **0,0** | **0,0** | **0,0** |

I bypakke Ålesund er det fleire tiltak som er planlagt på og langs fylkesveg. Dette gjeld m.a. fv. 60 Blindheim - Flisnes, sykkelvegar, trafikktryggingstiltak og kollektivterminalen i Keiser Wilhelmsgt. Prosentvis fordeling av investeringsbeløp på ulike vegeigarar er ikkje heilt avklart for alle tiltaka. Den endelege prosjektporteføljen kan også endre seg, m.a. som følgje av kostnadsendringar. På grunn av dette, er det vanskeleg å seie sikkert kva som blir samla investering på fylkesvegnettet, men vedtatt handlingsprogram tilseier ei samla investering på fylkesveg på om lag 500 mill. kroner. Periodiseringa per år vil truleg endre seg etter kvart som prosjekta kjem i gang.

Fylkesvegtiltak i bypakke Kristiansund
Det er ikkje gjort lokalpolitisk vedtak for bypakke Kristiansund, og estimert kostnad/fylkeskommunale midlar til investeringstiltak er dermed basert på intensjonsvedtaket i 2014. 2,5 prosent av bypakken utgjer om lag 35 mill. kroner.

Fylkesvegprosjekt som er aktuelle å gjennomføre som del av bypakken er knytt til kollektivtiltak, som utbetring av busstopp og ramper med universell utforming eller kantstopp der det er mogleg.

Bompengar kan brukast til tiltak på fylkes-, kommunal- og riksveg. Fylkeskommunen vil finansiere alle eigne tiltak gjennom investeringsmidlar. Endeleg prosjektportefølje frå kommunen er ikkje klar, men samla kostnad for pakken ligg på om lag 1,5 mrd. kroner.

## Skredsikring

Korsmyra – Indreeide (Fjord og Stranda kommunar)
Driving av skredsikringstunnelen mellom Eidsdal og Geiranger starta i november 2020, og tunnelen var planlagt opna for trafikk hausten 2023. På grunn av ulike utfordringar med framdrift, må dato for trafikkopning justerast. Ny dato er ikkje fastsett, og mogleg forsering blir vurdert.

Styringsramma for prosjektet vart i sak U-129/20 fastsett til 807 mill. 2020-kroner, og kostnadsramma til 840 mill. 2020-kroner. I 2022-kroner, med estimert utvikling i anleggsindeksen siste halvår, utgjer dette knappe 1 010 og 1 050 mill. kroner. Foreslått budsjett inkluderer avsetning til usikkerheit og inndekking av meirforbruk frå 2022. Totalprognosen er innanfor vedtatt og prisjustert kostnadsramme.

Ågothammaren (Molde kommune)
Det er foreslått om lag 10 mill. kroner til restfinansiering av prosjektet i 2023, pga. meirkostnader knytt til større sikringsomfang enn estimert. Venta totalkostnad er i overkant av 35 mill. 2022-kroner.

Grandefonna og Sildesteinen, deteksjon og varsling (Stranda kommune)
Eit deteksjons- og varslingsanlegg på fv. 63 ved Grandefonna er prioritert som nr. 2 under mindre skredsikringstiltak i vedtatt investeringsprogram for fylkesvegar. Møre og Romsdal fylkeskommune vil bruke om lag 1 mrd. kroner på å sikre strekninga Korsmyra-Indreeide mot skred. Utan tiltak ved Grandefonna og Sildesteinen, vil dei fastbuande og næringsliv i området framleis måtte leve med risikoen for skred, i tillegg til stengde vegar ved skred og skredfare. Eit varslingsanlegg er eit relativt rimeleg tiltak (15-20 mill. kroner), som vil betre situasjonen vesentleg og også auke nytten av investeringa i Indreeidstunnelen. Vegen kan i større grad haldast open, og risikoen for at nokon blir tatt av skred blir redusert. Eit varslingsanlegg vil også kunne ta bort behovet for ei dedikert beredskapsferje, jf. omtale under ramme 65. Dagens avtale om beredskapsferje gjeld ut 2023, og fylkeskommunen må ev. lyse ut konkurranse om å drifte ei beredskapsløysing. Å ha eit dedikert fartøy og tilgjengeleg mannskap, som kan stille på kort varsel, vil venteleg ha ein høg årleg kostnad.

Det er ikkje lagt inn finansiering av prosjektet eller beredskapsferje frå 2024 i framlegget til økonomiplan, grunna den økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i.

## Fornying/forsterkning

Det er sett av 15 mill. kroner til finansiering av gjennomførte tiltak i 2022. Pga. auka asfaltprisar i 2022, vart kostnaden med planlagde tiltak høgre enn venta.

Grunna den økonomiske situasjonen er det ikkje foreslått sett av ytterlegare midlar til forsterkning av vegstrekningar i økonomiplanperioden. Estimert etterslep på vegdekke og vegfundament er i kartlegginga frå 2018/2019 rekna til 1 mrd. kroner. Det hadde vore fornuftig å samordne vedlikehaldstiltak, dekkelegging og fornying/forsterkning etter ein strekningsvis plan, dersom dette var mogleg innanfor dei økonomiske rammene.

## Tiltak på ferjekaier

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Ferjekaier** | | | | | |
| Tilpassing til batteridrift/ miljøvennlege fartøy | 95,5 | 94,2 | | | 189,7 |
| Program for oppgradering av kaihus (aggregat) | 2,0 | 2,0 | | | 4,0 |
| Romsdalspakken del 1: Aukra fk og Hollingsholm fk | 10,0 | | | | 10,0 |
| Romsdalspakken del 2: Åfarnes fk og Sølsnes fk. | 191,5 | 13,5 | | | 205,0 |
| Indre Sunnmørspakke del 1: Linge fk. og Eidsdal fk. | 172,0 | 14,5 | | | 186,5 |
| Ytre Sunnmørspakke: Voksa fk., Larsnes fk., Åram fk. og Kvamsøya fk. | 114,0 | 171,5 | 6,5 | | 292,0 |
| Forsterking ferjekaier | 10,0 | 8,0 | | | 18,0 |
| Ytre/utasundspakken del 1: Dryna fk og Brattvåg fk. | 5,5 | 39,5 | 55,0 | | 100,0 |
| Ytre/utasundspakken del 2: Småge fk. | | | 2,0 | 35,0 | 37,0 |
| Ytre/utasundspakken del 3: Orten fk og Sandøy fk. | | | 3,0 | 55,0 | 58,0 |
| Romsdalspakken del 3: Molde fk. Vest og Sekken fk | 2,0 | 1,0 | - | 3,0 | 6,0 |
| Aure – Hitra: Ferjekai Kjørsvikbugen | - | - | - | - | - |
| **Sum ferjekaier** | **602,5** | **344,2** | **66,5** | **93,0** | **1 106,2** |

Tilpassing til batteridrift/miljøvennlege fartøy
Det er sett av midlar til (netto) investeringskostnader til batteribank, automatisk fortøying, ladeplugg, prosjektering, nettoppgradering og framføring av straum, jf. inngåtte kontraktar med reiarlaga for Romsdalspakken og Indre Sunnmørspakken. Fordeling av kostnader per år i høve kontrakt. Det er ekstern finansiering (Enova) på delar av beløpet. Det er framleis usikkerheit knytt til endeleg kostnad. Budsjett og rekneskap knytt til denne posten, blir frå 2023 overført frå 6B35 til 6B45. Vi viser til klimabudsjettet i Del II for nærmare omtale.

Program for oppgradering av kaihus (aggregathus)
Det er behov for omfattande utskifting av eldre aggregat/kaihus på ulike ferjesamband. Feil på aggregat vil føre til stans i samband, sidan det kan vere vanskeleg å få tak i kritiske komponentar. Det er sett av 2 mill. kroner per år i åra 2023 og 2024.

Romsdalspakken del 1: Aukra og Hollingsholm ferjekaier (Aukra kommune)
Ferdigstilling og restfinansiering av nye ferjekaibruer på Aukra og Hollingsholm, jf. U-113/22. Arbeidet vart starta i 2022. Totalprognosen er på 30 mill. 2022-kroner.

Romsdalspakken del 2: Åfarnes og Sølsnes ferjekaier (Rauma og Molde kommunar)
Det blei i sak U-21/22 gjort vedtak om å inngå kontrakt med Christie & Opsahl om bygging av tilleggskaier på Åfarnes og Sølsnes, trass i vesentleg høgare kostnad enn estimert. Fylkestinget bad fylkeskommunedirektøren arbeide vidare med utgreiing av løysingar for liggekai og toalett, jf. U-21/22. Kostnader med liggekai og toalett er lagt inn i totalkostnaden. Nye kaier skal i høve kontrakten vere klare til oktober 2023. Totalkostnaden er estimert til om lag 250 mill. 2022-kroner, inkludert liggekai og toalettilbod, jf. sak T-83/22.

Indre Sunnmørspakke del 1: Linge og Eidsdal ferjekaier (Fjord kommune)
Det er varsla auka kostnader for ferjekaiprosjektet, jf. U-67/22, der fylkesutvalet godkjende at konkurransegrunnlag for Eidsdal og Linge ferjekaier vart sendt ut på anbod. Det er inngått kontrakt, og arbeidet med bygging av ny kai på Linge er allereie i gang. Sak om endeleg kostnadsramme for heile prosjektet skulle etter planen leggast fram for fylkestinget i oktober, etter at tilbod på bygging av ny ferjekai på Eidsdal hadde kome

inn. Pga. at Statsforvaltaren har gitt medhald i ei klage på kommunen si godkjenning av rammesøknad for tiltaket på Eidsdal, vart saka trekt frå sakskartet til Fylkestinget. Venta totalkostnad i den nemnde saka er 280 mill. kroner. Nye kaier skal i høve kontrakten vere klare til å fasast inn 1.1.2024. Fylkeskommunedirektøren legg opp til ny politisk behandling av saka, når konsekvensane av utsett framdrift er kjende.

Ytre Sunnmørspakke: Voksa, Larsnes, Åram og Kvamsøya ferjekaier (Sande og Vanylven kommunar)
Det er behov for tiltak pga. tilstand og auka kapasitet/storleik på ferje i samsvar med inngått kontrakt med Norled. Prosjektering av kaiene er i gang. Planlagt oppstart bygging er juli 2023 med ferdigstilling til oktober 2024. Det er framleis mange avklaringar som må på plass for desse ferjekaiene, og alle løysingar er ikkje på plass. Mellom anna vil trafikkavvikling i byggeperioden vere krevjande. Totalkostnad er estimert til 302 mill. 2022-kroner.

Forsterkning ferjekaier (Surnadal, Ørsta og Molde kommunar)
I vedtatt investeringsprogram er det sett av til saman 30 mill. kroner i perioden 2022-2024 til forsterkning av ferjekaier. Dette gjeld forsterkning av tilleggkaier og oppgradering av fendring på kaier som har dårleg fendringskapasitet med omsyn til ferjene som går på sambandet. Aktuelle ferjekaier er Kvanne fk., Leknes fk. og Mordalsvågen fk. Jamfør også eiga sak om Kvanne og Rykkjem ferjekai, sak SA-6/21. Totalkostnad er estimert til om lag 30 mill. 2022-kroner.

Utasundspakken del 1: Dryna og Brattvåg ferjekaier (Ålesund og Molde kommunar)
Ein spesialinspeksjon på Brattvåg og Dryna ferjekaier i 2016 avdekte dårleg tilstand på infrastrukturen, og det er behov for å gjere tiltak. På Dryna ferjekai er det planlagt å bytte brubås (nytt landkar, heisetårn, aggregathus og bru 9x18). På Brattvåg ferjekai er det planlagt å bytte brubås (nytt landkar, heisetårn, aggregathus og bru 9x18) og bygge ny tilleggskai. Tiltaka vil vere vanskeleg å utføre grunna krevjande tilkomst. Eit nytt anlegg ved sidan av dagens anlegg kan bli vurdert. Totalkostnad er estimert til om lag 100 mill. 2022-kroner. Kostnadsestimatet er ikkje kvalitetssikra.

Pga. den økonomiske situasjonen, samt for å tilpasse utbetringsarbeidet til ny ferjedriftskontrakt med oppstart i 2028, er del 2 og 3 av «Utasundspakken» utsett eit par år. Naudsynt vedlikehaldsarbeid på eksisterande kaier må dekkast over driftsbudsjettet. Etter at kontraktstrategien for ferjedrifta er lagt, må det vurderast om også ferjekaia på Finnøya må utbetrast/tilpassast til nytt materiell.

Utasundspakken del 2: Småge ferjekai (Aukra kommune)
Det er behov for ny tilleggskai pga. dårleg tilstand. Per no er ikkje kaia aktuell som beredskapskai til Aukra-Hollingen, pga. behov for større ombygging. I samband med rullering av investeringsprogrammet vart det gjort ei ny vurdering av venta totalkostnad til 39 mill. kroner. Ytterlegare prisauke i marknaden i 2022 gjer at totalkostnaden no er vurdert til om lag 42 mill. kroner. Kostnadane er usikre så lenge prosjektet ikkje er kome i gang.

Utasundspakken del 3: Orten ferjekai og Sandøy ferjekai (Ålesund kommune)
På Orten ferjekai er det planlagt ny tilleggskai og ny brubås. På Sandøy ferjekai må det byggast ny tilleggskai. I samband med rullering av investeringsprogrammet vart det gjort ei ny vurdering av venta totalkostnad til 95 mill. kroner. Ytterlegare prisauke i marknaden i 2022 gjer at totalkostnaden no er vurdert til om lag 104 mill. kroner. Kostnadane er usikre så lenge prosjektet ikkje er kome i gang.

Romsdalspakken del 3: Molde ferjekai Vest (Sekken) (Molde kommune)
Delar av kaia har gått utover si levetid. Den dårlegaste delen er per no avstengt for å redusere risiko for alvorleg hending. Det er ikkje optimalt med tanke på bruken av kaia. Det er tilrådd å bygge ny kai innan 2028, og fysisk oppstart kan utsetjast til 2026/2027.

Det er likevel naudsynt å setje av midlar i 2023 og 2024 til nødvendige avklaringar og planlegging. Sekken ferjekai er underdimensjonert, men i orden, og investering/utbetring kan truleg vente.

I samband med rullering av investeringsprogrammet vart det gjort ei ny vurdering av venta totalkostnad til 67 mill. kroner. Ytterlegare prisauke i marknaden i 2022 gjer at totalkostnaden no er vurdert til om lag 73 mill. kroner. Kostnadane er usikre så lenge prosjektet ikkje er kome i gang.

<u>Aure – Hitra: Ferjekai Kjørsvikbugen (Aure kommune)</u>
I sak T-49/22, Investeringsprogram for fylkesvegar, gjorde fylkestinget følgande vedtak: «Ny ferjekai Kjørsvikbugen, som ei innovativ anskaffing på flytande kai: 15 mill. kroner i 2023; 50 mill. kroner i 2024, under føresetnad av at Trøndelag fylkeskommune etablerer kai i Laksåvika og at fylkeskommunane og kommunane Hitra og Aure går saman om å opprette ferjesambandet. Formålet er også å sjå om ein kan redusere investeringskostnaden på andre kaier.»

Trøndelag fylkeskommune vurderer om det nye ferjesambandet kan vere beredskapssamband for øyene, og har eit pågåande utviklings- og innovasjonsprosjekt der dei ser på korleis innovative løysingar kan løyse dette på ein god måte. I ein beredskapssituasjon vil det bli langt større trafikk med behov for større ferjer. Utviklings- og innovasjonsprosjektet skal vere avslutta i august 2023. Møre og Romsdal fylkeskommune samarbeider med Trøndelag fylkeskommune om å sjå på nødvendige tilpassingar for å tilfredsstille krav til beredskapssambandet.

Det er svært stor usikkerheit m.o.t. mogleg framdrift og kostnader for ny ferjekai i Kjørsvikbugen. Føresetnaden i vedtaket er enno ikkje oppfylt, og ferjekaiinvesteringane vil derfor kome seinare enn det som er føresett i fylkestingsvedtaket. Dette kjem an på i kva grad vi får til eit samarbeid med Trøndelag fylkeskommune, Aure og Hitra kommune om oppretting av sambandet. Når dette er på plass, må fylkeskommunedirektøren kome tilbake til finansiering. Dette gjeld også for finansiering av drifta i eit eventuelt framtidig samband. Slik den noverande økonomiske situasjonen er, er det ikkje rom for å innarbeide midlar til nytt samband, inkludert naudsynt infrastruktur, i økonomiplanen.

## Bruer

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Bruer** | | | | | |
| Kranavegen, halvbruer | 15,0 | 25,0 | | | 40,0 |
| Bruvollbrua | 6,0 | | | | 6,0 |
| Nerlandsøybrua | 345,0 | 241,0 | 60,0 | | 646,0 |
| Veglistebruer | 3,0 | 5,0 | 8,0 | 10,0 | 26,0 |
| Vikelvbrua | | | 5,0 | | 5,0 |
| Honndalsbrua | 2,0 | 15,0 | | | 17,0 |
| Finnøybrua | 2,0 | 2,0 | 65,0 | | 69,0 |
| Utskifting av korrugerte stålrøyr | 13,8 | 9,5 | 8,0 | 10,0 | 41,3 |
| Flåbrua, Holebrua, Kopebrua og Gjerdebrua | 12,0 | 11,0 | | | 23,0 |
| Utskifting av brurekkverk | 21,0 | 11,5 | | | 32,5 |
| Dragsundbrua | | 5,0 | | | 5,0 |
| Høvik bru | | 32,0 | | | 32,0 |
| Åndalsnes bru | 5,0 | 17,5 | 5,0 | | 27,5 |
| Giskebrua | 1,0 | 6,0 | | | 7,0 |
| Slettebakkbrua | 5,0 | | | | 5,0 |
| Hulvågbrua | | 5,0 | 10,0 | 10,0 | 25,0 |
| Kalvassbrua | 2,0 | | 10,0 | 15,0 | 27,0 |
| Bolsøybrua | | | 3,0 | 17,0 | 20,0 |
| Bergebrua | | 1,0 | 5,0 | 10,0 | 16,0 |
| Vasskordbrua | | 1,0 | 5,0 | 10,0 | 16,0 |
| Grøttabrua | 1,0 | 1,0 | 8,0 | 10,0 | 20,0 |
| Strandgatebrua | 2,0 | 10,0 | 18,0 | 5,0 | 35,0 |
| Rundebrua | 1,0 | 3,0 | 44,0 | 48,0 | 96,0 |
| Remøybrua | 2,0 | 2,0 | 5,0 | 15,0 | 24,0 |
| **Sum bruer** | **438,8** | **403,5** | **259,0** | **160,0** | **1 261,3** |

Alle bruprosjekta over er vurdert m.o.t. mogleg utsetting pga. den økonomiske situasjonen som fylkeskommunen er i no. Alle tiltak som kan skubbast på, er utsett eitt eller fleire år for å redusere investeringsbehovet.

Kranaveien, halvbruer (Kristiansund kommune)
Langs 550 meter av Kranaveien ligg det fleire ulike konstruksjonar (blanding av halvbruer og støttemurar). Det er i vedtatt økonomiplan føresett 25 mill. kroner til utbetring av tre halvbruer. I samband med rullering av investeringsprogrammet er det gjort ei ny vurdering av venta totalkostnad til 45 mill. kroner. Kostnadsestimatet er usikkert sidan detaljprosjektering ikkje er ferdig. Tiltaket består av ei stor halvbru, og fleire store støttemurar med nytt fortau og bybrurekkverk. Det er vanskeleg tilkomst og utfordrande trafikkavvikling i sentrumsområdet. Totalkostnad er førebels rekna til 45 mill. kroner. Det er sett av 40 mill. kroner i økonomiplanforslaget, i tillegg til 5 mill. kroner i 2022.

Nerlandsøybrua (Herøy kommune)
I Fylkestinget 14. og 15. juni 2021, i sak T-58/21 «Status og val av entrepriseform for bygging av ny Nerlandsøybru», vart det vedtatt at ny Nerlandsøybru blir ferdigprosjektert byggherrestyrt og at brua, inkludert tilhøyrande vegbygging, kjem til utføring på einingspriskontrakt(ar) oppgjort etter medgåtte/avtalte mengder.

Det kom inn to tilbod på bygging av ny bru i starten av juli. Konkurransen vart gjennomført i to fasar, eit såkalla to-konvolutt-system, der tilbydaren med beste forhold mellom pris og kvalitet blir tildelt kontrakten.

Etter tilbodsopning i august, er totalkostnaden (styringsramma) for prosjektet no rekna til om lag 750 mill. 2022-kroner. Fylkestinget vedtok i september 2022 ny kostnadsramme for prosjektet på 826 mill. 2022-kroner. Frist for ferdigstilling av brua er 1. mars 2025.

Veglistebruer (Ørsta, Surnadal, Kristiansund og Aukra kommunar)
Det står att arbeid på fire av dei såkalla «vegliste-bruene»; Bollielvbrua, Vassendbrua, Kvalvågbrua og Seterelvbrua. Det er lagt inn naudsynte midlar til fullfinansiering av dei nemnde bruene i økonomiplanperioden, og framdrifta er skubba litt på, for å redusere investeringsbehovet i starten av perioden.
Totalprognosen er rekna til om lag 125 mill. (løpande) kroner, frå arbeidet starta i 2016 og t.o.m. 2026, med føresetnad om at alle planlagde tiltak blir utført.

Bruvollbrua (Averøy kommune)
Tiltaket blir gjennomført i 2022, og det er lagt inn midlar til restfinansiering i 2023. Totalprognosen har auka til om lag 18 mill. 2022-kroner.

Vikelvbrua (Volda kommune)
Det er planlagt massesenking/reduksjon på brua for å kunne skrive opp bereevna til Bk 10/60, tilsvarande som dei andre bruene på strekninga. Totalkostnad er førebels rekna til 6 mill. 2022-kroner, og arbeidet er utsett til 2025. Oppskriving av bereevna blir dermed tilsvarande utsett.

Honndalsbrua (Sande kommune)
Tilstanden på brua er dårleg, men vi ventar på reguleringsplan frå kommunen før tiltaket kan gjennomførast. Det er planlagt prosjektering i 2023 og bygging i 2024. Dersom tiltaket blir utsett, kan det bli innsnevring av vegbana, ev. redusert bereevne. Totalkostnaden er førebels rekna til 17 mill. 2022-kroner.

Finnøybrua (Ålesund kommune)
Det er påvist omfattande korrosjonsskader på begge landkara på brua. Utbetring av eksisterande bru vart prosjektert, men pga. omfattande trafikkavviklingstiltak, vart det bestilt ei vurdering av alternative løysingar, inkludert å bygge ny bru. Fylkeskommunedirektøren ønskjer ei løysing som medfører minst mogleg stengt veg, og som gir mest nytte sett opp mot kostnaden. Fylkesvegavdelinga er i gang med å vurdere (innovativ) innkjøpsprosess, jf. SA-65/22, for å finne den beste løysinga saman med moglege leverandørar. Totalkostnad er førebels estimert til 70 mill. kroner.

Utskifting av korrugerte stålrøyr (diverse kommunar)
Det er behov for vidareføring av sekkeposten i gjeldande økonomiplan, jf. vedtatt investeringsprogram. Posten gjeld planlagt erstatning av dårlege stålrøyr som har eit uheldig samanbrotsforløp og ei generell levetid på berre 50 år. Denne røyrtypen vert no erstatta av betong- og plastrøyr. Ein konsekvens av manglande utbetring kan vere kollaps av røyr på vegnettet utan forvarsel. Det er planlagt å skrifte ut ei bru i året fram til 2030, m.a. for å redusere investeringsbehovet i økonomiplanperioden.

Kostnadsestimatet er usikkert sidan fleire av røyra som no står for tur, må erstattast med nye bruer. Dette kjem av at røyra er større enn det som no er tillate for røyr, og fordi regelverket for berekning av flaum har blitt strengare. Dette vil dermed medføre vesentleg høgare kostnader enn tidlegare estimert. Totalkostnad er førebels rekna til 75 mill. kroner.

Flåbrua, Holebrua, Kopebrua og Gjerdebrua (Stranda kommune)
Alle fire bruene har tidsavgrensa brukslast Bk 10/50 til 31.12.2020, samt dårleg tilstand på rekkverk og utforming, langt unna regelverkskrav. Det er behov for forsterking av bruene for å kunne oppretthalde noverande brukslast. Det er også behov for tilpassing av vegen/å justere veglinja ved bruene. Flåbrua vart utbetra i 2021/2022, og vi har nyleg fått tilbod på dei 3 siste bruene, som var lågare enn byggherreoverslaget. Totalprognosen er om lag 53 mill. 2022-kroner.

Utskifting av rekkverk
Det er behov for rekkverksfornying på bruer med originalrekkverk med kritisk dårleg tilstand. Rekkverksstolpar er omtrent rusta bort ved innfesting på fleire av bruene. Det er sett av midlar til restfinansiering av gjennomførte tiltak, utskifting av rekkverk på Skorgen bru, samt prosjektering av tiltak på Sjøelva/Syltebakk i 2023, jf. også SA-71/22. I 2024 er det sett av 11,5 mill. kroner til gjennomføring av tiltak på Sjøelva/Syltebakkbrua i Vestnes. Dette tiltaket kan skubbast, men konsekvensen blir då at brua blir ståande med eit rekkverk som ikkje er trafikksikkert.

Totalkostnad er estimert til om lag 42 mill. 2022-kroner, for dei bruene som er planlagt utbetra per i dag.

Dragsundbrua (Ulstein kommune)
Ferdigstilling av utbetringsarbeid som byrja i 2022, med rehabilitering av vingemur og nytt dekke, er planlagt utført i 2024. Tiltaket er utsett for å redusere investeringsbehovet i 2023. Totalprognosen er på 9 mill. 2022-kroner.

Høvik bru (Molde kommune)
Brua har sidan august 2020 vore innsnevra til eitt køyrefelt, for å oppretthalde brukslast Bk 10/60. Det er prosjektert ny bru, og konkurransegrunnlaget er klart til utlysing med føresetnad om bygging av ny bru i 2023, men pga. den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen, er arbeidet føreslått utsett eitt år. Totalprognosen auka etter gjennomført byggherreoverslag, jf. U-114/22. Totalkostnad er rekna til 42 mill. 2022-kroner.

Åndalsnes bru (Rauma kommune)
Åndalsnes bru er gamal (100 år) og blir halden oppe av stålbjelkar med brudekke i betong. Ved vidare korrosjonsutvikling kan enkelte av hovudbjelkane kollapse ved innfesting, noko som vil påverke bereevna og stabiliteten til heile brua. Dette vil også vere uheldig m.o.t. at Raumabanen har spor under brua. Konsekvens kan bli at både veg og jernbanespor (gods på jernbane) må stengast. I tillegg har brua svakt (originalt) rekkverk. Det må reknast med at bygging blir komplisert sidan det går jernbane under brua. Kostnad er grovt estimert til 30 mill. kroner, men det må arbeidast meir med konseptval før totalkostnad reelt kan vurderast. Byarkitekt/kommune har også krav til visuell utforming. Brua vart etter inspeksjon hausten 2022 innsnevra til eitt køyrefelt. Totalkostnad er førebels rekna til 30 mill. 2022-kroner, men kostnaden må kvalitetssikrast før bygging.

Juvabrua (Sykkylven kommune)
Juvabrua går over eit juv på fv. 60 mellom Sykkylven og Stranda. Brua ligg i ein sving og med helling, og har føringsbreidde på ca. 5 m (flaskehals). Sjølve rekkverket og innfestinga til rekkverksstolpane på Juvabrua er i svært dårleg stand, med lause/påkøyrde stolpar på begge sider av brua. Rekkverksskadane er no vurderte som så omfattande at det er fare for liv og helse dersom ein bil køyrer ut ved brua. I tillegg til skader på rekkverk, er det brot i betongplata for vanngjennomløp og i ein del av steinane som ber plata. Det er og teikn til rørsle i dei høge steinmurane til brua.

Den gamle brua er snart 90 år gamal, og det er vurdert som føremålstenleg å bygge ny bru på staden, nedstraums den gamle brua. Ein kan då få retta ut vegen inn mot brua, og få ei breiare bru. I tillegg vil trafikkavviklinga vere enklare, då ein kan nytte den gamle brua under bygging av ny bru. Alternativet med å berre utbetre rekkverket på den gamle brua er vurdert som ein dårleg strategi, også økonomisk/samfunnsøkonomisk. Det vil ved eit slik tiltak bli naudsynt å stenge brua over lengre tid, eller det må byggast interimsveg og –bru under utføringa for å halde vegen open. Det er sannsynleg at eit slikt tiltak vil redusere vegbreidda over brua ytterlegare. Reguleringsplanarbeidet for ny bru blir starta opp så snart som mogleg, slik at ny bru kan stå ferdig innan fire-fem år. Det er ikkje lagt inn midlar til prosjektering og bygging av ny bru, sidan det enno ikkje er rekna noko kostnadsestimat for dette. Dette må likevel innarbeidast i økonomiplanen for 2024-2027.

Giskebrua (Giske kommune)
Utbetringstiltak for å forlenge brua si levetid er planlangt, mellom anna bytte av fuger, lager, samt mekanisk rehabilitering av landkar og riss på kantbjelkar. Prosjektering er planlagt i 2023 og utføring i 2024. Konsekvensen av ei eventuell utsetjing er m.a. store kostbare følgjeskader på brua. Totalkostnad er grovt estimert til 7 mill. 2022-kroner.

Slettebakkbrua (Ålesund kommune)
Det er behov for ny bruløysing, pga. dårleg tilstand på steinkvelv og betongkonstruksjonen. Store delar av landkar og kantdragar er i ferd med å rase ut. Brua har per i dag bruksklasse Bk T8/40. Brua skal etter planen erstattast med betongrøyr. Tiltaket er prosjektert, men vi har hatt utfordringar m.o.t. gjennomføring. Konsekvens ved eventuell utsetjing kan vere brot i veglenka. Totalkostnad er grovt estimert til 6 mill. 2022-kroner.

Hulvågbrua (Hustadvika kommune)
Det er planlagt å installere katodisk beskyttelse med heildekkande titannett innstøypt i sprøytebetong på tverrbjelkar. På sikt vil det vere behov for ny overflatebehandling. Brua er freda og tiltaket må godkjennast av Riksantikvaren. Katodiske anlegg er dyre og tidspunktet for gjennomføring må tilpassast turistsesongen, hekketider og vêrtilhøva. Totalkostnad er grovt estimert til 26 mill. 2022-kroner, men talet er usikkert.

Kalvassbrua (Volda kommune)
Kalvassbrua har tidsavgrensa brukslast. Brua er i tillegg smal, med breidde 2,11 meter, og låg slik at den er sårbar for flaum og isgang. Brua har skadar som tyder på overlast og brua bør byttast snarleg for å unngå nedskriving eller akutt hending som flaum osv., samt for å auke framkome for jordbruksmaskiner. Det er sett av 2 mill. kroner i 2023, for å redusere slitelag, slik at bruksklasse T8/40 kan oppretthaldast. Midlar til bygging av ny bru er utsett til 2025, for å utsetje investeringskostnaden. Kostnadene er usikre så lenge omfang ikkje er avklara. Totalkostnad med ny bru er grovt estimert til 26 mill. 2022-kroner.

Bolsøybrua (Molde kommune)
Utbetringstiltak for å forlenge brua si levetid. Inspeksjon i 2019 viser at tyngre vedlikehaldstiltak som KB-anlegg kan utsettast. Det er likevel anbefalt å utføre mekanisk rehabilitering og hydrofob impregnering på landkar, søyler og bruoverbygninga (mengde mekanisk reparasjon usikkert). Tiltaket er skubba på, for å utsetje investeringskostnaden. Kostnadane er usikre så lenge omfang ikkje er avklara. Totalkostnad er grovt estimert til 22 mill. 2022-kroner, men talet er usikkert.

Bergebrua (Ålesund kommune)
Bergebrua har tidsavgrensa brukslast Bk 8/32 til 31.12.2022. Det er sannsynleg at Vegdirektoratet godkjenner forlenging av bereevne inntil fem år, med vilkår om auka inspeksjonsfrekvens og at tilstanden til brua ikkje blir forverra. Det bør planleggast ny bru (ny under- og overbygning) innan 2027. Totalkostnad er grovt estimert til 16 mill. 2022-kroner, men talet er usikkert.

Vasskordbrua (Hustadvika kommune)
Vasskordbrua har tidsavgrensa brukslast Bk T8/40 til 31.12.2021. Det er sannsynleg at Vegdirektoratet godkjenner forlenging av bereevne inntil fem år, med vilkår om auka inspeksjonsfrekvens og at tilstanden til brua ikkje blir forverra. Det bør planleggast ny bru (ny under- og overbygning) innan 2026. Totalkostnad er grovt estimert til 16 mill. 2022-kroner, men talet er usikkert.

Grøttabrua (Rauma kommune)
Det vart utført eit hastetiltak i 2020 med midlertidig understøtting av plate over pilar og forsterking av stålbjelkar for å behalde brukslast Bk 8/32 på Grøtta bru. Tiltaket med understøtting av plate er rekna som midlertidig, og bruoverbygginga bør byttast ut i

løpet av om lag fem år. Det kan vere mogleg med gjenbruk av pilar (stålrøyrspælar). Totalkostnad er grovt estimert til 20 mill. 2022-kroner, men talet er usikkert.

Fylkesvegavdelinga undersøker saman med partnarar i det nasjonale AluGreen-prosjektet om det kan vere mogleg å inngå eit FoU-samarbeid, der det blir prosjektert og levert ei aluminiumsbru til Grøtta. Ein del av FoU-samarbeidet blir å dokumentere om bruk av aluminium som brumateriale er berekraftig. Ei aluminiumsbru kan gje lågare klimagassutslepp enn til dømes ei betong- eller stålbru over livslaupet, men det er ikkje rekna på kor stor reduksjon eller kva kostnad ei slik bru vil ha. Det skal etablerast ein tidsplan for FoU-samarbeidet, og det skal også konkretiserast kva element FoU-samarbeidet skal bestå av.

Strandgatebrua (Molde kommune)
Denne brua vart bygd i 1917 etter brannen i Molde sentrum. I 1993 vart det støypt ei plate oppå brua for å avlaste den gamle betongbogen, men plata er ikkje godt nok fundamentert, og det er derfor behov for ny bru for å sikre tilstrekkeleg bereevne på brua. Totalkostnad er grovt estimert til 35 mill. 2022-kroner, m.a. for å bevare brua sitt særpreg i bybiletet.

Rundebrua (Herøy kommune)
Det er gjennomført eit forprosjekt, og fire ulike strategiar er vurdert. Det må uansett gjennomførast tiltak innan 0-5 år. Tiltak inkluderer nye KB-anlegg på delar av konstruksjonen, fornying av bruutstyr og slitelag, og omlegging av høgspentkabel. Inspeksjon med meir inngåande kloridmålingar og kartlegging av omfang må utførast før endeleg strategi blir valt og prosjektering vert sett i gang. Totalkostnad er førebels rekna til 90-100 mill. 2022-kroner. Kostnadsestimatet er usikkert.

Remøybrua (Herøy kommune)
Fylkeskommunedirektøren føreset at det vert konkludert med at det skal byggast ny bru, men at oppstart av bygging kan skje mot slutten av økonomiplanperioden. Det er sett av midlar til reguleringsplanlegging i 2023 og 2024. Tett oppfølging av brua er naudsynt for å vurdere tilstand og behov for tiltak undervegs. Totalkostnad er førebels estimert til 650 mill. 2022-kroner, men i økonomiplanperioden 2023-2026 er det sett av 24 mill. kroner til regulering, samt oppstart prosjektering og bygging.

## Tunnelar

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tunnelar** | | | | | |
| Tiltak etter gjennomførte tunnelinspeksjonar | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 20,0 |
| Tiltak etter tunnelsikkerheitsforskrifta og tilhøyrande tiltak | 117,5 | 260,0 | 248,0 | 260,0 | 885,5 |
| **Sum tunnelar** | **122,5** | **265,0** | **253,0** | **265,0** | **905,5** |

Tiltak etter gjennomførte tunnelinspeksjonar
Det er sett av 5 mill. kroner per år til tiltak i tunnelar etter 6-årig sikkerheitsinspeksjon og 5-årige geologiinspeksjonar, som ikkje kan vente til større utbetring av tunnelen skal skje. Tiltak etter slike inspeksjonar kan vere i gråsona mellom drift/vedlikehald og investering, og nokre tiltak vil også bli gjennomført finansiert gjennom drift/vedlikehaldsbudsjettet. Beløpet er halvert samanlikna med vedtatt økonomiplan og investeringsprogram, grunna den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen.

Tiltak i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta og tilhøyrande MÅ-tiltak
I 2023 er det sett av midlar til ferdigstilling av anbodspakke 1, Remetunnelen og Remefjelltunnelen, i rekkja av anbodspakkar for utbetring av tunnelar i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta, andre forskrifter og trafikktryggingstiltak. Vidare er det i 2023

planlagt oppstart for anbodspakke 2, Eiksundtunnelen, Helgehorntunnelen, Selvågtunnelen og Morkaåstunnelen.

I 2024 og 2025 er det sett av midlar til vidare arbeid med pakke 2, og i 2025 er det føresett oppstart i pakke 3; utbetring av Øksendal-, Tussen-, Skrøo-, Svinvik- og Haukabøtunnelane. Anbodspakke 4, Atlanterhavstunnelen er utsett til etter 2026. Framdrifta er endra som følgje av den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen.

Statens vegvesen/Vegdirektoratet skal godkjenne prosjekteringsgrunnlaget før byggestart ved tunnelutbetring. Det vil i prinsippet seie at Vegdirektoratet kan krevje at fleire/andre tiltak enn planlagt må gjennomførast for at tiltaksplanen skal kunne godkjennast. Dette vil kunne ha kostnadsmessige konsekvensar.

Det er viktig å merke at gjeldande frist for utbetring av tunnelane i samsvar med «Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo (tunnelsikkerhetsforskrift for fylkesveg m.m.)» er 1.1.2020. Fylkeskommunen har fått utsett fristen til 1.1.2025. Denne fristen vil det heller ikkje vere mogleg å innfri for fylkesvegtunnelane i Møre og Romsdal. Samferdselsdepartementet planlegg ei høyring for å vurdere utsett frist ut over 1.1.2025, men inntil vidare gjeld det at utbetringsarbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2024.

## Utbetringar veg

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Utbetringar** | | | | | |
| Adresseskilting | 1,0 | 1,0 | | | 2,0 |
| Dregemuren | 4,0 | | | | 4,0 |
| Nordøyvegen – utbetring av eksisterande vegnett | 11,0 | | | | 11,0 |
| **Sum utbetringar** | **16,0** | **1,0** | **-** | **-** | **17,0** |

Adresseskilting
Det er framleis ein del kommunar der det ikkje er gjennomført adresseskilting. Dette er lovpålagt og må utførast av vegeigar på fylkesvegnettet. Restbehovet er anslått til 2 mill. kroner, fordelt med 1 mill. kroner per år i 2023 og 2024.

Dregemuren (Stranda kommune)
Det er behov for restfinansiering av utbetringa av Dregemuren på fv. 60 i Stranda kommune. Arbeidet er utført i 2022, og beløpet gjeld inndekking av meirforbruk på prosjektet.

Nordøyvegen – utbetring av eksisterande vegnett
Fylkestinget vedtok i T-103/21 at eksisterande vegnett på Nordøyane skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 80 mill. kroner, i den grad dette kan finansierast innanfor kostnadsramma for Nordøyvegprosjektet. Om lag 20 mill. kroner er allereie innarbeidd i prosjektkostnaden/kostnadsramma, så det er behov for om lag 60 mill. kroner ut over dette. Ein del av utbetringsarbeidet som er tenkt finansiert med desse midlane, er allereie gjennomført i 2022, og i 2023 er det sett av 11 mill. kroner til finansiering av utført arbeid. Pga. den økonomiske situasjonen i fylkeskommunen, er det attståande utbetringsarbeidet (om lag 50 mill. kroner) føreslått utsett til etter økonomiplanperioden.

## Gang- og sykkelvegar

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Gang- og sykkelvegar** | | | | | |
| Vindøla - Røv | 47,5 | | | | 47,5 |
| Tunheim | 1,0 | | | 15,0 | 16,0 |
| Mosflatevegen – Melsgjerdet | | | | 18,0 | 18,0 |
| Bådalen - Vebenstad | | | | 21,0 | 21,0 |
| Dalane skule | | | 3,0 | 3,0 | 6,0 |
| **Sum gang- og sykkelvegar** | **48,5** | **-** | **3,0** | **57,0** | **108,5** |

Med unntak av ferdigstilling av gang- og sykkelvegprosjektet Vindøla – Røv, føreslår fylkeskommunedirektøren å utsetje all vidare utbygging av gang- og sykkelvegar til siste året i økonomiplanperioden. Dette for å redusere investeringsbehovet og finanskostnader i økonomiplanperioden.

Vindøla – Røv (Surnadal kommune)
Prosjektet er planlagt ferdigstilt i løpet av sommaren 2023. Budsjettet inkluderer finansiering av meirforbruket frå 2022. Fylkestinget har i T-15/22 vedtatt ei kostnadsramme for prosjektet på 85 mill. 2021-kroner. Det svarar til mellom 96 og 99 mill. 2022-kroner, alt etter korleis anleggsindeksen utviklar seg gjennom året. Prognosane er noko redusert, og venta totalkostnad er no om lag 85 mill. 2022-kroner, inkludert kostnader som tidlegare er rekneskapsført på prosjektet (prosjektering og innløysing av hus).

Tunheim (Vanylven kommune)
Det er sett av 1 mill. kroner i 2023 til prosjektering og klargjering for utlysing av prosjektet. Byggestart er føreslått utsett til 2026. Totalkostnad er rekna til om lag 37 mill. 2022-kroner (med grunnlag i vedtatt styringsramme frå SA-33/18). Kostnadsramma er inkludert reguleringsplanarbeid og kostnader som tidlegare er belasta prosjektet (prosjektering, innløysing av grunn/hus).

Mosflatevegen – Melsgjerdet (Ørsta kommune)
Prosjektet var føresett gjennomført i kommunal regi i 2022, men prosjektet er så langt ikkje i byggefase. Kommunen opplyser at det no er planlagt å lyse ut bygging av gang- og sykkelvegen mot slutten av året. M.o.t. finansiering, er det avtala at kommunen har risiko for kostnadsoverskridingar ut over 10 prosent av anslaget på 25 mill. 2021-kroner. Usikkerheit på 10 prosent, 2,5 mill. kroner, er lagt inn i venta totalkostnad og fordelt mellom partane.

Fylkeskommunedirektøren foreslår at fylkeskommunal del av prosjektet kan kome til utbetaling i 2026. Dersom kommunen vel å gjennomføre prosjektet før finansieringa er på plass, vil fylkeskommunen sin del i så tilfelle måtte forskotterast av kommunen.

Bådalen – Vebenstad (Averøy kommune)
Det er vedtatt at dei overskytande midlane frå bompengeinnkrevjinga for Atlanterhavstunnelen skal delvis finansiere ny gang- og sykkelveg mellom Bådalen og Vebenstad på Averøya. Dette utgjer 9,5 mill. kroner, og beløpet vart innbetalt til fylkeskommunen i 2021. Det var planlagt utlysing av anbod sommaren 2023, byggestart hausten 2023 og ferdigstilling i 2024. Totalkostnad er rekna til om lag 56 mill. 2022-kroner, basert på anslag frå 2019. Etter at prosjekteringa er ferdig, blir det utarbeidd eit meir presist byggherreoverslag.

Pga. den økonomiske situasjonen, er oppstart bygging foreslått utsett til 2026. Midlar frå budsjett 2022 kan finansiere nødvendig prosjektering i 2023.

Dalane skule (Ørsta kommune)
Det er i vedtatt investeringsprogram føresett oppstart på gang- og sykkelveg ved Dalane skule i Ørsta i 2024. Totalkostnad/løyving er i investeringsprogrammet sett til 15 mill. 2021-kroner, jf. vedtak i T-36/21. Heile strekninga er på 3,8 km. Med ein estimert kostnad på 30 000 kroner per meter, får vi ein totalkostnad på 114 mill. kroner. Sak om avklaring av kva strekning som skal planleggast og ev. prioriterast for utbygging blir behandla i Utbyggingsutvalet og Samferdselsutvalet i november 2022. Det er i økonomiplanen sett av midlar i 2025 og 2026 til planlegging av heile strekninga, samt til gjennomføring av grunnerverv. Ev. midlar til bygging av gang- og sykkelveg er foreslått utsett til etter 2026.

## Trafikktryggingstiltak

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Trafikksikringstiltak** | | | | | |
| Mindre trafikktryggingstiltak | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 16,0 |
| 50/50-ordning fylkesveg | | | | | - |
| Gangfeltsikring (intensivbelysning/forsterka belysning) og fartsdempande tiltak (humpar, rumlefelt o.l.) | 2,3 | | | 3,0 | 5,3 |
| Sideterrengstiltak | 2,5 | 2,5 | 2,5 | 5,0 | 12,5 |
| Forkøyrsregulering | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 2,0 |
| Veglys | 6,0 | 6,0 | 6,0 | 6,0 | 24,0 |
| Rekkverk | | | 7,0 | 7,0 | 14,0 |
| Rundkøyring Sykkylven (tannklinikk) | 13,0 | | | | 13,0 |
| Kranaveien/Fosnagata-Astrupsgate | 5,0 | | | | 5,0 |
| Årødalen | | | | 10,0 | 10,0 |
| **Sum trafikksikringstiltak** | **33,3** | **13,0** | **20,0** | **35,5** | **101,8** |

Mindre trafikktryggingstiltak
Omfattar mindre tiltak for å trygge både køyrande og mjuke trafikantar, med særleg vekt på skolebarn. Som i vedtatt økonomiplan og investeringsprogram er det sett av 4 mill. kroner per år.

Gangfeltsikring og fartsdempande tiltak
Ved etablering av nye gangfelt er det krav om at gangfelta skal ha intensivbelysning/ forsterka belysning. Dette er avgjerande for trafikktryggleiken i gangfelt. Dei fleste alvorlege ulukker med gåande involvert, skjer ved kryssing av veg – dei fleste av dei i eller ved eit gangfelt. Fartsdempande tiltak i form av t.d. humpar, rumlefelt o.l. er viktige tiltak for å oppnå ønska fartsnivå, der det er behov for det. Eksempel på det kan t.d. vere krav om eitt gitt fartsnivå for å kunne etablere gangfelt. Beløpet som er sett av i økonomiplanen er redusert med 12,7 mill. kroner, samanlikna med vedtatt økonomiplan og investeringsprogram, og det er berre foreslått midlar i 2023 og i 2026, pga. den økonomiske situasjonen.

Sideterrengtiltak
Utforkøyringsulukker er den største utfordringa på lågtrafikkerte vegar utanfor tettbygde strok, og langs fylkesvegnettet er slike ulukker dominerande. Tiltak for å hindre slike ulukker kan t.d. vere utbetring av rekkverk, ettergivande master, profilerte kantlinjer, skilting av farlege kurver eller utbetring av sideterrenget. Beløpet som er sett av i økonomiplanen er redusert med 7,5 mill. kroner, samanlikna med vedtatt økonomiplan og investeringsprogram. Dette pga. den økonomiske situasjonen.

Forkøyrsregulering
Meir bruk av forkøyrsregulering er ønskjeleg for å betre trafikktryggleiken og framkome og få eit meir eintydig og sjølvforklarande vegnett. Beløpet som er sett av i økonomiplanen er redusert med 6 mill. kroner, samanlikna med vedtatt økonomiplan og investeringsprogram. Dette pga. den økonomiske situasjonen.

Veglys
Det er store behov for belysningstiltak, det gjeld både strekningar, kryssområde og punktbelysning. Det bør etablerast nye veglysanlegg, og eksisterande veglys bør oppgraderast, jf. også behov knytt til veglys som blir tatt over frå kommunar og andre veglyseigarar, jf. T-4/22. Det er i samsvar med vedtatt investeringsprogram, sett av 6 mill. kroner årleg til veglys.

Rekkverk
Rekkverk eir eit godt trafikktryggingstiltak der sideterrenget er ueigna. Utforkøyringsulukker er den ulukkestypen som medfører flest hardt skadde og drepne, og utbetring av rekkverk er viktig for å redusere slike ulukker. Det er i samsvar med vedtatt økonomiplan og investeringsprogram, sett av 7 mill. kroner per år i 2025 og 2026.

Rundkøyring Sykkylven (Sykkylven kommune)
Midlar til ferdigstilling og restfinansiering av prosjektet er lagt inn i 2023. Totalkostnad for prosjektet er estimert til 25 mill. 2021-kroner, inkludert kommunal del på 5 mill. kroner, i tillegg til etablering av veglys til om lag 5 mill. kroner.

Kranaveien/Fosnagata (Kristiansund kommune)
Det er behov for oppstramming av kryssområdet, justere veglinje, endre gateparkering og betre tilrettelegginga for mjuke trafikantar (breiare fortau og sykkelfelt) på strekninga. Tiltaket bør utførast samtidig med etablering av Campus, og arbeidet er dermed føreslått framskunda, dvs. med gjennomføring i 2023. Kristiansund kommune planlegg også utskifting av VA-leidningar i Fosnagata og Hollendergata 2023, som gjer at det er behov for reetablering av minst halve vegbana. Dette arbeidet må også koordinerast med tiltaket på fylkesvegen, ev. kan kommunen gjennomføre tiltaket på fylkesvegen som del av sitt arbeid med leidningsnettet. Totalkostnad er grovt estimert til 10 mill. kroner, men pga. den økonomiske situasjonen, er fylkeskommunal del av kostnaden foreslått redusert til 5 mill. kroner.

Årødalen (Molde kommune)
Krysset mellom fv. 64 og fv. 538 i Molde har hatt mange ulukker, det er høgt fartsnivå og høg ÅDT på strekninga (6.580 – 9.020). Tiltak er regulert i ny plan frå 2019. Det er sett av 10 mill. kroner til oppstart av tiltaket i 2026. Tiltaket er utsett med eitt år, for å redusere investeringsbehovet i økonomiplanperioden. Totalkostnad er rekna til knappe 78 mill. 2022-kroner, med utgangspunkt i anslaget frå 2018.

## Miljøtiltak

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Miljøtiltak** | | | | | |
| Støytiltak | 1,5 | 5,0 | 0,5 | | 7,0 |
| Tiltak etter vanndirektivet | 0,7 | 0,7 | 3,0 | 2,1 | 6,5 |
| **Sum miljøtiltak** | **2,2** | **5,7** | **3,5** | **2,1** | **13,5** |

Støytiltak
Vegeigar er forplikta til å gjennomføre støykartlegging kvart 5. år. Kostnadsestimatet er basert på gjennomførte tiltak etter tidlegare støykartleggingar. Det er krav om at ein ny berekningsmetode (Cnossos) skal nyttast, og faktiske kostnader vil avhenge av resultatet

av kartlegging, målingar og tiltaksutgreiinga. Totalkostnaden er grovt estimert til 7 mill. kroner i økonomiplanperioden.

Tiltak etter vanndirektivet
Det er sett av til saman 6,5 mill. kroner i økonomiplanperioden til utbetring/fjerning av vandringshinder i samsvar med Vanndirektivet. Vassforskrifta er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova, vassressurslova og naturmangfoldlova. Det er behov for midlar til miljøtiltak tidlegare enn det som er skissert i investeringsprogrammet, men totalbeløpet er ikkje endra. Det er snakk om tiltak i Anderselva (Hustadvika), Mausaelva (Sula) og Torvikelva (Gjemnes) som har ein estimert kostnad på totalt 1,4 mill. kroner, med planlagt gjennomføring i 2023 og 2024.

## Kollektivtiltak

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kollektivtiltak** | | | | | |
| Trafikkterminal Kristiansund | 20,0 | | | | 20,0 |
| Kollektivtiltak Harøy - Hamnsund | 10,0 | | | | 10,0 |
| Kollektivtiltak – utbetring haldeplassar, venteareal | | | | 5,0 | 5,0 |
| Kollektivtiltak – nye haldeplassar | | | | 5,0 | 5,0 |
| **Sum kollektivtiltak** | **30,0** | **-** | **-** | **10,0** | **40,0** |

Trafikkterminal Kristiansund
Det er behov for å bygge permanent kollektivknutepunkt ved Campus Kristiansund. Det blir sett av 20 mill. kroner til kjøp av tomt i 2023.

Kollektivtiltak Harøy - Hamnsund
Det er sett av midlar til finansiering av oppgradering av landområdet ved Hamnsund hurtigbåtkai, som blir gjennomført i 2022, jf. vedlegg 1 i sak T-51/22. Budsjettposten inkluderer også midlar til utbetring av haldeplass ved Flem skule og Skjeltene, jf. sak om tilrettelegging av haldeplassar/kollektivknutepunkt på strekninga Harøy - Hamnsund.

Kollektivtiltak – utbetring av eksisterande og nye haldeplassar
Det er sett av til saman 10 mill. kroner i 2026 til kollektivtiltak. Tiltak omfattar etablering av nye og utbetring av eksisterande busshaldeplassar. I tillegg er det stort behov for mindre tiltak som oppsett av leskur o.l., men dette er det ikkje funne rom for i økonomiplanperioden, slik den økonomiske situasjonen er. Betre kollektivinfrastruktur er viktig for å auke attraktiviteten til kollektivtransporten slik at fleire vel å ta buss. Budsjettet er redusert samanlikna med vedtatt økonomiplan og investeringsprogram, pga. den økonomiske situasjonen.

### Planlegging/planprosjekt

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Planprosjekt** | | | | | |
| Dragsundbrua - regulering | | | 1,0 | 2,0 | 3,0 |
| Forprosjekt Trollstigen | 3,0 | 3,0 | | | 6,0 |
| Planlegging, prioriterte tiltak | 2,5 | 2,0 | 2,0 | 2,0 | 8,5 |
| **Sum planprosjekt** | **5,5** | **5,0** | **3,0** | **4,0** | **17,5** |

Det er sett av midlar til planlegging av nødvendige og prioriterte tiltak, jf. vedtatt investeringsprogram. Midlane er tenkt brukt til planlegging av Juvabrua, Vassendbrua, Hasundkrysset og Lausundholmen m.m. Avsett beløp til planlegging er redusert med nærare 20 mill. kroner i økonomiplanperioden, m.a. med grunnlag i den økonomiske situasjonen og at prioriterte investeringsprosjekt truleg må setjast på vent i fleire år.

Samferdselsutvalet vedtok i sak SA-80/22 å be om oppstart av detaljregulering av ny Dragsund bru. Det er sett av midlar i 2025 og 2026 til reguleringsplanlegging. Oppstart er ikkje planlagt før i slutten av perioden, m.o.t. den økonomiske situasjonen og at teknisk tilstand på brua tilseier at det ikkje er stor grad av hast.

Fylkestinget gjorde i sak T-86/22 vedtak om å bestille eit forprosjekt for vidare utgreiing av alternative løysingar for sikring av Trollstigen. Det er sett av 6 mill. kroner til dette arbeidet i 2023 og 2024.

### Grunnerverv

| | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | 2023-26 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Grunnerverv** | | | | | |
| Grunnerverv | 1,0 | 0,5 | 2,0 | 2,0 | 5,5 |
| **Sum grunnerverv** | **1,0** | **0,5** | **2,0** | **2,0** | **5,5** |

Det er sett av midlar til gjennomføring av grunnerverv. Ein vesentleg del av dei avsette midlane går til oppmålingskostnader og grunnoppgjer (restkostnader) på gjennomførte og avslutta investeringsprosjekt og er dermed å rekne som bindingar. I tillegg er det av og til behov for innløysing av bygg, anten av strategiske årsaker eller for å betre trafikktryggleik.

## 10.3.2 INVESTERING KOLLEKTIVTRANSPORT

### Nytt billetteringssystem

Billetteringsystemet si hovudoppgåve er å sikre fylkeskommunen sine inntekter i kollektivdrifta. Dagens avtale og utstyr for billetteringssystem har nådd enden på brukstida si. Den nye løysinga skal vere oppdatert med tanke på dei behova FRAM har i dag og i åra framover. Billetteringsystemet er omfattande - for sjåfør som sel billettar om bord og validerer kjøpte billettar, for kundar som kjøper billettar på app eller nettbutikk, for kontrollør, for administrator av produkt og kategoriar, og for tilsette på kundesenter og salskontor. Nytt billettsystem og -utstyr vil gi ei meir effektiv og billigare billettering, dvs. reduserte driftskostnadar.

Arbeidet, som gjerast saman med andre offentlege aktørar og kollektivselskap, er noko forseinka. Den nye løysinga vil vere på plass i løpet av 2023, og innfasing vil skje gradvis gjennom året. Systemet skal vere heilt klart til 01. januar 2024. På grunn av forseinkinga er det behov for å auke budsjettet med 5,6 mill. kroner i 2023 samanlikna med vedtatt

økonomiplan for 2022-2025. Halvparten av dette skuldast sjølve forseinkinga, medan resten går til ekstra tiltak for å unngå ytterlegare forseinking av prosjektet.

Det vil vere behov for ytterlegare investeringar etter at nytt billetteringssystem er sett i drift. Mellom anna for å sikre at FRAM sitt billetteringssystemet er kompatibelt med nye behov og funksjonalitet innanfor mobilitet. Det er behov for om lag 2 mill. kroner kvart år frå 2023.

**Business Intelligence/ datavarehus (IBEN)**
Business Intelligence-systemet IBEN er FRAM sitt rapportsystem for sentrale kollektivdata som t.d. reisedata, sanntid- og avviksinformasjon, sal og transaksjonar.

I 2023 skal IBEN oppdaterast med nye datakjelder og tilhøyrande ny funksjonalitet, t.d. passasjerteljing (APC), datadeling, KPI-ar og prognoser og fordeling av inntekter per rutepakke, ei automatisering av dagens rutine. Nye datakjelder og rapportar er avgjerande for å kunne vidareutvikle kollektiv- og mobilitetsarbeidet i FRAM. Det er sett av 1,5 mill. kroner kvart år frå 2024.

**Utviklingstiltak kollektivtrafikken**
FRAM skal få fleire tenester og eit betre tilbod til innbyggarane våre. Ved å auke interne og eksterne ressursar tilknytt prosjekt får vi fleire leveransar, fart i utviklinga og meir kapasitet til utviklingsprosjekt. Formålet er å auke kvaliteten på tenestene våre og bidra til innovative prosjekt. I 2022 har vi fått på plass fleire ressursar, og i 2023 kjem det ytterlegare nokon ressursar. I tillegg til ressursar vil det komme investering knytt til synlege tiltak, som styrkar allereie eksisterande prosjekt: pilotar mobilitet, sykkelskur, LED-skilt og datadeling.

**Ruteinformasjon og haldeplassutforming**
I Møre og Romsdal kan innbyggarane reise kollektivt frå meir enn 5000 haldeplassar. Haldeplassane må vere synlege, tilgjengelege og bidra til at brukarane på ein god måte kan få informasjon om rutetilbodet og reisene ein kan gjere frå og til denne haldeplassen. Merking av haldeplassen skal også bidra til å få fram merkevara FRAM. I 2022 er det påbegynt ein terminalstrategi som definere korleis vi skal prioritere dette arbeidet. Hovudleveransen i 2023 blir kartlegging av haldeplassar og konkurranseutsetjing av skjermar/skilt. I 2024 vil det bli prioritert å få på plass nye ferjekaiskilt som skal vise ruteinformasjon, og som også kan brukast med omsyn til beredskap. Det vil og bli prioritert å setje ut skjermar og skilt på utvalde busshaldeplassar i byområda i fylket.

**Toalettilbod**
Det vert omlegging av bybussrutene i Ålesund i samband med bypakken. Etablering av gateterminalar på Moa og i Ålesund sentrum og redusert reisetid medfører at bussjåførane ikkje kan ta nødvendige pausar undervegs på rutene. Det må derfor etablerast eit toalettilbod på endestoppa på bybussruta på Slinningsodden og Myrland.

**Kontraktoppfølgingsverktøy**
For å sikre meir effektiv kontraktsoppfølging i kollektivtransporten er det behov for å utvikle eit kontraktoppfølgingsverktøy. Kontraktoppfølgingsverktøyet vil ha to delsystem. Eit system som handterer det daglege driftsavviket, og eit system som skal følgje opp dei generelle krava i kontraktane. Det er sett av 1 mill. til dette i 2023.

**Ladeanlegg Kristiansund**
For å legge til rette for elektriske busser i Kristiansund er det behov for 15 mill. kroner i 2024 til ladestasjon på bussdepot, ei auke på 6 mill. kroner samanlikna med vedtatt økonomiplan for 2022-2025. Auka skuldast inngått kontrakt. Det er innvilga støtte frå ENOVA på inntil 40 prosent. Vi viser til omtale av prosjektet i Klimabudsjettet (del II).

**Mobilitet på tvers - «Berekraftig by- og tettstadsutvikling»**

Dette er ei satsing på tvers av sektorar (sjå også Del I, kap. 3.2). Deriblant innovasjon på samferdselsområdet og nye tenester for innbyggarane i fylket. Det kom to nye ressursar juni 2022 som skal jobbe med mobilitetsarbeid. Satsingsområda for 2023 vil vere å auka kompetansen om mobilitet i kommunane og kartleggje nye forretningsmodellar innan mobilitet. Reelle tiltak knytt til prosjektet vil ikkje kunne gjennomførast før 2025. Midlane til prosjektet er, på grunn av fylkeskommunen sin økonomi, utsett til 2025.

**Pasientreiser**
I 2023 blir det sett ned ei prosjektgruppe som skal følgje opp intensjonsavtalen mellom Helse Midt-Norge og Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på å i større grad samordne transportkjøpa. I intensjonsavtalen er fokuset småbil-/drosjetransport der ein mellom anna kan sjå på moglegheiter for samkøyring av ulike kundegrupper, sjå på materiellkrav i anbod og utgreie moglegheitene for ein samkøyringspilot. Det er sett av 2 millionar på dette prosjektet. På grunn av fylkeskommunen sin økonomi er midlane flytta til 2025.

**Investering bussdepot**

Bussdepot Kristiansund
Møre og Romsdal fylkeskommune sitt bussdepot i Kristiansund er i dag lokalisert i Wilhelm Dahls veg 44. Dette er eit anlegg som i dag er eigd av TIDE. Avtalen med TIDE går ut i 2023 og for å sikre eit betre kollektivtilbod i Kristiansund har Møre og Romsdal Fylkeskommune anskaffa tomt i Pilotvegen jf. vedtak sak U-18/22.

I T-sak T-17/22 godkjente fylkestinget funksjonsprogram som grunnlag for vidare arbeid med Bussdepot Kristiansund og auka ramma for prosjektet til 67 mill. kroner. Prosjektet blir handtert av Bygg- og eigedomsavdelinga.

I juni 2022 vart det lyst ut anbodskonkurranse med totalentreprise med løysingsforslag og forhandling for bygging av bussdepot i Kristiansund. Innkomne pristilbod var godt over prosjektramma på 67 mill. kroner og i sak T-82/22 godkjente fylkestinget å auke ramma til 109 mill. kroner. Denne kostnaden er føreset lånefinansiert. Lånekostnaden blir dekka innanfor samferdselsområdet sitt budsjett, jf. omtale under 10.2 Driftsrammer. Driftsstart er estimert til januar 2024.

Bussdepot Molde og Ålesund
Møre og Romsdal fylkeskommune sitt bussdepot i Ålesund er i dag lokalisert i Vågavegen 25 i Sørnesvågen, medan bussdepotet i Molde er lokalisert Fannestrandsvegen 25. Noverande leigeavtalar går ut i 2030 for Ålesund og 2025 for Molde.

Med bakgrunn i framtidig vekst og vidare utvikling av kollektivtilbodet, ser ein at det vil bli behov for å auke kapasiteten og talet bussar. Administrasjonen gjer no ei utgreiing av alternative tomter, og det kjem eigne saker om tomtealternativ og bygging av nye depot når dette arbeidet er ferdig.

Utgreiing av alternative tomter, samt midlar til dette handterast gjennom Bygg- og eigedomstenester sitt budsjett.

Når det gjeld kjøp av tomt i Ålesund vedtok fylkestinget i sak T-53/21 å gi fylkesutvalet mynde til å vedta kjøp av tomt til bussdepot innafor gjeldande ramme lagt til grunn i investeringsprogrammet. Gjennomføring av kjøp vil likevel ikkje skje før fylkestinget har gitt tilstrekkeleg bevilling.

For begge bussdepota er det samla sett foreløpig sett av 91 mill. kroner i 2023, og samla sett 161 mill. kroner for dei resterande åra av økonomiplanperioden.

## 10.3.3 OVERSIKT OVER EKSTERN FINANSIERING PÅ SAMFERDSELOMRÅDET

Eksterne midlar og statlege tilskot finansierer ein stor del av dei planlagde investeringane. Medrekna ekstern finansiering av Kjerringsundet, bompengar i bypakke Ålesund, tilskot frå Enova, statlege tilskot til rassikring, tunnelrehabilitering og vedlikehald, kommunale tilskot, mva-kompensasjon m.m., kan om lag halvparten av investeringane på samferdselsområdet finansierast. Tabellen nedanfor gir ei overordna oversikt over store delar av den eksterne finansieringa. Oversikta er ikkje uttømmande.

| Ordning/formål | Finansieringskjelde | Økonomiske rammer |
|---|---|---|
| Støtte til låg- og nullutsleppløysingar | Enova | Ein bestemt del av prosjektkostnadane |
| Smartare transport | Samferdselsdepartementet | 12,5 mill. kroner samla sett. |
| Tilskot til vedlikehald av fylkesveg | Samferdselsdepartementet | Om lag 38 mill. kroner i 2023. |
| Tilskot til rassikring | Kommunal- og distriktsdepartementet | 95,7 mill. kroner i 2023 |
| Tilskot til tunnelrehabilitering | Kommunal- og distriktsdepartementet | 133,3 mill. kroner i 2023 |
| Bypakke Ålesund | Bompengar, mva-kompensasjon | Om lag 500 mill. kroner samla sett |
| Kjerringsundsambandet[7] | Tilskot frå Aukra kommune, bompengar, mva-kompensasjon, ferjeavløysingstilskot | Heile prosjektkostnaden på om lag 3,8 mrd. kroner.[8] |
| Mosflatevegen-Melsgjerdet | Ørsta kommune | Om lag 10-15 mill. kroner samla sett |
| Bådalen-Vebenstad | Overskytande bompengar | Om lag 9,5 mill. kroner samla sett. |

[7] Gjennomføring av prosjektet er avhengig av gjennomføring av riksvegprosjektet E39 Ålesund-Molde, samt at prosjektet kan bli gjennomført som eit sjølvfinansierande prosjekt. I praksis betyr dette tilstrekkelege garantiar om finansiering frå Aukra kommune.

[8] Kroneverdien er foreløpige 2022-kroner, som lagt til grunn i det faglige grunnlaget for bompengeopplegget.

# 11 SENTRALE KONTROLLFUNKSJONAR

Etter § 18 i forskrift om kontroll i utval, skal kontrollutvalet utarbeide budsjettframlegget for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylket. Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følgje fylkesutvalet sin innstilling til fylkestinget. I samsvar med dette legger ein ved kontrollutvalet sin innstilling med vedlegg. For å få eit samla økonomiframlegg for fylkeskommunen som er i balanse, er det nødvendig og innpasse økonomiplanframlegget for kontroll- og revisjonsarbeidet saman med framlegget som omfattar resten av verksemda. Sjå eige vedlegg.

## 11.1 Driftsrammer

Det er foreslått følgjande driftsrammer for økonomiplanperioden:

(i 1000 kroner)

| Ramme | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Økonomiplan | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |
| 72 Kontrollutvalet | 8 120 | 7 697 | 7 778 | 7 683 | 7 683 | 7 683 |
| **D14 Sentrale kontrollorgar** | **8 120** | **7 697** | **7 778** | **7 683** | **7 683** | **7 683** |

**Frå 2023:**

- Innsparing 1 prosent reduserer ramma med 80 000 kroner i 2023 og åra etter, Del I, kap. 2.3.

**Frå 2024:**

- Innsparing reduserer ramma med ytterlegere 95 000 kroner i 2024 og åra etter, Del I, kap. 2.3.

# DEL III

## Klimabudsjett

# KLIMABUDSJETT 2023

## Innleiing

Klimagassutsleppa i Møre og Romsdal skal i 2030 vere 55 prosent lågare enn i 2009 (og fylket skal vere klimanøytralt i 2030).

Fylkestinget vedtok 8. desember 2020 økonomiplan og handlingsprogram for 2021-2024 med budsjett for 2021, sak T-95/20. I vedtaket ber fylkestinget: «*om at det utarbeidast klimabudsjett og klimaregnskap for fylkeskommunens verksemd*».

Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt i bruk klimabudsjett som eit styringsverktøy i klimaarbeidet i fylkeskommunen. Klimabudsjettet skal bidra til å følge opp vedtekne mål sett i regional planstrategi, fylkesplan og fylkesstrategiar for Møre og Romsdal, som blir følgt opp i handlingsprogrammet i verksemda sin økonomiplan. Klimabudsjettet skal vise kva tiltak fylkeskommunen skal gjennomføre for å **kutte utsleppa i fylket og i verksemda.**

Ansvaret for å gjennomføre tiltaka ligg på dei ulike tenesteområda og inneber at dei skal rapportere på klimabudsjettet, på lik linje som økonomisk rapportering. Klimabudsjettet blir lagt fram for heile økonomiplanperioden 2023-2026.

Oppfølging av øvrige miljømål i fylkesplanen er beskrive i verksemda sitt handlingsprogram. Sjå Del IV, Handlingsprogram, Miljøfylke.

Dette klimabudsjettet består av to delar:
- for verksemda
- for heile fylkets geografiske område

## 1. Omgrep nytta i klimabudsjettet

**Klimagassutslepp** omfattar som regel utslepp til luft av alle typar gassar som påverkar atmosfæren si evne til å halde på varme (drivhuseffekten) og dermed klimaet: karbondioksid ($CO_2$), metan ($CH_4$), lystgass ($N_2O$) og f-gassar.

**$CO_2$-ekvivalent** ($CO_2e$) er eininga som blir nytta i klimagassrekneskap. Eininga svarar til den effekten ei gitt mengd (som regel eit tonn) $CO_2$ har på den globale oppvarminga over ein gitt periode (som regel 100 år). Dei andre drivhusgassane har eit sterkare oppvarmingspotensial enn $CO_2$, og utsleppa frå desse gassane blir derfor rekna om til $CO_2e$. Døme:

- Utslepp av 1 tonn $CO_2$ til atmosfæren er lik 1 tonn $CO_2e$.
- Utslepp av 1 tonn metan til atmosfæren er lik 25 tonn $CO_2e$ (metan er altså ein kraftigare klimagass enn $CO_2$).

Greenhouse Gas Protocol[9] definerer systemgrensene for utslepp i 3 scopes (omfang):

- **Scope 1 - direkte utslepp**: Utslepp som skjer innafor eit geografisk område eller direkte utslepp frå kjelder verksemda eig eller kontrollerer.
- **Scope 2 - indirekte utslepp**: Utslepp frå energiproduksjon utanfor det geografiske området som konsekvens av forbruk av nettbasert elektrisitet, varme eller kjøling innafor det geografiske området eller i verksemda.
- **Scope 3 - Indirekte utslepp**: Utslepp som skjer utanfor det geografiske området, som ein konsekvens av aktivitet og forbruk av varer og tenester innafor det geografiske området eller alle indirekte utslepp frå vare- og tenestekjøpa til verksemda.

**Klimafotavtrykk** omfattar både direkte og indirekte utslepp, altså scope 1, 2 og 3.
Når vi skriv **verksemda** viser vi til organisasjonen Møre og Romsdal fylkeskommune.
Når vi skriv **samfunnet Møre og Romsdal** viser vi til heile fylket vårt (det geografiske området) med innbyggarar, næringsliv, industri, organisasjonar etc.




***Figur 1** Ein illustrasjon av klimarekneskap fordelt på scope. Kjelde: Asplan Viak.*

[9] Greenhouse Gas Protocol, kjent som GHG–protokollen er den mest brukte og anerkjente standarden for rapportering av klimagassutslepp i eit klimarekneskap. Greenhouse Gas Protocol har utvikla globale standardar og metodar for å berekne klimagassutslepp for privat og offentleg sektor.




***Figur 2*** *Figuren illustrerer korleis storleiken på utslepp avheng av systemgrensa til klimarekneskapen og klimabudsjettet. Tala i figuren er fiktive. Kjelde: Veiledar for klimabudsjett som styringsverktøy*

**Historiske utslepp** er utslepp i dei føregåande åra.
**Framskriving** er forventa utslepp basert på vedtatt politikk og dersom ein ikkje sett i gang fleire klimatiltak.
**Målbana** viser kor mykje utsleppa må reduserast for å nå dei måla som er sett.
**Tiltaksbana** viser utsleppsreduksjonane med dei planlagde klimatiltaka.
Samanstilling av historiske utslepp og framskriving blir kalla **referansebane**.

# 2. Klimarekneskap

Klimarekneskapen for verksemda og samfunnet Møre og Romsdal finn du på heimesidene vår under temaet natur, klima og miljø. Vi veit at dei indirekte utsleppa ofte er mykje større enn dei direkte utsleppa, slik figuren i førre kapittel illustrerer. Derfor er det nyttig og viktig å kjenne til omfanget av dei indirekte utsleppa slik at ein veit kvar det monnar mest å sette inn tiltak.

## 2.1 Klimarekneskap for verksemda (2021)

Tal for verksemda sine utslepp er henta frå Miljøfyrtårnsertifiseringa vår og frå samferdselsavdelinga (ferje, hurtigbåt og buss), det er nytta tal frå 2021. Utsleppa frå verksemda kjem hovudsakeleg frå samferdselssektoren. Utsleppa frå mobilitets- og kollektivtransporten er på veg ned mot 55 prosent reduksjon som følge av innfasing av nullutsleppsferjer og -bussar i byane.

Verken verksemda eller Miljøfyrtårn har gode nok rutinar og/eller metodar til å fange opp alle utsleppa frå verksemda. Asplan Viak har derfor utført ein analyse med hjelp av

verktøyet *Klimakost* for å finne klimafotavtrykket til verksemda. Denne analysen er eit godt verktøy til å finne område ein bør sette inn tiltak, men er ikkje godt egna til å spore årleg utvikling. For årleg oppfølging må vi nytte tala frå Miljøfyrtårn og frå samferdselsområdet i verksemda. Det er derfor ikkje tatt med ein graf som viser korleis klimafotavtrykket til verksemda kan utvikle seg med dei tiltaka som er planlagt. Sjå klimarekneskapen for meir informasjon om analysen som er utført.

## 2.2 Klimarekneskap for samfunnet Møre og Romsdal (2020)

Tal for direkte utslepp for heile fylket sitt geografiske område er henta frå Miljødirektoratet, sist tilgjengelege tal er frå 2020. Utsleppa for samfunnet Møre og Romsdal har vore relativt stabile dei siste åra og har berre gått ned 3 prosent frå 2009 til 2020.

# 3. Klimabudsjett for verksemda

Eit klimabudsjett presenterer tiltak for å redusere utslepp, anslått effekt av tiltaka og fordeler ansvar for gjennomføring.
Verksemda er Miljøfyrtårnsertifisert og rapporterer årleg inn tal for bruk av drivstoff i køyretøy, flyreiser, avfall og energibruk i bygg. Desse tala kan vi nytte for årleg oppfølging.

Vi gjer merksam på at vi førebels ikkje har gode nok rutinar og metodar til å fange opp alle utsleppa frå verksemda som skal inngå i Miljøfyrtårnrapporteringa, dette gjeld flyreiser og køyring.

Tala frå Miljøfyrtårn gir heller ikkje eit komplett bilde av korleis verksemda påverkar klimaet då verken klimagassutslepp knytt til varekjøp eller bygg- og anleggsprosjekt er med.

## 3.1 Fylkeskommunen sine prioriteringar innan klima

Fylkestinget har gitt signal om at følgande skal bli prioritert i arbeidet med økonomiplan med handlingsplan for 2023-2026 med budsjett for 2023:

- Fylkeskommunen må ta i bruk innovative anskaffingar i større grad og bruke innkjøpsmakt til fordel for det innovative næringslivet for å oppnå rimelegare og smartare løysingar.
- Sikre at FRAM når målet om klimanøytralitet i kollektivtrafikken innan 2030 og nå nullvekstmålet.
- Ikkje svekke kollektivtrafikken ved bortfall av korona-midlar.
- Vedlikehald og mindre tiltak må prioriterast framfor nye store prosjekt som ikkje er heilt nødvendig (MÅ-tiltak).
- Stoppe veksten i og redusere vedlikehaldsetterslepet på vegane.
- Opprette berekraftslinje i vidaregåande skule og/eller fagskulen i Møre og Romsdal.

**Bygg og eigedomstenester**
Fylkestinget vedtok i sak T-34/22 at Møre og Romsdal fylkeskommune skulle slutte seg til eigedomssektorens strakstiltak. Bygg og eigedomstenester arbeidar målretta for å oppfylle alle strakstiltaka, noko som gir ei heilskapleg tilnærming til utfordringane som

kan relaterast til byggenæringa. Desse strakstiltaka omfattar mellom anna ekstra opplæring for driftspersonell knytt til energileiing, det skal berre kjøpast inn bygningsprodukt utan helse- og miljøfarlege stoff, takflate skal nyttast (t.d. solcelle), det skal planleggast for ombruk, fossil- og etter kvart utsleppsfri byggeplass og berekraftsambisjon for dei fylkeskommunale prosjekta skal settast.

**Samferdselsområdet**
På fylkesvegområdet blir det jobba med tiltak for å redusere klimagassutsleppa både i planfase, i anbod og kontraktstildeling, i utføring og i kontraktsoppfølging. Dei aller fleste av oppgåvene på fylkesveg blir løyst av andre gjennom kontraktar. Fylkesvegavdelinga jobbar med å innføre differensierte klimakrav i kontraktar, både for drift, vedlikehald, planlegging, prosjektering og bygging.

Fylkesvegavdelinga har god dialog med entreprenørar og leverandørar, og det blir arbeidd med kunnskapsinnhenting og vurdering av miljøvennleg teknologi. Det gjeld både teknologi som er tilgjengeleg, og teknologi som er i testfase. Fylkeskommunen er mellom anna med i nettverket Grønn Anleggsektor som jobbar for å auke grøn innovasjon og finne realistiske tiltak som gir reduserte utslepp.

For mobilitets- og kollektivtransporten i Møre og Romsdal er det vedtatt mål om å redusere klimagassutsleppa med 55 prosent i løpet av 2024, samanlikna med utsleppa av klimagassar i 2019. Dette skjer i hovudsak gjennom innfasing av miljøvennleg teknologi i ferje- og bussdrifta. Også innan kollektivsektoren er arbeid med klimakrav i kontraktar viktig for å redusere klimagassutsleppa. Fylkeskommunen v/FRAM stiller strenge krav til utslepp i transportkontraktane. Miljø er også brukt som evalueringskriterium. Erfaringa hittil tilseier at det er teknisk mogleg med nullutslepp i alle nye transportkontraktar gitt økonomisk handlingsrom for å få til dette. FRAM vil i økonomiplanperioden førebu og lyse ut anbod på hurtigbåttenester. Nye krav frå nasjonalt hald inneber at det skal stillast krav om null- eller lågsutslepp dersom det er økonomisk og teknisk mogleg.

FRAM arbeider også for å få fleire til å reise kollektivt. Dette vil kunne bidra til reduksjon av klimagassutslepp dersom reisande dagleg vel kollektivtransport i staden for bil på sine reiser, under føresetnad av at passasjerane vel kollektiv transport heller enn fossildrivne bilar.

**Kompetanse- og næringsområdet**
Å drive ein framtidsretta og berekraftig kompetanse- og næringspolitikk inneber mellom anna å legge til rette for attraktive utdanningsløp tilpassa framtidig behov til arbeids- og næringsliv. Tett og målretta samarbeid, regionale verkemidlar og prioriteringar på kompetanse- og næringsområdet skal bidra til det grøne skiftet av samfunnet Møre og Romsdal.

Å dimensjonere, modernisere og tilpasse utdanningsløp krev omstilling og tøff ressursstyring av tilbodssida. I overordna del for læreplanverket i Kunnskapsløftet 2020 er respekt for naturen og miljøbevisstheit ein del av verdigrunnlaget i opplæringa, altså grunnsynet som skal prege heile grunnopplæringa. Berekraftig utvikling er eit tverrfagleg tema med kompetansemål innan alle fag der det er relevant. Frå skoleåret 2022-2023 er dei nye læreplanane tatt i bruk i alle fag i vidaregåande opplæring.

Programmet Skaparkraft har som formål å styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar gjennom ei satsing på grøne industrielle løft, smart teknologi, fornybar energi og kompetanse i og for næringslivet. Målet er meir berekraftig eksport frå Møre og Romsdal med kutt i klimagassutslepp. Gjennom tilskotsordningar stimulerer vi næringslivet til utviklingsprosjekt som skal bidra til å nå berekraftsmåla.

**Kulturområdet**
Berekraftig utvikling og grøne val i kultursektoren er ei sentral prioritering. Sjølv om kultursektoren ofte blir vurdert som ein grøn sektor, då mange av dei kulturelle produkta er tenester med eit lågare klimafotavtrykk enn fysiske produkt, vil fylkeskommunen framover prioritere tiltak som bidreg til grøn teneste- og bransjeutvikling.  Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer slår også fast at fylkeskommunen skal arbeide for miljøvennlege anlegg og arenaer for kultur, idrett og frivillig sektor, samt at det skal bli stilt krav om at profesjonelle kunst- og kulturaktørar med driftstilskot frå fylkeskommunen, legg FN sine berekraftsmål til grunn for eiga drift.

## 3.2 Klimatiltak for verksemda

Her presenterast klimatiltaka som kan gjennomførast av verksemda. Det er tatt med tiltak som reduserer:

- direkte utslepp frå verksemda og dermed også i fylket (scope 1)
- mengda innkjøpt energi til verksemda (scope 2)
- indirekte utslepp frå verksemda (scope 3). Desse tiltaka kan både redusere utsleppa i samfunnet Møre og Romsdal og andre stader utanfor fylkesgrensene.
- andre sine utslepp. Desse tiltaka inngår ikkje i verksemda sitt klimabudsjett.

Nokre tiltak kan talfestast, andre ikkje. Dei enkelte fag- og tenesteområda i verksemda har berekna utsleppsreduksjonane der det har vore mogleg. Utslepp som ikkje er talfesta betyr ikkje at dei har lite potensiale for utsleppsreduksjon, men at dei er vanskeleg å berekne eller at vi på noverande tidspunkt ikkje har underlag til å berekne reduksjonen.

Vi nyttar tala vi rapporterer i Miljøfyrtårnordninga til årleg oppfølging. Som ein regional aktør vil ein del av tiltaka vi planlegg, og gjennomfører, påverke andre sine utslepp og ikkje verksemda sine utslepp. Desse utsleppa kan vi ikkje trekke frå i klimabudsjettet til verksemda. Tiltak merka med * blir målt og rapportert i Miljøfyrtårnordninga og inngår dermed i klimabudsjettet til verksemda.

Ein del tiltak kan redusere utsleppa både i og utanfor fylket. Desse tiltaka er per no ikkje effektberekna. Om dei var effektberekna og skulle inngå i klimabudsjettet til samfunnet Møre og Romsdal måtte ein ha skilt ut den delen av effekten som ville ha komme fylket vårt til gode og trekt denne i frå på klimabudsjettet.

Ved overgang til elektriske køyretøy og fartøy er ikkje klimagassutslepp knytt til bruk av elektrisitet trekt ifrå. Straum som blir nytta i Noreg, kjem hovudsakleg ifrå fornybare energikjelde og har eit minimalt klimaavtrykk samanlikna med konvensjonell dieseldrift. Nordisk elmiks var i 2021 berekna til 11 gram CO2 ekvivalentar/kWh og er difor ikkje medrekna i tala. Reduserte utslepp i **Tabell 1** er utslepp ein forventar av tiltaka. Eventuelle endringar i rutetilbod kan påverke utsleppstala, men både tala i tabellen og **Figur 3** er gitt ut ifrå tilgjengeleg informasjon på noverande tidspunkt.

Todalsfjordprosjektet vil føre til klimagassutslepp både ved bygging og drift. Per i dag er det usikkert korleis fjordkryssinga vil skje. Klimagassutslepp bør bli estimert og vere ein del av avgjerslegrunnlaget når alternativa skal bli vurdert. Sjå elles tiltak *14 Kontraktsrådgivar* (under).

2019 er nytta som referanseår. Det betyr at målbana sjåast i forhald til utsleppsnivået i 2019. Tiltakseffektane er berekna med utgangspunkt i framskrivinga i same år. Ein kan ikkje summere utsleppa mellom kolonnane. Tiltaka belyser reduksjonspotensialet ut over det som ligg i referansebana.

**Tabell 1** gir ei oversikt over tiltak. Beskriving av tiltaka finn du i etterfølgande kapittel.

*Tabell 1* *Klimatiltak som kan gjennomførast av verksemda. Samla kostnad i økonomiplanperioden er oppgitt der det er mogleg.*

| Utslepssektor | Nr. | Klimatiltak | Ansvar | Reduserte utslepp [tonn $CO_2$e] | | | | Samla kostnad i perioden [1000 kr] | Blir rapportert i Miljøfyrtårn | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | | | |
| | **Scope 1 - Direkte utslepp, kvantifiserbar** | | | | | | | | | |
| Sjøfart | 1 | * Overgang til elektriske ferjer | Samferdsel | Ligg i framskrivinga (38 100 tonn $CO_2$e) | | | | | x | Sjå eigen tabell lenger nede i |
| Vegtrafikk | 2 | * Overgang til elektriske bussar, rutepk. 1-2 | Samferdsel | Ligg i framskrivinga (2 684 tonn $CO_2$e) | | | | | x | Sjå eigen tabell lenger nede i |
| Vegtrafikk | 3 | * Overgang til elektriske bussar, rutepk. 3-6 | Samferdsel | | | 1280 | 7539 | | x | |
| Vegtrafikk | 4 | * Eldrivne tenestebilar i fylkesvegavdelinga | Samferdsel | 60 | 60 | 60 | 60 | 3 500 | x | |
| | **SUM** | | | **60** | **60** | **1340** | **7599** | | | |
| | **Scope 1 - Direkte utslepp, ikkje kvantifiserbar** | | | | | | | | | |
| Sjøfart | 5 | * Undervisningsfartøy | KON (kompetanse) | Ikkje berekna | | | | | x | |
| Vegtrafikk | 6 | * Utskifting av køyretøysparken på skulane | KON (kompetanse) | Ikkje berekna | | | | | x | |
| Vegtrafikk | 7 | Samordning av transportkjøp | Samferdsel, v/FRAM | Ikkje berekna | | | | | | |
| Sjøfart/vegtrafikk | 8 | Forskingsprosjekt på samferdselsområdet | Samferdsel, v/FRAM | Ikkje berekna | | | | 8 000 | | |
| | 9 | Gjenbruk i FRAM sine nye kontraktar | Samferdsel, v/FRAM | Ikkje berekna | | | | | | |
| | **SUM** | | | | | | | | | |
| | **Scope 2 - Indirekte utslepp, energi ikkje kvantifise** | | | | | | | | | |
| Energiforsyning | 10 | *Redusere energibruken i eigne bygg | BYE | Ikkje berekna | | | | 20 000 | | Kostnad dekkes av egen bevilgning til installasjon solceller og generelle vedlikeholdstiltak. |
| Energiforsyning m.fl. | 11 | Redusere klimagassutsleppa frå eigne bygg | BYE | Ikkje berekna | | | | | | Kostnad dekkes av investerings-prosjekter igangsatt eller planlagt igangsatt |
| | **SUM** | | | | | | | | | |
| | **Scope 3 - Indirekte utslepp, ikkje kvantifiserbar** | | | | | | | | | |
| Avfall og avlaup | 12 | *Miljøstasjonar på alle skulane | BYE/KON | Ikkje berekna | | | | | x | |
| Avfall og avlaup | 13 | Avfallshandtering i utbyggingsprosjekt på fylkesveg | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 14 | Kontraktsrådgivar | Samferdsel, v/fylkesvegavdeling | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 15 | Aluminiumsbru | Samferdsel, v/ fylkesvegavdeling | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 16 | Klimabudsjett og -rekneskap for bygging av Nerlandsøybru | Samferdsel, v/fylkesvegavdeling | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 17 | Verdianalyse og verdioptimalisering av fv. 60 Tomasgard - Røyrhus bru | Samferdsel, v/fylkesvegavdeling | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 18 | Krav om $CO_2$-rapportering i nye vegdriftskontraktar | Samferdsel, v/fylkesvegavdeling | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 19 | Frådrag i konkurransesummen ved klimatiltak i vegdriftskontraktar | Samferdsel, v/fylkesvegavdeling | Ikkje berekna | | | | | | |
| | **SUM** | | | | | | | | | |
| | **Tiltak som påverkar andre sine utslepp** | | | | | | | | | |
| Vegtrafikk | 20 | Sykkelvegar | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | 200 000 | | |
| Energiforsyning | 21 | Skaparkraft | KON | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 22 | Plan for energistasjonar og ladepunkt | KON | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 23 | Bypakkar | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 24 | Auke i talet på passasjerar med kollektivtrafikk | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | 10 000 | | |
| Vegtrafikk | 25 | Bestillingstransport og mobilitet | Samferdsel | Ikkje berekna | | | | | | |
| | 26 | Materiallager for bygningsvern | Kultur | Ikkje berekna | | | | 500 | | |
| | 27 | Miljøfyrtårnkurs til tilskotsmottakarar | Kultur | Ikkje berekna | | | | 50 | | |
| | 28 | Bibliotek og bærekraft i Møre og Romsdal | Kultur | Ikkje berekna | | | | | | |
| Vegtrafikk | 29 | Betalt parkering på fylkeskommunale parkeringsplassar | BYE | Ikkje berekna | | | | -3 000 | | Inntekter løst estimert, avhengig av antall eiendommer det innføres på. |
| | **SUM** | | | | | | | | | |

### 3.2.1 Direkte utslepp frå verksemda, scope 1 (køyretøy verksemda rår over, stasjonær forbrenning)

1 *Overgang til elektriske ferjer
Det er i perioden 2019 til og med 2024 gjennomført og planlagt innfasing av 16 fartøy med elektrisk drift i Møre og Romsdal. Dei siste 4 fartøya er planlagt elektrifisert i løpet av 2024. Når alle desse 16 fartøya er elektrifisert og komen i normal drift, er det berekna ein samla årleg reduksjon i utslepp på om lag 38 000 tonn CO2e.

Samla kostnad for tiltaket er ikkje oppgitt, fordi det i anboda både er tilbodsauke, kapasitetsauke og overgang til miljøvenleg energi. Ein kan dermed ikkje isolere kostnaden knytt til overgang til el-ferjer.

2 og 3 *Overgang til elektriske bussar, rutepakke 1-2 og 3-6
I januar 2021 starta ny kontrakt for busskøyring i «gamle» Ålesund, Giske og Sula opp, der 10 bussar vart sett i drift med elektrisk drift. Dette gir ei innsparing på om lag 800 tonn $CO_2e$ årleg. Det er i tillegg inngått ny kontrakt om busskøyring i kommunane Kristiansund, Averøy, Smøla og Aure der 80 prosent av produksjonen vart tilbydd med elektriske bussar. Dette utgjer ei innsparing på 1 900 tonn $CO_2e$ årleg. I komande busskontraktar vil det truleg bli høg grad av miljøvenleg teknologi, sidan bussar i fleire klassar (by- og forstadsbussar) er blitt hyllevare – også med miljøvenleg teknologi.

Samla kostnad for tiltaket er ikkje oppgitt pga. at dette er konkurransesensitiv informasjon i samband med komande busskontraktar.

4 *El-drivne tenestebilar i fylkesvegavdelinga
12 fossildrivne tenestebilar blir erstatta med elbilar. Desse elbilane vil gi ein klimagassreduksjon på om lag 60 tonn $CO_2e$ kvart år framover. Føresetnadene er ein utkøyrd distanse på 20 000 km per køyretøy per år, eit forbruk på 0,9 liter diesel per mil og eit klimagassutslepp på 2,66 kg $CO_2e$ per liter diesel.

Samla kostnad knytt til leasing av desse tenestebilane vil truleg ligge rundt om lag 3,5 mill. kronar i økonomiplanperioden, og vert tatt over driftsbudsjettet.

5 *Undervisningsfartøy
I inneverande økonomiplanperiode er det avsett midlar til investering i nye undervisningsfartøy ved Hustadvika vgs., Herøy vgs. og Ålesund vgs. Det er lagt ei tidsplan med tilbodsinnlevering hausten 2022. I dei undervisningsfartøya som skolane disponerer i dag er det dieselmotorar. Ein vil i innkjøpsprosessen legge stor vekt på at dei nye fartøya skal vere klimavenlege og at framdrifta i så stor grad som mogleg skal vere basert på batteridrift.

6 *Utskifting av køyretøysparken på skulane
Skolane skal bytte ut fossile personbilar og lette varebilar med elektrisk drivne, slik at utsleppa frå den delen av køyretøysparken blir vesentleg redusert og slik at «Forskriften om energi- og miljøkrav ved offentlig anskaffelse av kjøretøy til veitransport» blir følgt. Ein vil også starte ein prosess for å bytte ut eit tungt køyretøy med eit nytt, fossilfritt køyretøy.

Utskiftinga av personbilane og dei lette varebilane vert tatt på driftsbudsjettet. Bytte til eit fossilfritt tungt køyretøy krev ekstra investering samanlikna med konvensjonell teknologi, og dette vil bli innarbeidd i økonomiplanen.

7 Samordning av transportkjøp
Det skal etablerast ei felles prosjektgruppe med Helse Midt-Norge RHF, som skal følgje opp intensjonsavtale med sikte på i større grad å samordne transportkjøpa, innan småbil- og drosjetransport. Ein kan sjå på moglegheiter for samkøyring av ulike

kundegrupper. Dette vil kunne bidra til reduserte utslepp både for Helse Midt-Norge RHF og for fylkeskommunen, men det er for tidleg å seie noko om kor mykje reduksjon det kan bidra til eller kva dette inneber av kostnader innanfor økonomiplanperioden.

8 Forskingsprosjekt på samferdselsområdet
Møre og Romsdal fylkeskommune deltek også i fleire utviklings- og forskingsprosjekt. ZEVS (Zero emission passenger vessels service) er eit forskingsprosjekt for å få fram kunnskap til hjelp i innfasinga av grøne båtsamband. Prosjektet blir avslutta i løpet av 2024. Forskingsprosjektet SUSTAIN ser på faktorar som fremjar eller hemjar berekraftig transportpolitikk i mellomstore byar. Smartare transport er eit anna prosjekt kor fylkeskommunen har fått midlar til å utvikle og teste ut effektive og miljøvenlege løysingar, kor vassvegen kan brukast som avlastning for vegnettet og gje eit meir fleksibelt kollektivtilbod. Desse prosjekta vil kunne bidra til å redusere utslepp i fylket, men det er ikkje rekna på effektar som følgje av dette.

For Smartare transport tilsvarar samla kostnad for deltaking om lag 8 mill. kroner, over ein fireårsperiode, delt mellom Samferdsel og Kompetanse og Næring (KON). For ZEVS og SUSTAIN bidreg fylkeskommunen med ressursar i prosjekta.

9 Gjenbruk i FRAM sine nye kontraktar
Det skal dokumenterast at gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye kontraktar. Det skal bidra til å redusere indirekte utslepp frå verksemda, men det er ikkje rekna på kor mykje dette utgjer. I komande kontraktar stiller FRAM krav om mellom anna livssyklusanalysar med plan for gjenbruk av batteri og bussmateriell. Andre krav vil vere miljøsertifisering av operatørar og kjeldesortering på bussanlegg.

### 3.2.2 Indirekte utslepp frå verksemda, scope 2 (innkjøpt energi og varme for eigen bruk)

10 *Redusere energibruken i eigne bygg
Det er løyvd 5 mill. årleg til installasjon av solceller på den fylkeskommunale bygningsmassen. Dette saman med etterisolasjon i forbindelse med rehabiliteringsprosjekt, erstatte dårlege bygg med nye (f. eks. Ørsta KKS) og betre oppfølging av energibruken i eksisterande bygg skal bidra til å nå målet om 20 prosent redusert energibruk i eigne bygg i planperioden. Alle skolar vert kartlagde med omsyn til moglege ENØK-tiltak.

Kostnaden blir dekka av eiga løyving til installasjon solceller og generelle vedlikehaldstiltak.

11 Redusere klimagassutsleppa frå eigne bygg
Redusere klimagassutsleppa frå fylkeskommunal bygningsmasse med 20 prosent i planperioden. Målet må sjåast i samanheng med redusert energiforbruk. I tillegg vil mellom anna bruk av elektriske maskiner og materialar med lågare utslepp bli kravd i nye byggeprosjekt.
Kostnaden blir dekka av investeringsprosjekt som er satt i gang eller er planlagt satt i gang.

### 3.2.3 Indirekte utslepp frå verksemda, scope 3 (innkjøpte varer og tenester)

12 *Miljøstasjonar på alle skulane
Det er innført nye kjeldesorteringssystem i sentraladministrasjonen. Planen er å gjere det same i alle fylkeskommunale einingar. KON og BYE har i samråd med Miljøfyrtårn sett i

gang ein prosess med å plassere ut sorteringsstasjonar på alle skolane. Kostnad og effekt er ikkje berekna.

13 Avfallshandtering  i utbyggingsprosjekt på fylkesveg
Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for gjenbruk og god avfallshandtering på samferdselsområdet. I handlingsprogrammet for 2023 har samferdselsområdet mål om at i utbyggingsprosjekt skal avfall handterast med minst 80 prosent sortering. Det er ikkje berekna kor stor reduksjon i klimagassutslepp dette kan bidra til eller kostnader knytt til tiltaket.

14 Kontraktsrådgivar
Fylkesvegavdelinga, seksjon vegprosjekt, har tilsett ein kontraktsrådgivar som også skal jobbe med klimakrav i kontraktane. Klimakrava i kontraktane innan vegdrift og vegprosjekt står sentralt for å lukkast med å redusere klimagassutslepp i verksemda til fylkesvegavdelinga, men det er ikkje berekna kor store reduksjonar klimakrava samla vil gje eller kostnader knytt til tiltaket.

15 Aluminiumsbru
Fylkeskommunen har ein intensjon om å erstatte Grøttabrua i Isfjorden med ei ny bru i aluminium. Fylkeskommunen vil saman med partnarar i det nasjonale AluGreen-prosjektet undersøke om det er mogleg å inngå eit FoU-samarbeid om prosjektering og bygging av ny bru. Ei bru i aluminium kan gi lågare klimagassutslepp enn til dømes ei betong- eller stålbru over livslaupet, men det er ikkje rekna på kor stor utsleppsreduksjon det vil gi, eller kva kostnad ei slik bru vil ha. Ein del av FoU-samarbeidet blir å dokumentere om bruk av aluminium som brumateriale er berekraftig.

16 Klimabudsjett og -rekneskap for bygging av Nerlandsøybrua
Det er krav om at entreprenøren utarbeider klimabudsjett og klimarekneskap for bygging av ny Nerlandsøybru, med dokumentasjon av alternative løysingar som kan bidra til reduksjon av klimagassutslepp. Entreprenøren skal føre rekneskap over klimagassutslepp i VegLCA og rapportere til  byggherren kvar månad, samt legge fram ein endeleg klimagassrekneskap når prosjektet er ferdigstilt. Kor stor reduksjon i utslepp dette vil kunne gje er det ikkje mogeleg å berekne nå. Det er heller ikkje mogeleg å gje estimert kostnad for tiltaket.

17 Verdianalyse og verdioptimalisering av Tomasgard–Røyrhus bru
For Tomasgard-Røyrhus bru, fv. 60, skal det gjennomførast verdianalyse og verdioptimalisering med omsyn til kostnad og klima. Trasévalet i ei tidleg fase kan ha ei monaleg verknad på klimagassutsleppa for prosjektet i seinare fasar, men dette er ikkje mogeleg å berekne effekt eller kostnad nå.

18 Krav om rapportering av $CO_2$-utslepp i nye vegdriftskontraktar
Det vert stilt krav om at driftsentreprenøren skal rapportere $CO_2$-utsleppa frå si verksemd kvar månad, spesielt frå køyretøya og maskinparken som vert bruka i den aktuelle driftskontrakten. Dette vil i fyrste omgang gje betre oversikt over klimagassutsleppa, og vil kunne gje eit godt grunnlag for å vurdere kor det monnar å setje inn tiltak for å redusere desse. Det er ikkje berekna kostnader for fylkeskommunen knytt til dette tiltaket.

19 Frådrag i konkurransesummen ved klimatiltak i vegdriftskontraktar
Tilbydarane kan foreslå klimatiltak som kan få vekt i konkurransesummen i komande vegdriftskontraktar. Konkurransesummen er lik tilbodssummen minus eit tillegg. Tilbydarane kan foreslå klimatiltak som gir ein viss verdi som blir trekt frå tilbodssummen. Oppdragsgivar set eit øvre kronebeløp for klimatiltak. Det er venta at dette vil vere eit sterkt insentiv for å redusere utsleppa, men det er per tid ikkje mogeleg å berekne eventuell reduksjon som dette vil kunne føre til eller kostnader knytt til tiltaket.

### 3.2.4 Tiltak som påverkar andre sine utslepp

Her ligg tiltak som verksemda skal gjennomføre, men kor utsleppsreduksjonen kjem på nokon andre sin klimarekneskap. Dei vil inngå i klimabudsjettet for samfunnet Møre og Romsdal dersom dei er talfesta.

20 Sykkelvegar

Det er planlagt ferdigstilling og oppstart av fleire nye gang- og sykkelvegar i økonomiplanperioden. Auka tilrettelegging for gåande og syklande, særleg der slikt tilbod manglar heilt per i dag, vil venteleg gjere at fleire vel å gå eller sykle i staden for å køyre bil. Skulevegar er prioritert, slik at fleire barn og unge kan gå eller sykle til skulen, i staden for å bli køyrde av foreldre. Samla investering er venta å vere om lag 200 mill. kroner.

Fleire tiltak i Bypakke Ålesund vil også legge til rette for auka bruk av kollektivtransport og for meir gåing og sykling, gjennom t.d. bygging av nye gang- og sykkelvegar og utbetring av/nye kollektivknutepunkt m.m. (jf. omtale om bypakkar under).

Det er vanskeleg å estimere kor stor reduksjon i klimagassutslepp ein kan oppnå gjennom dei planlagde tiltaka, men overføring av trafikk frå fossildriven bil til gåing, sykling og buss, vil heilt klart kunne bidra til reduserte utslepp.

21 Skaparkraft

Gjennom satsinga skal fylkeskommunen bidra til at næringslivet får tilgang til fornybar energi og infrastruktur. Gjennom tilskotsordningar og samarbeid med ulike aktørar jobbar vi med prosjekt som skal føre til økt produksjon og bruk av fornybar energi. Kartlegging av behov for tilgang til klimanøytral energi og elektrisk effektbehov frem til år 2030, og vurdering av nødvendig infrastruktur er ein del av arbeidet.

22 Plan for energistasjonar og ladepunkt

8,7 prosent av alle køyretøy i fylket er i dag nullutslepp, mot 12,7 prosent for landet i sin heilheit. Møre og Romsdal har ein samla køyretøypark på 235 949, som innan 2050 skal over på nullutslepp. Det er behov for ei kartlegging og plan for utbygging av infrastruktur for å få til dette. I tillegg skal det også sjåast på skips- og luftfart for fylket. Ferdigstilling 2023/24.

23 Bypakkar

Bypakkane er eit forpliktande trepartssamarbeid mellom kommune, fylke og stat. Føremålet er mellom anna å bidra til ei berekraftig byutvikling og utvikling av eit framtidsretta kollektivtilbod, og eit påliteleg transportsystem med ei optimal transportfordeling. Stortinget vedtok våren 2021 at bypakke Ålesund kan delfinansierast med bompengar og første spadetak vart gjort 7. april 2022. Bypakke for Kristiansund er under utarbeiding. Det usikkert kor stor effekt bypakkar vil kunne ha på klimagassutslepp i fylket.

24 Auke i talet på passasjerar med kollektivtrafikk

Møre og Romsdal skal ta all vekst i persontransport i dei største byområda med auka bruk av kollektivtransport, mobilitetsløysingar, sykling og gåing. Det er sett måltal for kor stor auken bør vere i talet på reisande frå 2019 til 2023 for dei største byane. I Ålesund (gamle Ålesund kommune), Sula og Giske er det hausten 2022 gratis buss i to månader, parallelt med innføring av bompengar i samband med bypakke Ålesund. Dette vil kunne føre til lågare klimautslepp dersom fleire kollektivreiser erstattar reise med fossildriven bil. Det er ikkje rekna på effekten av dette, men om ny reisevaneundersøking gjennomførast med tilleggsutval for byane våre er det kanskje mogleg å estimere.

Det er sett av 10 mill. kroner til tiltaket, samt ev. kostnader ved behov for dublering.

25 Bestillingstransport og mobilitet
Effektivisering og bruk av rett størrelse på køyretøy *kan* bidra til reduserte klimagassutslepp gitt at brukarane kjem frå eigen bil eller frå køyretøy som brukar meir og urein energi frå fossile kjelder. I handlingsprogrammet for 2023 skal fylkeskommunen utvikle tiltaksplan for mobilitetssatsing i Møre og Romsdal, i samarbeid med kommunar og eksterne. Tiltaksplanen vil inkludere utprøving av Hjem-Jobb-Hjem-ordning for å redusere personbiltrafikken og få fleire til å reise kollektivt.  Det er ikkje berekna effekt av tiltaket per no, men om ny reisevaneundersøking gjennomførast med tilleggsutval for byane våre er det kanskje mogleg å estimere.

26 Materiallager for bygningsvern
Å ta vare på bygningane vi har vil redusere klimagassutslepp og samstundes ta vare på viktige kulturhistoriske verdiar. I 2023 skal fylkeskommunen greie ut moglegheita for etablering av materiallager for bygningsvern på Vigra.

Det er sett av 500 000. kroner til tiltaket.

27 Miljøfyrtårnkurs for tilskotsmottakarar
Miljøfyrtårnsertifisering gir organisasjonar verktøy til å arbeide med å redusere klimagassutsleppa. I 2023 skal fylkeskommunen tilby miljøfyrtårnkurs og gi tilskot til aktørar innanfor kunst- og kultursektoren i Møre og Romsdal som arbeider for å få miljøfyrtårnsertifisering.

Det er sett av 50 000 kroner til tiltaket.

28 Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal
I følge Nasjonal bibliotekstrategi opphelder biblioteka seg i skjeringspunktet mellom kultur, utdanning, folkehelse og sosialt arbeid. Dette gir eit godt utgangspunkt for å jobbe med berekraftsmåla. I 2023 skal fylkeskommunen gjennomføre prosjektet «Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal».

29 Betalt parkering på fylkeskommunale parkeringsplassar
Ved dei aller fleste skolane er det i dag gratis parkering for elevar og tilsette. Parkeringsplassane er mykje dimensjonert etter ynskja/behovet til brukarane og ikkje i høve til ynskja utvikling i høve til bruk av kollektivtrafikk/sykkel/gange. Erfaringar tilseier at sjølv ein låg timepris på parkering vil få fleire til å nytte kollektiv/sykkel/gange. Tiltaket gjeld berre parkeringsplassar fylkeskommunen sjølv eig og driftar.

Tiltaket er sjølvfinansiert, inntekta er grovt estimert til 3 mill. kroner, men er avhengig av tal eigedommar det blir innført på.

## 3.3 Grafisk framstilling av verksemda sitt klimabudsjett

Eit klimabudsjett kan visast i ein graf. Da synleggjer ein dei historiske utsleppa (heiltrekt linje), framskriving (stipla linje), utsleppsmåla/målbana som er sett (prikka linje) og tiltaksbana (prikk-strek-linje).

For å halde seg til utsleppskjeldene i Miljøfyrtårnordninga er berre klimatiltak merka * tatt med, dette er tiltak som blir målt i Miljøfyrtårnordninga. Andre tiltak kan redusere andre sine utslepp, både i og utanfor fylket. Dei kan derfor ikkje trekkast frå i klimabudsjettet til verksemda.

Verksemda har førebels ikkje rutinar og metodar til å fange opp alle utsleppa som skal inngå i Miljøfyrtårnrapporteringa, dette gjeld flyreiser og køyring. Ein må dermed vente at totalutsleppa er noko høgare enn det grafen under viser. Samstundes er det

mobilitets- og kollektivtilbodet som utgjer brorparten av utsleppa, slik at det er venta berre ein marginal auke av totalutsleppa når alle tal er på plass.

Figuren under viser at dei totale utsleppa i 2021 var på drygt 80 000 tonn $CO_2$-ekvivalentar og at med dei vedtekne tiltaka (framskriving/stipla linje) for å elektrifisere ferjer og bussar i rutepakke 1 og 2 vil dei direkte utsleppa frå verksemda bli redusert med litt mindre enn 55 prosent. Figuren viser og korleis utsleppa frå verksemda kan utvikle seg med dei tiltaka som er planlagt.




***Figur 3*** *Mogleg utvikling av utsleppa frå verksemda når område som inngår i Miljøfyrtårnrapporteringa (MFT) blir lagt til grunn.*

Framskrivinga inneheld allereie vedtekne tiltak:
- Endring av ferje- og hurtigbåtruter som følgje av Nordøyvegen
- El-bussar i rutepakke 1 og 2 i Ålesund og Kristiansund
- Nedlegging av hurtigbåt Molde-Vestnes
- Elektrifisering av ferjer

Tiltaksbana inneheld forventa reduserte utslepp frå tiltaka:
- Elektriske bussar i rutepakke 4-6
- Eldrivne tenestebilar i fylkesvegavdelinga

I mangel av samanlikningsgrunnlag er 2019 satt som referanseår, tilsvarande som samferdselsområdet har gjort i sitt arbeid med å redusere klimagassutsleppa frå kollektivtransporten.

Samferdselsområdet i verksemda arbeider for å bli klimanøytralt i 2030[10].

# 4. Klimabudsjett for Møre og Romsdal

Verken kommunar, privat næringsliv eller andre er pålagt å rapportere sine framskrivingar eller tiltak til fylkeskommunen. Å lage ei framskriving og tiltaksbane for fylket er dermed svært krevjande. For å sjå om det er mogleg å lage ei tiltaksbane har administrasjonen kontakta kommunane, Statens vegvesen, Nye veier, Sjukehusbygg, Hydro Aluminium Sunndal og Equinor.

Fylkeskommunedirektøren har ikkje ressursar til å hente inn tiltak med tilhøyrande forventa kutt i klimagassutslepp frå private verksemder, organisasjonar og andre aktørar i fylket.

Framskrivinga gir likevel ein peikepinn på kva retning fylket er på veg.

## 4.1 Klimatiltak

Kommunale tiltak
Klimatiltak, med berekna utsleppsreduksjon, er henta inn frå dei tre store bykommunane Ålesund, Molde og Kristiansund. Tal frå Molde er førebels. Tal frå Kristiansund og Ålesund var ikkje klare da dette klimabudsjettet blei laga, administrasjonen har derfor brukt fjorårets tal. Av dei andre kommunane er det berre nokre få som har gitt tilbakemelding om at dei skal lage klimabudsjett. Derfor er ikkje tal frå andre enn dei tre store tatt med i klimabudsjettet for Møre og Romsdal. Tala er lagt inn i tiltaksbana.

Hydro Aluminium i Sunndal og Tjeldbergodden metanolfabrikk
Hydro Aluminium i Sunndal og Tjeldbergodden metanolfabrikk sto for 37 prosent av klimagassutsleppa i Møre og Romsdal i 2020. I arbeidet med klimabudsjettet har administrasjonen tatt kontakt med desse for å få oversikt over kva tiltak dei planlegg for å redusere sine utslepp.

*Hydro opplyser om at dei over mange år har redusert $CO_2$-utsleppa per produsert eining, samstundes har dei hatt ei stor auke i produksjonen. Dei totale utsleppa har derfor auka. Hydro oppgjer at dei jobbar med ein ny utsleppsfri produksjonsprosess samt fangst av $CO_2$ frå eksisterande anlegg, dette er utviklingsarbeid som ikkje er fullført.*

Equinor opplyser om at «*Equinor som selskap har som strategi å redusere utsleppa med 50 prosent innan 2030, samanlikna med 2015, og å bli eit nullutsleppsselskap innan 2050. På Tjeldbergodden blir det jobba kontinuerleg med å redusere klimagassutsleppa i drift, både på kort og langs sikt. Tjeldbergodden har mål om å redusere klimagassutsleppa med minimum 3 kg $CO_2$/ tonn produsert metanol per år fram til 2025. Selskapet jobbar med moglegheitsstudiar for ytterlegare utsleppsreduksjonar, men på noverande tidspunkt er det ikkje tilgang til konkrete tal*.»

[10] FN sitt klimapanel (IPCC) definerer klimanøytralitet som ein tilstand der menneskeleg aktivitet ikkje gir noko nettoeffekt på klimasystemet. Det vil sei at menneskeskapte utslepp av klimagassar er balansert med fjerning av klimagassar frå atmosfæren.

Administrasjonen har berekna ein årleg utsleppsreduksjon basert på informasjonen over og samla årleg produksjon på 900 000 tonn metanol. Utsleppsreduksjonen berekna for 2025 er halde konstant fram til 2030.

Samferdselsprosjekt og ferjesamband på riksveg
Som i fjor har administrasjonen vore i kontakt med Statens vegvesen for å få oppdaterte tal på kva utsleppsutvikling ein ventar frå dei store samferdselsprosjekta og ferjesambanda på riksveg.

Direkte utslepp i Møre og Romsdal frå byggefasen for E136 Vestnes-fylkesgrensa er estimert av NyeVeier. Tala inkluderer ikkje utslepp frå arealinngrep eller trafikk på vegen. Dei totale utsleppa når ein tek omsyn til produksjon og transport av materialar er antatt å vere 5 gonger så høge som dei direkte utsleppa.

Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)
Administrasjonen har tatt kontakt med Sykehusbygg HF for å få tal på venta klimagassutslepp som følge av oppføringa av Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR). Sykehusbygg HF oppgir at dei jobbar mot å komme under ei klimagassreferanse på 451 kg $CO_2e/m^2$ BTA for materialar. Det betyr at ein god del av utsleppa som referer seg til dette talet vil oppstå utanfor Møre og Romsdal ved produksjon og transport av materialane. Sykehusbygg HF oppgjev at det ikkje vil bli laga eigen klimagassrekneskap for sjølve anleggsfasen. Det har derfor ikkje vore mogleg å synleggjere betydninga av utbygginga av SNR i klimabudsjettet.

Fylkeskommunale tiltak
Fylkeskommunale tiltak er lagt inn i framskrivinga og tiltaksbana på same måte som i klimabudsjettet for verksemda.

## 4.2 Grafisk framstilling av klimabudsjettet til Møre og Romsdal

I klimabudsjett 2022 tilrådde fylkeskommunedirektøren å nytte 2009 som referanseår for klimamåla.

Figuren under viser dei direkte klimagassutsleppa i samfunnet Møre og Romsdal. Heiltrekt linje er historiske utslepp. Stipla linje (framskriving[11]) viser korleis det er venta at utsleppa vil minke fram til 2030 basert på dagens politikk og beslutta tiltak. Småprikka linje (målbane) viser korleis utsleppa må minke med 55 prosent fram til 2030 og vidare ned til 95 prosent reduksjon i 2050.

Framskrivinga blei gjort under arbeidet med fjorårets klimabudsjett og var basert på trendane i Klimakur 2030. Fylkeskommunedirektøren har ikkje prioritert å oppdatere den delen av framskrivinga. Framskrivinga viser at samfunnet ikkje planlegg tiltak som gir stor nok utsleppsreduksjon til at samfunnet når måla som er satt. Tiltaksbana (strek-prikk-linje) viser korleis utsleppa utviklar seg dersom tiltaka i klimabudsjettet gjennomførast og har effekt som forventa.

[11] I dag finnast det ikkje nasjonale standardar for å lage framskriving og det er krevjande å utarbeide detaljerte framskrivingar. Fylkeskommunedirektøren har støtta seg på arbeidet med nasjonale framskrivingar frå Klimakur 2030. Det er viktig å ta inn over seg at framskrivinga er eit anslag. Målemetodane er usikre og framskrivinga er basert på ein del føresetnader som medfører usikkerheit i resultatet. Det er derfor svært sannsynleg at framskrivinga vil kunne endre seg i framtida.
Dei siste tilgjengelege utsleppstala er frå 2020 og framskrivinga startar derfor i 2021.




***Figur 4*** *Mogleg utvikling av direkte klimagassutslepp i Møre og Romsdal fylke, tonn $CO_2$-ekvivalentar.*

Framskrivinga inneheld allereie vedtekne tiltak:

- Framskriving basert på trendane i Klimakur 2030
- Framskriving for verksemda til fylkeskommunen
- Elektrifisering av ferjer på riksveg:
  - Festøy-Solavågen
  - Halsa- Kanestraum
  - Molde-Vestnes
  - Volda-Folkestad
- Utbygging av riksveg:
  - Utslepp frå bygging av E136 Vestnes-fylkesgrensa og Møreaksen.
  - Utslepp frå bygging av E39 Lønset-Hjelset
  - Utslepp frå bygging av E39 Vegsund-Breivika (Bypakke Ålesund)

Statens vegvesen har berekna utslepp som følgje av endra trafikk for begge prosjekta på E39, men det manglar tal for E136. Det er usikkert om tala vil gi dobbeltelling mot framskrivinga som er basert på Klimakur. Samla utgjer desse utsleppa under ein promille av framskrivinga for 2030. Dei er derfor ikkje tatt med i grafen.

Tiltaksbana inneheld forventa effekt frå:

- Reduserte utslepp frå tiltaka i kommunane Ålesund, Molde og Kristiansund
- Reduserte utslepp frå tiltaka ved Tjeldbergodden metanolfabrikk
- Reduserte utslepp frå tiltaka for verksemda til fylkeskommunen
- Utslepp frå bygging av riksveg:
  - E39 Breivika-Lerstad
  - E39 Ålesund-Molde, trinn 1 Vik-Molde (Møreaksen)
  - E39 Volda-Furene
  - E39 Bjerkeset-Astad
  - Rv. 70 Kontrollplassen-Vikansvingen (Bypakke Kristiansund)

- E39 Furene-Vegsund (Hafast)
- E39 Øygarden-Betna (Halsafjorden)

Riksvegprosjekta er ikkje vedtatt. Regjeringa skal komme med ny NTP i 2025. For å kunne illustrere effekten har administrasjonen antatt utbygging i perioden 2026-2030 og fordelt utsleppa over fem år. Statens vegvesen har ikkje berekna utsleppa for E39 Ålesund-Molde, trinn 2 Ålesund-Vik (Møreaksen).

# 5. Kva må til for å nå måla?

Kva må til for å nå målet om 55 prosent reduksjon i klimagassutslepp innan 2030?

## 5.1 Verksemda

Basert på dei tala verksemda har i dag, frå Miljøfyrtårn og samferdselsavdelinga, vil dei direkte utsleppa frå verksemda minke med meir enn 55 prosent innan 2030.
Det er ikkje gjort noko analyse av kva tiltak som må til for at klimafotavtrykket til verksemda skal kunne reduserast med 55 prosent.

## 5.2 Møre og Romsdal fylke

Det er ikkje gjort noko analyse av kva tiltak som må til for at samfunnet Møre og Romsdal skal kunne redusere dei direkte klimagassutsleppa i fylket med 55 prosent. For å få ei formeining om kva omfang av tiltak som er nødvendig har administrasjonen sett på ein rapport CICERO har laga på oppdrag for Vestland fylkeskommune: *Utsleppsanalyse mot 2030 for Vestland fylkeskommune*. CICERO har analysert kva som må til for at Vestland fylke skal nå målet sitt om netto nullutslepp i 2030. Rapporten viser at **for å oppnå 53 prosent reduksjon** må dei gjere dei relevante tiltak i Solbergregjeringa sin klimaplan for 2021-2030 (Meld. St. 13, 2020-2021) og i tillegg ein del andre tiltak frå Klimakur 2030. Tiltakslista inneheld:

- utvida bruk av landstraum og innfasing av nye energiberarar på skip,
- 100 prosent av nye personbilar, lette varebilar og bybussar er nullutslepp i 2025,
- innan 2030 skal 100 prosent av nye, tyngre varebilar, 50 prosent av nye lastebilar, 70 prosent av nye ikkje-veggåande maskiner og 75 prosent av nye langdistansebussar vere nullutslepp,
- logistikkoptimalisering og effektivisering av transport med lastebilar,
- fossilfridrift av alle fartøy i kollektivtrafikken
- omsetningskrav til biodrivstoff i vegtransport, anleggsdiesel og luftfart
- auka utsortering, til ombruk og materialgjenvinning, av plast og tekstil,
- redusert inntak av raudt kjøtt og redusert matsvinn
- utfasing av gass både til byggvarme og permanent oppvarming
- erstatte fossilt brennstoff i industrien
- erstatte fossilt karbon/koks i ein del industriprosessar
- CCS (karbon capture and storage/karbonfangst og lagring) på avfallsforbrenningsanlegget i Bergen (BIR)

For å nærme seg netto nullutslepp krevst radikale tiltak, som kjem i tillegg til tiltakslista over:

- CCS på Mongstad og Kollsnes
- framskynda nullutsleppstiltak i aluminiumsproduksjonen

- påbod om landstraum i alle hamner
- nullutsleppssone for personbilar, varebilar, tungtransport og bussar i heile Vestland
- påbod om fossilfrie motorreiskap i heile Vestland
- berre fylling av jetparafin med reint eller høg innblandingsgrad av biodrivstoff ved alle lufthamner i Vestland.

Med alle desse tiltaka kan ein oppnå 79 prosent reduksjon i klimagassutslepp i Vestland samanlikna med utsleppa i 2015. Utsleppsfordelinga i Vestland er ganske lik utsleppsfordelinga i samfunnet Møre og Romsdal.

# DEL IV

Handlingsprogram 2023-2026

# HANDLINGSPROGRAM 2023-2026

Fylkeskommunedirektøren har vektlagt gode samanhengar i plansystemet som gir moglegheit for oversikt og oppfølging til tross for kompleksiteten. Heile plansystemet er utleia frå dei tre berekraftsdimensjonane og bygger på 4 knaggar: **samarbeidsfylket**, **miljøfylket**, **inkluderings- og kompetansefylket** og **verdiskapingsfylket.** Desse fire knaggane er gjennomgåande frå regional planstrategi (RPS), til fylkesplan, til fylkesstrategiane, til resultatmåla, og i handlingsprogrammet i økonomiplanen.




Plan og bygningslova har krav om at alle regionale planar skal ha eit handlingsprogram der det går fram ressursbehov, kven som er ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføringa av planen.

Kommunelova opnar for at handlingsprogrammet kan leggast til økonomiplanen med budsjett. Frå og med 2019 er handlingsprogramma for fylkesplanen og dei regionale planane integrert i økonomiplan med budsjett. Dette rasjonaliserer arbeidet med handlingsprogram og sørger for at tverrfaglege tema ikkje får resultatmål og tiltak i ulike handlingsprogram, t.d. miljø og folkehelse.

Handlingsprogrammet skal ikkje berre vere eit styringsdokument for fylkestinget, men også vise fylkeskommunen sine samarbeidspartnarar kva vi vil prioritere. Handlingsprogrammet skal etter plan og bygningslova vedtakast av fylkestinget sjølv.

# SAMARBEIDSFYLKET

## Langsiktig utviklingsmål 1:
## *Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid*

| | RESULTATMÅL OG MÅLEINDIKATORAR | ANSVARLEG/ SAMARBEIDS-PARTAR |
|---|---|---|
| | Fylkesplanmål 1:<br>**Møre og Romsdal skal utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FNs berekraftmål** | |
| | **Resultatmål 1:** Programmet Møre og Romsdal 2025 skal bidra til at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal arbeider betre saman for å styrke regionen<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Programmet har arrangert minst 7 møteplassar på tvers av forvaltningsnivå og kommunegrenser<br>- Deltakarar på møteplassane opplever dei som nyttige og relevante<br>- Det er fasilitert aktivitet i minst 8 prosjekt i MR2025 programmet | Stab for strategi og styring/Møre og Romsdal 2025, Statsforvaltaren |
| | **Resultatmål 2:** Systematisere og vidareutvikle samarbeid og kompetansedeling mellom aktørar i frivillig sektor, kulturliv, kommunar, offentlege aktørar og næringsliv<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- 10 prosent auke i aktørar som har deltatt på fylkeskommunen sine arenaer<br>- 50 samarbeidsprosjekt mellom to eller fleire aktørar har fått støtte frå fylkeskommunen | Kulturområdet/ kommunar og frivillig sektor/ Frivillighet Norge |
| | **Resultatmål 3:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal ha eit godt samarbeid med stat, kommunar, andre fylke og andre aktørar om transport og transportsystem i fylket<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Gjennomføring av møte med minst 9 ulike typar samarbeidsaktørar (t.d. fylkeskommunar, kommunar, Bane Nor, Statens vegvesen, Nye Veier, komitéar, private aktørar, relevante organisasjonar). | Samferdsels-området, samarbeidspartar |
| | **Resultatmål 4:** Måla i RPS og fylkesplan blir følgt opp i regional og kommunal planlegging<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Kommunane nyttar data om status på berekraft til å peike ut utviklingsområde og integrerer det i overordna planar<br>- Auke kompetanse om integrasjon av berekraftsmål og berekraftsindikatorar i plan- og styringsprosessar<br>- Måla i RPS og fylkesplanen blir følgt opp i dei strategiske kommuneplanane | Stab for strategi og styring, fagavdelingane, kommunane |
| | | |
| | | |

| | |
|---|---|
| Fylkesplanmål 2:<br>**Møre og Romsdal skal samordne dei offentlege ressursane og kompetansen for å møte samansette behov hos eldre, barn og unge, innvandrarar, personar med nedsett funksjonsevne og andre utsette grupper** | |
| **Resultatmål 1:** Meir folkehelsearbeid og samhandling med kommunane om det offentlege tannhelsetilbodet<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- 1. Minst 2500 timar førebyggande arbeid utanfor klinikkane<br>- 2. Minst 2 årlege besøk ved institusjonar med 10-20 bebuarar C11). (Dvs. minst 24 besøk på dei 12 institusjonane i denne kategorien)<br>- 3. Minst 4 årlege besøk ved institusjonar med 20-40 bebuarar C1 (Dvs. minst 104 besøk på dei 26 institusjonane i denne kategorien)<br>- 4. Minst 6 årlege besøk ved institusjonar med 40-60 bebuarar C1 (Dvs. minst 102 besøk på dei 17 institusjonane i denne kategorien)<br>- 5. Minst 8 årlege besøk ved institusjonar med 60-80 bebuarar C1 (Dvs. minst 16 besøk på dei 2 institusjonane i denne kategorien) | Tannhelsetenesta, kommunane |
| **Resultatmål 2:** Styrke samarbeidet knytt til integrering av flyktningar<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Fylkeskommunen skal anbefale busetting til IMDi (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) på bakgrunn av lokale vurderingar<br>- Gjennomføre kompetansehevande tiltak for kommunane i samarbeid med regionale sektormyndigheiter<br>- Alle kommunar med busetting har etablert eit forpliktande samarbeid mellom ansvarlege for introduksjonsprogrammet og hoppid.no kontoret i kommunen om tilrettelagt og relevant opplæring i entreprenørskap<br>- hoppid.no si etableraropplæring har utvikla og tatt i bruk programmodular for innvandrartalent som kan skape eigne bedrifter | Kompetanse og næringsområdet, kommunane, Nav, IMDi |
| **Resultatmål 3**: Møre og Romsdal fylkeskommune skal bidra til gode vurderingar knytt til trafikktrygging og universell utforming i formelle planprosessar i kommunane<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Alle relevante kommunale planer på offentleg ettersyn og dispensasjonssaker på høyring er vurdert opp mot trafikktryggleik | Samferdsels-området, kommunar, kompetansemiljø |

| | | |
|---|---|---|
| | **Resultatmål 4:** Programmet Møre og Romsdal 2025 skal nytte eksisterande og nye møteplassar for å samordne offentleg sektor i arbeidet for nullvisjon for utanforskap<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Delta i arbeidet i KS' Partnerskap for radikal innovasjon på ungt utanforskap og i fagleg samarbeid med Nordland og Trøndelag fylkeskommune<br>- Etablere samarbeidsstrukturar for å samordne og styrke arbeidet mot utanforskap i fylket | Stab for strategi og styring/Møre og Romsdal 2025 |
| | | |
| | Fylkesplanmål 3:<br>**Møre og Romsdal skal samarbeide med europeiske interesseorganisasjonar og aktørar for å bidra til politikkutforminga i EU, hente kunnskap og midlar til utviklingsprosjekt, samt etablere samarbeid med eit *«vennskapsfylke»* om berekraftmåla** | |
| | **Resultatmål 1:** Delta i minst to EU-/EØS- prosjektsøknadar kvart år for å auke den internasjonale aktiviteten i fylkeskommunen | Kompetanse og næringsområdet |
| | **Resultatmål 2:** Kunnskapsbygging og auka verdiskaping i regionen gjennom internasjonalt samarbeid<br><br>Målindikator 2023:<br>- Gjennomført handlingsplan 2023 for EU-nettverk Møre og Romsdal | Kompetanse og næringsområdet, EU-nettverket |
| | **Resultatmål 3:** Delta i internasjonalt prosjekt/utveksling om ungdomsmedverking anna kvart år<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Ungdomspanelet har skrive søknad om og førebudd prosjekt som skal gjennomførast i 2024 | Stab for strategi og styring, Kompetanse- og næringsområdet (internasjonalt arbeid) |
| | | |
| | Fylkesplanmål 4:<br>**Møre og Romsdal skal ha eit levande lokaldemokrati der alle innbyggarane, uansett bakgrunn, kan vere med å påverke det offentlege tenestetilbodet og delta i utforminga av sine lokalsamfunn** | |
| | **Resultatmål 1:** Nytte fylkeskommunen sine rådgivande utval aktivt i arbeid med styringsdokument og i utvikling av vårt tenestetilbod<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Eldrerådet, Rådet for personar med nedsett funksjonsevne og Ungdomspanelet har vore involvert i minst to relevante saker eller planer på kvar fagavdeling | Kulturområdet, stab for strategi og styring – og alle fagavdelingar |
| | **Resultatmål 2:** Formidle statistikk og gjere den lett tilgjengeleg for å bidra til kunnskapsbasert debatt og avgjerder | Stab for Strategi og styring |

| | | |
|---|---|---|
| | Måleindikator 2023:<br>- Kommunestatistikk er oppdatert på vår og haust<br>- Fylkesstatistikk er levert i oktober<br>- Publisert minst fire kronikkar om demografi/regionale utviklingstrekk<br>- Regelmessig bidratt med kunnskap om demografi og regionale utviklingstrekk til media<br>- Gjennomført 20 brukar/innbyggar-undersøkingar (Questback-undersøkingar) | |
| | **Resultatmål 3:** Legge til rette for eit godt fungerande og ope demokrati på regionalt nivå. Fylkeskommunen skal legge til rette for medverknad gjennom verdiskapande samarbeidsprosessar og opne politiske møte.<br><br>Måleindikator 2023:<br>– Førebu og gjennomføre fylkestingsval i tråd med vallova og valforskrifta<br>– Aktivt samarbeid med offentleg sektor, innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar blir vurdert i alle fylkeskommunale plan- og strategiprosessar og samfunnsutviklingsprosessar<br>– Alle møte i fylkesting blir streama på nettsidene<br>– Publisere og produsere nyheitsartiklar og pressemeldingar i samband med politiske møter.<br>– Jamlege nyheitsbrev<br>– Formidle kunnskap og skape engasjement gjennom jamlege og aktuelle podkastproduksjonar. | Stab for juridiske og administrative tenester, stab for strategi og styring, stab for organisasjons- og tenesteutvikling |
| | **Resultatmål 4:** Fylkeskommunen sine nettsider skal vere universelt utforma<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Gjennom bruk av digitale verktøy skal vi sikre at innhaldet på nettsidene er universelt utforma<br>- Vi skal ha på plass tilgjengeerklæring på våre nettsider<br>- Alt innhald på nettsidene skal vere universelt utforma | Stab for organisasjon og tenesteutvikling/ alle webredaktørar |
| | **Resultatmål 5:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for innspel frå innbyggarane og kommunisere tydeleg<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- 100 prosent av pågåande vegprosjekt har ein plan for kommunikasjonsarbeidet<br>- Vere i ulike kommunikasjonskanalar der vi er inviterer til tovegskommunikasjon<br>- Vi informerer om og legg til rette for at det skal vere enkelt å kome med innspel i plan- og strategiprosessar<br>- Jobbe kontinuerleg med klarspråk i heile organisasjonen | Stab for strategi og styring/ samferdselsområdet/ kommunar og andre relevante organisasjonar/ stab for organisasjon og tenesteutvikling |

# MILJØFYLKET

## Langsiktig utviklingsmål 2:
## *Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1*



| | RESULTATMÅL OG MÅLEINDIKATORAR | ANSVARLEG/ SAMARBEIDS-PARTAR |
|---|---|---|
| | Fylkesplanmål 1:<br>**Møre og Romsdal skal redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig utslepp av klimagassar** | |
| | **Resultatmål 1:** Fullføre arbeidet med Fylkesstrategi for miljø, klima og energi og starte arbeidet med oppfølging av planen internt og eksternt<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Fylkesstrategien er vedtatt av fylkestinget i juni | Stab for strategi og styring, heile organisasjonen |
| | **Resultatmål 2:** Møre og Romsdal skal redusere samla klimagassutslepp. For mobilitets- og kollektivtransporten er målet 55 prosent i løpet av 2024, samanlikna med utsleppa av klimagassar i 2019<br><br>Samferdselsområdet i Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider for å bli klimanøytralt i 2030.<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- 42 prosent reduksjon av $CO_2$-utslepp frå forbruk i FRAM sine driftskontraktar på buss, ferje og hurtigbåt, samanlikna med 2019<br>- Fastsette metodikk for klimabudsjett og -rekneskap for samferdselsområdet<br>- Utarbeide tiltaksplan for klima på fylkesvegområdet | Samferdsels-området/ leverandørar |
| | **Resultatmål 3:** Redusere klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen med 20 prosent i planperioden<br><br>Måleindikator 2023:<br>- 5 prosent reduksjon av klimagassutslepp frå den fylkeskommunale bygningsmassen samanlikna med 2022 | Bygg og eigedoms-avdelinga |
| | **Resultatmål 4:** Innan 2024 skal Møre og Romsdal ha ein plan for energistasjonar og ladepunkt som stimulerer til bruk av klimanøytrale drivstoff og innfasing av låg og nullutsleppsløysingar for all type transport på land, sjø og i lufta<br><br>Målindikatorar 2023:<br>- Utvikle gode kriteria og prioritere moglege lokasjonar | Kompetanse og næringsområdet/ Skaparkraft |
| | | |
| | Fylkesplanmål 2:<br>**Møre og Romsdal skal forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep** | |
| | **Resultatmål 1:** Betre det marine kunnskapsgrunnlaget og oppnå meir heilskapleg planlegging i sjø | Kompetanse- og næringsområdet |

| | | |
|---|---|---|
| | Måleindikator 2023:<br>- Det er godkjent eit doktorgradsstipendiat knytt til marint kunnskapsgrunnlag og/eller sjøarealplanlegging | |
| | **Resultatmål 2:** Tilby og gjere kjent oppdaterte karttenester<br><br>Måleindikator 2023:<br>- 150 000 treff (requests) på våre karttenester pr. veke i GisLink<br>- Gjennomført opplæring for planleggarar i kommunane i GIS og statistikk | Stab for strategi og styring, Trøndelag fylkeskommune, statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Trøndelag |
| | **Resultatmål 3:** Ivareta og utvikle nærmiljøa for å legge til rette for friluftsliv, slik at alle kan vere fysisk aktive og oppleve natur og kulturmiljø i kvardagen<br><br>Måleindikator:<br>- Fem kommunar har laga plan for friluftslivets ferdselsårer<br>- Det er kartlagt kor mange i Møre og Romsdal som har ein tursti nærare enn 500 meter frå der dei bur | Kulturområdet/ kommunar/ friluftsråda/ frivilligheita |
| | | |
| | Fylkesplanmål 3:<br>**Møre og Romsdal skal ha god tilstand på 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og stanse tap av landskapsverdiar, naturtypar og artar** | |
| | **Resultatmål 1:** Oppnå og oppretthalde god miljøtilstand i minst 90 prosent av vassførekomstane i regionen innan 2027<br><br>Målindikator 2023:<br>- Sette i verk minst to habitatforbetrande tiltak i vassførekomstar som ikkje har god miljøtilstand i kvart av vassområda | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 2:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal avgrense skadeverknader av tiltak og aktivitet knytt til fylkesveg<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Tap av dyrkamark og myr ved trasèval og bygging av fylkesveg. Tal dekar skal rapporterast. | Samferdsels-området |
| | | |
| | Fylkesplanmål 4:<br>**Møre og Romsdal skal bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg** | |
| | **Resultatmål 1**: Auke bevaring og ombruk av bygg og kulturmiljø - samt kunnskap om dette - i prosessar der fylkeskommunen er involvert | Kulturområdet |

| | |
|---|---|
| Måleindikatorar 2023:<br>- 70 prosent av kulturminne av regional verdi behandla i arealplanar har fått omsynssone<br>- 5 prosent auke i søknadar om tilskot til prosjekt innan bevaring og ombruk av bygg | |
| | |
| Fylkesplanmål 5:<br>**Møre og Romsdal skal basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utslippsfri energi** | |
| **Resultatmål 1:** Redusere straumbruken på den fylkeskommunale bygningsmassen med 20 prosent frå 2019 til 2024.<br>Som ein stor aktør i fylket har Møre og Romsdal fylkeskommune eit ansvar for å leie an i arbeidet med energieffektivisering og auka bruk av fornybare energikjelder<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Straumbruken per m2 på den fylkeskommunale bygningsmassen er redusert med 5 prosent samanlikna med 2022. | Bygg og eigedomstenester |
| **Resultatmål 2:** Initiere og igangsette minst eitt prosjekt innafor fornybar energi, med kartlagt potensiale for effekt og energi.<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Etablere digital tvilling for solenergipark Smøla med samfunns- og bedriftsøkonomisk vurdering av ulike utbyggingsomfang utført innan utgangen av 2023 | Kompetanse og næringsområdet |
| | |
| Fylkesplanmål 6:<br>**Møre og Romsdal skal førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser** | |
| **Resultatmål 1:** Følgje opp tiltak lagt inn i oppfølgingsplan til FylkesROS 2022<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Gjere FylkesROS 2022 og oppfølgingsplanen kjent for heile organisasjonen<br>- Delta i det regionale beredskapsarbeidet som blir koordinert av Statsforvaltaren | Stab for juridiske og adm. tenester, stab for strategi og styring, alle fagområda |
| **Resultatmål 2:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal tilpasse dei mest kritiske delane av det fylkeskommunale transportsystemet til klimaendringar knytt til vind og vatn, og vi har beredskap for handtering av uønskte hendingar<br><br>Måleindikator 2023: | Samferdsels-området |

| | | |
|---|---|---|
| | - Beredskapsøvingar skal bli gjennomført i tråd med plan<br>- Stikkrenner som vert skifta ut er dimensjonert for auka vassføring | |
| | | |
| | Fylkesplanmål 7:<br>**Møre og Romsdal skal ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering** | |
| | **Resultatmål 1:** Auka gjenbruk og resirkulering i fylkeskommunale bygg<br><br>Målindikatorar 2023:<br>- Bygg- og eigedomsavdelinga skal opprette ein "bank" over ledig inventar slik at halvparten av inventar og utstyr i byggeprosjekt er gjenbruk<br>    o 50 prosent gjenbruk av inventar og utstyr i fylkeskommunale byggjeprosjekt<br>- 5 prosent reduksjon i restavfall frå fylkeskommunale skolebygg | Bygg og eigedomstenester / ressursgruppa for miljøfyrtårn-arbeid |
| | **Resultatmål 2:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for gjenbruk og god avfallshandtering på samferdselsområdet<br><br>Målindikatorar 2023:<br>- Avfall handterast med minst 80 prosent sortering i utbyggingsprosjekt<br>- Dokumentere at gjenbruk er vurdert i førebuande arbeid i alle FRAM sine nye driftskontraktar | Samferdsels-området, leverandørar |
| | **Resultatmål 3:** Bidra til at anlegg og arenaer for kultur og idrett blir mest mogleg funksjonelle og miljøvennlege<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- 5 prosent av tilskotsmottakarane er miljøfyrtårnsertifisert<br>- 2 prosent av tilskotsmottakarane har tilgjengelegheitsmerke | Kulturområdet, tilskotmottakarar |
| | **Resultatmål 4:** Legge til rette for ei meir sirkulær samfunnsutvikling og fleire sirkulære anskaffingar i offentleg sektor<br><br>Målindikator 2023:<br>- Gjennomføre kompetansehevingstiltak med kommunar og statsetatar<br>- Kartlegge sentrale verdikjeder for sirkulære anskaffingar | Stab for strategi og styring, Berekraftfylket, Program for berekraftig by- og tettstadutvikling, Kompetanse- og næringsområdet |

# INKLUDERINGS OG KOMPETANSEFYLKET

Langsiktig utviklingsmål 3:
***Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu***



| | RESULTATMÅL OG MÅLEINDIKATORAR | ANSVARLEG/ SAMARBEIDS-PARTAR |
|---|---|---|
| | Fylkesplanmål 1:<br>**Møre og Romsdal skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, og er prega av tillit, tilhøyrsle, tryggleik og tilgjenge** | |
| | **Resultatmål 1:** Hindre utanforskap gjennom tverrfaglege satsingar og samarbeidsprosjekt med interne og eksterne aktørar<br><br><u>Måleindikatorar 2023:</u><br>- Det er underskrevet ein samarbeidsavtale mellom Nullvisjon for utanforskap, Folkehelseprogrammet og Unge digitale talent<br>- Alle kommunar har nominert ungdom vidare til UKM fylkesfestival | Kulturområdet, Møre og Romsdal 2025, kommunar, statsforvaltaren |
| | **Resultatmål 2:** Prioritere eit større mangfald av anlegg og arenaer som bidreg til variert organisert og eigenorganisert kvardagsaktivitet i kultur og idrett<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Det er gitt tilskot til 90 prosent av dei omsøkte anleggskategoriane | Kulturområdet, idrettskretsen, FNF |
| | **Resultatmål 3:** Møre og Romsdal skal minst halvere talet på hardt skadde og drepne på fylkesvegnettet i Møre og Romsdal innan 2030<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Talet på hardt skadde og drepne er redusert i samsvar med målet om halvering innan 2030. Måltal 2023: <23 | Samferdsels-området |
| | | |
| | Fylkesplanmål 2:<br>**Møre og Romsdal skal ha ei tannhelseteneste med god kvalitet, pasienttryggleik og høg kompetanse, som gir prioriterte grupper god tannhelse** | |
| | **Resultatmål 1:** Høg dekningsgrad for prioriterte pasientgrupper og fråvær av karies minst på same nivå som landsgjennomsnittet for barn og ungdom (indikatorårskull)<br><br><u>Måleindikatorar 2023</u>:<br>- Dekningsgrad: Barn og ungdom 1-18 år (A): 97 prosent<br>- Dekningsgrad: Psykisk utviklingshemma over 18 år (B): 95 prosent<br>- Dekningsgrad: Eldre og uføre i institusjon (C1): 90 prosent<br>- Dekningsgrad: Eldre og uføre i heimesjukepleie (C2): 65 prosent<br>- Dekningsgrad: Ungdom 19-20 år (D): 70 prosent<br>- Etterslep gruppe A2 (kode: K43-2) mindre enn 10 prosent<br>- Andel kariesfrie 3-åringar: 95 prosent | Tannhelsetenesta |

| | | |
|---|---|---|
| | - Andel kariesfrie 5-åringar: 84 prosent<br>- Andel kariesfrie 12-åringar: 60 prosent<br>- Andel kariesfrie 15-åringar: 40 prosent<br>- Andel kariesfrie 18-åringar: 27 prosent<br>- Sic-indeks (12-åringar): 2,6 | |
| | **Resultatmål 2**: Attraktive arbeidsmiljø med høg fagleg standard og utviklingsmoglegheiter<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Alle tilsette skal ha ein årleg medarbeidar-/utviklingssamtale<br>- Sjukefråvær klinikknivå: 7 prosent<br>- Skape ein lærande organisasjon, og etablere faglege møteplassar med 2 leiardialogmøte i 4 regionar<br>- Skape ein lærande organisasjon, og etablere faglege møteplassar: 1 regionmøter i 4 regionar<br>- Skape ein lærande organisasjon, og etablere faglege møteplassar: 1 etatssamling/1 klinikkleiarsamling | Tannhelsetenesta |
| | **Resultatmål 3:** Sikre tilgjenge til kvalitativt gode tenester i klinikklokale av god standard<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Alle klinikklokale skal ha tilstandsgrad 1,5 eller betre (tilstandsvurderingane blir gjort etter Norsk Standard 3424)<br>- Utarbeide plan for tilbod om ambulant tannhelsetilbod med bruk av mobile behandlingseiningar i kvar kompetanseregion | Tannhelsetenesta |
| | | |
| | Fylkesplanmål 3:<br>**Møre og Romsdal skal ha spesialisthelsetenester med høg kvalitet som gjer at innbyggarar i alle delar av fylket er trygge på at dei får nødvendige helsehjelp når dei treng det** | |
| | **Resultatmål 1:** Opprette faste samarbeidsmøte, ev. samarbeidsavtale med Helse Midt-Norge<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Første samarbeidsmøte er gjennomført og plan for vidare samarbeid er lagt | Stab for strategi og styring, Helse Møre og Romsdal HF |
| | | |
| | Fylkesplanmål 4:<br>**Møre og Romsdal skal ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring** | |
| | **Resultatmål 1:** Auka gjennomføring i vidaregåande opplæring<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Over 85 prosent av elevar og lærlingar skal gjennomføre etter fem/seks år i vidaregåande opplæring | Kompetanse- og næringsområdet |

| | | |
|---|---|---|
| | - Minst 90 prosent av elevane skal fullføre og bestå skoleåret<br>- Færre enn 3 prosent skal slutte i løpet av skoleåret<br>- Fråværet til elevar skal vere lågare enn 4,5 prosent<br>- Minst 96 prosent skal bestå fag-/sveineprøva<br>- Færre enn 5 prosent av lærekontraktane blir heva<br>- 90 prosent av søkarane med ungdomsrett skal få oppfylt primærønsket sitt om val av utdanningsprogram på Vg1 | |
| | **Resultatmål 2:** Betre overgangar i opplæringa<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Alle primærsøkarar til lærekontrakt med ungdomsrett skal få eit tilbod dei er kvalifisert for<br>- Talet på nye lære- og opplæringskontraktar skal vere minst 1300<br>- Skåren for utdanning- og yrkesrettleiing i elevundersøkinga skal vere minst 3,8 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for opplæring i skole som førebuing til opplæring i arbeidslivet i lærlingundersøkinga skal vere minst 3,7 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for indikatoren til yrkesfagleg fordjuping (YFF) i lærebedriftsundersøkinga skal vere minst 4,0 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Minst 95 prosent av elevar med faget yrkesfagleg fordjuping skal ha praksis i bedrift i både vg1 og vg2 | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 3**: Betre læringsmiljø i vidaregåande opplæring<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Skåren for trivsel i elevundersøkinga skal vere minst 4,3 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for læringskultur i elevundersøkinga skal vere minst 4,1 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for motivasjon i elevundersøkinga skal vere minst 3,7 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Mobbing i skolen skal vere 0 prosent<br>- Skåren for trivsel i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,3 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for motivasjon i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,3 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Mobbing på arbeidsplassen skal vere 0 prosent<br>- Uønskt seksuell merksemd på arbeidsplassen skal vere 0 prosent | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 4:** Betre lærlingsutbytte gjennom auka medverknad i vidaregåande opplæring<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Skåren for elevdemokrati og medverknad i elevundersøkinga skal vere minst 4,0 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for vurderingspraksis i elevundersøkinga skal vere minst 3,5 (skala 1-5 der 5 er høgst)<br>- Møter i elevråd, skolemiljøutval og skoleutval | Kompetanse- og næringsområdet |

| | | |
|---|---|---|
| | - Skåren for medverknad, rettleiing og eigenvurdering i læringundersøkinga skal vere minst 4,0 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for halvårsvurdering i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,3 (skala 1-5 der 5 er høgste skår) | |
| | **Resultatmål 5:** Den vidaregåande opplæringa skal førebu til deltaking i arbeids- og samfunnsliv<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Skåren for meistring i elevundersøkinga skal vere minst 4,5 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for støtte frå lærar i elevundersøkinga skal vere minst 4,1 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for fagleg utfordring i elevundersøkinga skal vere minst 4,4 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for relevant opplæring i elevundersøkinga skal vere minst 3,8 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for variert opplæring i elevundersøkinga skal vere minst 3,8 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for praktisk opplæring i elevundersøkinga skal vere minst 3,8 (skala 1-5 der 5 er høgste skår)<br>- Skåren for læreplan i lærlingundersøkinga skal vere minst 4,0 (skala 1-5 der 5 er høgste skår) | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 6:** Fagskolen i Møre og Romsdal skal i samarbeid med arbeidslivet utvikle attraktive utdanningar i tråd med dagens og framtidas kompetanse- og kapasitetsbehov<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Minst 85 prosent av studentane skal gjennomføre ordinært studieforløp<br>- Talet på søkarar har auka med 50 samanlikna med vår 2022<br>- Minst 80 prosent av studentane skal få relevant arbeid etter gjennomført studium<br>- Få akkreditert nytt utdanningstilbod | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 7:** Alle vaksne skal få tilbod om god karriererettleiing<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Det skal gjennomførast minst 550 karriererettleiingar for vaksne i Karriere Møre og Romsdal kvart år (inklusive flyktningar som blir busett i Møre og Romsdal)<br>- 90 prosent av dei som har fått rettleiing skal være ganske fornøgd eller svært fornøgd med karriererettleiinga dei får | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 8:** Alle delar av fylket skal ha eit godt tilbod til vaksne med rett til vidaregåande opplæring<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Minst 80 prosent av søkarane til vidaregåande opplæring for vaksne skal få tilbod om å starte opplæring det skoleåret dei søker. | Kompetanse- og næringsområdet |

| | | |
|---|---|---|
| | - Minst 60 prosent av vaksne som startar på eit opplæringstilbod skal fullføre som planlagd kvart år | |
| | **Resultatmål 9:** Støtte samarbeidsprosjekt og -tiltak i arkiv-, bibliotek- og museumssektoren som utviklar aktørane sin funksjon og tenester og bidreg til livslang læring<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Det er gjennomført 6 arrangement i regi av DKS, DKSS eller UKM i folkebibliotek eller museum | Kulturområdet/folkebiblioteka, vidaregåande bibliotek/høgskole og universitets-bibliotek. |
| | **Resultatmål 10:** Utdanningstilbodet i Møre og Romsdal skal tilpassast kompetansebehovet i arbeidslivet<br><br><u>Målindikator 2023</u>:<br>– Kompetansestrategi er utarbeidd innan utgangen av 2023 | Kompetanse- og næringsområdet Skaparkraft |
| | **Resultatmål 11:** Legge til rette for nye utdanningstilbod knytt til Campus Kristiansund<br><br><u>Måleindikator 2023</u>:<br>- Tilsett prosjektleiar for nye utdanningar ved Campus Kristiansund<br>- Lagt til rette for utvikling av prioriterte utdanningar (IT, lærar, ingeniør)<br>- Politiske interessentar på alle nivå kjenner behovet for nye studieplassar til tilbod i Kristiansund | Stab for strategi og styring/Campus Kristiansund |
| | **Resultatmål 12:** Gjennomføre internasjonale aktivitetar som styrkar kvaliteten og aukar læringsutbyttet i vidaregåande opplæring<br><br><u>Måleindikatorar 2023</u>:<br>- Alle skolar har deltatt i internasjonale prosjekt finansiert gjennom EU/Erasmus+ eller EØS<br>- Lærlingar skal ha moglegheit til å få internasjonal erfaring gjennom EU/Erasmus+ eller EØS prosjekt | Kompetanse og næringsområdet |
| | | |
| | Fylkesplanmål 5:<br>**Møre og Romsdal skal ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med særpreg, som tilbyr gode bumiljø og offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod, og miljøvennleg transport** | |
| | **Resultatmål 1:** Bidra til å utvikle, planlegge og realisere by- og tettstadsutviklingsprosjekt i byar og tettstader i fylket<br><br><u>Målindikator 2023</u>:<br>- 3 byromsprosjekt er fullfinansiert og klart for opparbeiding<br>- 3 by- og tettstadutviklingsprosjekt som styrker Møre og Romsdal som «Berekraftfylket», fullfinansiert og klar for oppstart | Stab for strategi og styring, kommunane, Program for berekraftig by- og tettstadutvikling |

| | | |
|---|---|---|
| | **Resultatmål 2:** Tverrfagleg program for berekraftig by- og tettstadutvikling skal bidra til kompetanseheving i kommunane<br><br><u>Målindikator 2023</u>:<br>- Tilby 10 kompetansehevingstiltak innan tema som er relevant for kommunane i deira by- og stadutviklingsarbeid | Stab for strategi og styring, kommunane, Program for berekraftig by- og tettstadutvikling |
| | **Resultatmål 3:** Gjere by- og tettstadutvikling føreseieleg for alle involverte aktørar gjennom fylkesstrategi med felles retningsliner<br><br><u>Målindikator 2023:</u><br>- Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstadar er vedtatt i april, formidla og følgt opp i rettleiinga til kommunane | Stab for strategi og styring, kommunar, regionale statlege etatar, næringsliv, frivilligheita, kulturinstitusjonar |
| | **Resultatmål 4:** : Bidra til å knytte saman ulike typar kulturminne og kulturmiljø til ein felles kulturarv, som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Det er gjennomført formidling i tre arkeologiske registreringsprosjekt i felt | Kulturområdet |
| | **Resultatmål 5:** Møre og Romsdal skal ta all vekst i persontransport i dei største byområda med auka bruk av kollektivtransport, mobilitetsløysingar, sykling og gåing.<br>Møre og Romsdal skal ha meir universell utforming, vekst i grøn transport og tryggare ferdsel for mjuke trafikantar.<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Ålesund: 7 prosent auke i tal reisande i 2023 samanlikna med 2019<br>- Molde: 2 prosent auke i tal reisande i 2023 samanlikna med 2019<br>- Kristiansund: 2 prosent auke i tal reisande i 2023 samanlikna med 2019<br>- Fylket elles: 1 prosent auke i tal reisande i 2023 samanlikna med 2019 | Samferdsels-området, kommunar, Statens vegvesen, andre organisasjonar |
| | | |
| | Fylkesplanmål 6:<br>**Møre og Romsdal skal ha eit kultur og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle, og frivillige lag- og organisasjonar som skaper mangfald og engasjement** | |
| | **Resultatmål 1:** Støtte opp om tiltak som gir ungdom rom til, arena for og møtestadar til å uttrykke seg, lære, erfare og utvikle seg gjennom digitale media og andre kunstuttrykk<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Samarbeidsavtaler om UNG kunst og kultur er inngått med 10 kommunar | Kulturområdet, kompetanse- og næringsområdet, samferdsels-området, kommunar, folkebibliotek, mediehus, frivillig sektor, kulturskolar |

# VERDISKAPINGSFYLKET

## Langsiktig utviklingsmål 4:
## *Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor*

| | RESULTATMÅL OG MÅLEINDIKATORAR | ANSVARLEG/ SAMARBEIDS-PARTAR |
|---|---|---|
| | Fylkesplanmål 1:<br>**Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig næringsliv som grip moglegheitene i det grøne skiftet og oppretthald og styrkar si internasjonale konkurransekraft** | |
| | **Resultatmål 1:** Styrke eksportnæringane i fylket og stimulere til utvikling av nye næringar<br><br>Målindikator 2023:<br>- Tilskot til større verdikjede- og digitaliseringsprosjekt skal ha utløyst utviklingsarbeid med ein verdi på minst 20 mill. kroner i løpet av 2023 | Kompetanse og næringsområdet/ Skaparkraft |
| | | |
| | Fylkesplanmål 2:<br>**Møre og Romsdal skal skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering** | |
| | **Resultatmål 1:** 500 nye forretningsidear registrert i hoppid.no si digitale gründerhjelp i løpet av året | Kompetanse og næringsområdet |
| | **Resultatmål 2:** Alle kommunar skal ha delteke på kompetansehevingstiltak i regi av hoppid.no | Kompetanse og næringsområdet |
| | | |
| | Fylkesplanmål 3:<br>**Møre og Romsdal skal vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur** | |
| | **Resultatmål 1:** Vi skal bidra til fleire berekraftige opplevingar i heile Møre og Romsdal, heile året<br><br>Målindikator 2023:<br>- Tilskot har utløyst utviklingsarbeid for berekraftige heilårsopplevingar til ein verdi av minst 10 mill. kroner i løpet av 2023 | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 2:** Eit verdiskapande og mangfaldig landbruk i heile Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar<br><br>Målindikator 2023:<br>- Tilskot til næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving i landbruket skal ha utløyst utviklingsarbeid med ein verdi på minst 10 mill. kroner i løpet av 2023 | Kompetanse- og næringsområdet |

| | | |
|---|---|---|
| | **Resultatmål 3:** Utløyse berekraftig verdiskaping og samfunnsutvikling i Geiranger verdsarvområde<br><br>Målindikator 2023:<br>- Minst tre delprosjekt med ekstern finansiering er sett i gang i løpet av 2023 | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 4:** Forbetre kunnskap og planverk for geologi og mineralressursar i Møre og Romsdal<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Arbeidet med kartlegging av geologi og mineralressursar i Møre og Romdal følger milepælane for 2023 i avtale mellom NGU og fylkeskommunen | Kompetanse- og næringsområdet |
| | **Resultatmål 5:** Støtte opp om næringsutvikling og klyngesamarbeid mellom kunst, kultur og reiselivsaktørar og utvikling av nye kulturbaserte reiselivsprodukt i Møre og Romsdal<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Auke på 3 prosent i tal tilsette i kreativ næring | Kulturområdet, kunst-, kultur- og reiselivsaktørar |
| | | |
| | Fylkesplanmål 4:<br>**Møre og Romsdal skal styrke omstillings- og innovasjonsevna, utnytte digitale moglegheiter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp** | |
| | **Resultatmål 1:** Auka innovasjonstakt i Møre og Romsdal<br><br>Målindikator 2023:<br>- Tilskot frå RFF og Mobpro-prosjektet skal ha utløyst FoU-arbeid med ein verdi på minst 50 mill. kroner i løpet av 2023 | Kompetanse og næringsområdet, regionale forskningsfond (RFF) Møre og Romsdal |
| | **Resultatmål 2:** Innan 2025 skal alle husstandar og bedrifter i Møre og Romsdal ha tilgang på breiband med kapasitet på minst 100 Mbit/s.<br><br>Målindikator 2023:<br>- 93 prosent av husstandane i fylket skal ha tilbod om breiband med kapasitet på minst 100 Mbit/s | Kompetanse og næringsområdet |
| | **Resultatmål 3:** Etablert felles miljø for utvikling mellom aktørane knytt til Campus Kristiansund<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Fylkeskommunen bidreg til utvikling av felles miljø på campus<br>- Campusprosjektet bidreg til etablerte arenaer for kunnskapsdeling og utvikling<br>- Undersøkt grunnlaget for felles miljø for store data på Campus Kristiansund<br>- Møre og Romsdal gjennomfører organisasjonsutvikling for fylkeskommunen si deltaking i Campus | Stab for strategi og styring/Campus Kristiansund |

| | | |
|---|---|---|
| | Kristiansund | |
| | **Resultatmål 4**: Nytte innovative innkjøp for å utvikle næringslivet<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Bygg og eigedomstenester har gjennomført 2 innovative anskaffingar | Bygg- og eigedomstenester |
| / | **Resultatmål 5:** Fylkeskommunen skal utvikle tilgjengelege, effektive og digitale tenester for innbyggarane.<br><br>Måleindikator 2023:<br>– Starte arbeidet med digitalisering av skjema knytt til mrfylke.no.<br>– Gjennom automatisering av arbeidsprosessar har vi spart 3500 timar manuelt arbeid | Stab for organisasjon og tenesteutvikling, kulturområdet, heile organisasjonen |
| | **Resultatmål 6:** Porteføljestyring og Prosjektarenaen skal legge til rette for ein lærande prosjektkultur, der ideutvikling, deling, samarbeid på tvers og kompetanseutvikling står sentralt<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Alle prosjekt eller program som går inn i fylkeskommunedirektøren si portefølje eller i ei delportefølje, vert kvalitetssikra i samsvar med gitte kriterium for porteføljeprosjekt | Stab for organisasjon og tenesteutvikling, heile organisasjonen |
| | **Resultatmål 7:** Auke bruken av digitalt sendte brev<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Auke delen digital sending av post inn til 80 prosent<br>- Auke delen digital sending av svar ut til 100 prosent | Stab for juridiske og administrative tenester |
| | **Resultatmål 8:** Støtte produksjon og nyskapande prosjekt innan alle kunstnarlege uttrykk, med eit særskilt søkelys på film og scenekunst<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Gitt tilskot til 1-3 store nyskapande produksjonar og prosjekt<br>- Møre og Romsdal har vore lokasjon i fire filmproduksjonar | Kulturområdet, profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar, Vestnorsk Filmsenter |
| | **Resultatmål 9:** Bidra til at forsking, kunnskap og innovasjon er grunnleggande element i utviklinga av kultursektoren<br><br>Måleindikatorar 2023:<br>- Fem FOU-prosjekt er starta opp<br>- Ti kunnskapsgrunnlag er kjøpt eller utarbeidd om kulturavdelinga sine fagområde | Kulturområdet |
| | **Resultatmål 10:** Auke innovasjonsevna i offentleg sektor i Møre og Romsdal gjennom samarbeid og samordning | Stab for strategi og styring/Møre og Romsdal 2025, |

| | | |
|---|---|---|
| | <u>Måleindikatorar 2023:</u><br>- Digi Møre og Romsdal etablerast som varig samarbeid om digital transformasjon mellom kommunane i fylket og fylkeskommunen<br>- Digi Møre og Romsdal etablerer faste samarbeidsstrukturar og felles prosjekt for å styrke kommunane sitt tenestetilbod<br>- Digi Møre og Romsdal samarbeider om minst to felles anskaffingar på vegner av kommunane i løpet av 2023<br>- To smartbyprosjekt delfinansiert gjennom tilskot frå Program for berekraftig by- og tettstadutvikling | Program for berekraftig by- og tettstadutvikling |
| | **Resultatmål 11:** Resultatmål 12: Auke kompetanse og kapasiteten til å arbeide med berekraft i fylket gjennom etablering av eit internasjonalt Internship-program på Campus Kristiansund<br><br><u>Måleindikatorar 2023:</u><br>- Gjennomføre pilotkull 2022-23<br>- Etablere samarbeidsstrukturar med offentleg og privat sektor | Stab for strategi og styring/ Berekraftfylket |
| | | |
| | Fylkesplanmål 5:<br>**Møre og Romsdal skal ha eit transportsystem som er trygt, smart og miljøvennleg, og er tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov** | |
| | **Resultatmål 1:** Møre og Romsdal skal ha eit trygt og framkommeleg fylkes- og riksvegnett<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Del av km fylkesveg med dårleg eller svært dårleg dekketilstand av alle fylkesvegar. Mål: <30 prosent | Samferdsels-området |
| | **Resultatmål 2:** Møre og Romsdal skal ha eit føreseieleg og tilgjengeleg ferjetilbod<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Regularitet, justert for vêrhendingar. Utførte avgangar for ferje samanlikna med oppsett ruteplan. Mål: >99,8 prosent<br>- Gjenståande trafikk/køyretøy per ferjesamband, justert for vêrhendingar. Mål: Mindre enn 2 prosent per ferjesamband. | Samferdsels-området, leverandørar |
| | **Resultatmål 3**: Møre og Romsdal skal ha eit konkurransedyktig, attraktivt og kostnadseffektivt mobilitets- og kollektivtilbod<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Minst 90 prosent av dei spurte i FRAM kundetilfredsheits-undersøking er svært godt eller godt nøgd med reisa | Samferdsels-området, leverandørar |

| | | |
|---|---|---|
| | - Regularitet, justert for vêrhendingar. Utførte avgangar for hurtigbåt samanlikna med oppsett ruteplan. Mål: >99,8 prosent<br>- Auke delen førehandskjøpte billettar til 60 prosent (app og nettbutikk) | |
| | **Resultatmål 4:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal redusere eller i det minste ikkje auke vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Etablere plan for innhenting av vedlikehaldsetterslep, med publisering av oppdatert talgrunnlag i 2023.<br>- Tunnelar er utbetra etter krav i tunnelsikkerheitsforskrifta i samsvar med vedtatt investeringsprogram 2022-31. | Samferdsels-området, leverandørar |
| | **Resultatmål 5:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal utnytte kvar krone brukt på fylkesvegnettet best mogleg<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Alle investeringsprosjekt over 10 mill. kroner er gjennomført innanfor kostnadsramma.<br>- Kvalitet på utført arbeid i vegdriftskontraktene er kontrollert og følgt opp etter plan | Samferdsels-området |
| | **Resultatmål 6:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal bidra til utvikling og innovasjon for betre og billigare samferdselsløysingar<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Utvikle og få vedtatt tiltaksplan for mobilitetssatsing i Møre og Romsdal, i samarbeid med kommunar og eksterne. Tiltaksplanen vil inkludere utprøving av Hjem-Jobb-Hjem-ordning.<br>- Gjennomføre dialog med leverandørmarknaden i forkant av alle større kontraktar der det er relevant. Alle kontraktar over 100 mill. skal bli vurdert.<br>- Etablere felles prosjektgruppe med Helse Midt-Norge RHF, som skal følgje opp intensjonsavtale med sikte på i større grad å samordne transportkjøpa. | Samferdsels-området |
| | | |
| | Fylkesplanmål 6:<br>**Møre og Romsdal skal ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn** | |
| | **Resultatmål 1:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal, som regional utviklingsaktør, arbeide for eit seriøst arbeidsliv<br><br>Måleindikator 2023:<br>- Gjennomføre møte med 4 kommunar og dei tre innkjøpssamarbeida i Nordmørsregionen, Romsdalsregionen og Sunnmørsregionen om seriøsitetskrav og oppfølging av desse, herunder avklare moglegheiter for samarbeid | Stab for juridiske og administrative tenester, kommunane |

| | | |
|---|---|---|
| | - Kartlegge og avklare moglegheit for eit Fair Play-samarbeid i Møre og Romsdal saman med aktuelle organisasjonar og offentlege aktørar | |
| | **Resultatmål 2:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal legge til rette for eit seriøst arbeidsliv innanfor alle dei fag/arbeidsområda der fylkeskommunen er aktiv som vare- og tenestekjøpar, slik som t.d. samferdselsområdet, bygg- og eigedomstenester<br><br><u>Måleindikatorar 2023:</u><br>- Inntakskontroll av underentreprenørar på vegprosjekt og vegdrift er levert byggherre før dei startar arbeidet.<br>- Ferdigstille system for kontraktsoppfølging for FRAM.<br>- Gjennomføre 2 kontrollar i 2023 av løns- og arbeidsvilkår innan driftskontrakter på ferje- og/eller kollektiv | Stab for juridiske og administrative tenester i samarbeid med samferdselsområdet og andre aktuelle fagavdelingar |
| | **Resultatmål 3:** Møre og Romsdal fylkeskommune skal stille seriøsitetskrav i alle sine kontraktar der dette er aktuelt og ha eit overordna system for oppfølging av desse<br><br><u>Måleindikator 2023:</u><br>- Etablere system for oppfølging av seriøsitetskrava i kontraktar<br>- Etablere system for å sikre at seriøsitetskrav er stilt i alle kontraktar der dette er aktuelt | Stab for juridiske og administrative tenester i samarbeid med aktuelle fagavdelingar |
| | **Resultatmål 4:** Tilby avtalar om arbeidstrening, lærlingplassar og trainee-opphald i fylkeskommunen<br><br><u>Måleindikator 2023</u>:<br>- 30 personar har fått arbeidstrening i fylkeskommunen<br>- 4 traineear har fått arbeidserfaring i fylkeskommunen<br>- 24 lærlingar har fått arbeidstrening i fylkeskommunen | Heile fylkeskommunen |
| | | |
| | Fylkesplanmål 7:<br>**Møre og Romsdal skal ha nødvendig nettinfrastruktur og god tilgang på klimanøytral energi for vidare utvikling av nærings- og samfunnsliv** | |
| | **Resultatmål 1:** Stimulere til utbygging av infrastruktur og oppgradere teknologi for å tilby moderne og berekraftige energitenester. Kartlegge behov for tilgang til klimanøytral energi og elektrisk effektbehov fram til år 2030 og vurdere nødvendig infrastruktur<br><br><u>Målindikatorar 2023</u>:<br>- Fullført konseptvalsutgreiing for framtidig Kraftnett Nordmøre og Romsdal | Kompetanse og næringsområdet/ Skaparkraft |

Vedlegg 1

Møre og Romsdal fylkeskommune

saksframlegg

| Dato: | Referanse: | Vår saksbehandlar: |
|---|---|---|
| 20.09.2022 | 125588/2022 | Tor Harald Hustad |

| Saksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| KO 47/22 | Kontrollutvalet | 28.09.2022 |

# Sentrale kontrollorgan - Økonomiplan 2023-2026 med budsjett for 2023

## Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til framlegget til økonomiplan 2023 - 2026 med årsbudsjett for 2023 for Sentrale kontrollorgan, og sender det over til fylkestinget.

## Bakgrunn

Fylkeskommunedirektøren har med rundskriv bedt om at det blir utarbeidd framlegg til økonomiplan 2023-2026 med budsjett for 2023.

For Sentrale kontrollorgan er det kontrollutvalet som sjølve skal utarbeide framlegg til budsjett. Det er berre fylkestinget som kan endre budsjettframlegg frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til Sentrale kontrollorgan er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere.

I kontrollutvalsboka (side 14) frå kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), legg KMD til grunn at kommunestyra og fylkestinga må stille naudsynte økonomiske ressursar til disposisjon for kontrollutvalet sitt arbeide. Det blir frå KMD understreka at i budsjetta for kontrollorganet, må det tas omsyn til

- omfang av revisjons-, kontroll- og tilsynsaktivitetar
- kompetanseheving og ikkje minst
- uføresette ad-hoc situasjonar som alltid vil kunne førekomme.

Driftsramma for Sentrale kontrollorgan var i 2022 opphaveleg 7 605 000 kroner. Denne ramma er i utgangspunktet ført vidare i økonomiplanperioden 2023-2026. Sentrale kontrollorgan er for perioden 2023-2026 derfor i utgangspunktet tildelt følgjande ramme (i 2022-kroner):

- 2023: kr 7 697 000
- 2024: kr 7 697 000
- 2025: kr 7 697 000
- 2026: kr 7 697 000

Kontrollutvalet må gjere ei vurdering av om ei slik ramme er tilstrekkeleg i høve kontroll- og tilsynsplanane som føreligg.

**Vurdering**
Grunnlaget for kontrollutvalet sitt arbeid er i særleg grad følgjande dokument:

- Reglement for kontrollutval, kontrollutvalet sitt sekretariat og revisjonsordninga (vedtatt i fylkestinget i sak T-80/20)
- Verksemdplan for Sentrale kontrollorgan 2021-2024 (vedtatt i fylkestinget i sak T-3/21)

Verksemdplana fastset nærare kva mål, strategiar og føresetnader som skal leggast til grunn for sentrale kontrollorgan i fylkeskommunen.

Kontrollutvalet har ambisiøse mål om å gi innsikt og nye perspektiv. Det krev nye tankar og nye kontrollformer for å få mest mogleg att for ressursane. Eit særleg viktig mål i verksemdplana for kontrollutvalet sitt arbeid, er å bidra til høg grad av læring i fylkeskommunen på grunnlag av gjennomførte kontrollprosjekt. Eit sentralt tiltak inneber å engasjere utførar av rapportane til å bidra i etterfølgjande forbetringsprosessar etter behandling av kontrollrapportane i fylkestinget. I dette arbeidet ligg også å evaluere handlingsplanar og implementeringa av disse, derunder gi råd og rettleiing, for å sikre best mogleg effekt av kontrollprosjekta. Slik kan kontrollutvalet også bidra til endå betre læring innetter i organisasjonen. Dette vil innebere auka utgifter for kontrollutvalet, men kontrolldirektøren er likevel av den oppfatning at dette er ei svært viktig å oppgåve og lukkast med.

Omfanget av arbeidet til kontrollutvalet er ytterlegare ramma inn gjennom følgjande dokument/vedtak:

- Kontrollplan – Plan for forvaltningsrevisjon og andre undersøkingar 2022-2023 (vedtatt av fylkestinget i sak T-25/21)
    - I denne plana er det lagt opp til fleire enkeltprosjekt enn tidligare, men det kontrollvolumet er likevel det same som tidligare.
    - I tillegg har kontrollutvalet fleire prosjekt i arbeid som vil gå over i nytt år.
- Kontrollplan – Plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap. (Vedtatt av fylkestinget i sak T-68/21)
- Prosjekt vedtatt tidligare av fylkestinget
- Prosjekt vedtatt av kontrollutvalet sjølve

Kontrolldirektøren har med grunnlag i dei sentrale planane over, vurdert drifta til sentrale kontrollorgan. I dette er også vurdert antatt omfang av prosjekt på basis av kontrollutvalet sine mål, strategiar og planar, som også er godkjent i fylkestinget. Derunder er også vurdert omfanget av igangsette og planlagde prosjekt/undersøkingar som vil bli levert i 2022.

Basert på dette gjer kontrolldirektøren følgjande framlegg til driftsramme for Sentrale kontrollorgan i planperioden:

| **Budsjettramme** | **B-2022** | **2023** | **2024** | **2025** | **2026** |
|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp av kontroll- og tilsynstenester | 4 666 | 4 797 | 4 797 | 4 797 | 4 797 |
| Drift kontrollsekretariat | 1 930 | 1 950 | 1 950 | 1 950 | 1 950 |
| Drift kontrollutvalet | 1 101 | 950 | 950 | 950 | 950 |
| Sum Sentrale kontrollorgan | 7 697 | 7 697 | 7 697 | 7 697 | 7 697 |

Driftsramma for 2023 – 2026 er til orientering oppgitt i 2022-prisnivå, og vil bli omrekna i det endelege økonomiplan- /budsjettframlegget.

Ei slik driftsramme krev føreseielegheit, og vil krevje at kontrolldirektøren arbeider særs aktivt med bestillingane hos tenesteleverandørar, samt aktivt følgje opp leveransane frå desse. Ei vesentleg utfordring her er dialogen om ressursbruk/fakturering på leveransane frå MRR. Etter kontrolldirektøren sitt syn er det usikkerheit om den føreslåtte ramma er tilstrekkeleg i høve moglege ad-hoc hendingar.

Elles vil kontrolldirektøren fortsette planmessig arbeid for kva type revisjonsleveranse/-tilnærming som vil bli bestilt/kjøpt. Dette har hatt og vil ha ein positiv effekt på det samla kostnadsnivået.

Vidare er kontrolldirektøren sin oppfatning at rammenivået vil vere tilstrekkeleg til å ta i vare naudsynt opplæring- og kompetanseutvikling.

Kontrolldirektøren meiner derfor at føreslått driftsramme som kjem fram i tabellen over er tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre arbeidet i tråd med vedtekne planar.

Kontrolldirektøren vil derfor rå kontrollutvalet til å fremme budsjett- og økonomiplanen for 2023-2026 i samsvar med tabellen i saksframlegget, til fylkestinget.

Tor Harald Hustad
kontrolldirektør

**Samrøystes vedtak i Kontrollutvalet - 28.09.2022**
Kontrollutvalet sluttar seg til framlegget til økonomiplan 2023 - 2026 med årsbudsjett for 2023 for Sentrale kontrollorgan, og sender det over til fylkestinget.

**Besøksadresse:**
Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 Molde

**Postadresse:**
Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

**Telefon:** 71 25 80 00
**Mail:** post@mrfylke.no
**Web:** mrfylke.no

Møre og Romsdal fylkeskommune